

Årsrapport 2012

Fylkesmannen i Rogaland

Innhold

Kapittel 1 - Om embetet	Side 4
Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer	Side 9
Kapittel 3 - Resultatområder	Side 21
Kongehuset	Side 21
Miljøverndepartementet	Side 21
Landbruks- og matdepartementet	Side 34
Kunnskapsdepartementet	Side 58
Statens Helsetilsyn	Side 84
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 87
Justis- og beredskapsdepartementet	Side 92
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 96
Arbeidsdepartementet	Side 101
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 103
Samferdselsdepartementet	Side 127
Utenriksdepartementet	Side 127
Kulturdepartementet	Side 127
Fomyings-, administrasjons- og kirkedepartementet	Side 128
Andre	Side 132
Endringer i årsrapporten	Side 133

Kapittel 1 - Om embetet

1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

Om embetet

Embetet sysselset per i dag 165 pesonar, i ulike stillingsbrøkar. Talet på stillingar løna på kap 1510 går jamt og trutt nedover, som følgje mellom anna av at lønveksten i ordinære lønsoppgjjer i ikkje klarer å halde tritt ved lønsveksten i regionen. Vi vil gjerne oppretthalde nødvendig bemanning minst på dagens nivå, men for å konkurrere om arbeidssøklarane og å behalde nøkkelperonell, må vi stadig strekkje oss lenger når det gjeld lønn. Vi merkar klart konkurransen frå lønsnivået i privat sektor. Vi veit at det er uråd å konkurrere med lønsnivå som er sterkt påverka av oljeindustrien.

Det følest likevel meir urimeleg at vi stadig oftare taper i konkurranse med anna offentleg verksemd, både med kommunane, særleg i Sør-Rogaland og med statleg verksemd med særskilde lønsordningar, som vegvesenet, jernbaneverket og statlege føretak. Vi mister nøkkelperonell også til desse, og det er mellom anna vanskeleg, eller nesten umogleg lenger å rekruttere skoleleiarar, ingeniørar eller juristar med erfaring. Lønsbudsjettet tærer meir og meir på driftsbudsjettet. Samstundes har vi framleis fleire fast tilsette løna på mellombelse prosjektmidlar. Vi er derfor sær sårbar for endringar i pengestraumen til Fylkesmannen.

Budsjettet er generelt sett for knapt, og vi minner om at vi i 2010 flytta i nytt Statens hus, noko som ga vesentleg høgare husleige enn før. Trass i dette viser rekneskapstala for 2012 balanse, med eit lite mindreforbruk på ca kr 500 000. Då har vi også tatt inn igjen meirforbruket for 2011. Dette har delvis naturlege årsaker i at vi i 2011 betalte husleige for 13 månader og at vi hadde ein del uteståande krav som er henta inn i 2012. Ut over dette har vi hatt innsparing i løn p.g.a. turnover og ovanfor nemnde rekrutteringsvanskar.

Spriket mellom oppgåver og forventningar på den eine sida og dei ressursane vi har til rådvelde blir berre større med åra. Medarbeitarundersøkinga i 2012 viser at dette er ei av dei største arbeidsmiljøutfordringane vi har. Når bemanninga går ned, blir presset på dei som er igjen større. Når lønsnivået i regionen også fører til rekrutteringsvanskar og at kompetansekrava må reduserast, vil vi få større vanskar med å oppfylle og utføre dei sær viktige oppgåvene vi er tillagt på mange sentrale politikkområde, rettleiing, klagebehandling, tilsyn og kontrolloppgåver.

Embetet har dei siste åra arbeidd mykje med visjon, verdiar, omdømmebygging, kommunikasjon, spesielt med kommunane, profilering m.m. Dette vil halde fram, men det er eit faktum at meir og meir av ressursane går med til enkeltsaker og rettstryggleiksoppgåver som tilsyn og klagebehandling - der saksmangda til dels er sterkt aukande. Det blir derfor mindre og mindre igjen til utviklingsoppgåver, rettleiing og informasjon. Vi håper digitalisering og nye arbeidsformer, til dømes når det gjeld tilsyn, kan bidra til å effektivisere arbeidet ytterlegare, men det er sterkt ønskeleg at ressurstilfanget i større grad følgjer veksten i oppgåver og saker.

Fylkesmannen i Rogaland er trass i alt dette stort sett møgd med måloppnåinga i 2012, med eit par unntak. Vi er langt frå i mål når det gjeld klagesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Vi har heller ikkje klart å oppfylle alle krav til tilsynsfrekvens i 2012, eller saksbehandlingstid for hendelsesbaserte tilsyn. For barnevern var opphavleg målsetjing i 2012 full dekning, men målsetjinga måtte justerast på hausten. Alle endringar og omprioriteringar vart likvel gjort ut frå konkrete risikovurderingar.

I ein situasjon der ressursknappheilt gjeld på dei fleste av Fylkesmannen sine arbeidsområde, vil vi måtte prioritere strengt. Rettstryggleiksoppgåvene tek, som nemnt, meir og meir ressursar frå rettleiingar og utviklingsoppgåver. Eller oppgåver med dei sterkaste styeingssignala, som lovkrav og andre skal-oppgåver får prioritet framfor oppgåver med svakare styringssignala, som til dømes "medverke til" og "påvirke". Det er viktig at fagdepartement og -direktorat, som gjev oss desse styringssignala, er tydelege på vektninga, og ikkje slik at alle oppgåver blir like viktige, berre for å nå fram i konkurransen.

Risikostyring

Fylkesmannen i Rogaland etablerte i 2012 eit eige system for mål-, resultat- og risikostyring. Systemet vart i stor grad brukt i avdelingane si verksemdsplanlegging for 2012, og vil bli fullt ut implementert i 2013. Det gjeld også risikovurdering av embetet si samla måloppnåing, Sjå res. område 98.1.

Heilskapleg og strategisk leing

Fylkesmannen i Rogaland har dei siste åra arbeidd mykje med visjon, verdiar, omdømmebygging, profilering, kommunikasjon og dialog. Dette har i stor grad involvert alle leiarane/leiar møtet. Arbeidet har halde fram i 2012

Elles er leiar møtet styrka ved å involvere nestleiarane i annankvart møte. Dette medverkar til at dei heilakaplege learressursane blir utvida. Embetet sin strategiske plan er justert og oppdatert i 2012. Leiarne arbeider vidare med å få til betre samanheng mellom overordna strategisk plan og avdelingane si verksemdsplanlegging.

Dialog med kommunesektoren er eit prioritert område, fordi kommunane er vår viktigaste brukargruppe og potensiale for konflikhtar, særleg når det gjeld planlegging og arealbruk, er vesentleg. Alle leiarane og fylkesmannen personleg har engasjert seg i dette arbeidet. Heile leiargruppa har hatt møte med ein region i 2012, og vil halde fram med denne form for dialogmøte i 2013. I 2012 hadde vi for første gong ein tilsynskonferanse med kommunane. Dette er meint å vere ei årleg samling.

Eit kort blick på fylket

Rogaland er eit ekspansivt fylke, og det bur ca. 452.000 personar her (1.1.2013). Folketalet har vakse med ca 9000 siste året. Det er netto tilflytting og store delar av fylket opplever sterkt press, sjølv om vi finn vesentlege forskjellar mellom uli Jæren, med kamp om areala og generelt stor aktivitet. Rogaland har 26 kommunar, frå landets minste, Utsira, til Stavanger med ca. 129.000. Vi har framleis berre ein ROBEK kommune, Haugesund, som kom i registeret pga. etterdønningar etter Terrasaka.

Den økonomiske situasjonen i kommunane i fylket samla sett er noko betre enn landet. Men inntektsveksten stagnerer og lånegjelda aukar meir enn landet. Aktivitetsnivået påverkar også lønsnivået i kommunal sektor og stor tilflytting frå utlandet skaper press på kommunale tenester.

Rogaland fylke har eit allsidig og dynamisk næringsliv. Næringsstrukturen er dominert av olje- og gassverksemd. Oljeselskapa med underleverandørar har totalt meir enn 30.000 tilsette, berre i Rogaland. Dette er ca 20 petroleumsretta verksemd i Noreg. Det er også stor kraftproduksjon i fylket .

Men Rogaland har også mange andre bein å stå på innafor landbruk, fisk og oppdrett, reiseliv og kompetanse.

Rogaland har landets lågaste tal på arbeidsledige, men også her finn vi skilnader mellom dei ulike delane av fylket, kor Ha framleis an til eit svært høgt investeringsnivå på norsk sokkel og dette vil gjera utslag i fylket, Undersøkingar tyder på at litt under halvparten av aktiviteten på norsk sokkel hamnar i Rogaland.

For arbeidslivet kan òg veksten skape utfordringar. Det er problematisk å skaffe kompetent arbeidskraft, ikkje minst på det tekniske området, men også innan helse og omsorg. Vi opplever derfor stor arbeidsinnvandring, også av høgt kvalifisert arbeidskraft. Konkurransen om arbeidskrafta, gir også press på lønningane, noko som òg merkast ovanfor.

Bustadprisane har skote i veret, og dei er nå blant dei høgaste i landet. Dette utfordrar behovet for arbeidskraft, fordi det k

Dei siste 10 åra hadde 15 av kommunane i Rogaland større auke i folketalet enn landet.

Veksten er størst i Rennesøy kommune med 35 %, deretter Klepp med 27 %.

Fire kommunar har hatt reduksjon i folketalet i 2012: Sauda, Sokndal, Lund og Utsira. Dette er sjølvsagt mest mekbart i Utsira, den minste kommunen i landet. I 1012 var folketalet redusert med heile 9, frå 218 til 209. Størst prosentvis vekst hadde Rennesøy også i 2012. Sandnes er den byen i landet med størst vekst, heile 2232 nye innbyggjarar i 2012. Dersom denne veksten held fram i forhold til til dømes Tromsø, vil Sandnes passere Tromsø i folketal i løpet av 2013 (70 046 innbyggjarar per 1.1.2013). Dei siste to åra har Stavanger hatt lågare vekst enn fylket under eitt. I 2012 vakt Stavanger med 1695 innbyggjarar, men er likvel den klart største kommune i fylket, med ca 129 200 ved årsskiftet.

Hovudtendensen er som tidlegare at veksten skjer i dei sentrale kommunane og at det er tilbakegang i meir perifere kommunar, men veksten ser ut til å flyttar seg utover fra dei største byane, noko som truleg kjem av knappaheit på bustadareal, særleg i Stavanger, og (dermed) høge bustadprisar og mangel på bustadtilbod.

Svært høge og stigande bustadprisar og mangel på bustader utfordrar det bustadsosiale arbeidet i kommunane. Det

skortar på bustadsosiale tiltak i kommunale planar, og fleire kommunar klagar over at Husbanken sine ordningar er for lite fleksible. Samstundes ser vi at dei ordningar som likevel gjeld, ikkje blir godt nok utnytta av kommunane. Både Huisbanken og Fylkesmannen set søkjelyset på dette i kontakt med kommunane.

Demografisk skil Rogaland seg frå landsgjennomsnittet ved å ha den yngste befolkninga, høgast fertilitet, noko høgare for vel halvparten av folketilveksten i Rogaland i åra 2006-2010.

Frå 1. januar 2002 til 1. januar 2012 var auken for fylket 16,2 %, medan landet auka med 10,2 %. Siste året fekk Rogaland

Tilflytting og høgt aktivitetsnivå skapar stort arealpress, og det er særlig tydeleg på Nord-Jæren. Samstundes er Jæren eitt av dei viktigaste landbruksområda i landet og har viktige naturvernverdiar som våtmark, små lommer av restareal med naturleg skog, fuktmark og anna med høgt biologisk mangfald, Jærstrendene, kystlynghei og anna jordbrukskapt verdifullt kulturlandskap av stor regional, nasjonal og til dels internasjonal verdi. Natur- og jordvernomsyn kolliderer med utbyggingsbehov og Fylkesmannen står midt oppe i slike konflikhtar nærmast dagleg, ikkje minst når de gjeld arbeidet med kommune- og reguleringsplanar.

Arealutfordringa skapar behov for samarbeid over kommunegrensene om bustad- og næringsareal og berekraftige kollektivløysingar. Vi ser at det er i ferd med å vekse fram et spennande samarbeid mellom kommunane for å løyse slike felles utfordringar.

Likevel er konflikten mellom utbyggings- og verneinteresser i Rogaland sine største pressområde ei av dei største utfordringane også for Fylkesmannen. Rogaland er delvis som følgje av særstør aktivitet også eit av dei aller største planfylka, med ei rekkje viktige regionplanar, oppdaterte kommunaplanar og årleg hundrevis av reguleringsplanar. For å sikre etterleving av planar og nasjonale krav og føringar innafor ei rekkje viktige nasjonale interesseområde, må Fylkesmannen vere med i planprosessane. Den store saksmengda og dei mange interessekonfliktane gjer det særst krevjande å følgje opp med innspel og nødvendig dialog. Styrka dialog med kommunane har vore høgt prioritert dei siste åra, og tar mykje også av ressursane til fylkesmannen personleg.

Skole og barnehage

Folketalsvekst og høgt aktivitetsnivå gir utfordringar også på barnehage- og utdanningsfeltet. Kommunar på Nord-Jæren, med sterk tilflytting, får problem med kapasitet og dimensjonering av barnehagar og skolar. Dersom kommunane ønskjer å utnytte ledig kapasitet i skolar som ikkje er utsette for same presset, får dei problem med nærskoleretten. Fylkesmannen har tett dialog med kommunane om dette og vil hjelpe kommunane med å avklare handlingsrommet.

Presset på arbeidamarknaden og høge lønningar gjer det vanakeleg å rekruttere lærarar og barnahagelærarar, men situasjonen er særst kritisk for barnahagane. Rogaland hadde i 2012 størst vekst i talet på styrarar og pedagogiske leiarar utan godkjend utdanning, og manglar i dag 600 barnahagelærarar. Mangel på stabil barnehagefagleg kompetanse i kommunane er også ei utfordring. Dette viser seg mellom anna når det gjeld behandling av saker om økonomisk likeverdig behandling av private og offentlege barnehagar.

Manglande forvaltingskompetanse i grunnopplæringa er også ei utfordring. Fylkesmannen si klagebehandling og tilsyn synleggjer dette. Det gjeld både retten til trygt psykososialt skolemiljø, rett til spesialundervisningviser og opplæring for barn og unge i institusjonar. Det same kan også hevdast om kommunane sin forvaltingakompetanse når det gjeld rett til særskilt språkopplæring. I den seinare tid er det også sett søkjelys på skolane si oppfølging av dei særst evnerike elevane. På alle desse felte burde Fylkesmannen hatt ressursar til meir offensiv informasjon og rettleiing.

Rogaland er elles best i landet når det gjeld lærlingekontraktar, heile 2700 i 2012. Rogaland fylkeskommune gir dessutan garanti for rett til påbygg til generell studiekompetanse etter fullført fagutdanning.

Mange nye EØS-borgarar i Rogaland gjev utfordringar knytt til behov for norskopplæring. Fylkesmannen har dessutan merka seg gjennom tilsyn at arbeidet med vaksne sin rett til grunnskoleopplæring er mangelfullt i dei fleste kommunane.

Landbruk

Rogaland er landet sitt fremsta jordbruksfylke, og må med rette kunne kallast "Matfylket".

90% av jordbruksareal er dekt av grasvekstar, eng og beite. Netto verdiskaping for landbruket i Rogaland er berekna til 2,17 mrd kroner (2010). Jordbruket utgjer 1,84 mrd. Mjølkeproduksjon utgjer 52% av verdiskapinga, sauehald 13% og svinehaldet 12%. Jæren sin dominans i Rogalandslandbruket vilberre bli forsterka farmover.

Grunnen er at veksten i husdyrproduksjonane, nyetableringar og utvidingar i størst grad skjer på Jæren.

Rogaland er eit lite skogfylke, men vekstfrojolda er særleg gode. Utforsdrina er at hogst av for ung granskog og sviktande oppfølging av fornyingsplikta.

Rogaland sin medvarknad til å oppnå sentrale målestjingar om trygg mat, vil avhenge av om vi lukkast med å verne den beste matjorda mot nedbygging, særleg på Jæren. Stor folketalsvekst og behov for nytt areal til bustader og næring, set eit særdeles stort press på den beste matjorda i landet, og gjer det særskreivnede å komme fram til gode kompromissløyser. KOSTRA-tal viser at Rogaland er det fylket som dei siste åra har omdisponert mest matjord. Tala blir høge også framover, trass i god og langsiktig arealplanlegging. For å verne den beste jorda, er det nødvendig å godta omdisponering av god kvalitet både til infrastruktur og bustadbygging, særleg til utviding av kommunasentra og tattstader.

Trass i press på jordbruksarealet, så aukar til dømes mjølkeproduksjonen på Jæren, medan jordbruksareal i andre deler av fylket blir dårlegare utnytta. Dette er også ei utfordring, med mindre totalproduksjon i fylket og gjengroing av kulturlandskapet som konsekvens.

1.2 Ressursbruk og andre økonomiske forhold

Vi har følgjande kommentarer til ressursfordelinga mellom adepartementsområda: Alle lønskostnader er her med, også når det gjeld fagmidlar, utanom kap. 1510. Når det gjeld ressursbruk under Kunnskapsdepartementet så inkluderer tala her også godtgjersle til eksterne sensorar. Dette utgjer heile kr 12.687.681. For Helse- og omsorgsdepartementet sitt ansvarsområde så utgjer godtgjersle til kontrollkomisjonane kr 3.107.708. Det blir feil å registrere desse summene under Fylkesmannens ressursbruk.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
Miljøverndepartementet	kr 11 157 786,38	kr 4 004 512,77
Landbruks- og matdepartementet	kr 12 460 412,41	kr 0,00
Kunnskapsdepartementet	kr 7 442 927,93	kr 13 985 557,79
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 4 488 319,74	kr 572,78
Justis- og beredskapsdepartementet	kr 4 283 970,27	kr 1 032 357,95
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 5 690 353,77	kr 0,00
Arbeidsdepartementet	kr 1 273 472,53	kr 1 061 623,53
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 9 572 678,76	kr 6 333 960,98
Andre	kr 29 621 688,03	kr 0,00
Sum:	kr 85 991 609,00	kr 26 418 585,00

1.3 Andre forhold

Utvikling og omstilling i kommunal sektor

Også i Rogaland er det behov for større omstillings- og utviklingstiltak for kommunal sektor. Særleg p.g.a.s ærlege utfordringar med rektuttering, skapt av stor vekst i privat sektor. Fordi kommunane våre tradisjonelt har hatt relativt betre økonomi enn dei fleste andre fylke, er skjønndelpotten vår svært låg. Det er derfor uråd å bruke midlar som kan monne frå denne potten til slike tiltak. For å kunne bidra til samordning, effektivisering og fornying av offentlig sektor i Rogaland, burde denne vore monaleg større.

Sordning av statleg verksemd

Vi vil også peike på behov for ein gjennomgang av samordning mellom statlige sektoristansar med regionagrensar ut over fylka. Dette er særleg viktig med tanke på regionalplanane si rolle i å samordne kommunal, regional og statleg innsats. Døme her er NVE, mattilsynet, Fiskeridir, kystverket, vegvesenet mfl.

Det administrative området:

Fylkesmannen i Rogaland er Miljøfyrtårn sertifiserte. Dette tek vi også sterkt omsyn til ved innkjøp og i anbudsprosessar. I 2012 var vi ute med fleire anbod, prosessane køyre vi ved hjelp av verktøyet Merzell. Vi har ein innkjøpskoordinator som har hovudansvar for innkjøps/ anbudsprosessane.

Arbeidet med informasjonstryggleiken er i god prosess. Tryggleiksansvarlig og prosjektgruppe er etablert. Informasjonsryggleiksgruppa har utarbeida første versjon av informasjonspolicy og instruksar som er overlevert embetsleiinga for godkjenning.

IKT- strategien er eit viktig fundament for embetes IKT arbeid. Arkitekturen vår er i samsvar med føringane i strategien. Vi migrerte over til Felles AD i desember 2012 og har flytta alle brukarar, e-post, klientmaskiner og deler av serverane inn i fellesløysningen. Vi er også på god veg når det gjeld ensoneprosjektet.

Hausten 2012 overførte vi sentralbordet til SSiE.

Vi har hatt god aktivitet på GIS området. 2011 rapporterte vi om ein omfattande ryddeprosess i kartsystema våre. I 2012 har vi følgd opp med å lagra alle nye data i den nye struktur. I tillegg har vi gjennomført opplæring av medarbeidarar i korleis data skal lagrast og brukast.

I 2012 har vi tilsett ein ny medarbeidar med innvandrarbakgrunn. Vi har tatt inn ein ny lærling i løpet av 2012, totalt har vi to lærlingar i administrasjonsavdelinga.

Vi har gjennomført kurs eit 2 dagars kurs i interkulturell kompetanse med foreleser frå Misjonshøgskolen i Stavanger. Vi har også i samarbeid med Rogaland politidistrikt gjennomført et dagsseminar i inkluderande arbeidsliv for hovudtillitsvalde, verneombod og leiarar. I tillegg har vi hatt halvårlege møte med NAV, kor IA arbeidet var hovudtema.

Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

2.1 Generelle samordningsoppgaver. Fornyning av offentlig sektor

Fylkesmannen sitt samordningsansvar og aktivitet er frøst og framst retta mot kommunasektoren. Vi kan vel trygt seie at det meste av denne samordningsaktiviteten knytter seg til kommunalt planarbeid og tilsyn. For å styrkje og effektivisere dette samordningsarbeidet har vi organisert både tilsynet og det planretta arbeidet i to avdelingsovergripande lag, som møtest jamleg for å legge til rette for eintydig praksis, heilsskaplege standpunkt og effektivt og måltretta samspel med kommunane og andre statlege tilsyns- og planetatar.

Ansvar for overordna koordinering og utvikling innan tilsynsområdet er lagt til Forvaltningsavdelinga, som har ein tilsynskoordinator, som igjen samordnar arbeidet internt og eksternt. Tilsynskoordinator leiar det tverrfaglege tilsynslaget der alle fagavdelingane er representerte. Tilsynskoordinator er og del av kommunelaget som har ansvar for andre delar av samordninga med kommunane. Dette legg til rette for at informasjon blir delt internt. Tilsyn er dessutan tema på leiarmøtet kvart år. Når det gjeld ekstern samordning av tilsyn har fylkesmannen etablert samarbeid med Arbeidstilsynet, Mattilsynet og Kartverket. Vi har og etablert eit årleg kontaktmøte med Rogaland revisjon som er den største kommunerevisjonen i Rogaland.

Tilsyn tek meir og meir tid hos Fylkesmannen og planarbeidet vedkjem alle avdelingar i større eller mindre grad. Vi meiner å ha funne ein god organisasjonsmodell, som sikrar heilskapleg og samordna kommunikasjon og dialog med kommunane. Enkeltsaksbehandling og andre rettstryggleiksoppgåver må likevel prioriterast høgt og har gjort det nødvendig å setje klare grenser for kor mykje ressursar som skal eller bør brukast på planarbeid. Den enorme planaktiviteten vi har i vårt fylke, gjer det til ei utfordring å vere like god på samordning og dialog i alle samanhengar.

Vi har i 2012 mellom anna brukt meir tid på å etablere betre samordningstrutinar med tilsynsetatar og regionale styresmakter med planansvar enn det vi har makta før.

Ei utfordring er også at planlegging med store arealkonsekvensar føregår etter ulikt lovverk, td energilovgjevinga.

Fylkesmannen har i 2012 styrka samarbeidet og dialogen med kommunarevisjonen i Rogaland med omsyn til målretting og gjensidig informasjon når det gjeld kommuneretta tilsyn. Ei utfordring i dette samordningsarbeidet er at kommunane i dag sprer revisjonsarbeidet til ulike private revisjonsfirma. Vi har mellom anna hatt kontakt med Rogaland revisjon i samband med utfordringar i ein kommune når det gjeld psykososialt skolemiljø. Vi abonnerer på revisjonsrapportane deira. På dette området har vi likevel eit utviklingspotensiale for embetet.

Når det gjeld tilsyn så kan det særskilt nemnast at Fylkesmannen v/ Utdanningsavdelinga medverkar til samordning i metodeutvikling på sine område - vi deltar i arbeidsgrupper med Udir både på barnehage- og grunnopplæringsfeltet. Vi prøver også å medverke til dette i nytt tilsyn etter introlova, her piloterer vi saman med tre andre embete.

Fornyings- og utviklingsarbeidet i kommunane blir stimulert først og fremst gjenniom bruk av skjønsmidlar. Her er det ei utfordring at Rogaland har små midlar samanlikna med dei fleste andre fylke. Utviklingstiltak kostar like mykje i vårt fylke, og vi ser klare eksempel på at Fylkesmannen i Rogaland har måtta avslå søknader på gode tiltak, som har fått stønad i andre fylke. Dette skaper forventningar til medfinansiering gjennom skjønspotten som Fylkesmannen i Rogaland ikkje maktar å oppfylle.

Vi vil elles nemne eit særskilt tema her. Det er behov for å gå gjennom trekkordninga knytt til private skolar. Der er auke i talet på privatskolar i nokre kommunar. Særleg i Eigersund, som har høgast andel elevar i private skolar (i heile landet) og Karmøy blir ramma av ei urimeleg trekkordning.

Fylkesmannen har halde sin første tilsynskonferanse i 2012. Målgruppa var ordførarar, rådmenn, sektorleiarar, leiarar av kontrollutvala, kontrollutvalssekretariata og kommunerevisjonane. Tema for konferansen var styring og samspel mellom stat og kommune. Det var godt oppmøte på konferansen, og vi tek sikte på at dette skal bli eit årleg arrangement.

Fylkesmannen sin gode erfaring an "spredningsprosjektet" som tilsynsmetodisk tilnærming var og tema på konferansen og fleire av kommunane som har vore med på denne tilsynsmetodiske tilnærminga fekk komme med sine erfaringar.

2.2 Velferd, helse og personlig tjenesteyting

Fylkesmannen i Rogaland har hatt ein betydeleg oppgaveauke innan helseområdet dei seinere åra, utan at fylkesmannsembetet er tilført meir ressursar. Ikkje minst har auken vore stor innan førarkortfeltet. Me har difor måtte gjere prioriteringar innanfor Helse- og omsorgsdepartementet si oppgaveportefølje. Innenfor helseområdet har difor Fylkesmannen sine lovpålagde oppgaver hatt førsteprioritet. Gjennom styring av verksemda har me forsøkt å behalde balansen mellom oppgaver gitt frå Helsedirektoratet og dei gitt frå Statens helsetilsyn, samt tatt sikte på at det auka sakstilfanget ikkje skal gå ut over oppdraga frå andre departement på velferdssida.

Fylkesmannen sitt tilsynsoppdrag

Fylkesmannen skal føre tilsyn med at innbyggjarane får dei kommunale og fylkeskommunale tenestene som dei i medhald av lov og forskrifter har krav på av helse- og omsorgstjenester, sosialtenester i arbeids- og velferdsforvaltningen, tannhelsetenester, barnevern, rusomsorg, utdanning og vergemål. For å utøve tilsyn og kontroll med at verksemdene følger lov og reglar, nyttar Fylkesmannen seg av ulike metodar overfor ulike tilsynsobjekt og tenesteområde, herunder generell områdeovervaking, kartleggingar, systemrevisjonar og tilsyn etter annan metodikk. Det kommuneretta tilsynet hos fylkesmannen i Rogaland er samordna, ved at det vert sett opp ein felles tilsynsplan på tvers av fagavdelingane, og tilsynsbelastninga på kvar einskild kommune vert på den måten styrt.

I samband med satsing på tilsyn med helse- og omsorgstenester til eldre, har vi gjennom 3 år mottatt tilskotssmidlar fra Statens Helsetilsyn til et Sprednings- /Clusterkommuneprosjekt. Prosjektet blei formelt avslutta 31.12.12. Erfaringane som vi har gjort i løpet av desse 3 åra har vore nyttige for utviklinga av vår eigen tilsynsaktivitet. I 2012 nytta vi metodikken med spredningstilsyn i tilsynet med rehabiliteringstenester i sjukeheimar. Dette tilsynet blei gjennomført i to kommunar, og i tillegg blei ytterlegare seks kommunar kytt til tilsyna som "spreiingskommunar". Spredningsmetodikken blei også nytta ved eit tilsyn i sjukeheim der lov om pasient- og brukarrettar kap 4A var temaet.

"Spredningsprosjektet" er møtt med stor entusiasme og positivitet både frå kommunane og KS. Tilbakemeldingar frå kommunane tyder på at deltakande kommunar får en auka styrings- og interkontrollforståelse. Samstundes blir dei konkrete tilsynserfaringane spreidd på fleire kommunar, og spreingstilsynet kan dirfor vere eit effektivt tilsynsverktøy. Vi har også fått tilbakemelding på at kvalitetssamarbeid mellom kommunane vert stimulert og forbetra. Oppsummert er vår erfaring med "Spredningsprosjektet" så god at vi i 2013 kjem til å fortsetje med spreingstilsyn i på fleire av våre fagområde.

Sosiale tenester i NAV

Fylkesmannen har viktige oppgaver i å understøtte partnerskapen mellom stat og kommune i NAV. Dette blir gjort på fleire område, både i kommunebesøk og i ulike overordna samarbeidsarenaer. Fylkesmannen har i fleire år hatt jamnlege samarbeidsmøter med NAV-direktøren. Samarbeidet er i 2012 utvida til å omfatte halvårlege møter med KS og rådmannsutvalet.

Det er ei utfordring å få til god samordning av dei ulike satsingane på sosialtenesteorådet og tilgrensande tenestefelt. Dette gjeld både internt hos Fylkesmannen og i samarbeidet med NAV fylke. Utfordringane internt er forsøkt løyst med tettare samarbeid og betre intern informasjon, særleg på området barn og unge. Samordninga med NAV fylke har omfatta gjensidig informasjon om satsingar og kompetansetiltak og felles planlegging og gjennomføring av halvårlege leiarsamlingar.

Bustadsosialt arbeid

Utfordringar i det bustadsosiale arbeidet er framskaffing av rimelege bustadar til ei differensiert gruppe vanskelegstilte på bustadmarknaden. I tillegg har mange kommunar mykje å gå på i planarbeidet på det bustadsosiale området. Kommunane etterlyser fleire og meir tilpassa tilskot fra Husbanken. Samstundes er det fleire kommunar som ikkje nyttar dei moglegheitene som Husbanken har. Både Fylkesmannen og Husbanken har fokus på dette i kontakt med kommunane.

Det er ei kjelde til bekymring at bruken av hospits aukar i kommunane og at fleire ventar på kommunal bustad.

Folkehelseområdet. Den nye folkehelselova har gitt kommunane nye oppgaver på området. Den fyrste prøvesteinen for kommunane var å syte for at folkehelsa vart vektlagt i kommunale planstrategiar som skulle

vedtas i løpet av 2012. Eit fleirtal av kommunane som hadde utarbeidd strategiar, mangla ei drøfting av kva folkehelseutfordringar som er i kommunen og evt. korleis dei skal møtast.

Me ser og at kommunane ofte heller ikkje omtaler folkehelseutfordringar i anna planarbeid, som t.d. kommunaplanar, planprogram og kartleggingsarbeid som inkluderer alle sektorane og fylgjer dette vidare opp i planarbeidet.

Rogaland har over tid hatt stor næringsaktivitet og folkeauke. Dette vert merka blant anna på eit stadig aukande behov for areal til bustadar, næringsbygg og transport. Dei udekkja behova gjer det naudsynt med raske og effektive løysingar. Sett opp mot dette er det ei utfordring for kommunane å kunne planleggje langsiktig for ei berekraftig samfunnsutvikling der det vert tatt tilstrekkeleg omsyn til faktorar med positiv og negativ påverknad på helsa. Det er fortsatt eit stort behov for opplæring og rettleiing i kommunane om det fortløpande arbeidet for å ha oversikt over folkehelsa. Generelt må fleire kommunar etablera eit systematisk folkehelsearbeid.

Fylkesmannen i Rogaland si rolle i samhandlingsreforma

Dette er hos Fylkesmannen i Rogaland organisert som eit regionalt prosjekt, der dei tre fylkesmennene ved fylkeslegane har vore styringsgruppe.

Prosjektet starta ved tilsetning av koordinator for samhandlingsreforma frå 1.januar 2012. Prosjektmandat og prosjektplan vart utarbeida våren 2012 og godkjend av styringsgruppa med nokre justeringar i møte den 19.juni 2012. Viser til prosjektmandat og prosjektbeskriving for detaljert omtale av prosjektet sin innretting og målsetningar.

Prosjektet dekker 3 fylker med til saman 85 kommunar, 4 helseføretak, 2 universitet, 3 høgskular og ei rad private ideelle aktørar. I tillegg kjem ulike samarbeidsprosjekt, brukarorganisasjonar og tilsette sine organisasjonar. Koordinator har kontorstad i Bergen, men har ved ein rekke anledningar vore til stades ved ulike møter og arrangement i alle tre fylka. I haust har koordinator og hatt til saman 3 kontordagar i Stavanger. I samråd med styringsgruppa har oppgåvene vorte innretta noko ulikt i dei tre fylka. Hovudvekt i har vore på deltaking på felles arrangement for kommunane og helseføretaka, samtalar med prosjektleiingar for interkommunale samarbeid knytt til samhandlingsreforma, samtalar med einskildkommunar og undervisning.

I tillegg til det regionale fokuset deltek koordinator/prosjektleiingar og i nasjonalt nettverk for samhandlingsreforma på jamlege møter (8 gonger år). Som ein del av engasjementet i det nasjonale nettverket bidreg koordinator i rapporteringa til departementet frå nettverket. Det utarbeidast rapport kvar veke med samanstilling av dei viktigaste nyhende frå massemedia og frå aktørane i reforma i dei tre Vestlandsfylka.

Jamlege møter i dei fylkesvise arbeidsgruppene, styringsgruppa, og jamvel eit fellesmøte med alle gruppene har vore viktige arenaer for diskusjon av framdrift i reforma, men og for organisering av arbeid i regionen, konkrete oppgåver og som kopling til det nasjonale

Det har vore ei utfordring å finne ein god balanse mellom koordinator sine oppgåver og driftsoppgåvene i embeta som går fram av embetsoppdrag.

Styringsgruppa for prosjektet har hatt 5 møter i 2012 Hovudfokus for gruppa sine møter har vore lokal prosjektorganisering, regionalt samarbeid KS-Helse Vest, orientering om framdrift i reforma – og spesielt knytt til saker frå nasjonalt nettverk for samhandlingsreforma. Temaet øyeblikkeleg hjelp døgnplasser – organisering, fagleg forsvarlege løysingar og interkommunalt samarbeid har vore diskutert ved fleire anledningar.

Dei tre Vestlandsfylka samsvarar med utbreiinga til det regionale helseføretaket. KS Vest og RHFet har inngått intensjonsavtale knytt til samhandlingsreforma. Fylkesmannen er invitert inn i dette samarbeidet. Det har vore arrangert tre møter i dette samarbeidet i 2012. Jamfør avtalen mellom KS og RHF er eit av møta utvida til å omfatte sjukehusdirektørar, samhandlingssjefar, fylkes-/fylkesstyreleiarar frå KS og dei tre fylkeslegane. Tema for dette møtet var i år erfaringsdeling og –utveksling rundt avtaleprosessane og IKT-meldingsløftet. I dei to andre møta har tema vore mellom anna folkehelsearbeid, øyeblikkeleg hjelp døgntilbod, oppfølging av intensjonsavtala og diskusjonar knytt til innhald og organisering av felles føretaksvisse konferansar. Alle føretaksområda har organisert konferansar knytt til samhandling i 2012.

Felles føretaksvisse konferansar har vore eit av verkemidla som aktørane i vest har vald for oppsummering av erfaringar knytt til inngåing av samarbeidsavtalar, arbeid med implementering av avtalar og for å setje fokus på spesielle problemstillingar i reforma (til dømes øyeblikkeleg hjelp døgnplassar og folkehelse/førebyggjande arbeid). Det er så langt planlagd to føretaksvisse fellesarrangement i 2013, knytt til implementering av avtalar, inkludert fokus på kultur/haldningar/likeverd/kommunikasjon, og øyeblikkeleg hjelp døgnplass.

Ei hovudutfordring for implementering av samhandlingsreforma i Rogaland blir å vurdere allmennlegetenesta og legedekning i kommunane, spesielt i utkantstrok, herunder bruk av vikarar. Fylkesmannen i Rogaland ønskjer å framheve observasjonar knytt til hendelsesbaserte tilsynssaker der vikarlegar for sjølvstendige næringsdrivande legar med driftstilskot i kommunen er involvert. Ei bekymring knytt til dette er korvidt lovverket per idag sikrar at kommunen i tilstrekkeleg grad kan kontrollere at desse vikarlegene har høg nok fagleg kvalitet før ansettelsen som vikar i praksis. Det kan også leggast til at vikarlegane også ofte og deltek i kommunen si ordinære legevaktteneste, og god internkontroll i kommunen før ansetting blir dermed ekstra viktig.

Eit oversyn over KOSTRA-tala for dei mest folkerike kommunane i fylket syner at det har vore ei viss auke i talet på sjukeheims plassar og sjukeheimslegar i nokre av kommunane, men ikkje i alle. Talet på kommunale fysioterapistillingar knytt til institusjonar har i liten grad endra seg. Om me ser på KOSTRA-tala for alle kommunane, er det stor variasjon i legedekninga og fysioterapidekninga på sjukeheimane i Rogaland. Enkelte småkommunar har til dømes vesentleg høgare dekning enn dei større kommunane.

Tilsynserfaringar syner at ferieavvikling og ikkje planlagd fråver hos sjukeheimslegane, som til ved dømes sjukdom, ikkje alltid sikrast godt nok. Dette medfører sårbarheit og risiko for pasienttryggleiken, og det er eit viktig område for kommuneleiinga å følgja med på. Me ser og at det kan mangla møteplassar mellom kommuneoverlege og sjukeheimslege.

Tilsynserfaringar syner vidare at legetenestene ikkje alltid fungerer godt nok for dei som har omfattande omsorgsbehov, men som ikkje bur på sjukeim. Mange som bur i omsorgsbustad eller "eigen heim" har behov for tett oppfølging frå fastlegen. Me har fleire døme på at pasientar som ikkje så lett kan møta hos fastlegen, for eksempel på grunn av demens, ikkje alltid får den oppfølginga dei ha behov for. Fleire kommunar har eit betydeleg forbettringspotensial når det gjeld å følgja med på kvaliteten på legetenester til desse gruppene.

Samhandling på rusfeltet, ikkje minst knytt opp mot kriminalomsorga, er ei særleg utfordring. På dette området er det utfordringar med ulike lovverk, uklart ansvar og uklar oppgåvefordeling mellom kriminalomsorg og helsetenestene. Det er særlege utfordringar omkring avrusing, LAR, medikamentbruk i fengsel, individuell plan, innsette med ROP lidingar og utanlandske innsette (språk,helse,behandling). Fylkesmannen i Rogaland vil i 2013 styrkja samarbeidet med kriminalomsorga i samarbeid med spesialisthelsetenesta og kommunar som har soningsinstitusjonar.

Ei av utfordringane i Rogaland er begrensa kapasitet ved universitet og høgskular for vidareutdanning i rusarbeid.

I fleire tiltak ser vi ei positiv utvikling ved at bruken av tvang og makt i kommunane ser ut til å verta redusert. Systematisk arbeid med andre løysingar ser dermed ut til å ha verka bra. Dei mest inngripande tvangsformane, som t.d. nedleggingsprosedyrer, er no i stor grad ersatta av andre, mindre inngripande og verksame løysingar. Det vert utført mykje godt fagleg arbeid i kommunane. Spesialisthelsetenesta har i fleire år hatt kapasitetsvanskar. Dette ser no ut til å ha vorte betre enn på lenge.

Overfor spesialisthelsetenesta fylgjer Fylkesmannen i Rogaland aktivt opp den nasjonale strategien for rett og redusert bruk av tvang i psykiatrien. Som ledd i dette har me sett temaet på dagsordenen regionalt, og i samarbeid med fylkesmennene i Hordaland og Sogn og fjordane er det teke et initiativ overfor Helsedirektoratet for å få klårare retningslinjer for Fylkesmannen si handsaming av klager på tvungen medikamentell behandling.

Auken i talet på eldre personar vert eit sentralt utviklingstrekk i Rogaland åra som kjem. Auka alder medfører at fleire vil få demenssjukdom. Samstundes medfører samhandlingsreforma at krevjande oppgåver vert overført frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Ei av hovudutfordringane for helse- og omsorgstenestene vil difor vera å sikra tilstrekkeleg og stabil tilgang på kvalifisert personell. Ein IRIS-rapport (2011/100) peiker på at det i Stavangerregionen vil bli mangel både på sjukepleiarar, spesialsjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Denne situasjonen må takast alvorleg både av utdanningsinstitusjonar og dei som yter helsetenester.

Ei anna utfordring vil vera å bygga ut tenestetilbodet til ulike grupper, spesielt å skaffa nok tilrettelagde heildøgns plassar og dagtilbod for personar med demens. Mange av kommunane i Rogaland har høg befolkningsvekst og mangel på byggeareal. Dette gjer det vanskelig å oppfylla føringa om at bustadar for personar med demens skal ligga på bakkeplan og ha direkte utgang til tilrettelagd uteareal. Fleire av dei større kommunane planlegg sjukeheimar i til dels trafikkerte byområde, der omgivnadane er lite tilrettelagde for personar med demens. Plassering av avdelingar for personar med demens på bakkeplan med direkte utgang til sansehage, er då vanskeleg å få til. Me er og bekymra for om plassering av sjukeheimar i trafikkfarlege område kan føra til at pasientar oftare vert innelåste.

Innføring av velferdsteknologi er ein viktig del av omstillinga som vil bli krevd i helse- og omsorgstenesta. Det er ei utfordring å innføre teknologien i kommunane, og å sørgja for at helsepersonell får tilstrekkeleg kunnskap om

intensjonar og muligheiter, og om kva som finst av teknologiske hjelpemiddel.

Kommunane må oppfordrast til å gjera analyser av situasjonen i eigen kommune og utarbeida planar for korleis folkehelse- samhandlings og omsorgsutfordringane skal handterast, både når det gjeld kompetanse og kapasitet. Særleg i småkommunane er nok kompetansen til slikt planarbeid fortsatt mangelfull.

Verjemålsreforma

Fylkesmannen har oppnådd dei mål vi satt oss for arbeid knytta til innføring av ny verjemålslov i 2012. Vi har mellom anna gjennomført møter med alle kommunar for informere og forberede verjemålsreforma.

2.3 Oppvekst, barnehager, utdanning og likestilling

Barnevern

Tilsyn er Fylkesmannens si hovudoppgåve på barnevernområdet. Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunane utfører dei oppgåvene dei er pålagt etter barnevernlova. I 2012 utførte Fylkesmannen tilsyn med dei kommunale barnevernstenestene i 3 kommunar i Fylket som ei forlenging av det landsomfattande tilsynet med dei kommunale barneverns-tenestene som starta i 2011. Tema for tilsynet var kommunen sitt arbeid med undersøkingar og evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn. Eit hovudinstrykk er at kommunane i Rogaland ikkje godt nok har sikra at undersøkingar og evaluering av hjelpetiltak er i samsvar med lova. Dermed når ikkje desse viktige tenestene fram til alle som kan ha krav på og nytte av dei.

Fylkesmannen i Rogaland har etablert ei gruppe på tvers av avdelingane for å samordne dei ulike oppdraga og satsingane knytt til utsette barn og unge. Det er laga ein oversikt over oppdraga på området og gruppa sørger for intern informasjon om satsingar, konferansar og andre kompetansetiltak retta mot kommunar og verksemder. I samarbeid med NAV og fylkeskommunen har me i 2012 prøvd ut metodikken i prosjektet "Ny giv" innanfor vidaragåande opplæring.

Embetet har fått informasjon om Ungdom i svevet, men har ikkje gått vidare med dette arbeidet, jf. nedanfor.

10 kommunar har fått tilskott til arbeidet mot barnefattigdom. Kommunane er blitt fylgt opp gjennom rapproterings- og tilskotsforvaltning. Hausten 2012 etablerte Fylkesmannen nettverk for alle kommunane i ordninga, med siktemål å gjennomføre slike samlingar kvart halvår.

Det nye rundskrivet til sosialtenestelova legg vekt på NAV-kontora sitt ansvar for utsette barn og unge og familieane deira. Fylkesmannen har understreka dette både i den omfattande opplæringa i rundskrivet som har vært gjennomført, og på andre arenaer, til dømes leiarsamlingar.

Regjeringa styrka frå 2011 det kommunale barnevernet med ei eiga tilskotsordning der midlar vart fordelt til kommunane etter søknad. Fylkesmannen fekk i oppdrag å handtere tilskotssordninga. Fylkesmannen i Rogaland har hatt ei aktiv rettleiarrolle overfor kommunane i samband med søknadshandsaminga. Det vart tildelt 32 stillingar til kommunane i Rogaland i 2011. Desse stillingane vart vidareført i 2012 og i tillegg vart det tildelt 6 nye stillingar i fylket. Vidare opptrapping vil finne stad i 2013.

Fylkesmannen fører tilsyn med institusjonar etter barnevernlova kap. 5, jf. forskrift om tilsyn med barn i barneverninstitusjonar for omsorg og behandling. Gjennom individretta og systemretta tilsyn, medverkar Fylkesmannen i å sikre at rettstryggleiken for barn og unge vert ivareteke i samsvar med regelverket. Fylkesmannen i Rogaland gjennomfører også umeldte tilsyn i samsvar med tilsynsforskrifta § 8 annet ledd. Tilsynet skal ha til føremål å sjå til at lovar og regelverk vert fylgt opp, og at barna får forsvarleg omsorg og behandling i institusjonen. Fylkesmannen i Rogaland legg vekt på å gjennomføre det planlagde tilsynet på eit tidspunkt der barna sjølv er tilstades, og det er eit mål å komme i dialog med kvart einskilt barn under sjølve

tilsynet. I 2011 utarbeidde Statens helsetilsyn ein ny rettleiar for dei såkalla individtilsyna, og denne vart implementert hos Fylkesmannen i Rogaland i 2012. Me opplever at desse tilsyna med dette har fått ein auka kvalitet.

Barnehage og utdanning

Samordning og samarbeid

Fylkesmannen har gjennom generell informasjon og rettleiing saman med spesifikke tiltak, motivert til heilskap og samarbeid når det gjeld barn og unge. I Utdanningsavdelinga sin kontakt med barnehagefagleg og skolefagleg ansvarlege og med PPT er slike spørsmål jamleg på dagsorden. Vi har god kontakt med Bufetat, og på oppmoding frå kommunane arrangerte vi saman med BUF-etat og helse- og sosialavdelinga her i embetet to samlingar (ei for sørfylket og ei i nordfylket) om regelverket knytt til barn i fosterheim. Den siste vart gjennomført i februar 2012, med god deltaking både frå tilsette i barnevernet og i skolen, til saman mest 200 deltakarar.

Betre samordning var ei konkret målsetjing i prosjektet "Dei utfordrande barna", som vi har omtalt i tidlegare rapportar. Prosjektet var retta mot barn i aldersgruppa 4-8 år og vart gjennomført i til saman 12 kommunar i perioden 2005-2011. UiS v/Senter for Atferdsforskning hadde prosjektleiing og fagleg ansvar i siste perioden. Det var avslutningskonferanse for siste runde i februar 2012. Det er ikkje tatt standpunkt til ev vidareføring, delvis på grunn av endra rolle og oppgåver for SAF frå nyttår av. Fylkesmannen har signalisert at vi gjerne er med på fleire rundar i prosjektet for å medverke til kompetanseutvikling i fleire kommunar.

Eit opplegg for samarbeid knytt til barn og unge med særleg store vanskar og med behov for og rett til hjelp frå fleire instansar/etatar, vart starta i 2010 i samarbeid mellom kommunane på Nord-Jæren. I 2011 vart dette etablert som eit prosjekt der både barne- og ungdomspsykiatrien, Bufetat, fylkeskommunen, KS og Fylkesmannen deltok i tillegg til kommunane. Målet var å finne fram til tenleg samarbeid om tilgang på spisskompetanse når det gjeld samordna tilbod til desse barna, og våren 2012 vart eit såkalla "Avklarande team" etablert i regi av Bufetat. Opplegget skal evaluerast våren 2013.

Barnekonvensjonen har vore nemnt i drøftingar med kommunane i dei regionale nettverka på barnehageområdet, men det må vedgåast at vi ikkje har hatt særskilde tiltak knytte til implementering av konvensjonen i 2012. Vi nemner likevel at vi etter førespurnad frå Barneombodet arrangerte eit tredagars besøk i Rogaland i april, der Barneombodet hadde møte både med Fylkesmannen og med to kommunar. Utgangspunktet var klagebehandling og tilsyn med skolen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø etter § 9A-1/§9A-3 i opplæringslova, men Barnekonvensjonen var også sentral i samtalanene.

Saman med helse- og sosialavdelinga har vi hatt møte med Fylkesmannen i Nordland om prosjektet "Ungdom i svevet", men vi har etter dette konkludert med at vi her i fylket ønskjer å satse på tiltak etter modell av Sjumilssteget i Troms. Dette vil bli initiert våren 2013. Elles nemner vi at Utdanningsavdelinga sjølv sagt medverkar i samband med planarbeid (kommuneplanar, fylkesdelplanar, reguleringsplanar) som andre avdelingar i embetet har hovudansvar for, med særleg søkjelys mot korleis barn og unge er ivaretekne i samfunnsdelen i overordna planverk.

Barnehage

Reglane for økonomisk likeverdig behandling inneber framleis store utfordringar for kommunane. Regelverket er komplekst og sterkt økonomisk retta, og både kommunane og Fylkesmannen slit med naudsynt kompetanse for å handtere det på ein god måte. Komplisert og noko uklart regelverk har gjort det naudsynt for Utdanningsdirektoratet å kome med mange avklaringar, og det er ei utfordring både for kommunane og for Fylkesmannen å halde oversikt. Presiseringane frå direktoratet var hovudtema for regelverksamlinga med kommunane om dette i 2012. Det er sterkt behov for nytt oppdatert rundskriv på dette området, og det er positivt at det kjem i 2013.

Det er framleis jamn pågang med klagesaker. Fylkesmannen har sett det som naudsynt å be om dokumentasjon og kontrollere kommunen sitt tilskotsgrunnlag i kvar klagesak utan omsyn til kva klagen gjeld. Bakgrunnen for dette er det kompliserte regelverket og behovet for å sikre rettstryggleiken til barnehagen betre. Følgjene av dette er at saksbehandlinga tar lengre tid.

Hovudutfordringa med regelverket er etter vår vurdering at tilskotet i utgangspunktet skal byggje på budsjett. Regelverket baserer seg på at budsjetterte driftsutgifter til kommunale barnehagar er eit eintydig omgrep, noko det ikkje er. Kommunen sitt budsjett er lite lovregulert, og praksis i kommunane derfor ulik. Bruk av budsjett fører også til at kommunen må etterrekne tilskotet ut frå rekneskapan i året etter. Dei private barnehagane opplever at etterrekning av tilskotet langt ut i året etter tilskotsåret, skaper ein lite føreseieleg økonomisk

situasjon. Rettleiaren frå KS og PBL er eit nytt verktøy som kommunane kan bruke, men dei er ikkje pålagde å bruke han. Det er derfor samla sett sterkt behov for forenkling og tydeliggjering av reglane. Vi meiner at det kan gjerast ved å basere tilskotet til dei ikkje-kommunale barnehagane på rekneskapen i staden for budsjett heilt frå starten, slik opplegget er for finansiering av private skolar.

Det er i 2012 ført tilsyn med fire kommunar etter barnehagelova. Vi har dette året følgd tilsynsmetoden som blir nytta i utdanningssektoren, etter metodehandboka til Udir. Tema for tilsyna har vore kommunen sitt tilsyn med barnehagane, barnehagelova § 16, og kommunen si oppfølging av krava til styrar og pedagogisk bemanning etter bhgl §§ 17-18. Det er i ein kommune også ført tilsyn med forskrifta om økonomisk likeverdig behandling § 4, og det er ført tilsyn etter opplæringslova § 5-7 i ein kommune.

Det er gitt pålegg i tre av dei fire kommunane. Pålegga er knytte til mangelfulle rutinar for og gjennomføring av tilsyn med barnehagane, norma for pedagogisk bemanning ikkje blir følgd, dispensasjon frå utdanningskravet er ikkje behandla i samsvar med barnehagelova og forvaltningsmessige manglar i vedtaka. Også tilsynet etter opplæringslova § 5-7 viser til dels store forvaltningsmessige manglar.

Erfaringane frå tilsyna i 2011 var dei same når det gjeld forvaltningsmessige manglar. Vi har derfor i år gjennomført samling for barnehagefagleg ansvarlege i kommunane om forvaltningsrett og krav til vedtak.

Ei kartlegging i Rogaland hausten 2012 viser at alle kommunane innfrir retten til barnehageplass i vårens hovudopptak. I tillegg har 628 barn utan rett til barnehageplass, fått plass. For kommunane er det ei utfordring at private barnehagar kan gi tilbod om plass til barn utan rett til barnehageplass, før det er gitt tilbod om plass til alle barn med rett.

Kommunane viser til at dei følgjer med på befolkningsauken, og har planar for bygging eller utviding av barnehagar for å sikre at dei kan gi tilbod om barnehageplass i tråd med retten.

Rogaland er eit pressområde med store utfordringar knytte til rekruttering av barnehagelærarar. Rogaland hadde i 2011 den største veksten i talet på styrarar og pedagogiske leiarar utan godkjend utdanning. Det er etablert samarbeid og arbeidsgruppe mellom kommunane og sentrale partar for å sikre framdrift og gjennomføring av det regionale GLØD-prosjektet. Målsettinga for arbeidet er også kompetanseheving i barnehagesektoren. Det er uttrykt bekymring knytt til stram kommuneøkonomi, vanskar med å prioritere opplæringstiltak for barnehagepersonale og å sikre stabil barnehagefagleg kompetanse på kommunenivå i mindre kommunar.

Utdanning

Tilsyn har vore den sentrale oppgåva på utdanningsfeltet også dette året. Høg turnover i avdelinga inneber stadig utfordringar på dette feltet både når det gjeld kompetanseutvikling og effektivitet. Til vanleg er det to personar pr tilsynslag, men av omsyn til kompetansebygging har vi tre personar på nokre tilsyn. Vi nemner her at vi ønskjer å møte kommunane så likt som råd og med same ordbruk både på barnehagefeltet og på grunnopplæringsfeltet. Vi har derfor valt å bruke den metoden som er utvikla i samband med felles nasjonalt tilsyn dei siste par åra (med Udir si metodehandbok i botnen) ved tilsyn på barnehageområdet. Også i pilotering av tilsyn etter introlova på oppdrag frå BLID/IMDI, valde vi å bruke denne metoden.

Det nasjonale tilsynet er gjennomført med same tema som i fjor (skolane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø), med omfang som føresett frå direktoratet. Kommunane og skolane har gitt positive reaksjonar på tema og metode, og det er vårt klare inntrykk at tilsynsobjekta ønskjer å rette dei lovbrota som blir avdekte. Både i felles nasjonalt tilsyn og i anna tilsyn opplever vi at nokre skoleeigar har utfordringar knytte til å følgje opp pålegg på grunn av svak skolefagleg kompetanse. Rettleiingsarbeidet blir også krevjande i slike høve. Elles har rettleiinga vore omfattande i oppfølginga av nasjonalt tilsyn: Vi har hatt 8 heildagssamlingar med erfaringsspreiing, og mest alle skolefagleg ansvarlege og rektorar i fylket har deltatt (sjå meir under resultatområde 31.1).

Det er framleis etter vår erfaring behov for å føre tilsyn med skoleeigarane når det gjeld ivaretaking av rettar for elevar som i utgangspunktet stiller svakt, t.d. rett til spesialundervisning og rett til særskilt norskopplæring. Oppdrag og ressursar gjer det krevjande å finne rom for dette. I tillegg ser det ut til at behovet for å opne tilsyn i enkeltsaker aukar, og slike tilsyn er gjerne svært ressurskrevjande. Vi vil også peike på at vi erfarer større behov for å følgje opp tilsyn over tid. Det er urovekkjande når nokre skoleeigarar får same pålegg ved fleire tilsyn på same området når dei ved kvart tilsyn har meldt frå om retting. Vi prøver å følgje opp både ved konkrete oppfølgingstilsyn etter ei tid og ved ulike rettleiingstiltak. Tilsynsarbeidet er omtalt i kapittel 3, resultatområde 31.1.

Søkjelys på elevane sitt psykososiale miljø gjennom det nasjonale tilsynet har i perioden ført til ein liten auke i klagesaker på dette feltet. Det er også brukt mykje ressursar på informasjon og rådgiving, jf. ovanfor, både

generelt og i konkrete saker. Eigne behov for kompetanseutvikling gjorde at vi i 2011 tok initiativ til eit kompetanseutviklingsprosjekt for alle embeta i samarbeid med Udir og SAF (Senter for Atferdsforskning v/UiS). I 2012 har vi gjennomført prosjektet med to samlingar og arbeid i mellomperioden, og alle embeta har deltatt med til saman om lag 80 deltakarar. Fylkesmannen har også arrangert samlingar for læring og erfaringsspreiing i samband med FNT, dette er nærare omtalt under resultatområda 31.1 og 31.4.

Når det gjeld utviklingsretta oppgåver i oppdraget, vil vi nemne at vi her i Rogaland har hatt eit svært godt samarbeid i GNIST-partnerskapen. Etter initiativ frå Fylkesmannen greidde vi i 2010 å etablere ei prosjektleiarsstilling for satsinga, ein suksessfaktor for å halde kontinuitet og trykk i dette arbeidet. Det er laga eigen strategi og handlingsplan for RogalandsGNISTen, og det er oppretta GNIST-kontaktar i alle kommunane. På denne måten var vi alt godt i gang då departementet gav tilbod om å finansiere tilsvarande stillingar i alle fylke i 2012. Satsinga og samarbeidet blir vurdert som så nyttig at vi prøver med same modellen i GLØD no i 2013.

Utviklingsoppgåver elles og informasjons- og rettleiingsarbeid er nærmare omtalt i kap 3.

Introduksjonslova

Det mest ressurskrevjande arbeidet på dette feltet i 2012 har vore pilotering av tilsyn etter oppdrag frå IMDI, men piloteringa har vore nyttig for kompetansebygginga vår. Talet på klagesaker er stadig lågt. Elles er det behov for informasjon og rettleiing, og vi har i tillegg til å svare på spørsmål frå kommunar og enkeltpersonar, hatt innlegg i ulike forum, m.a. på VOX sin regionale leiarkonferanse 26.03.2012, Fagleg forum for kommunalt flyktningararbeid i Rogaland 01.11.2012, og på vinterseminaret til Berekningsutvalet 05.12.2012.

Frå og med 2013 er arbeidet med tilskott til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak og norskopplæring for asylsøkjarak overført frå Fylkesmannen til IMDI. Samstundes er Fylkesmannen i embetsoppdraget frå BLID gitt i oppgåve å føre tilsyn etter introduksjonslova med minst to kommunar. Men det er ikkje lagt ressursar til dette inn i 1510, berre vist til at ressursane som er fristilte etter overføring av tilskottsforvaltninga, skal brukast til tilsyn. For vår del var dette 12 dagsverk i 2012 (jf. resultatområde 47.4), og vi kjem ikkje langt på noko tilsyn med slik ramme. Dette er tatt opp i møte med BLID/IMDI om tilsyn i november, og vil også bli tatt opp i tilsvarande møte 26. februar 2013.

Likestilling

Vi reknar at likestilling, slik det er definert i Regjeringa (BLD) sin handlingsplan *Likestilling 2014, Mål 2 Likestilling for framtida* indirekte er tema i mykje av utdanningsavdelinga sitt tilsynsarbeid. Det nasjonale tilsynet i grunnopplæringa har dei tre siste åra vore retta mot skolen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø etter §§9a-1 og 9a-3 i opplæringslova. Gjennom tilsynet kontrollerer vi om skoleeigar syter for at elevane har eit godt psykososialt miljø fritt for krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald, seksuell trakassering eller rasisme. Desse reglane gjeld også krenkjande handlingar som til dømes diskriminering på grunn av tru eller kjønn, eller ytringar om utsjånad, misdanningar eller funksjonhemmingar. Elles er kommunane og fylkeskommunen sitt ansvar for å oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder og spesialundervisning sentrale tema for tilsyn kvart år.

Også gjennom klagebehandling på desse områda medverkar vi til at rettstryggleiken til grupper som treng ekstra oppfølging for å vere deltakarar i samfunnet, blir ivaretatt.

Vi har god tilgang til statistikk om faglege resultat til gutar og jenter i grunnopplæringa. Denne statistikken nyttar vi m.a. som ein del av grunnlaget for å velje ut skoleeigarar som skal få tilsyn.

Utdanningsavdelinga prøvde saman med Helse- og sosialavdelinga å få til ein felles konferanse om temaet rekruttering og likestilling, men problemstillingane våre er så ulike at vi ikkje fann det mogleg å nå alle målgruppene i ein felles konferanse. Målet vårt om ein stor felles likestillingskonferanse i 2012 vart difor ikkje nådd.

Fylkesmannen har på barnhageområdet brukt nettverksmøta med kommunane som arena for å styrkje medvitet om likestillingsarbeid. Likestillingsarbeid er ei lovpålagt oppgåve i fagområda i Rammeplan for barnehagar, og vi har informert og prøvd å skape auka bevisstgjeriing i kommunane. Vi har etablert likestillingsteam med fire representantar frå kommunane og ein representant frå Universitetet i Stavanger. Likestillingsteamet har utarbeidd ein plan for vidare arbeid. Likestillingsteamet har arrangert frukostmøte og invitert alle barnehagefagleg ansvarlege i kommunane. På desse møta har det vore framlagt teori frå likestillingsområdet, og det har vore sær gode drøftingar etterpå. Fokus i drøftingane har vore likeverdigi pedagogikk i praksis. Kommunane har også kome med konstruktive innspel til vidare arbeid i likestillingsteamet.

I barnehagane har søkjelyset i stor grad vore på å leggje til rette for at gutar og jenter skal ha likeverdig rom for utvikling. Med inspirasjon frå Lundgaardsløkka barnehage har Fylkesmannen tildelt midlar til eit leikeprosjekt der gutar frå ungdomsskolen kan få kjennskap til barnehagekvardagen ved å arbeide nokre timar i ein barnehage etter skoletid. Dette startar for fullt i 2013 og vil vare til desember 2013. Det er lyst ut kr 230 000,- til likestillingsarbeid innan barnehagesektoren (kr 170 000 vart tildelt av KD og Fylkesmannen har bidratt med kr 60 000 for å få i gong eit fagleg godt prosjekt). 11 kommunar søkte om midlar, og 8 kommunar fekk tildeling. Disse kommunane skal arbeide med prosjektet "Leikeressurs i barnehagen" saman med Fylkesmannen og Universitetet i Stavanger. I prosjektperioden skal det vere samlingar med fokus på teori og utprøving mellom samlingane. Samlingane vert også nytta til erfaringsdeling. Rapport frå prosjektet vil bli utarbeidd.

Fylkesmannen har også i samarbeid med Likestillingssenteret arrangert 2 kursdagar om likestilling i barnhagen. 100 barnehagetilsette deltok og interessen for å delta var mykje større enn det vi hadde plass til. Kommunane har difor i ettertid fått moglegheit til å sjølve kjøpe dette kurset frå Likestillingssenteret.

Elles er vi godt i gang med GLØD i Rogaland (prosjekt starta av Kunnskapsdepartementet i 2011), der målet er å sikre god kompetanse i barnehagen. Fleire menn i barnehagen er eit av delmåla i strategi- og handlingsplanen vår.

2.4 Arealdisponering, byggesaker og universell utforming

Generelt om arealplanarbeid

I 2012 har vi hatt særlege utfordringar med vakanse blant planmedarbeidarane. Viktige forhold i dette er at desse er ettertrakta arbeidskraft og at miljøvern inkl. plan har ei låg grunnbevilgning over 1510 i Rogaland. Grunna stor saksmengde, har vi prioritert å få unna sakene og har difor ikkje arrangert kurs m.m. ut over å imøtekome uttalte behov frå einskildkommunar, td politikaropplæring, rettleings- og drøftingsmøte m.m.

Vi har i dette "planstrategiåret" følgd fylkeskommunen sitt opplegg for samråd med kommunane i planstrategiarbeidet. Berre 8 kommunar har fått eigne skriftelge uttalar til planstrategien sin av Fylkesmannen. Ein del utfordringar har det vore i dette, særleg kapasitetsmessig, for alle partar, men dette var 1. runde med planstrategiar og samla sett er vi godt nøgde både med fylkeskommunen og kommunane sin innsats. I det planmodne Rogaland, er planstrategiarbeidet i stor grad å prioritere planinnsats. Vi håper å byggje vidare på samarbeidet med fylkeskommunen og utvikle det i neste planstrategirunde etter neste lokalvalg. Eit hovudgrep kan vera å bruke Regionalt planforum meir aktivt ovafor kvar kommune for å gje innspel til planstrategiarbeidet.

Organisering og samordning

Justert planorganisering med ei plangruppe med medlemmer frå miljø (inkl plankoodinator), landbruk og forvaltning (beredskap), har trass i redusert personell i 2012, vist seg lovande. Det er ut fra saksmengda og konfliktnivået utfordrende å halde planarbeidet på et fornuftig nivå i forhold til andre oppgåver i embetet.

Vi har vidareført samarbeid med fylkeskommunen for å dekke opp regionale og nasjonale interesser i kommunalt arealplanarbeid. I praksis skjer dette gjennom at vi og fylkeskommunen prioriterer ulike typar plansaker og at vi samarbeider på sakshandsamarnivå. Vegvesenet er no sterkare inne i dette plannettverket på arealsida. Kommunane har etter vårt syn ikkje nytta fullt ut potensialet som ligg i å kunne melde overordna plansaker inn for drøfting i Regionalt planforum. Men det er iallefall godt etablert og har fungert godt på dei sakene som er meldt opp. Og fylkeskommunen har eit godt grep om sekretariatsrolla.

Arealplanlegging i sjø

Det er godt samarbeid på regional nivå i Rogaland om areal i sjø, som blir forsterka gjennom planforum og gjennom nettverksarbeid mellom sakshandsamarar innan statleg regionale organ som har ansvar for havbruk (mattilsynet, fiskeridirektoratet, kystverket, fylkeskommunen og fylkesmannen). Det er framleis eit behov for avklaringar og utvikling av felles praksis med tanke på forhold i grenseområda mellom plan- og bygningslova, akvakulturlova, havressurslova, naturmangfaldlova og hamne- og farvannslova, evt anna lovverk som har konsekvensar for arealbruk i sjø.

Ut frå at akvakulturetableringar i sjø skjer ut frå særlovverk og ikkje ut frå plan- og bygningslova, har me utfordringar i forhold til å få eit konsekvensvurderingssystem som tilsvarar plansakshandsaming på land, i større akvakulturkonsesjonar. Detaljplankrav som gjeld for alle større tiltak på land, fungerer ikkje ovafor akvatiltak i sjø. Det gjer at KU samordna med plan også fell ut.

Andre arealrelaterte oppgåver

Når det gjeld samfunnsikkerhet, naturvern, prioriterte artar og naturtypar, skog- og jordvern samt byggesak, sjå under dei einskilte resultatområde.

Klagesaker på plan og bygg

Det er framleis ei svært stor utfordring for oss å handtere mengda av klagesaker på byggjeområdet, frå vårt og andre fylke, innan tidsfristen. Desse sakene er hos oss lagt til eit lag av juristar i forvaltningsavdelinga. Ut frå at klagesaker på bygg har fått sakshandsamingsfrist, vert plan-klagesakene nedprioritert. Dette er ikkje samfunnstenleg ut frå at samfunnsnyttan av avklaring på plansaker ofte er større enn for einskildbygg. Me oppmodar MD og KRD til å samarbeide om å få dette til på ein betre måte som også ivaretar sentral læring og ein god utvikling av rettspraksis. Sjå meir detaljert rapportering under resultatområde.

Universell utforming

Gjennom regionalplan, tydeleggjering i lov og ikkje minst høg merksemd i einskilde kommunar, er dette eit felt som har hatt ei god utvikling i Rogaland. Fylkeskommune og Vegvesen skal og ha ros for satsing på UU. Fylkesmannen har berre i få tilfelle merknader til konkrete planar innan universell utforming.

2.5 Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Landbruksforvaltning og næringsutvikling:

I årsrapporten for 2011 beskrev vi status og utviklingstrekk i fylket på landbruksområdet. Det er ikkje registrert vesentlege endringar i desse sidan sist.

Nytt for året er arbeidet med Regionalt bygdeutviklingsprogram som er forankra i Meld. St. 9 (2011-2012) om landbruks- og matpolitikken. Kwart fylke skal i løpet av 2012 utarbeide slikt program for 2013.

I Rogaland har vi teke utgangspunkt i at vi allereie har ein vedteken strategisk plan for landbruket – Regionalplan for landbruk i Rogaland. Denne blei vedteken i fylkestinget 7. juni 2011. Planen blei til gjennom eit omfattande arbeid med brei involvering frå mellom anna landbruksnæringa, og regionalpolitisk gjennom styringsgruppa. Med utgangspunkt i Regionalplan for landbruk, Regionalplan for næringsutvikling og Regionalplan for energi og klima er det laga eit felles Handlingsprogram for 2012-2013 vedteke i fylkestinget 6. mars 2012. Vi har og Handlingplan for skogbruket i Rogaland 2010-2013 vedteken i fylkestinget 8. desember 2009 og Strategi med handlingsplan for skogbasert bioenergi i Rogaland vedteken i regional- og kulturutvalet 31. mai 2012.

For å sikre god forankring av Regionalt bygdeutviklingsprogram i den regionale partnerskapen har det vore to møte med partnerskapen, 3. oktober 2012 og 18. desember 2012 og eit større dialogmøte 20. november 2012 som var opent for alle interesserte. Føremålet med dialogmøtet 20. november var å få klarlagt om det er noko som manglar i dei vedtekne dokumenta som ligg føre. Konklusjonen på møtet var at det arbeidet som er gjort er godt forankra i næringa og politisk, og det var semje om at justeringar i form av nye satsingsområde vil bli tema når Handlingsprogrammet skal reviderast i 2013.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) si berekning av verdiskapinga i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Rogaland er omtalt elles i årsrapporten. Berekningane er publisert i Notat 2012 – 19. Samla verdiskaping rekna som nettoprodukt, er berekna til 2,17 mrd. kr. Av dette kjem 1,84 mrd. frå jordbruk.

Manglande marknadsdekking av norskprodusert storfekjøtt gir grunnlag for meir målretta satsing for å auke omfanget av storfekjøttproduksjonen også i Rogaland. Etter modell frå prosjekt for auka produksjon i sauehaldet i Rogaland som blei avslutta i 2012, er det semje mellom fleire aktørar om å gjennomføre eit prosjekt for auka produksjon av storfekjøtt. Rogaland har store eng- og beiteressursar, og det er eit mål å nytte desse best mogeleg til produksjon av mat. Auka storfekjøtt basert på utnytting av grovfôrgrunnlaget i fylket vårt, gjerne sambeiting med sau, vil kunne bidra til betre måloppnåing på fleire målområde i gjeldande landbruks- og matpolitikk.

Kommunane har ei svært viktig rolle i gjennomføringa av landbruks- og matpolitikken. Også i 2012 har vi registrert svekking av kapasitet og kompetanse på landbruksområde i fleire kommunar. Medarbeidarar som sluttar blir ikkje fullt ut erstatta, og viktige oppgåver blir overført til andre medarbeidarar i kommunen som ikkje har tilsvarende kompetanse. Samla kapasitet blir redusert og kvaliteten på oppgåveløysinga blir dårlegare. Fylkesmannen kan ikkje kompensera for dårlegare oppgåveløysingar i kommunar, og resultatet blir svakare måloppnåing på viktige område. Dette gjeld på heile landbruksområdet.

Når det gjeld embetet sin innsats innan landbruksforureining, sjå kap 22.3 under LDM sitt ansvarsområde. Embetet ved miljøvern- og landbruksavdelingen har i 2012 vore vertskap for fagtur for KLIF med tema landbruksforureining.

Naturressursforvaltning og miljøvern:

Generelt om utfordringar, rammer og prioritering

Miljøvern hos fylkesmannen i Rogaland har i 2012 vore og er i ein nedbemanningssituasjon for å få tronge rammer - og relativt låg tildeling til faste oppgåver over 1510 - til å stemme overens med lønspliktene. Å halde på dyktig og erfariert personell er ei utfordring, særleg ut frå at jobbmarknaden og lønsnivået generelt i Rogaland er svært godt. Nedbemanninga har så langt gått sterkast ut over naturekseksjonen vår. Det gjer oss også i dårligere stand til å ta på oss oppdrag gjennom særmidler, og får derfor ein sjølvforsterkande effekt på økonomisk handlingsrom og kapasitet

Vi har stort sakspress innen plansaker, nydyrking, forureining og energianlegg inkl. anleggsarbeid, dispensasjonar frå vernereglar m.m. Einskildsaksmengda set rammene for hva vi ellers har kapasitet til å arbeide med. Vi har etter beste evne prioritert å halde saksbehandlingstida nede på alle sakfelt samt gjere ein monaleg innsats innen tilsyn, vann forvaltning, framande artar, svarthalespove/åkerrikse, samordning mellom forureining, plan og natur, samt samordning mellom landbruk og miljø. Talet på klager og tidkrevande publikumshenvendingar er høgt. Medietrykket er stort og stort sett positivt - eit googlesøk på fylkesmannen tyder på at vårt embete er i ei særstilling i forhold til medieomtale. Det er oftast miljø og naturressursrelaterte saker med td jordvern som vert framstilt konfliktfylt i media.

Fylkesmannen si oppfølging av regionalplanar er ein nøkkel til langsiktig bærekraftig naturressursforvaltning i Rogaland innan jordvern, mineralressursar, friluftsområde m.m. Samhandling kommunene og fylkeskommunen blir vektlagt i det daglege. Gjennom kontakt i einskildsaker, søker vi å styrke samordning med vegvesen, kystverk, mattilsyn, fiskeridirektorat og andre statlige regionaleinstanser som har ansvar innan naturressursforvaltning og miljøvern.

Ut fra at kapasitet er hovedbarrieren vår for å greie alle oppdrag på en god måte, har vi og i 2012 lagt vekt på å nytte både gebyrramme og særmidlar frå DN optimalt i forhold til å dekke løn. Som i 2011, har vi og i 2012 eit betydelig underskot på drift innan miljøvern-avdelinga, trass i vakansar og bortfall av stillingar. I 2012 har vi arbeidd mykje med å få til eit budsjett i balanse for miljøvern-avdelinga. Vi er så langt lojale mot den fordeling mellom avdelinger og sektorer som var gitt tidligare i budsjettfordelingsmodellen.

Vi ber om at FAD/MD/KLIF/FAD ser nøye på ressursfordelinga til miljøvern i Rogaland i lys av "vekstmerter", saksantall og konfliktnivå, samordningsbehov i og utover embetene, plan- og miljøutfordringer som må løysast samt kva som er kome til av faste oppgåver som må følgjast opp med midler over 1510 innan miljøvernområdet (inkludert plan, GIS og informasjonsarbeid).

2.6 Samfunnssikkerhet og beredskap

Fylkesberedskapsrådet har hatt 2 møter i 2012. Det har vorte gjennomført ei øving for rådet ("Øvelse Orkan")

Fylkesmannen har tatt i bruk CIM og brukar det blant anna kvar veke i samband med rapportering til DSB samt at alle ekstraordinære hendingar blir lagt inn. Vi øver også jamleg i CIM, seinast under "Øvelse Orkan" i november 2012.

Vi har delteke på alle møte vi har fått tilbod om via DNK, H-dir og DSB.

Det har ikkje vore noen aktivitet i 2012 ifm. overføring av tilsyn med brannvesen. Vi avventar DSB her.

Samfunnstryggleik og beredskap er særleg ivaretatt i embetet sitt arbeid etter plan- og bygningslova, ved at vi har ein fast stilling i embetet sitt tverrgående planlag som har fagansvar for samfunnstryggleik og ROS i kommuneplanane og andre arealplanar. Det blir lagt ned ein betydeleg innsats i dette i samarbeid mellom planlag og beredskapslag hos Fylkesmannen. Det er likevel så stor plansaksmengde at vi har ein utfordring knytt til å dekkje dette perspektivet i alle plansakar.

Kapittel 3 - Resultatområder

Kongehuset

00.1 Kongelige besøk

I 2012 hadde Fylkesmannen følgende 3 vitjingar frå Kongehuset:

- 1) 29. mars 2012, vitjing frå H.K.H. Kronprinsen i samband med "Global Dignity Day" ved Skeisvang videregående skule i Haugesund og seinere same dag hjå IT-verksemnda Sysco på Karmøy.
- 2) 28. august 2012, H.M. Kong Harald deltek ved den offisielle opninga av ONS 2012 i Stavanger
- 3) 15. september 2012, H.K.H. Kronprinsen deltek ved den offisielle opninga av Stavanger kulturhus.

00.2 Tildeling av ordener og medaljer

St. Olavs Orden blei delt ut til ein mann i Stavanger.

Kongens forteneestmedalje (sølv) blei delt ut til 11 personar i Rogaland i 2012. Av desse er 9 menn og 2 kvinner, fordelt på 9 kommunar. Dette er 13 færre medaljar enn i 2011.

28 medaljesøknader var under sakshandsaming i 2012. 10 av desse blei ikkje avgjort i 2012, medan 7 søknader enten vart avvist eller ikkje fremma for Slottet (returnert søkjar).

Statuttane for Kongens forteneestmedalje vart endra den 30. mars 2012. Gullmedaljen er "sovande" (deles vanlegvis ikkje ut). Det er også strengare krav til Kongens forteneestmedalje, og derfor har vi i 2012 fleire saker som ikkje kvalifiserte til Kongens forteneestmedalje etter statuttane.

Miljøverndepartementet

Resultatområde 01 - 06 Naturmangfold, vannforvaltning og forurensning

Resultatområde 01-06

Generelt om naturmangfold, vass-forvaltning og vass-forureining

Mykje godt arbeid blir gjort. Vi har solid kompetanse hos seniorane våre, men er sårbare i forhold til personell og kapasitet. I plansaker prioriterer vi å skrive uttale i saker der vi har motsegn eller sterke faglige råd. Vi har hatt ei god utvikling med betre samordning mellom dei ulike ansvarsområda våre : plan, naturforvaltning og forureining. Det tener resultatområde 01-06 på.

Vi har hatt utfordringer med å få til stabil og effektiv kompetanse på handlingsplanarbeid og forvaltningsplanar. Det er vanskelig å få tilstrekkeleg tid og konsentrasjon på grunn av generelt stor saksmengde. Utan nye handlingsplanoppdrag 2013, ventar vi å kome ajour.

Nydyrking

Miljøvernavdelinga har brukt ca 20 % stilling på uttale til ca 30 nydyrkingssaker. Disse medverkar til at viktige biologisk-mangfaldverdiar blir sikra. Mange er på Jæren der det er lite natur- og ekstensiv kulturmark igjen.

Opplæring Naturmangfaldlova

Vi har ikkje organisert egne kurs i 2012 innan NML. Men vi har gjort ein god jobb gjennom direkte rettleiing, ved å ta dette opp med kommunene i forum der vi elles er og å etterlyse gode vurderingar etter §7-12 i saker etter pbl og annet lovverk. Dette held på å falle på plass i kommunene, men det er et viktig arbeid igjen å gjere overfor sektorisert statsforvaltning både i Fylkesmannssystemet og utanfor. Døme kan vera Mattilsynet og Vegvesenet. Vi hadde og godt opplæringsutbytte av det frivillige kommunetilsynet der NML var eit tema.

Skogsvern

Det har vore stor innsats i arbeid med kartlegging av prioriterte skogtypar i 2012. SOSI-filer er oppdatert. Bekkekløfter og edellauvskog som er aktuelle for frivillig vern, er formidla til Vestskog som følger dette godt opp. Framdrifta i dette arbeidet er avgrensa av nasjonale budsjett.

Oppdrag 01-06 SO1 : Vi har følgd opp alle aktuelle forslag om frivillig vern (3), 1 av disse ble verna nyleg, de to andre kan kome i hamn i 2014 (jfr. DN)

Oppdrag 01-06 SO2: Et aktuelt skogsvernområde i Opplysningsvesenets Fond si eige ("prestegardsskog"). Vi venter på taksering og forhandlingar.

Nasjonal marin verneplan

01-06 SO3/01-06 SO5/01-06 SO6/01-06 SO7: Vi avventer sentral videreføring.

Generelt om forvaltning og naturoppsyn i verneområde

I 2012 har det vore stor skjøtsels-aktivitet i verneområda våre. Vi har hatt tett oppfølging av nasjonalt arbeid med overvaking og bevaringsmål, td. tilrettelegging/deltakelse på feltkurs og møter (DN/SNO). Uferdige malar for forvaltningsplanar (bevaringsmål/overvaking) har seinka framdrifta i forvaltningsplanarbeidet vårt.

Bestillingsdialog er gjort i tråd med føringsdokumenta. Meget godt samarbeid med lokalt SNO, men den administrative belastninga vår ved handtering av tildelte midlar er betydelig og uten lønnskompensasjon. Vi har redusert kapasiteten på dette, og vil måtte halde fram med det hvis ikkje løyvingar tillet at me dekkar vår innsats inn. Det vil få konsekvenser for aktivitetsnivå og tilskottsbruk. Vi prøve å flytte meir av det praktiske prosjekteringsarbeidet over på lokalt SNO, men det ligg likevel mykje samordning og forvaltningsoppgåver som vi må ta.

Forvaltnings- og skjøtselsplanar

Dette har etterslep hos oss pga blant annet administrativ håndtering av auka skjøtselsmidler (bestillingsdialogen), omarbeiding etter nye nasjonale standarder, sykdom og anna vakanse. Forsøk på forenkla planer gjennom bruk av eksterne konsulentfirma har ikkje hatt tilstrekkeleig kvalitet, og har medført mykje ekstraarbeid. Vi har likevel no god framdrift, jfr. oversending av 3 planer til DN, og 1 egengodkjent i 2012.

2011-planar:

Smokkevatnet NR/Ramsar – oversendt DN for faglig gjennomgang.

Storamyrr NR/Ramsar – oversendt DN for fagleg gjennomgang.

Bjårvatnet NR/Ramsar – vert oversendt DN for faglig gjennomgang .01.03. 2013

2012-planar

Alvevatnet NR/Ramsar – godkjent jan 2012

Lonavatnet NR/Ramsar – vart utsett pga utleige av personell til SNO (Øksnevadtjern vart prioritert opp i staden)

Plan for tilstøytande Øksnevadtjørn NR (nasjonalt område restaurering) oversendt DN for fagleg gjennomgang.

Grannesbukta NR/Ramsar – vert oversent DN for fagleg gjennomgang vår 2013.

Hagavågen NR/Ramsar – vert oversent DN for fagleg gjennomgang vår 2013

Strandnesvågen NR/Ramsar – vert oversent DN for faglig gjennomgang vår 2013

Nordheimsøy/Lamholmen NR – egengodkjenning 2013

Plan for skjøtsel og friluftsliv Vigdel, Jærstrendene - planlagt ferdig haust 2013

Vassforskrifta og verna områder

Vernaområder med vassdrag/våtmark og kyst er godt følgd godt opp gjennom karakteriserings/klassifiseringsarbeidet etter vannforskrifta. Samla arbeid med vassforskrifta er godt i rute i Rogaland.

Naturbase

Kart- og eigenskapsdata er løpeInde oppdaterte, men noko arbeid med dette er utsett grunna utfordringar i DN. Oppdaterte grenser for Jærstrendene er sendt DN i mars, men er ikkje lasta inn i Naturbase og derfor heller ikkje tilgjengelege i BAAT.

Erstatningsoppgjør Jærstrendene/Frafjordheiene

I dette har me løpande og god kontakt Regjeringsadvokaten. Merking av vernegrenser i Frarfjordheiane er sett i gong.

Forvaltning av større verneområde

Oppdrag 0106 SO8 :Ny forvaltningsordning for store verneområder går godt. Dyktig lokal naturforvalter plassert i i Suldal samarbeider godt med tilsvarende i Sirdal og Bykle. Bliir koordinert på tvers av embeta av FMAA. Arbeid med ny samlet forvaltningsplan er i gang. Samarbeidet med embetene i Agder går svært godt. Valgt løsnung med 3 lokaliseringer er god i forhold til kommunene. Og de tre forvalterne er et godt team. Heiplanen/villreinplanen for Setesdal vesthei/Ryfylkeheiane er til vurdering i MD.

Oppdrag 01-06 SO9: Emerald Network - me følger DN

Oppdrag 01-06 SO10: overvåkingsprogram – me har deltatt på samlinger og støtta DN/SNO på Rogalandssamlinger

Oppdrag 01-06 SO11: *Rapporterings skjemaer* – ikke utført pga usikre føringar/maler frå DN, men løpende kontakt med aktuelle 3 kommuner samt SVR

Opprag 01-06 SO12: Lite/ ikke aktuelt i Rogaland pr. d.d

Oppdarg 01-06 SO13: Opplæring NML – mykje arbeid med kommuneundersøking, krevjande å få gjennomført kommunekurs. Vi har senka ambisjonsnivået grunna intern kapasitet, men har stor merksomhet på dette i uttalar til andre og eiga sakshandsaming.

Oppdrag 01-06 SO14/SO15: ventar på DN

Oppdrag 01-06 SO16: Naturbase 4 - ventar på DN

Oppdrag 01-06 SO17: opplæring for nye verneområdestyrer – deltatt 1 samling

Oppdrag 1-06 SO18: ventar på DN

Utredning fugl og ferdsel Jærstrenden/Lista - rapport levert i juli, oversendt DN, informasjonsmøte brukarar/partar september. Samarbeid med FM-VA om forskning på Lista.

Nasjonalparker og andre større verneområde

Sjå aktuell informasjon i avsnitt over. Vi har førebels ingen nasjonalparker, men som kjent svært arbeidskrevande landskapsvernområde/reservat langs Jærkysten. Forholdet til landbruksinteressene har stabilisert seg ved og innan vernområdet.. Andre brukerinteresser innan friluftsliv/reiseliv er framleis utfordrande , td vannsport.

Av andre større verneområde, er Setesdal – Ryfylkeheiene aktuelt. Det må og sjåast i samheng med villreinplanen, sje vår oversending til MD om denne. Nytt forvaltningsregime synes å gå bra – noko vår verneområdeforvaltar og samarbeidet med Agderfylka bidrar sterkt til.

Motorferdsel i utmark

Relativt avgrenset utfordring i Rogaland, men behov for innskjerping i Frafjordheiane LVO. Vi samarbeidar med kommune om utfordringar knytt til sterk auka helikopterbruk ved Preikestolen. Vi hadde relativt mykje arbeid med vannskuter-problematikken, i første rekkje på info-siden mot kommunane.

Oppdrag 01-06 SO19: venter på DN

Arbeid med forvaltning av utvalde naturtypar

Me har hatt tor innsats på faggrunnlag PA/UN, samt kartlegging av aktuelle naturtypar. Godt samarbeid i kulturlandskapsgruppa og med kommunar om slåttemyr, kystlynghei og haustingsskog, samt revisjon RMP, herunder tilskuddsfordeling (krevjande og til dels mangelfulle tekniske løysningar). Vi saknar eit sterkare synliggjort samarbeid mellom DN/SLF omkring RMP, landbruksveggar m.m..

Betydeleg arbeid lagt ned i uttale til HP kysthei.

Vi har vidareført arbeid med sju trua karplanter i Rogaland. Skjøtsel av hovudførekomstar av jærtistel har vorer skjøttet som slåttemark i 2 år i samsvar med skjøtelsesplan og *HP-7 karplanter* etter muntlig avtale med to grunneigarar. Om lag halvparten av jærtistelen er likevel tapt ved beiting.

Åkerrikse/Svarthalespove – me viser til omfattande kontakt med DN og MD om forvaltninga av disse artane. Det trengs tilstrekkelege øyemerka forvaltnings- og tilskottsmidler, samt opprydding i uklåre retningsliner for søknadsrutinar og bruk av post 82-midler.

Innsatsen for åkerrikse møter positive haldningar i landbruksmiljø og kommunar, med konkrete resultat (hekkinger) som må følgjast opp med bruk av tilskott (utsett, tilpassa slått), jfr. ovafor om avklaringsbehov. Det er viktig med rask avklaring av vidareføring av prosjektorganiseringa av åkerriksearbeidet. Vi står i fare for å måtte avbryte et år i strid med

Dette er i kontrast til haldningane til svarthalespove i Jærkommunene. Utan midler/ høve til å dekke reelt og betydelig tap for bonden av utsett slått, kjem vi ikkje vidare i dette.

Kulturlandskap

Generelt godt samarbeid landbruk/miljø internt, herunder bruk av SMIL og RMP.

Oppdrag 1-06 SO22: vert dekkja i systematisk kartlegging av naturtypar.

Oppdrag 01-06 SO23: Skjøtsel i 6 slåttemarker, har nylig oppsøkt ytterligere 4 med tanke på skjøtelsplan og avtale.

Oppdrag 01-06 SO24: Oppfølging gjennom tilskuddsordning mm. Tilbyr i samråd med DN en høgere arealsats enn RMP for skjøtsel i 5 utvalde område, er i gong med tiltak (gjerding, skjøtelsplanar og/eller tilpassa drift/skjøtsel) i 4 av disse (15 km²)

Oppdrag 01-06 SO25: Følgd opp gjennom ny kartlegging . Har invitert ein høstingsskog-kommune (Hjelmeland) til skjøtelsgruppa.

Viltforvaltning inkl rovvilt og villrein

Vert ivareteke av våre ulike rollar som vedtaksinstans, klageinstans, uttale etter pbl, energilov m.m. Skadeproblematikk med grågås, herunder forskifter og forvaltningsplanar, tar noko tid . Overført mynde til FK har ikkje gitt ønska resultat og vektlegging av viltforvaltninga regionalt.

Oppdrag 01-06 SO26 ; Aktiv deltaking ved viltforvaltaren vår i arbeidet med heiplanen Setesdal vesthei/Ryfylkeheiane. I Rogaland som er eit planmodna fylke med gode kommuneplanar også i distriktkommunene, er vi bekymra for at regionalplanen som nyleg er vedteken av de tre fylkestingene, opnar opp for ein mer liberal utbyggingspraksis i randsonene enn det kommuneplanene fram til no har gitt rom for i LNF-området. Dette gjeld til dømes spredt utbygging av hytter.

Hjorteviltregisteret - vert ivareteke av FM Hordaland/V-Agder for villreinnemdene.

Oppdrag 01-06 SO27: Fallvilt i hjorteviltregisterert - minimal oppfølging

Betydelig ressurs blir brukt til sekretær for rovviltnemnda som dekkar Sogn-Agder. Sekretæransvaret for rovviltnemnda er krevjande, ikkje minst revisjon av forvaltningsplan og intern prosess i dei involverte embeta.

Oppdrag 01-06 RA8: Inga felling iverksett av FM

Oppdrag 01-06 RA9: SNO står for dette arbeidet. FM legg inn data knytt til erstatningar.

Framande organismar

Vi har hatt eit 3 årig prosjekt med tilsett prosjektmedarbeider som hadde opparbeidd seg svært god kompetanse på feltet. Vedkommende måtte slutte ved årsskifte grunna nedbemanning/manglande 1510 rammer til faste oppgåver. Vi har ikkje økonomiske midlar til å følge dette opp med stillingsressursar framover. Rogaland som ligg så langt sør og vest at klimaet er gunstig for mange framande organismar, burde vore sterke på dette feltet.

Oppdrag 01-06 SO28 Framande treslag i skogbruket - handtering av søknader

Vi har framleis ein samordningsutfordring mellom framande artar-arbeidet og klimaskogsatsing med sterke skogfaglege råd om bruk treslag som ikkje er naturleg klimaksskog i Rogaland.

Etter at forskrift og søknadskjema vart klart, har me fått inn omlag 70 søknader - 61 av desse etter årsskiftet. Samordning mellom miljø og landbruk i einskildsaker går bra, men det har vore mykje arbeid lagt ned i å få til ein god flyt og eit godt system på det. Ein utfordring har vore at juletre på fulldyrka jord krev omdisponering etter jordlova. Søkjar har oppfatta løyve etter NML som eit generelt løyve. Gjeldande forskrift har så langt resultert i svært få restriksjonar og knapt nokon avslag på søknader om bruk av framande treslag i skogbruket i Rogaland.

Oppdrag 01-06 SO29: Sjå handlingplanen (framande artar) for prioriteringen av tiltak. Oppfølgingen av denne er betydeleg underbudsjettet.

Oppdrag 01-06 SO30/01-06 SO31 oppfølging HP framande artar

Nedkjemping: jfr. tildeling bestillingsdialogen

- Villmink, mangeårig innsats held fram v/SNO, frivillige, i hovedsak i naturreservat for sjøfugl. Me ventar på retningsliner frå DN.
- Rynkerose- flerårig skjøtsel (kr 100 000) Jærstrendene LVO
- Sitka og buskfuru (kr 230 000) Jærstrendene, andre naturreservat
- Kjempespringfrø (kr 50 000) Jærstrendene, Orrevatnet naturreservat
- Platanlønn (kr 80 000) Gausel naturreservat
- Hemloc (kr 30 000) Tveitaneset naturreservat
- Lupin (kr 100 000) Jærstrendene landskapsvernområde
- Smal vasspest Bjårvatnet NR, 3 årig prosjekt (kr 1 mill (MD))

Andre typar tiltak i forhold til framande artar i 2012:

- Produksjon og distribuering brosjyre samt på vår nettside.
- Mange oppsøkjende foredrag i kommuner og anleggsbransje.
- deltaking hagemesse
- Vegleiing og oppfølging av tips om framande artar, td skilpadde – samarbeid SNO og kommunane om slikt
- Samarbeid med landbruksavdelinga/mattilsynet/DN om handtering av sak om import av humler til gartneri (usikker underart og avlivingspraksis m.m.)

Heilskapleg vassforvaltning

Oppdrag 01-06 RA12/01-06 SO33/01-06 SO35 Vannforskriften: Problemkartlegging, karakterisering og klassifisering er gjennomført innan juli for alle vassområda. Kvalitetssikring blir gjort jamnleg etter innspel frå kommunar og andre aktørar. Data er lagt inn i Vann-nett. Alle kommunar er besøkt. Ei rekkje ressurskrevande møter og seminar i det regionale vass-planarbeidet, men generelt god samordning med FK. Fylkeskommunen og kommunene har likevel reagert sterkt på at embetet ikkje følgde oppfordring i EO om å bruke skjønnsmidlar til å få til kommunesamarbeid i vassområda. Svært låg skjønnsnett, mange søknader i Rogaland og sprikande signal til embetet fra KRD og MD, er delforklaringar på det. Fylkesmannen i Rogaland meiner at små og skiftende skjønnsmiddelpottar ikkje er eigna til å finansiera viktige store reformar som dette – slike må følgjast opp med tilstrekkeleg finansiering fra sentral stat til både fylkeskommune og kommune, samt oss.

Vann-arbeidet har tett oppfølging gjennom § 12 i forurensningssaker og plan- og KU-arbeid.

Tiltaksprogram Figgjo forvaltningsplan - plan for tiltak der fylkesmannen er sektormynde i det vedtatte tiltaksprogrammet er laga

Oppdrag 01-06 SO32 Overvaking: Løpande videreføring, samt nye marine prosjekt i ytre kyst/Ryfylke vannområde. Niva-Rapport ferdig 2012. Regionale planer er i rute v/FK. Vi har inntil nærme avklaringar (maler) frå DN/Klif stilt i bero arbeidet med overvakingssystem (jfr. EO 2013); her er og uklår arbeidsdeling FM/FK.

Oppdrag 01-06 SO36 Revisjon av vasskraft-konsesjonar : Avventar DN/NVE-arbeid. Vi er bekymra for eigen kapasitet, dersom fleire revisjoner blir starta. Vi treng ein fullfinansiering av aktiviteten gjennom tilstrekkelege gebyr for vår handsaming, evt øymerka midlar.

Oppdrag 01-06 SO37 Oppfølging av vasskraft-konsesjoner: Deltatt på fagmøte. Løpande arbeid for DN og lokale møter.

Ei mengde saker med vassdragsenergi-anlegg kjem lite fram i embetsoppdraget og ressurstildelinga. Det er venta auka saksmengde avhengig av NVE sin prioritering av Rogalandssaker. Dette er svært arbeidskrevjande og ofte konfliktfylte saker for oss.

Forvaltning av anadrom laksefisk

Stor innsats på faste oppgaver - pågående og godt oppfylte oppdrag så langt.

Gytefiskteljinger er eit viktig verktøy for å sikre god lokal forståing for eventuelle reguleringstiltak. Sein avklaring av regulering av sjølaksefiske fører til stor lokal frustrasjon og mykje ekstraarbeid for oss.

Problematikken knytt til lakselus og rømt oppdrettslaks har hatt meir moderat karakter i år.

Oppdrag 01-06 SO38 Revisjon av fiskereguleringene – vi har utført saksførebuing for DN.

Oppdrag 01-06 SO39 Bistand overvåkingssystem sjøaure og ål . Ikkje fått konkret oppdrag.

Oppdrag 01-06 SO41 Bidra kalkingslokaliteter - Betydelig ressursbruk i lokale og nasjonale vassdrag.

Oppdrag 01-06 SO42 Kartlegge statlige fisketrapper : Ikkje aktuelt i Rogaland

Oppdrag 01-06 SO43 Oversikt vassdrag og elvekraftverk - tiltak for å redusera tap av nedvandrande smolt og vinterstøingar er under arbeid.

Me har rapportert inn resultat fra overvåkingsprosjekt i regi av NLV/NLF, løpende rapporteringer.

Oppgradering av nytt web – basert kultiveringsregister er utført.

Akvakultur

Oppdrag 01-06 SO45 – er i gang

En tillatelse gitt til anlegg > 3600 MTB. Det er ny praksis i forhold til krav om konsekvensutredning for større anlegg. Vi anbefalte KU for FK som er konsesjonsmyndighet etter akvakulturloven. De fant det ikke påkrevd.

Stor saksmengde og store krav til tett dialog med næring og andre myndigheiter (fk, kystverk, mattilsynet, kommuner, fiskeridir). Ulik praksis for akvakultur i kommuneplanane. Ikkje vanlig at kommunene stiller detaljplankrav. Meir vanleg med område sett av til akva i kommuneplan. Generelt KU-system samordna med plansaker fungerer derfor ikkje for havbruk. Behov for felles samordning på dette fra sentralt hald (MD, DN, KLIF, KRD, Mattilsynet, Kystverket, Fiskeridirektoratet og evt KS).

Stort arbeids- og påvirkningspress på oss ut frå volumvekstambisjoner i næringa.

Avløp

oppdrag 01-06SO47 - oppfølging avløpsanlegg __

Grødaland reinseanlegg har hatt overskriding av utsleppsløyvet. Vi har hatt utfordringar knytt til ansvarsforhold mellom kommune og interkommunalt avløpssekskap. Tvangsmulkt blei brukt som verkemiddel for å få renseanlegget til å halda krav, men denne vart oppheva i klagerunde. Nytt løyve er no gitt med vilkår som skal sikre at fylkesmannen kan følgje opp krava.

Vannforureining og vasskvalitet

Oppdrag 01-06 SO48: Vi har laga liste over verksemder med konsesjon fra Klif, som har utslepp til vatn/sjø som er karakterisert med risiko for å ikkje nå miljømåla i 2021.

Oppdrag 01-06 SO49 Som sektormyndighet innan forureining har me utgreidd tiltak innafor eige myndigheitsområde som innspel til lokal tiltaksanalyse

Oljeforureining /IUA

Kommunane og deira interkommunale organisasjonar på brann og akutt forureining er dyktige i Rogaland. Vi gir råd til aksjonsleiing hvis dei ber om det. Det gjer dei ikkje ofte. Vi følgjer likevel opp gjennom kontakt med kystverk, eiga beredskapsavdelings og den aktuelle kommunen. Vi får ein del tips fra publikum om mindre utslipp som vi formidler vidare til kommunen for oppfølging. Det fungerer stort sett svært bra. Miljørådgivningstilbudet fra oss er ikkje organisert med vakt utanom kontortid. Vakhavande brannpersonell kvier seg for å bry oss når det er utanom kontortid, og det er det jo ofte når noko skjer. Dette er ein stor svakhet og ikkje i samsvar med den rolla miljøforvaltninga er forventa å ta i større utsleppsaksjonar.

Vi vil oppfordre MD /DN/KLIF til å vurdere ei døgnvakt-ordning for våre IUA-kontakter. Både kystverket og dei interkommunale brannvesena etterlyser dette.

Vi har behov for en ny gjennomgang og samordning med IUA og Kystverket på utforming og bruk /funksjonalitet med Mob -kartene. Det er viktig at nye verktøy innen GIS blir gjort kjent og brukt optimalt i øvingar og reelle aksjonar. Vi legg vekt på å ha god kontakt med dei store interkommunale brannvesenene ved å delta på øvingar, samarbeide i mindre saker, delta på årlig 2.dagers konferanse. I år har vi hatt ledergruppen i det største brannvesenet som er felles for 10 kommuner på dagsbesøk hos Fylkesmannen som del av deres lederopplæring.

Ellers er innsats og deltakelse på IUA- området sterkt begrenset av kapasitet og økonomiske ressurser. Oljeforureining m.m. fra store anleggsområde for tunneldriving/utfylling har blitt aktualisert gjennom bygging av T-forbindelsen på Haugalandet. Det er utfordrende og tidkrevende. Vi ber Klif se på om dette kan la seg samordne noko betre med Samferdselsdirektoratet.

Resultatområde 07 Godt bymiljø

Resultatområde 07

Gode by og tettstadsmiljø

Mange av Fylkesmannen sine arbeidsområde er relevante for å bidra til gode by- og tettstadsmiljø, også ut over miljøvern-avdelinga sitt ansvar (td. jordvern, folkehelse, beredskap, utdanning). Rogaland fylkeskommune har eit godt utvikla regionalplansystem, som vi støttar opp under og følgjer tett opp i planuttalar.

Vi har over tid fått ei arbeidsdeling med fylkeskommunen si planavdeling, der dei prioriterer opp og me ned å gje uttale til planar og dispensasjonar i tettbygd strom der det ikkje er tydelege jordvern- eller naturhensyn. Vi "deler" altså plansakene med fylkeskommunen for at vi skal greie å dekke over alle sakene. Dette gjer at Fylkesmannen i Rogaland så langt ikkje alltid har gått djupt nok i by- og tettstadsutviklingssakene. Me håpar å bøte på dette med ny by- og bustadorientert stilling gjennom 4-årig ekstraløyving frå MD frå 2013.

Den viktigste utfordringa me ser innan byutvikling no, er manglande høgverdig kollektivsatsing. Bybanesaka er særleg viktig for framdrift i arbeidet med byggje ut Sandnes aust som den nye store bydelen i Stavangerregionen i tråd med regionalplanen for Jæren. Det er generelt ei stor utfordring i å få til ein god form og rekkefølge på byutviklinga, ut frå at kollektivutvikling heng igjen. Ei ekstrem folkevekst gjev både moglegheiter og utfordringar. Flaskehals og akilleshel er kollektivtilbud og kollektivbruk kontra bilbruk.

Vidare er oppgradering av kloaknett og handtering av overløp svært viktig og kostnads-krevande.

Vi finn gjeldande reglar i pbl/teiknerreglar for arealføremål, utilstrekkelige for å styre ynskt næringsetablering - både i byar og tettstadar og i næringsområde generelt. Dette er særleg tydeliggjort i hamneområde der både vi og kommunene ynskjer økonomisere med avgrensa næringsarealer nær kai ved å prioritere verksemdar som treng å ligge nær hamn. Styring av kontorarbeidsplassar og publikumsretta tenesteyting til område med god kollektivdekning er ein annan utfordring vi har avgrensa verktøy til i "planskrinet".

Knapphet på areal generelt og på Jæren spesielt - med stor vekst både i næringsetableringer og bustadbygging –

gjør det særleg vanskeleg å få til god transformasjon og flytting av næring med naboskapsplager. Dette er nylig aktualisert av mange brannar i avfallsanlegg. Ein slik brann på Forus i 2012 gjorde at barnehager, og viktige kontorarbeidsplasser bla annet for internasjonal oljeindustri, måtte sende folk hjem, samt at brannen var ein risiko for regional strømforsyning. Vi arbeier no tett med det interkommunale brannvesenet for å samodne innsatsen vår når det gjelder forebygging av brann i avfallsanlegg.

Sjå og generell omtale i kap 1 og 2, samt under 12.1-bærekraftig planlegging.

Resultatområde 08 Aktivt friluftsliv

Resultatområde 08

Aktivt Friluftsliv

Ivaretaking av attraktive friluftsområde

I første rekkje skjer dette gjennom planarbeid og i samarbeid med andre aktører omkring skjøtsel, nedkjemping av fremmede arter og informasjonsarbeid (skilting, utstillingar, felles nettportal Friluftsfyret Kvasheim/Ramsar).

Vi har nær kontakt og samråd med alle dei fire fylkesdekkande friluftsråda, samt fylkeskommunen. Mykje viktig informasjons-, skjøtels- og tilretteleggingsarbeid i verneområder/sikra friluftsområder vert utført av dei gjennom våre tingingar.

Fylkesmannen som grunneigar/rettshavar på vegne av staten i sikre friluftsområde

Vert følgd opp jamt gjennom einskildsaker på vegne av DN. Det er venta auka behov for ressursbruk til rettleiing/godkjenning av forvaltningsplanar for friluftsområde.

Forvaltning og frift av dei statleg sikra friluftsområda

Jamnt over god forvaltning gjennom samarbeid med friluftsråd.

Tilrettelegging for jakt og fiske

Jamt over god kontakt med ansvarlig i fylkeskommune, bl.a. seminar.

Oppgåver med jegerprøva vert utført løpande.

Resultatområde 09 Giftfritt miljø

Resultatområde 09

Giftfritt miljø

Generelt

Oppdrag som ikkje er en del av tilsyns- eller konsesjonsbehandling, må nedprioriterast grunna bebyrntjeningskravet pga ressursituasjonen for miljøvernavingdelinga samla. Vi erkjenner at vi har for lite fokus på giftfritt miljø i media, eige infoarbeid osv.

Sediment

Stavanger Havn og Stavanger kommune arbeider no aktivt med med dette. Vi håper at vi gjennom vassdirektivsarbeidet og anna innsats skal få til større fellesprosjekter også i andre områder med forurenset sjøbotn. Men det må statlig økonomisk medverknad til. Karmsundet, Ølensvåg og Sauda er aktuelle område.

Oppdarg 09SOIP Vi arbeider godt med dei prioriterte skipsverfta i fylket. Det er mykje arbeid og utfordringa er å få tid til djupdykke i saksområdet. Vi har varsla tiltak i 2 av 11 områder. 5 av 11 områder har fått varsel om tiltaksplan. 2 gjennomfører supplerande undersøkingar og 2 er lagt til side.

Vi har stor og økende mengde saksbehandling på mudre/dumpesaker. Mange av disse er i område med forureina sediment.

Grunnforurensing

Vi har ikkje arbeidd med dette i 2012 ut over det som har kome fram i plansaker. Våre data er lagt inn i grunnforureiningsdatabasen.

Avfall og gjenvinning

Fylkesmannen har hatt mykje ekstraarbeid knytt til fleire brannar i avfallsanlegg også i 2012. Det er generelt mange naboklager og problem knytt til lokalisering av avfallsanlegg tett på anna bebyggelse/område i aktiv bruk. (Sjå bymiljø under res. område 07). Etter mykje mediemerksemd på slike brannar, har vi fått til eit nytt og lovande samarbeid med det interkommunale brannvesenet i Stavanger-regionen om dette.

Resultatområde 10 Rein luft

Generelt

Berre under helt spesielle værforhold om vinteren har vi større problem med luftkvalitet i byane våre. Sammenlikna med Bergen for eksempel, er vi skåna på grunn av at det meste av trafikk er i flate områder med god vind. Eit unntak er luktproblem frå eksempel fra forindustri, som krever betydelig innsats fra oss. Ubehageleg og uheldig for eit godt bymiljø, men neppe helseskadeleg.

Lokal luftureining

Stavanger, Sandnes, Randaberg og Sola lagar felles retningsliner for dette

Støy

Støyklager aukar. Vanskeleg arbeidsfelt i skjæringsfeltet mellom forureining og plan. Tiltakende arbeid med nabostøyklager både på vegtrafikk og industri. Det er behov for å klargjere kommunane sitt handlingsrom i reguleringsplan for å unngå og å forebygge støyplager ved nye utbyggingar av veg og andre samferdselsprosjekt. Sola kommune strevar spesielt med dette som har både flyplass og store nye samferdselsprosjekt.

Kommunane har lite merksemd på støyog andre utslepp frå eksisterande industri ved plassering av nye boligfelt. I bytransformasjonsområdet vert dette svært tydeleg.

Resultatområde 11 Stabilt klima

Resultatområde 11

Stabilt klima

Gjennom utsleppsløyver og planuttalinger gjør vi ein innsats for langsiktig stabilt klima. Ut over dette er verkemidlane våre få på dette området.

Det er stort behov for kartlegging av rasfarlig berggrunn og ustabil byggegrunn i Rogaland. Klimaendringer aktualiserer dette med auka nedbør og vasstand.

Når det gjeld å bidra til klimahensyn som for eksempel ved bygging i flom- og springflosone, har vi stor framgang. Dette kjem frå innsats i beredskapsavdelinga vår og samarbeidet i embetet si plangrupp som involverer plansaksbehandlarar innan beredskap, miljø og landbruk. ATP omsyn er aktualisert gjennom arbeid med ATP-regionalplanar for alle dei 4 regionane i Rogaland (Haugalandet, Ryfylke, Dalane og Jæren). Desse kan synast frikopla dei kommunale (og den regionale) klimaplanene.

Vi har mykje arbeid med å unngå stor miljøskade i klimapositive saker. Dette er svært utfordrande problemstillinger for både kommunar og fylkesmann, – td. vannkraftutbygging, vindmøller og klimaskogsatsing. Vi treng å ruste opp saksbehandlingskapasiteten i takt med søknadsmengde innan skog og energiltak (vass- og vindkraft). Rogaland har td. flest søknader om framande treslag, flest utbygde vindmølleområde og flest vindmøllesøknader under vegs. Biogass-satsing krev også mykje arbeid frå vår side for å få det på eit ressursbruksmessig og økoniomisk godt spor.

Resultatområde 12 Resultatkrav knyttet til Tverrgående virkemidler

12 Resultatkrav knytt til tverrgående verkemidler

Genrell status

Fylkesmannen i Rogaland har modna som tilsynsmynde etter forurensingslova, men miljøvern er på sidelinja i forhold til andre ansvarsområde i embetet når det gjelder kommunetilsyn. Dette er grunna manglande lovheimlar. Vi meiner dette fører til nedprioritering av miljøvernforvaltning i kommunene over tid.

Vi har ved årsskiftet ca 130 saker med løyver etter forureiningslova under arbeid. Flere av dem har pågått i år. Vi har et stort behov for å komme ajour i saksmengden innan forureining - både for å unngå lang ventetid for bedriftene, men også for å bidra til at miljøregelverket blir respektert av alle bransjer. Det ser vanskelig ut med dagens nedbemanningssituasjon å klare å bedre dette.

Vi har ikke greidd verken MD eller våre egne ambisjonar innan miljøinformasjon, inkl Miljøstatus i 2012. Vi vil heller ikkje greie det dei næraste åra med den saksmengden og ressursituasjonen vi har no.

Det har vakansar og utskifting i plangruppa innan både innan landbruk, miljø og beredskap. Med stor innsats frå dei medarbeidarane me har hatt att, har me likevel halde saksmenga under stort sett under kontroll. Kurs, møter m.m. og utoverretta verksemd ut over kontakt i dei aktuelle plandokumenta, har difor vore nedprioritert i 2012.

12.1 Planlegging for en bærekraftig utvikling

121 Bærekraftig planlegging

Utfordrande personellsituasjon innan plansida

Lågt lønsnivå samanlikna med privat sektor, vegvesen, fylkeskommune og kommuner er utfordrande med tanke rekruttera og ikkje minst behalde dyktige medarbeidarar innan planområdet. Dette gjeld alle relevante yrkesgrupper innan plan inkl juristar og alle tre fagavdelingar som har oppgåver innan feltet hos oss: miljø, landbruk og beredskap/forvaltning.

Klage på reguleringsplan

Ei juriststerk gruppe i forvaltningsavdelinga har ansvaret for klager både på plan og byggesak. Det har over lang tid vore stort utskifting i denne gruppa, men nye får god opplæring og kollegastøtte. Det kom inn 50 klagar på reguleringsplan. Restanser ved årsskiftet er 61. Det blei behandla 54 saker. 10 av klagesakene blei opphevd. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid er 12 månader. Saksfeltet blei nedprioritert som følgje av at klage i

byggjesak blei gitt høgare prioritet.

Klage etter matrikkelova

Desse vert og løyst av laget som har klager på byggesaker og reguleringplanar. Det kom inn 2 nye klagar på kommunale vedtak etter matrikkelova. 5 klagar blei behandla, 4 blei stadfesta og ein returnert til kommunen. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har vore 9 månader. Ved årsskiftet er restanse 1 sak innan matrikkelova. Og det er me stolte av.

Samtykke kjøpesenter

Auka medvit om dette problemområdet gjer at det kjem fram flerie slike saker. Me har i løpet av 2 år auka kompetansen på dette og handterer det no godt. Planavdelinga i Fylkeskommunen vår har bidratt sterk til det, ikkje minst gjennom å ta opp handel som tema i revisjon av regionalplanane for Jæren og Haugalandet.

Uttale til og medverknad i planarbeid etter pbl.

Embetet har 8 sakshandsamarstillingar i embetet si plangruppe. Plankoordinator og 3 saksbehandlarstillingar er knytt til miljøvernavdelinga, ein til beredskap og 3 til landbruk. I 2012 har det vore store vakanser. Å få unna einskildsakene sakene er difor gitt høg prioritet.

Oppdraget på plan er svært omfattende og sammensett, ikkje minst innan miljøvern. Landbruk deltar sterkt i ATP-relaterte prosesser, siden det er sterkt tilknytt jordvernproblematikken. Jordvern i plan har og skal ha et sterkt fokus fra Fylkesmannen i Rogaland. Kapasitet og arbeidsdeling internt fører derfor av og til at vi har manglande ressursar til andre viktige miljøverntema i plan.

Det er stor leiarinvolvering i plansakene i Rogaland, både fra avdelingsdirektørar og embetsleiing. Ved siste organsisasjonsjustering på plan, har vi lagt opp til å bruke rundt 10 årsverk på planarbeid inkludert leiarar, støtte peronell og anna fagperonell. Vi greier ikkje fullt ut å gjøre alt vi burde, men meiner samlet sett at det er et høgt nivå i planarbeidet hos oss. Høgt konfliktnivå og stor etterspørsel etter dialog på politisk nivå i plansakene, er krevjande både for embetsleiing og fagavdelingane.

NML – prinsippene går seg inn etter kvart. Vi sender nokre saker i retur fordi dei er for dårleg utgreidd. Retningslinjer for diffrensiert strandsoneforvaltning har fått mindre betydning og fokus enn venta i Rogaland så langt. Det er nok fordi kommunene er planmodne og har innarbeidd disse problemstillingene i kommuneplanene sine allereie.

I 2012 har ein god del innsats gått til planstrategisaker og involvering i arbeid med regionalplanstrategi og regionale planer. Til å vera fyste runde er dette godt nok. Forventninga til at Fylkesmannen skulle samordna statleg regional sektor inn i kommunalt og regionalt planstrategiarbeid, høvde dårleg med eit samla opplegg som me har følgd fylkeskommunen på. Statleg regional samordning innan planarbeidet er eit område me må vurdere å auke innsatsen på.

Det er også ein stor innsats frå Fylkesmannen til faste møter i planforum, som nå også fungerer bra i Rogaland. Vi har også en ambisjon om å få til ennå bedre regional samordning mellom vegvesenet, fylkeskommunen og oss, og har lagt en del krefter og nokon møter i det.

Oversikt plansaker 2012 og motsegner

Vi har hatt 19 kommuneplanar , 19 kommunedelplanar og 530 nye reguleringsplanar til uttale.

Av motsegner har me gitt følgjande fordelt på tema: 4 Naturmangfald . 9 landskap, 5 friluftsliv, 19 strandsone, 1 vassdrag, 9 barn/unge, 6 støy, 6 jordbruk, 9 ROS, 4 kjøpesenter og 7 ATP.

Me har vidare påklaga dispensasjonar frå plan ut frå følgjande grunнар: 1 naturmangfald, 5 landskap, 19 strandsone, 1 vatn og vassdrag , 1 barn& unge og 2 landbruk.

Me har gjennomført 10 meklingar - ofte med mange motsegner i kvar mekling. Dei aller fleste motsegner finn me løysingar på i drøfting før mekling og i mekling, men 9 planar vart sendt til MD for avgjerd med ein eller få uløyste motsegner.

12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling

12.2 Tilsyn og konsesjonshandsaming innan forureningslova

Forureiningsseksjonen vår har hatt ein svært god innsats på tilsyn i 2012 med høg prioritering av dette arbeidsfeltet. Vi har også ein god fordeling av tilsyn på bransjar ut fra vurdert miljøeffekt. Gebyrsystemet for oss som 1. instans etter forureningslova burde vært nivellert med kommunale gebyrregler for bygg, vannforsyning og avløp slik at det samla for verksemda skal dekke alle kostnader til aktiviteten. Då kunne vi finansiert hele innsatsen på feltet og kunne regulert kapasiteten over tid etter behov hos bedriftene. Vi ber MD, FAD, KLIF ta dette opp sentralt. Det er dårlig samfunnsøkonomi i at løyver etter forureningslova er flaskehals for ny næring, store samferdselsprosjekt, omlegging til ny teknologi pga. kø ihandsaming av utslippsløyver.

Vi har framleis for mykje etterslep på konsesjonar inkl. revisjonar av disse. Det er sjokkerande haldningar i store deler av næringslivet med manglande respekt for krav i utslippsløyver, juks ved lukking av avvik og så vidare. Vi kjenner sterkt på at fordi vi må prioritera innsats og ikkje er tydelige og synlige for alle bransjer/bedrifter, så er respekta for miljømyndigheita og lovverket svekka. Det har også noko samanheng med generelle haldningar til Fylkesmannsembetet i Rogaland.

Vi har ved årsskiftet 77 søknader om utslippstillatelse under arbeid. I tillegg er det tips som ventar på oppfølging, funn ved tilsyn som vi må følgje opp vidare og arbeid med gjennomgang av løyve som skal dekkast av forureningsforskrifa. I 2012 ferdigstilte vi 57 utslippsløyver.

Oppdrag 12.2RA1: Vi har meldt to verksemder til politiet (Suldal Smolt og Tullin Ree & sønner). Det er svært krevjande arbeid å dokumentere lovbrøt og å følgje opp politiet i etterkant med faglig bistand.

24 verksemder har fått varsel om tvangsmulkt og 11 har fått vedtatt tvangsmulkten. Ein er inndriven.

12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon

12.3 kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon

Miljøstatus: Har tatt kurs i ny EpiServer og er i gang med revisjon av nettsidene etter overføring av data til ny plattform. Samarbeid med fylkeskommunen på aktuelle temsider.

Naturkartlegging

Oppdrag 12.3SO3, O7: Vi har et mål om å oppnå ein akseptabel kvalitet på naturtypetemaet innen 01.04.2014, og fekk fylkeskommunen og 3 kommuner med på delfinansiering for 2012 for å nå dette.. 2012-kartlegginga var delt på 2 større oppdrag.

Vi er å jour med kvalitetssikring av naturtypedata (inkl. skogkartlegging og HP-kartlegging) som blei raskt importert i Naturbase.

oppdrag 12.3SO4: Dette er ikkje gjennomført. Oppdatering og metadata for dette datasettet er ikkje tilfredsstillande.

Forureiningsdatabasen

Databasen Forurensning er høyt prioritert av oss. Når data ikkje blir lagt inn innan fristar, er det fordi saksbehandlninga drar ut.

Oppdrag 12.3 SO11 og 12 avløp- og akvakulturregistrering: Vi legg inn anlegga fortløpende når vi har dem oppe i en sak. Alle settefiskanlegg er lagt inn, men vi kan ikkje garantere at alle oppdrettsanlegg for de tre siste åra ligg inne. Data for avløpsanleggene skal være korrekte.

Oppdrag 12.3 SO13 vannområdeutvalg - Viktig og godt arbeid gjort ved innlegging av data i Vann-nett. Alle kommunar besøkt og invitert til samarbeid om data. Framleis noko uro og kritikk rundt datatilfangst og karaterisering som gjeld havbruk og sjøområde. Viktiog å få eit konstruktivt samarbeid med fiskeristyresmaktene om kunnskapsgrunnlaget.

Oppdrag 12.3 SO14: ingen tildeling av skjønmidlar til miljørealterte prosjekt i Rogaland.

Skjønsmiddelpotten til utviklingsprosjekt er svært liten i Rogaland og høver dårleg som statens pott inn i spleiselag i sentralt initierte omfattande utviklingsprosjekt.

12.4 Internasjonalt samarbeid

12.4 Internasjonalt arbeid

Ingen internasjonale prosjekt under MD som vi deltar i. Vi har lyst og vilje til gjere ein internasjonal innsats dersom DN, KLIF, MD har bruk for oss på avgrensa internasjonale oppdrag dei er involvert i som høver i forhold til den kompetansen me har. Me har deltatt på sentralt møte om miljør samarbeid i EU.

Ressursrapportering

Ressursrapportering

Tabelldata som viser ressursfordeling som viser forbruk på dei ulike resultatområde er ikkje konsekvent i forhold til innsats på tverrgående verkemidlar. For arbeid med plansaker 12.1, er dette tilnærma korrekt bilde, på 12.2 og 12.3 er det det ikkje. Dete gjev eit feil bilde av feks innsats under resultatområde 09 - giftfritt miljø. Mykje av innsatsen der er ført under 01 (01-08) på arbeidsområde som td. vannforureining.

Det burde kanskje vore ei matriserapportering på dette , der det kjem fram både kor mykje innsats som blir nytta på tverrgående verkemiddel og innan kva resultatområde dei hovudsaklig er. Me reknar med at dette går seg til etter vkart når dei nye resultatområda er betre innarbeidd.

Til dømes når vi ikkje rapporterer innsats på 11 klima, så gjer det eit feil bilde av innsatsen vår. Stor klimainnsats blir lagt ned gjennom planarbeid, utsleppløyver, gjennom innsats knytt til uttalar i energisaker, tilsyn, bioenergi- og skogsatsing osv.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
01 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning	kr 7 951 046,62	kr 2 434 176,40
09 Giftfritt miljø	kr 26 351,45	kr 0,00
Andre oppgaver under MD	kr 58 196,19	kr 0,00
11 Stabilt klima	kr 0,00	kr 0,00
12.1 Planlegging for bærekraftig utvikling	kr 3 002 497,82	kr 0,00
12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling	kr 109 480,47	kr 1 570 336,37
12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon	kr 4 671,83	kr 0,00
12.4 Internasjonalt samarbeid (Finnmark)	kr 5 542,00	kr 0,00
Sum:	kr 11 157 786,00	kr 4 004 512,00

Landbruks- og matdepartementet

Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

På oppdrag frå Rogaland bondelag har Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) gjennomført verdiskapingsberekningar for Rogaland basert på data frå 2010. Prosjektet blei finansiert av Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og Innovasjon Norge Rogaland. Rapporten blei presentert i oktober 2012, Notat 2012 - 19 Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringer i Rogaland.

Samla verdiskaping rekna som nettopprodukt, frå jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringer i 2010 er berekna til 2,17 mrd. kr for Rogaland. Samla sysselsetting er berekna til 6 872 årsverk à 1 875 timar.

Den totale verdiskapinga frå jordbruket er berekna til 1,8 mrd. kr. Av dette kjem 57 % frå dei sju Jærkommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg. Hå, Klepp og Time er kommunane med høgast

verdiskaping i jordbruket, med høvesvis 319,2 mill. kr, 266,3 mill. kr og 154,8 mill. kr. Sysselsettinga i jordbruket er berekna til 6 503 årsverk à 1 875 timar i 2010.

Av den totale verdiskapinga frå jordbruket i 2010 i Rogaland, kjem 52 % frå mjølkeproduksjon, 13 % frå sauehald og 12 % frå svinehald.

Verdiskapinga frå mjølkeproduksjon var på 951,6 mill. kr i 2010.

Rogaland er eit lite skogfylke og verdiskapinga frå primærskogbruket er berekna til 17,8 mill. kr i 2011. Då omlag 90 % av volumet i skogen blir teke ut med skogsmaskin, er sysselsettinga i skogbruket låg. Verdiskapinga frå produksjon av juletre og pyntegrønt blir, saman med produksjon av ved, rekna som tilleggsnæring.

Tal frå driftsgranskingane viser at 48 % av jordbruksføretaka i Rogaland driv med tilleggsnæring, slik desse er definert i dei same driftsgranskingane til NILF. Samla verdiskaping er rekna til 315 mill. kr i 2010. Størst verdiskaping kjem frå aktivitet knytt til utmark, medan det er utleige og maskinkjøring som er dei vanlegaste aktivitetane.

Verdiskapinga er berekna på kommunenivå, og rapporten viser på ein god måte kva landbruket betyr i dei ulike kommunane i fylket.

Rapporten er første ledd i arbeidet med å synleggjere verdiskapinga i heile verdikjedene i landbruket. Som del to, arbeider vi for å få gjennomført berekningar av verdiskapinga knytt til vidareforedling av råstoff frå primærproduksjonen.

21.1 Jordbruk

Sentrale utviklingstrekk i jordbruket i Rogaland

Rogaland er eit av Noregs fremste landbruksfylke med om lag 20 % av dei grovfôrbaserte dyreslaga og 30 % av dei kraftfôrbaserte dyreslaga i landet. Vi har 10 % av total jordbruksareal i landet, men nær 30 % av samla innmarksbeite. Fylket har også ein stor veksthusproduksjon, 85 % av norskproduserte tomatar og 32 % av norskproduserte agurkar er produserte i Rogaland.

Strukturendringa i jordbruk i Rogaland har den siste tida skote fart. Resultatet er færre og større bruk, og vi ser ein tendens med sentralisering av fleire produksjonar mot sentrale strøk på Jæren. Resultatet av denne utviklinga er svakare utnytting av eng- og beiteressursar i distrikta. For å kunne halde opp og helst auke jordbruksproduksjonen, må arealressursane i distrikta nyttast i langt høgare grad. Strukturendringa kjem og til syne på investeringssida. Tal frå SSB viser at investeringar i driftsbygningar per jordbruksføretak har auka frå kr 182 000 i 2001 til kr 693 000 i 2011. Landbruket har blitt meir og meir kapitalintensivt, og krev stadig større investeringar for å halde opp drift og produksjon. I kombinasjon med aukande kostnader, fører dette til at innteninga i jordbruk er under press. Viss landbruket skal fortsetje å produsere nok mat, så må den økonomiske utfordringa tas på alvor. Betre utnytting av eksisterande ressursar, eit effektivt tilskotsystem samt auka bruk av kunnskap kan bidra til sikring av framtidig jordbruksproduksjon.

Dei siste åra har det vore underdeking av norsk storfekjøtt i marknaden. Fylkesmannen har saman med næringsorganisasjonar, rettleingsteneste og slakteria i fylket sett i gang ein prosess for ei såkalla Storfekjøtsatsing.

Miljøutfordringane i landbruket har fått meir og meir merksemd, og vi ser ei positiv endring i haldning og åtferd blant bøndene i fylket vårt til å løyse utfordringane.

Omfanget av jordbruksarealet i Rogaland har vist ein moderat nedgang dei siste 5 åra. I 2012 var det 995 532 dekar jordbruksjord totalt, ein reduksjon på 25 116 dekar i høve til 2007. Det var hovudsakleg nedgangen i dyrka jord (- 37 423 dekar) som var årsaka til det, medan overflatedyrka jord og innmarksbeite viste ein svak auke. Utbyggingspresset er stort i dei sentrale områda, spesielt på Jæren. Omdisponering av dyrka jord i beste klimasone til ulike utbyggingsføremål svekker vår framtidige evne til å halde oppe og helst auke matproduksjonen.

Sjølv om landbruket står sterkt i Rogaland, er det ei utfordring å halde oppe og sikre framtidig rekruttering både i sentrale strøk og ute i distrikta. Rekruttering og kompetanse er høgt prioriterte arbeidsoppgåver for fylkeskommunen og Fylkesmannen. Konkurransen om arbeidskrafta er svært stor i fylket vårt.

Vi registrerer i aukande grad uromeldingar om at optimismen og pågangsmotet ikkje er på same nivå som tidlegare sjølv i dei beste jordbruksområda på Jæren. Manglande økonomisk uttelling for offensiv satsing, blir ofte brukt som forklaring på denne endringa. Leige av jordbruksareal og i nokre tilfelle kjøp av tilleggsjord i til dels stor avstand frå driftssenteret, fører ofte til auka maskinkostnader og stor tidsbruk knytt til fôrproduksjonen. Desse faktorane har i liten grad blitt tatt omsyn til ved val av driftsopplegg ved bruksutbygging.

Beitebruk og tapsstatistikk

I statistikken for organisert beitebruk 2012 utgjer tapa 3,90 % for lam og 2,07 % for sau. Rogaland er blant fylka med lågast tapsprosent. Mange sauebønder har store beiteareal heime på garden, og dette er hovedforklaringa på at tilslutnaden til organisert beitebruk er relativt låg i Rogaland.

Sekretariat for rovviltnemnda

Fylkesmannen i Rogaland har sekretariatsfunksjonen for rovviltnemnda i Region 1 (Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane). Landbruksavdelinga samarbeider med miljøvernavdelinga om dette arbeidet.

Husdyrkonsesjon- svin og fjørfe

Med bakgrunn i opplysningar i Landbruksforvaltninga sin informasjonsbase (LIB), sende Fylkesmannen ut brev til 26 produsentar med ervervsmessig husdyrhald. Brevane galdt den såkalla 15 %-regelen. Vidare behandla Fylkesmannen åtte saker etter denne bestemmelsen med ein samla økonomisk reaksjon etter såkalla standardisert erstatning på kr 321.037.

To saker etter fysiske kontrollar på slutten av 2011, blei behandla i 2012. Den eine var satellitt i purkering der Fylkesmannen gjorde vedtak om kr 549.900 i standardisert erstatning for brot på husdyrkonsesjonsregelverket, og under klagebehandlinga blei vedtaket stadfesta av Statens landbruksforvaltning. Produsenten saksøkte Staten, og i Jæren tingrett vann Staten v/Landbruks- og matdepartementet saka. Svineprodusenten har i februar 2013 anka dommen. I den andre saka har Fylkesmannen gjort vedtak om kr 386.100 i standardisert erstatning, men klagen er ikkje ferdigbehandla av Statens landbruksforvaltning.

Veterinære reiser

Rogaland har i 2012 behandlet 136 søknader og utbetalt kr 2. 135.074 i tilskot til veterinære reiser i.h.h.t jordbruksavtalen.

Tilskot til kommunale veterinærtjenester

Rogaland fekk i 2012 tildelt kr 7.973.081 til kommunale veterinærtjenestar. 9 kommunar har ansvaret for dei ulike vakttdistrikta. Forbruket i 2012 var kr 7.933.333 . Stimuleringstilskot er ikkje aktuelt i Rogaland.

Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2011	2010
FMRO	39485	58213	21,3	2,07	3,9	3,81	3,2
Sum	39485	58213	0	0	0	0	

21.2 Skogbruk

Hovudutfordringar

1. **Manglande kompetanse og ressursar i kommunane** - er den største flaskehalsen for gjennomføring av nasjonal og regional skogpolitikk. Til oppgaveløysing på skogområdet er det i Rogaland ca. 5 årsverk fordelt på 14 personar ute i kommunane. 8 av desse har ei viss skogbruksutdanning, men berre to er forstkandidatar. Dei politiske ambisjonane på skogområdet står ikkje i forhold til tiltaksapparatet som er ansvarleg for gjennomføring.
2. **Nedbygging av skogressursane**: Investeringar i skogkultur dei siste 10 åra er historisk låg medan avverkinga er historisk høg. Berre 50 % av dei beste skogareala blir forsøkt forynnga. Utviklinga er difor ikkje berekraftig - verken med tanke på verdiskaping eller CO₂- binding. Den er såleis i strid med miljø- og skogpolitikken.
3. **Mangel på infrastruktur – private og offentlege vegar og utskipingsterminalar**: Vegbyggingsaktiviteten er rekordlåg. Med ei vegdekning på under halvparten av den i skogstroka, har fylket store skogressursar utan vegdekning. Delar av offentlig vegnett held ikkje mål for rasjonell tømmertransport. Tømmerkaiane i fylket held ikkje lenger krava til stadig større utskipingsbåtar.

Rogalandsskogbruket er sett på dagsorden gjennom fleire regionale planar. Eit aktivt skogbruk med fokus på verdiskaping og klima er sentralt i alle planane.

Kystskogbruket og spesielle midlar til kystskogbruket

Rogaland er ein del av nettverket Kystskogbruket. Kystskogbruknettverket saman med løyvinga til kystskogbruket over statsbudsjettet gjer det mogleg å satse vesentleg meir enn det elles ville vore mogleg å få til. Samarbeidet over fylkesgrensene gjer også at arbeidet blir meir kostnadseffektivt og kompetansehevande. Hovudutfordringa framover blir å prioritere ressursbruk inn mot dei viktigaste tiltaka og omsetje dette i praktisk handling.

For å få god nytte fellesprosjekta er det også nødvendig med ekstra innsats fylkesvis. Balansen mellom fellesprosjekt og fylkesvis bruk kan difor bli ei utfordring. Delar av kystskogmidlane er som kjent dels gamle midlar til erstatning for manglande rentemidlar i kyststroka og dels tilretteleggingsmidlar for ein meir smidig omsetning og fagleg oppfølging av skogeigarane. Det er ingen tvil om at desse behova for midlar framleis er til stades i vårt fylke.

På grunn av omdisponering av tilskotsmidlar til ”Dagmar”, blei ramma for kystskogmidlane til Rogaland redusert med 400 000 kroner i 2012. Resterande ramme på 0,5 mill. kroner er prioritert oppfølging av fellesprosjekt i regi Kystskogbruket. I tillegg er det brukt litt midlar til leige av tenester i hovudplanarbeidet. Dette har dessverre gitt oss svært lite armslag for å følgje opp lokale initiativ som støtter opp under fellesprosjekta. Utover dette er det omdisponert 160 000 kroner frå vegpotten til kystskogbrukmidlane for bruk til utbetring av tømmerkai på Ombo. Ombo tømmerkai er no ferdigstilt.

Det er rapportert særskilt og meir utfyllande om bruken til SLF og fylkeskommunane om dei ulike fellesprosjekta.

Hogst

Hogsten held seg stabil og høg med eit snitt på 94 000 m³ årleg dei siste 5 åra. Dette er ei dobling av hogstaktiviteten samanlikna med tidlegare år. Førstehandsverdien er i underkant av 30 mill. kroner.

Gran utgjer hovudtyngda av all innrapportert hogst, og hovudtyngda skjer i ung hogstklasse fire. Granskogen i fylket blir framleis kraftig overavverka. Hogst av ung granskog er ei stor utfordring av fleire grunnar: 1) lønnsmda for skogeigar blir unormalt låg fordi både kvalitet og kvantum blir langt under det optimale. 2) verdiskapinga for samfunnet blir unormalt låg, 3) framtidig hogstkvantum vil måtta reduserast dramatisk og 4) lagringskapasiteten av CO₂ blir svært låg i forhold til det optimale.

Fylkesmannen har hatt fokus på informasjon og rettleiing rundt økonomiske konsekvensar av tidleg hogst av den beste skogen. I samarbeid med Skogbrukets Kursinstitutt er det blant anna sendt ut eit eige resyme om ”Økonomiske konsekvensar av for tidleg hogst” til 2500 skogeigarar i fylket.

Juletrefylket Rogaland har hatt ein redusert aktivitet med i alt 74 000 juletre innrapportert til VSOP i 2012, noko som er ein nedgang på 50 000 juletre samanlikna med 2011. Samanlikna med toppåret i 2010 er dette ei halvering. Førstehandsverdien utgjer 14 mill kroner i 2012.

Skogkultur

Det er framleis liten vilje til å sikre framtida med kvalitetsskog og høg CO₂-binding.

Avskoging av dei beste skogareala med den beste skogen held fram i stort tempo. Dette skjer trass i at Fylkesmannen på fleire vis har prøvd å snu utviklinga, med bl.a. stort fokus på kontroll (til saman er 250 hogstflater kontrollerte i perioden 2010-2012) og eige skriftleg opplegg for oppfølging. Sjølv om det er laga eit eige ferdigsydd opplegg for handheving av foryngingsplikta, er det ingen kommunar som så langt har teke dette aktivt i bruk.

Ei nøktern vurdering av plantebehovet gitt dagens hogstnivå, inkl. etterslep, tilsvarer ei årleg total planteinvestering på minimum 4000 daa dei første tre til fem åra. Førebelse tal frå landskogtakseringa viser eit areal utan forynging (hogstklasse 1) på 42 000 daa. Dette viser at vår nøkterne vurdering av plantebehov er svært lågt.

Aktivitet planting siste 5 år:

- 2008 → 870 daa
- 2009 → 1120 daa
- 2010 → 1480 daa
- 2011 → 1210 daa
- 2012 → 1170 daa

Investeringane i ungskogpleie er langt under behovet. Det er også her eit stort etterslep. Aktiviteten burde vore på minimum 4000 daa for å sikre rimeleg kvalitet, produksjon og CO₂-binding.

Aktivitet ungskogpleie siste 5 år:

- 2008 → 2200 daa
- 2009 → 2200 daa
- 2010 → 1800 daa
- 2011 → 700 daa
- 2012 → 1400 daa

Skogsvegbygging

Vegbyggingsaktiviteten er liten med 9 km skogsveg ferdigstilt i 2012 (både bil- og traktorveg). I eit fylke der skognæringa er under oppbygging, er det svært langt att til eit forsvarleg utbygd vegnett.

Manglande rettleiingsapparat/mobiliseringskapasitet og kompetanse innan vegplanlegging er hemmande på investeringslysta og framdrifta i ein del prosjekt der det allereie er sett av midlar. Fylkesmannen har fokus på framdrift og mobilisering av vegprosjekt ut mot kommunane jamleg, utan at dette så langt har gitt resultat.

Oversikt vegbygging siste 5 års-periode

- 2008 → 10 km
- 2009 → 13 km
- 2010 → 16 km
- 2011 → 11 km
- 2012 → 9 km

Med mange små skogeigedommar er det ei stor oppgåve å mobilisere og få fram gode fellesvegprosjekt. Vi registrerer at det er liten kapasitet til å ta tak i større vegprosjekt og mange kommunar kvir seg for å tak i større arbeidskrevjande fellesvegprosjekt. Dette betyr at vi ikkje alltid får fram dei beste vegløysningane. Vi har fått på plass eit prosjektsamarbeid om vegplanleggjar med Hordaland gjennom Vestskog SA, som kan ta på seg prosjektering på ein del større veganlegg. Men til no har bistand til hovudplan for skogsvegar hatt førsteprioritet. Det er likevel også slik at den største jobben ligg i mobilisering av skogeigarane før ein kan gå i gang med prosjektering.

Hovudplan for skogsvegar har hatt høg prioritet i 2012, og Fylkesmannen har brukt mykje ressursar, også

innkjøpte, på oppfølging og påminningar ut mot kommunane for å sikre framdrift. Kapasitet, kompetanse og prioritering av arbeidet ute i kommunane er hovudårsaka til at vi no ligg langt etter tidsplanen (2011), og ser at vi også treng 2013 for å få på plass hovudplan skogsveg i dei største skogkommunane.

Taubane og hest

Aktiviteten har vore vesentleg mindre enn forventa. Det tatt ut om lag 3 500 m³ med taubane i 2012. Hovudtyngda av taubanehogsten er drive fram med taubane og lekter, men langt under forventa volum. Noko kan forklarast med at "lekterlaget" har teke på seg omdisponeringshogstar som fell utanfor tilskotsordinga.

Oversikt taubane og hest siste 5 års periode:

- 2008 → 150 000 kr → 1100 m³
- 2009 → 530 000 kr → 4000 m³
- 2010 → 390 000 kr → 2500 m³
- 2011 → 240 000 kr → 2200 m³
- 2012 → 350 000 kr → 3500 m³

Rogaland har ein klar tilskotsprofil, der vi ønskjer aktivitet i furu og lauvskogen, medan hogst av gran med taubane i prinsippet skal vere sjølvberande.

Miljøtiltak i Skog

Dette ikkje utbetalt tilskot til miljøtiltak i 2012.

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog er rapportert gjennom Skog og landskap si nettbaserte rapporteringsløysing -TSKOG. Skogbruksplanlegginga følgjer hovudplan for skogbruksplanlegging i fylket frå 1999. Arbeidet med revisjon av hovudplan for skogbruksplanlegging har heller ikkje blitt prioritert i 2012.

Andre tiltak i skogbruket

Skogselskapet, i samarbeid med Fylkesmannen og kommunane, har hatt eit engasjement i Aksjon skogkultur på Haugalandet. Trass i at engasjementet blei kortare enn planlagt, var det ei nyttig røynsle at det er svært krevjande å selje ein bodskap om verdiskaping og klima til dagens skogeigarar når kompetansen og skogbruksmiljøet er svakt.

Kontroll

Kontroll med skogbrukstiltaka skjer m.a. gjennom den godt innarbeida miljø- og resultatkontrollen for skogkultur, vegbygging og skogbruksplanlegging. Vi har heller ikkje i 2012 hatt kapasitet til å gjennomføre vedlikehaldskontroll av skogsvegar eller kontroll med oppfylling av hogstvilkår i samband med tilskot til vegbygging.

Resultatkontroll av skogsvegar med tilskot

Resultatkontrollen på skogsvegar med tilskot ser ut til å vere ei oppgåve kommunane stort sett tek på alvor, men manglande kompetanse set klare grenser for kvaliteten på arbeidet. Fylkesmannen er med på kontroll på dei større skogsbilveganlegga.

Resultatkontroll av forynging og miljø

I vårt fylke er vi pålagt å kontrollere 45 felt gjennom den ordinære kontrollen. Det er kontrollert 35 hogstfelt frå 2009 og 10 plantefelt frå 2011. I tillegg er det på bakgrunn av ”skogplantebrevet” frå statsråd Brekk i 2012 trekt ut 40 hogstar av gran i 2009. Det er for første gong enkelte kommunar som ikkje har levert/prioritert arbeidet med den ordinære og faste resultatkontrollen. For den ekstraordinære kontrollen har vi berre fått inn 50 % av kontrollflatene frå kommunane.

Sjølv etter stort påtrykk frå fleire hald ser det ikkje ut til at kommunane prioriterer kontrollarbeidet med å sikre ny skog etter hogst. Svært liten planteaktivitet i forhold til behov og mange kommunar som ennå ikkje har levert kontrollskjema understøtter den negative utviklinga. Fylkesmannen vil følgje opp dette temaet i vidare dialog og forvaltingskontroll med kommunane.

Det er gjennomgåande lite skriftleg dokumentasjon som blir sendt ut til skogeigarane. Det meste går på munnleg informasjon, og det ser ut til å vere liten vilje til å ta tak i saker der ein må inn å bruke lovverket aktivt. Så langt har ingen kommunar brukt skogbrukslova aktivt etter at foryngingsplikta blei innskjerpa. Med så lite skriftleg dokumentasjon blir det og vanskeleg å følgje opp dette i tråd med regelverket; jf. tilrådingane til SLF.

21.3 Bygde- og næringsutvikling

Bygde- og næringsutvikling

Sju personar knytt til laget Nærings- og bygdeutvikling har tilsaman utført omlag 3 årsverk innan fagfeltet næringsutvikling. I tillegg har begge direktørane og medarbeidarar knytt til andre lag hatt aktive rollar i ulike samarbeidsrelasjonar og deltatt på ulike arenaer for næringsretta arbeid. Næringsutviklingslaget har ikkje klart å oppfylle alle gjeremål i arbeidsplanen for 2012, på grunn av for få ressursar tilgjengeleg. Dette kom og til syne i prosjektsatsingane som ikkje blei gjennomført, t.d. prosjekter relatert til parasittbehandling, potetareal, bruk av ledige driftsbygningar, unge bønder, Grøn Framtid, avløysarkurs, gardsvarmeanlegg og studietur bioenergi flis.

Det blei arrangert kurs og samlingar innan næringsutvikling, som t.d. Kvinnemøter i Hjelmeland og Forsand, Storfemøte, Inspirasjonsmøte storfe i Strand, for å nemne noko.

Samarbeid med regionale aktørar og virkemidlebruk

Det gode samarbeidet mellom aktørane i den regionale partnerskapen, med næringsorganisasjonane, fylkeskommune og Innovasjon Norge er vidareført i 2012. Handlingsprogram 2012- 2013, vedtatt i fylkestinget 6.mars 2012, inneheld prioriteringane som fekk politisk tilslutnad under fylkestingets behandlinga av Regionalplan for landbruk i Rogaland i juni 2011. Handlingsprogrammet legg føringar for arbeidet som skal bidra til å løyse dei sentrale utfordringane vi står ovafor. Fleire strategiar med tilhøyrande tiltak i handlingsprogrammet gjeld landbruk: Nyskaping og auka matproduksjon, auka rekruttering til landbruket, sikre grunn- og vidareutdanning gjennom skreddersydde og fleksible utdanningstilbod, utvikle landbruket som eit tydeleg næringspolitisk område, aktiv og offensiv beitebruk, økologisk er ein del av Matfylket og klima-, energi- og miljøtiltak i landbruket bidrar til framtidig styrka konkurransekraft.

Fylkesmannen har arbeidsgivaransvar for fire distriktskonsulentar. Desse er våre lokale næringsutviklarar som er tett på landbruket i både Ryfylke, på Haugalandet og i Dalane. Ordninga er ei regional satsing som blir finansiert gjennom eit spleiselag mellom kommunane, Innovasjon Noreg Rogaland og Fylkesmannen. Dei fire konsulentane nyttar nær halve arbeidstida til etablerarhjelp. I 2012 har vel 230 enkeltetablerarar fått hjelp av desse fire næringsutviklarane, først og fremst innan landbruksbaserte næringar. Konsulentane arrangerer møte og er aktive pådrivarar innan gards- og bygdeturisme, matproduksjon, matforedling, Inn på tunet og grønt reiseliv, utmarksnæringar og småkraft. Dei er også aktive innan ulike satsingar som juletreproduksjon og lokale mjølkeprosjekt. Generelt står mobiliseringsarbeid høgt på arbeidsplanen. Konsulentane er og viktige innan lokal næringsutvikling gjennom kontakt og samarbeid med kommunane, kommunale og interkommunale vekstselskap, reiselivsselskap og regionale aktørar som Skape.no og fylkeskommunen. Konsulentane våre er viktige støttespelarar for individuelle bønder og dei er tydelig til stades i både lokalmiljø og media.

Fylkesmannen er direkte kopla til arbeidet med Regionale midlar til forskning, innovasjon og utvikling (VRI)

gjennom ei 20 %-stilling som kompetansemeglar innan landbruk. Nye prosjekt i 2012 har vore konsentrert kring tradisjonell landbruksproduksjon, så som Smaksagurk, Veshovda gjerdesystem, Karakterisering av fosfor, Smittevern i sauebuskap, Parasitter på sau, Stevia som søtstoff, FoU-utfordringar med mjølkerobot, Vedlikehaldssåing av eng, Produksjonsklare jordbærplanter i veksthus og Nye vekstar i veksthus. *Bringebær i veksthus* og *Vedlikehaldssåing av eng* blei vidareførte som hovudprosjekt og finansiert av Regionale forskningsfond. I tillegg har Stavanger kommune saman med Bioforsk Vest Særheim, Bioforsk Jord og miljø, IRIS og UiS fått midlar frå RFF til prosjektet "Optimalisering av fosfortiltak i landbruket i Rogaland".

I 2012 initierte Fylkesmannen i Rogaland ingen konkrete prosjekt innan bioenergi. Når det gjeld biogass, blir vår innsats i all hovudsak konsentrert om å følgje og støtte opp om prosjektet Biogass Rogaland – som vi var med på å initiere i 2010. Satsinga blei vidareført til trass for at prosjektet ikkje fekk Arena status. I staden blei det søkt om og innvilga midlar frå Fylkesmannen i 2011, for å kunne vidareføre aktivitetane i 2012. Fylkesmannen arrangerte og to konferansar knytt til bioenergi. Den første saman med samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonar i Rogaland og Biogass Rogaland, med tema miljøutfordringane i landbruket og moglege løysingar knytt opp mot husdyrgjødsel. Her blei det diskutert korleis VRI-midlane kunne brukast best mogleg. Revidering av forskrift om gjødselvarer, produksjon av biogass og bruk av biorest, var og emne som blei diskutert. Den andre konferansen hadde tittelen Bioenergi Rogaland 2020. Målet var å *synleggjere direkte og indirekte effektar av bioenergiutvikling i perioden fram til år 2020*. Konferansen var i regi av VRI og hadde kring 50 deltakarar.

Fylkesmannen har i løpet av 2012 kome med uttaler til fleire kommunale klima- og energiplanar der landbruket er ein del av klimaløysinga. Biogass var nemnt som ei løysing i fleire av planane. Ut frå eksisterande rammevilkår, er alle kommunane tilbakehaldne med å leggje konkrete tiltak innan biogass inn i handlingsplanane. Fylkesmannen i Rogaland deltok og på ein fagtur i regi av KLIF. Her blei biogass teke opp som ein del av løysinga for Rogaland sine utfordringar med store mengder husdyrgjødsel.

På utdanningssida er fagskoletilbod innan bioenergi nå under utvikling på Strand vidaregåande skule. Dette yrkesretta utdanningstilbodet byggjer på vidaregåande opplæring, og skal gi kompetanse som kan takast i bruk i arbeidslivet utan ytterlegare opplæring. Dette utviklingsarbeidet blir delvis finansiert av Fylkesmannen i Rogaland, og er knytt opp til prosjektet Biogass Rogaland. Fagskoletilbodet innan bioenergi skulle ha starta opp frå hausten 2012. Men søknaden blei ikkje godkjend av godkjenningsorganet NOKUT, og ny søknad blir levert inn i februar 2013.

Fylkesmannen har, i samarbeid med mellom anna Kompetansenavet Sør, arrangert 5 kurs og samlingar for å profesjonalisere produsentar og andre aktørar innan mat;

- 1) Smaksverkstad i Dalane, 23 deltakarar
- 2) Marknadstenester (Matmerk), 16 deltakarar
- 3) To møter med 12 produsentar av drikkevarer vedrørende særavgifta
- 4) Søt gjærbakst, 9 deltakarar
- 5) Mjølkeforedling, 9 deltakarar

Elles blei det arrangert to fagturar, ein til Trøndelag (26 deltakarar) og ein til Berlin og Grüne Woche (37 deltakarar).

Det blei og gitt støtte til Ryfylkekokken Frode Selvaag for å arrangere smaksverkstad med 30 deltakarar og hjelpe navet si nettverksamling i Ryfylke for å styrke kontakten mellom produsentar og kokkar for å auke forbruket av lokalproduserte varer.

Det har vore lettare å rekruttere deltakarar til ulike kurs og samlingar i 2012 enn i 2011. Årsaka kan vere at interessa for produksjon og sal av lokalmat er aukande. Boknafjorden som deler Rogaland i to, er ein stor flaskehals. Vi bruker difor mykje ressursar på å få informasjon ut i nettverka. Vi legg vekt på å spesialtilpasse og målrette rådgjevinga, og har innretta rådgjevinga meir mot enkeltverksemder og/eller produsentsamanslutningar.

Bruken av BU-midlane

Fylkesmannen si løyvingsfullmakt i 2012 var på kr 4 800 000. Det blei inndratt kr 854 643 og kr 81 542 blei overført frå 2011, noko som gav ei total løyvingsramme for våre utviklings- og tilretteleggingsmidlar på kr 5 736

185. Det blei løyvd kr 2 488 339 til 36 BU-prosjekt. Resten gjekk til RUP-prosjekt. Løyvingane til BU-prosjekt gjekk m.a. til mobiliseringstiltak i distrikta, kompetanseoppbygging i næringa og berekraftig jordbruk. I tillegg blei det løyvd kr 174 000 til praktikantordninga.

I fjor var det siste året for RUP-ordninga. Fylkesmannen i Rogaland saman med Rogaland fylkeskommune og Innovasjon Norge, drøfta og i 2012 søknadene som kunne bidra til utvikling av den regionale landbruksnæringa i brei forstand. Totalt gjekk kr 3 060 500 til RUP-prosjekt tilsvarande 55 % av Fylkesmannen sine BU-midlar; i 2011 var dette 65 %. Halvparten av desse midlane gjekk til prosjekt innan Mat- og måltidsnæringa, 18 % gjekk til energi og skog, 12 % til reiseliv og Inn på Tunet og 19 % til andre prosjekt. Samarbeidet i det regionale partnerskapen held fram i 2013 på same måte som under RUP, men da under tittelen Handlingsplan for Næring. Søknader og saksbehandling skjer via www.regionalforvaltning.no.

Innovasjon Norge sine BU-midlar

I 2012 løyvde Innovasjon Norge Rogaland kr 30 469 000 i investeringstilskot gjennom BU-ordninga. Heile ramma, inkludert inndregne midlar, blei ikkje brukt opp. Dette skuldast at det var færre gode prosjekt innan bygdenæringar enn tidlegare. I 2012 blei det gitt kr 69 800 000 kroner i rentestøtte til landbruksrelaterte investeringar og satsingar; dette var mykje lågare enn i unntaksåret 2011, då det var kr 93 500 000. Likevel låg det over summen som blei løyvd i 2010, då det var kr 55 millionar. Tilskotet i 2012 er delt på 107 prosjekt og rentestøtta på 33 prosjekt. 25 % av tilskotet gjekk til Jæren og med det er målet om 70 % til områda utanom Jæren nådd. Vel 91 % av tilskotet har gått til strategiområdet mat. Prioriteringa som den regionale strategien legg føringar for, er viktig i Rogaland, då behovet er så mykje større enn den ramma Innovasjon Noreg Rogaland årleg disponerer til investeringar og utvikling av primærlandbruket.

Rekruttering er eit nøkkelområde for næringa si framtid, og det er tydeleg skildra i Regionalplan for Landbruk. Samarbeidet på dette feltet med Rogaland fylkeskommune, som er forvaltar av støtteordninga for rekruttering, likestilling og kompetanse i landbruket, var bra i 2012. Fylkesmannen formidla aktivt støtteordninga og vidare sendte fleire gode prosjektforslag til fylkeskommunen. Denne støtteordninga skal frå og med 2013 forvaltast av Næringsseksjonen i Rogaland fylkeskommune, noe som gjere at midlane til landbruksbasert næringsutvikling skal forvaltast på ein stad.

Nokre sentrale prosjekt innan næringsutvikling

Storfekjøtsatsinga

Frå fleire hald er det signalisert at det er trong for strakstiltak for å motverke utviklinga av underdeking av storfekjøt i Noreg. I mai 2012 samla ei rekkje aktørar i fylket seg for å drøfte situasjonen og det blei diskutert korleis Rogaland kan bidra til å møte utfordringane. I kjølvatnet av det, blei det oppretta ei arbeidsgruppe, som består av slakteria Fatland, Nortura og Prima, samt Innovasjon Norge Rogaland, faglaget TYR og Fylkesmannen. Denne gruppa har teke ansvaret for å setje i gang denne Storfekjøtsatsinga i Rogaland. Ein prosjektsøknad til den regionale partnerskapen er lagt inn og prosjektet skal kome i gang våren 2013.

Mjølkeprosjekt i Dalane

Mjølkeprosjektet er i sitt tredje år og arbeidet er i god driv. I året som har gått er det arrangert møte i faggrupper for å drøfte aktuelle tema, satsarmøte, samtidig som det blei halde diverse kurs (avløysar- og beitekurs). Prosjektet legg og opp til utbetaling av individuelle tilskot til stimulering av auka mjølkeproduksjon i regionen. I heile prosjektperioden er det så langt utbetalt kr 270 000 i investeringsstøtte (26 søknader) og ca. kr 150 000 er ikkje utbetalt ennå. Det er utbetalt utredningsmidlar til 6 søkjarar, medan ein ikkje er utbetalt ennå. Vegvalrådgeving er blitt gitt til 17 søknader, 5 er ikkje utbetalt. Totalt blei det gjennomført 50 samtalar med bønder i samband med dette prosjektet i 2012. På slutten av året blei det bestemt at prosjektet skal utvide prosjektperiode med to ekstra år for å få gjennomført dei planlagde tiltaka.

Saueprosjektet

Det treårige prosjektet "Auka produksjon i sauehald i Rogaland" blei avslutta i 2012. Prosjektet har vore eit samarbeid mellom sauenæringa, slakteribransjen, Innovasjon Norge Rogaland, kommunar og Fylkesmannen.

Kunnskap, ferdigheiter og haldningar har vore sentralt i ei satsing som har lagt vekt på å vere motiverande. Det har vore mange aktivitetar i form av møte, turar og arrangement, både gjennom fellestiltak og i regi av dei enkelte slakteria. I prosjektet sin sluttrapport heiter det at resultatmåla ikkje heilt blei nådde, men at det har vore gode

resultat likevel. I prosjektperioden har talet vinterføra sau auka med 3,6 % og avdråtten som kg slakt av sau og lam auka med 3,9 %. I oktober blei prosjektet avslutta med ein konferanse som hadde fokus på oppnådde resultat samt på utfordringane og moglegheitene i åra framover. Måten prosjektet blei gjennomført på har stor overføringsverdi til framtidige prosjektsatsingar, t.d Storfekjøttatsinga.

Andre næringar

Lokale matspesialitetar

Fylkesmannen har brukt om lag 1,2 årsverk fordelt på 5 personar innan fagfeltet lokale matspesialitetar. Distriktskonsulentane gjer eit viktig mobiliseringsarbeid ute i dei respektive kommunane, men vi ser behov for å konsolidere arbeidet i langt sterkare grad. Vi har ikkje klart å oppfylle alle gjeremåla i arbeidsplanen for 2012. Dette på grunn av for få ressursar og prioritering av andre saker. Smaksverkstad Haugalandet, Baking i steinomn, Kakekurs er døme på kurs/samlingar som ikkje gjekk etter planen.

Ei sak vi måtte prioritere høgt var Særavgiftsaka. Her har Fylkesmannen teke ansvar for å samle produsentane til eit informasjonsmøte med to kompetansenav og Tollvesenet, og eit oppfølgingsmøte. Situasjonen er bekymringsfull og saka er løfta opp til fagorganisasjonar (Norges Bondelag, Norges bonde- og småbrukarlag og Hanen), politiske parti og til to departement.

Saka er sådan: Produsentar, eller fyllarar som dei blir kalla, har hatt revisjon av Tollvesenet, og mottar etter kvart krav om innbetaling av avgift, straffegebyr og renter. Krava har tilbakevirkande kraft (3 år). Hovudproblemet er at fyllarane ikkje har vore klar over avgifta og heller ikkje vore innmelde i Grønt punkt (noko som ville ha redusert gebyret). I dei to verste tilfella frå Rogaland, er totalbeløpet som erkrevd innbetalt ca kr 400 000 pr verksemd. Dette er mykje pengar for ei småskala verksemd. Vi har ikkje full oversikt, men truleg er det ca 10 - 12 småskala fyllarar i Rogaland, så omfanget av totalavgifta er ca kr 1, 5 – 1,75 mill. 4 av dei 10 produsentane er usikre på framtida. Denne utviklinga er tragisk, spesielt med tanke på at det har vore stor politisk vilje og bruk av offentlege midlar til å satse på småskala næringsutvikling dei siste 10 - 15 åra.

Vi har vore i kontakt med andre fylke og det er same problemet der, men ikkje i eit så stort omfang. Verkemiddelapparatet (matkontakt/kompetansenav) har utfordringar med å rettleie produsentane. Innmelding, registrering osv. er såpass komplekst at det mest er uråd å gjere ein god jobb for produsentane utan at rettleiarane har praktisk erfaring frå arbeidet. Noko dei fleste ikkje har. Det er her eit klart behov for å styrkje denne rådgevinga, men kanskje er det Tollvesenet som skulle hatt denne rolla? Ikkje berre kontrollfunksjonen, men og rådgevingsfunksjonen. Uansett bør Innovasjon Norge/Landbruksdepartementet arrangere kurs for matkontaktane om særavgifter.

Fylkesmannen har gitt tilskot til og lagt ned ein betydeleg eigeninnsats i arbeidet med deltaking på Internationale Grüne Woche. IGW krev mykje ressursar, og ein kan lure på om dette er rett bruk av ressursane. Men alt i alt så får verksemdene som er med ei fantastisk profilering og dei representerar Noreg på ein god måte.

Vi hadde mål om å auke kontakten med Matmerk og navet for å styrkje verdiskapinga i verksemdene/produsentsamanslutningane, men pga for lite ressursar blei det ikkje rom for ein styrkja innsats.

Den positive utviklinga relatert til samarbeid mellom produsentar held fram i 2012. Prosjektet *Smaken av Ryfylke* har resultert i at Rymat SA blei stifta i 2012. Dalane Mat SA har hatt tett oppfølging av Fylkesmannen og dei blei også stifta i 2012.

Det er ikkje etablert nye gardsmatsal i 2012, men det har vore ei forbetring i form av fleire produkt hos dei som allereie eksisterar. Vi har ca 20 gardsutsal, som omset for mange millionar. Hanasand Gardsutsal er ei av verksemdene som rapporterer om at omsetning og resultat er stigande for kvart år.

Fylket har ikkje eit oppegåande Bondens Marked. Vi trur at noko av behovet for sal/profilering blir ivareteke ved deltaking på mange festivalar i regionen. Det er ei gryande interesse for å start opp noko tilsvarande BM i Stavanger.

I 2012 fekk Jæren produktutvikling BU-tilskot til å utrede Mathall på Bryne. Det har resultert i etablering av en mathall som skal opne mai 2013 på Torjå i Bryne. Stavanger, Sandnes og Klepp driv og utgreiing om moglege stader for mathallar. I 2012 blei det innvilga 9 søknader frå Lokalmatprogrammet.

Måltidets Hus AS profilerar mat og måltidsnæringen på ein god måte. Dei klarer å skape gode historiar for å bygge omdømme i dei konkrete prosjekta som dei arbeider med, til dømes Spiderlandsleir 2013, Grüne Woche,

Det Norske Måltid og Bocuse d'Or. I tillegg arbeider dei suksessivt med planlegging, finansiering og gjennomføring av prosjekt ute i verksemdene, enten dei er lokalisert i Ipark eller medlemmar i matklynge (NCE Culinology). Fylkesmannen er partner i NCE Culinology, og landbruksdirektøren sit i styret.

Det norske måltid blei også i 2012 ein TV-serie. Høgdepunktet var Matgallaen i Stavanger i januar 2013. Konseptet er forbetra slik at dei gode historier kring ulike produkt av høg kvalitet kjem ut til publikum på ein betre måte enn før.

Grønt reiseliv

Arbeidet med ny "Reiselivsstrategi for Rogaland" har stått sentralt i 2012. Denne strategien er eit nytt satsingsområde under "Regionalplan for næringsutvikling - Rogaland – En skapende region med vilje til vekst 2011 – 2020, Rogaland fylkeskommune". Sjølve oppdraget med å utarbeide strategidokumentet blei etter ein anbudsrunde vunne av HLB, Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling. Fylkesmannen har vore med i styringsgruppa i prosjektet, saman med destinasjonsselskapa, ulike utviklingsorganisasjonar, næringsorganisasjonar, transportselskap, og representantar frå offentleg forvaltning. Styringsgruppa har jobba med ei rekkje spørsmål knytt til berekraft, produktutvikling, marknadsføring og sal, organisering og samhandling, kompetanse og kvalitetsarbeid, infrastruktur og samferdsle. Fylkesmannen har hatt eit særskilt ansvar for å løfte fram det landbruks- og bygdebaserte reiselivet i gruppa. Prosessleiar frå HLB har vore Eli Grete Høyvik, som har arbeidd med reiseliv i mange år både fagleg og som næringsutøvar. Strategien skal handsamast av Regional- og kulturutvalet i fylkeskommunen i mars 2013, og vil så bli sendt på høyring, før endeleg behandling av Fylkestinget i juni.

Når det gjeld Fylkesmannen sitt arbeid med det grønne reiselivet generelt, har Fylkesmannen i samarbeid med Hanen jobba med kompetansehevande tiltak (studieturar, kurs og konferansar). Vi har likevel erfart at interessa for å delta på slike arrangement for målgruppene våre ikkje er like stor, og fleire arrangement er blitt avlyst. Vi trur at mykje av forklaringa ligg i at det lett for bønder å få seg anna og godt betalt arbeid utanom garden i dagens arbeidsmarknad i Rogaland.

Inn på tunet

Det er stor variasjon i kommunane sin bruk av Inn på tunet tilbod. Vi ser og ofte at satsinga manglar politisk og administrativ forankring, og framleis i for stor grad er avhengig av eldsjeler. Kommunar som klarer å involvere fleire fagetatar og jobber tverrfagleg lukkast best.

Internt hjå Fylkesmannen er det i all hovudsak landbruksavdelinga som arbeider med IPT, men folk frå utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga har og vore involvert i arbeidet. Det blei i 2012 skipa til ein tverrfagleg arbeidsgruppe der dei tre avdelingane hjå fylkesmannen er representerte, i tillegg til representantar frå NAV, Bufetat og KS-Rogaland. Dette har vore eit nyttig forum.

Vi har sett det som viktig i 2012 å framleis styrkje arbeidet med kvalitetssikring, marknadsføring og betre forankring av Inn på tunet.

Bransjeorganisasjonen "Inn på tunet – Rogaland" har i 2012 fått midlar til vidareføring av prosjektet "Inn på tunet - kvalitetssikring og informasjon." Som resultat av prosjektet, har det vore bra aktivitet i året som gjekk med fagmøte, kurs og studieturar. Vi vil spesielt nemne kurset "Inn på tunet – kvalitet og tryggleik" som er skreddarsydd for Inn på tunet bønder og har blitt halde fleire gongar. Stadig fleire Inn på tunet bønder tek no i bruk det nye kvalitetssystemet, og prosessen med å få gardane godkjende av Matmerk er også kome godt i gang.

Når det gjeld Inn på tunet løftet, har vi berre hatt med 2 kommunar i Rogaland, Karmøy og Hjelmeland. Prosjektet i Karmøy kommune har fokusert på garden som pedagogisk ressurs og alternativ læringsarena. Bøtoppen gard har i denne samanhengen vore kommunen sin viktigaste samarbeidspartnar i prosjektet, som i "løft"- perioden har blitt vidareutvikla som undervisningsarena.

Hjelmeland sitt prosjekt har satsa på generell utvikling av Inn på tunet tilbodet i kommunen, men utan at prosjektet har lukkast i særleg grad med det.

Resultatområde 22 Klima- og miljøtiltak i landbruket

I tillegg til oppfølging av pågåande arbeid på desse felta, har arbeidet med revisjon av RMP for ny programperiode og tilpassing til nytt menysystem krevd mykje tid.

I underkapitla blir det rapportert meir detaljert om dei ulike oppgåvene.

22.3 Miljøprogram og miljøplan

Måloppnåing for verkemidla i regionalt miljøprogram

Økonomisk ramme for Regionalt miljøprogram i Rogaland var 24,9 millionar i 2012.

Tilskotssatsane for mange av ordningane blei i 2012 justert ned. Mellom anna blei tilskot til vedlikehald av stølsbygningar halvert. Det blei også innført tilskot til miljøavtalar til eit nytt vassdrag i Vindafjord kommune, Vatsvassdraget som eit tiltak mot næringsavrenning. Justeringane av førebelse tilskotssatsar var nødvendige då søknadsomfanget har auka utan tilsvarande auke i økonomisk ramme. Tilskot til beiteområde for gås og svane blei tatt ut av programmet.

Rogaland har eit detaljert miljøprogram der fleire av ordningane er svært avgrensa anten i tema eller til eit geografisk område. Tre av ordningane er meir generelle; tilskott til bratt areal, tilskott til ekstensive husdyrraser og organisert beitebruk. Vi meiner det generelt er høg måloppnåing for RMP i Rogaland. Det er òg eit tett samarbeid mellom miljøvernavingdelinga, landbruksavingdelinga og kommunane for å følgje opp søkjarane. Samstundes ser vi at RMP åleine ikkje er tilstrekkeleg til å løyse dei store utfordringane knytt til attgroing.

Vi opplever at ordningane som tek sikte på å bevare biologisk mangfald er målretta. I Rogaland er det mykje kystlynghei. Søknad om tilskot til å skjøtsel av denne naturtypen er aukande og i 2012 blei det brukt om lag 3,1 millionar til kystlynghei og naturbeitemark frå RMP. Fylkesmannen utførte forvaltningskontroll av ein kommune, samt føretakskontroll på ordningane knytt til friluftsliv. Her blei det avdekka at kommunen ikkje hadde gode nok kart over turstiane. Turstiane er i hovudsak godt kjende og merka, men kontrollen avdekka mindre avvik. I kommunane sin 5 % kontroll av føretaka blei det trekt ut føretak som søkte på følgjande tema: kulturminne, styvingstre og miljøavtalar. Kontroll av 60 føretak som har søkt om støtte til skjøtsel av gardsanlegg og 63 som har søkt om støtte til gravfelt, viste 11 avvik i negativ retning for søkjar.

Figgjovassdraget er valt ut som vassdrag i første planperiode etter vassdirektivet. Vassdraget er i moderat tilstand. For om lag 90 % av nedslagsfeltet til Skas Heigre er det sidan 2010 vore miljøavtaler med 71 landbruksføretak. Gjennom avtalen vert det sett krav til fosforgjødsling og til ugjødsla randsoner mot vassdrag/opne kanalar. Vi meiner det grovt rekna har redusert bruken av fosfor frå mineralgjødsling med om lag ½ kg P per dekar. Det gir en reduksjon i tilførslane på 10 tonn (20 000 dekar) i nedslagsfeltet.

Skas Heigre er eit kunstig drenert område. Vinteren 2011/12 vart det stans i drift av pumpene på grunn av usemje mellom grunneigarane. Resultatet var at om lag 4000 dekar jordbruksjord vart liggjande under vatn. Vassprøvemålingane viser auke i fosforinnhald. Truleg kan noko av auken skuldast oversvømminga. T.d. måtte grøftene spylast, og grasmarka som var under vatn måtte fornyast. Gjennom RMP blir det gitt tilskot til ugjødsla randsoner. Vi hadde i 2012 føretakskontroll (i juni) av ugjødsla randsonar i grasmark for å vurdere om ordninga let seg kontrollere. Vår erfaring er at det i vekstsesongen er lett å sjå kor det ikkje har blitt gjødsla då det er klar forskjell i fargenyansen mellom gjødsla og ugjødsla areal.

Arbeid med miljøplan

Fylkesmannen har ikkje hatt særskilt fokus på arbeidet med miljøplan i 2012. Det har vore tema på eit dialogmøte med kommunane. Vi vil på bakgrunn av erfaringane frå andre fylke sjå nærmare på dette i 2013. Det er grunn til å tro at vi har dei same utfordringane her hos oss. Fylkesmannen har hatt 2 møte med landbruksrådgivinga i 2012. Formålet var å avklara kva krav forvaltninga stiller til gjødslingsplanar ved kontroll, korleis sikre at husdyrgjødsla vert brukt i rett mengde på rett spreieareal, rutinar for utsending av gjødslingsplanar, oppmoding til gode skifteneroteringar og korleis landbruksrådgivinga på praktisk vis kan synleggjere ugjødsla randsoner i gjødslingsplanane.

Vi opplever at landbruksrådgivinga er ein god medspelar. Dei ser det som viktig å følgje opp sine medlemmer når det gjeld gjødsling og at dei elles driv i tråd med gjeldande forskrifter. Samarbeidsprosjektet Frivillige tiltak i landbruket har fokus på næringsavrenning. Her blir det informert om tiltak , tilskotsordningar, arrangert møte i bekkelag med meir. Prosjektleiarane følgjer også opp meldingar om punktutslipp.

Hovudprioriteringar for bruk av SMIL-midlar og kopling mellom SMIL og RMP

I "Regionalplan for landbruk i Rogaland", vedteken i fylkestinget, er det mange regionale mål med tiltak som følgjer opp nasjonale målsettingar på biologisk mangfald, kulturlandskap og ureining. I vårt tildelingsbrev til kommunane er dei ulike satsingsområda i Regionalt miljøprogram lagt til grunn. Tildelt ramme for SMIL i Rogaland var 10,6 millionar i 2012. Med inndregne midlar og underforbruk i 2011 hadde Rogaland 15,38 millionar til disposisjon i 2012. Fordeling av løyvd tilskot i 2012 var slik:

Tabell utviklinga SMIL 2010-2012	2010	2011	2012	Prosent (2012)
Antall søkjarar	193	224	207	
Kulturlandskapstiltak(tidlegare STILK)	8 750 000	9 196 645	9 418 987	77,6%
Miljøtiltak (tidlegare IMT)	460 000	1 353 680	1 809 919	14,9%
Planleggingstiltak (felles-/områdetiltak)	1 200 000	1 048 074	905 847	7,5%
Sum	9 400 000	11 570 399	12 134 753	

Følgjande føringar gjaldt for SMIL i 2012:

- sjå heilskapeleg på kulturlandskapet og fremje arbeidet for å ivareta verdifulle kulturlandskapselement
- setje målsettingar for å auke ivaretakinga av biologisk mangfald etter naturmangfaldlova
- møte utfordringane i landbruket som følgje av vassforskrifta
- leggje til rette for å synleggjere landbruket si multifunksjonelle rolle
- bidra til samarbeid på tiltak over større samanhengande område med fleire grunneigarar involvert
- sjå bruken av SMIL-midlar i samheng med regionale målsettingar i RMP

Trass svak nedgang i tal søkjarar har det vore ei jamn auke på løyvingar frå 2010 til 2012.

Dette skuldast mellom anna ei generell auke i kostnadsnivået og løyvingar til større tiltak. Fleire kommunar er særst aktive med å leggje til rette for og motivere bøndene til aktiv søking om støtte til gode SMIL-prosjekt, medan nokre kommunar ikkje har nok personressursar til å vere så aktive.

Fordelinga mellom tema innanfor kulturlandskap i 2012 (77,6% av totale løyvingar)

- 30 % til biologisk mangfald/gamal kulturmark (9% til kystlynghei)
- 52 % til bygningar
- 9 % til kulturminnetiltak
- 10 % til ferdselstiltak

Fylkesmannen har som mål å auke interessa for å ta vare på biologisk mangfald og gamal kulturmark.

Om lag 9 % av løyvingane til tiltak på biologisk mangfald (30 %) er løyvd til skjøtselstiltak og aktiv bruk av naturtypen kystlynghei som til dømes tilskot til inngjerding. Eit gjerde definerer grensa mellom innmark og kystlynghei tydeleg, og vil kunne hindre gradvis oppgjødsling av lyngområda. Tilskot til drift av kystlynghei blir gitt gjennom RMP, og vi opplever at det gir bøndene motivasjon til å ta vare på både kystlynghei, - eller anna areal med verdifullt biologisk mangfald.

Det kan vere vanskeleg å definere skilnaden på verdifull gamal kulturmark, og kva som berre er attgrodd beite med ein rein produksjonsmessig verdi, og som går inn under "*vanleg landbruksdrift*". I nokre tilfelle opplever Fylkesmannen at kommunane løyver tilskot til tiltak som må vurderast å vere i grenseland av kva SMIL-forskrifta tillet. Dette gjeld også saker som t.d. rydningsrøyser etter nydyrking i seinare tid og handtering av avfall.

Fylkesmannen har lagt vekt på informere kommunane at miljøverdiane i eit kulturlandskap saman med vilje til vedlikehald av desse miljøverdiane, skal vere utløyssande for løyvingar av tilskot. Sjølv om tiltak for å hindre attgroing er høgt prioritert i Rogaland, oppmodar vi kommunane til å vere konsekvente på å handsame søknader om SMIL etter føremålet med SMIL-ordninga.

Det er størst interesse for å restaurere gamle bygningar i kulturlandskapet (52 % i 2012).

Kulturminnemyndigheitar og forvaltinga i Rogaland samarbeider godt. Dette er med på å sikre at søknadar om SMIL i størst mogleg grad går til restaurering av SEFRAK-registerte bygningar med høg samfunnsmessig kulturhistorisk verdi. Tilskot i RMP til jamleg vedlikehald blei trappa kraftig ned i 2012, og går heilt ut i 2013.

Det er heilskapelege nettverk av turstiar fleire stader i fylket, delfinansiert med SMIL-midlar.

Fylkesmannen støtter heilskapelege samarbeidsprosjekt over større samanhengande områdar der fleire grunneigarar er involverte. Vi ser det som viktig at kommunane med deira lokalkunnskap er aktive i eit slikt arbeid. Tiltak for å synleggjere kulturminne, utsiktsrydding, bruk av gjerdeklyvarar og at traseane vert lagt med omsyn til sårbare arter (flora og fauna) er blant positive tiltak som følgjer med etableringa av turstiar. I 2012 vert

det i RMP søkt om 473 km turstiar på innmark, - mot 432 km i 2010. Eit stort nettverk av turstiar i utmarka kjem i tillegg. Krav til skjøtsel i RMP sørgjer for at turstiar og viktige element i kulturlandskapet vert ivarettatt og vedlikehaldne. Reiselivsnæringa nyter også godt av turstiane. Einskilde turstiar i pressområdar har blitt så verdifulle for fleire samfunnsgrupper at det er motstand mot at areala kring turstiar blir teke i bruk som utbyggingsområde. Arbeidet med å etablere ein ny samanhengande tursti langs Figgjoelva held fram i 2013.

SMIL til miljøtiltak (14,9 % av totale løyvingar)

Hovudårsakene til at løyvingar til miljøtiltak har auka frå 2010 til 2012 (14,9 % i 2012) er ei auke i satsinga på bygging av reinseparkar i Rogaland. Det blei i 2012 bygd 14 nye reinsparkar i Rogaland mot 9 i 2011 og 11 i 2010. Langs Vatsvassdraget har fleire bønder sjølv og i fellesskap teke initiativ til å redusere nærings- og partikkelavrenning frå jordbruksareal til Vatsvassdraget. Med god støtte frå Vindafjord kommune har dei inngått avtalar på gjødslingstiltak, og dei har kontakt med fagfolk som lager planar for bygging av reinseparkar.

Det er i RMP for 2013 opna for tilskot til miljøvennlig spreing av husdyrgjødsel og gjødslingsfrie randsoner fleire stader i Rogaland. Vår erfaring tilseier at interessa for å søkja på SMIL-midlar til ureiningstiltak langs innsjøar og vassdrag i målområda for RMP vil auke.

Fylkesmannen opplever generelt at det er relativt god kopling mellom tilskotsordningane SMIL og RMP. RMP verkar å vere utløysande for SMIL-tiltak, og SMIL er og utløysande for tilskot i RMP. I dialogmøtar med kommunane, e-post og telefon med kommunane søkjer Fylkesmannen å følgje opp kommunane på SMIL på best mogleg vis. Rogaland har mange grunneigarar og bønder som er positive til å gjere ein ekstra innsats når det gjeld forureining og kulturlandskap. Det ligg uutnytta potensiale, og fleire kan yte enda større innsats dersom dei får rett informasjon, god fagleg oppfølginga frå rådgivingsinstansar og at forvaltninga er klare på rammevilkår og løyvingar.

Fylkesmannen har utvikla og distribuerte eit nytt administrasjonsverktøy for kommunane i 2012.

Dette for at forvaltninga skulle å få betre kontroll og oversikt, og lette rapporteringa på bruken av SMIL-midlar. Tilbakemeldingane frå kommunane på bruken av dette administrasjonsverktøyet har jamt over, vore gode.

SMIL til planleggingstiltak (7,5 % av totale løyvingar)

Løyvde midlar går i hovudsak til overordna planlegging og tilrettelegging for

- **friluftsliv** som td. parkering, samanhengende turstiar, skilting.
Døme: satsinga kring Ritlandskrateret i Hjelmeland kommune
- **skjøtselsplanar** i større område med verdifullt biologisk mangfald.
Døme: satsinga på kystlynghei i Karmøy kommune
- **reinseparkar fortrinnsvis i nedslagsfelt til RMP**
Døme: satsinga på reinseparkar i Vindafjord kommune

Arbeidet med klimatilakt innanfor landbrukssektoren

Prosjektet "Drenerings- og jordfysisk tilstand; innverknad på arealproduktivitet"

Fylkesmannen i Rogaland inngjekk eit samarbeid med Bioforsk Vest Fureneset om gjennomføring av prosjektet "Drenerings- og jordfysisk tilstand; innverknad på arealproduktivitet". Dette prosjektet fekk løyvd støtte over Nasjonalt utviklingsprogram for klimatilakt i jordbruket den 13.06.2012. Fylkesmannen sine landbruksavdelingar i kystfylkene frå Agder til Møre og Romsdal som er nedslagsfeltet for prosjektet, har støtta dette arbeidet. Vi har saman med med Bioforsk Vest Fureneset koordinert arbeidet med å planleggje, samle og publisere en serie artikler om praktisk drenering i fagbladet Bondevennen hausten 2012. Fagfolk i forvaltning, landbruksrådgivinga og Bioforsk har alle bidratt med artiklar etter oppsett plan. Artiklane skal samlast i eit faghefte om praktisk drenering som skal distribueras til bønder i heile prosjektets nedslagsfelt våren 2013. Den delen av dreneringsprosjektet som omhandler faghefte, presentasjonsmateriel og møteverksemd vil bli avslutta i løpet av våren 2013.

Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2012 etter søknadsomgang 2011 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Kulturlandskap	Avrenning til vassdrag	Kulturmiljøer og kulturminner	Tilgjengelighet - friluftsliv	Biologisk mangfold	Plantevernmiddel	Avfall	Andre miljøtiltak
FMRO	9886465	4198295	2123800	4016832	4490730			
Sum	9886465	4198295	2123800	4016832	4490730	0		

22.4 Økologisk landbruk

Økologisk landbruk i Rogaland

Status

Utfordringane er framleis mange for utvikling av økologisk landbruk i Rogaland. Tal frå Debio (2011) viser at 7 959 daa er godkjent økologisk eller under karens (8 973 daa i 2010). Det er ein reduksjon av økologisk areal på ca 11 % sidan 2010. 57 verksemder hadde økologisk primærproduksjon i 2011 (66 i 2010) og 59 verksemder er godkjende for foredling/import og omsetnad (61 i 2010). Økologisk og karensareal samla ligg som før på 0,8 % av jordbruksarealet i Rogaland, medan Noreg totalt nå har nådd 5 % økologisk. For meir detaljar viser vi til statistikkhefte frå Debio.

Situasjonen i marknaden har hatt ei positiv utvikling. Omsetnad av økologiske produkt har auka i 2012. Spesielt egg, barnemat og meieriprodukt har ein markant vekst. Trass auke i forbruket, blir berre om lag 50 % av den økologiske mjølka selt som økologisk. Situasjonen i foredlingsleddet er uforandra i Rogaland: Tine inngår ikkje nye avtalar om levering. Nortura tek i mot berre ca 40 % av bondens kjøtproduksjon som økologisk. Nortura vil ikkje satse på økologisk eggproduksjon i Rogaland, det finns heller ingen lokal grossist som omset økologisk egg. Fatland AS tek i mot økologisk kjøt, men er ikkje aktiv i marknadsføringa av produkta i Rogaland. Prima Jæren har ikkje økologisk godkjent slakteri.

Kjedebutikkar

Salsleddet satsa på økologisk i 2012: Coop valde å køyre lik pris på økologisk og konvensjonell frukt og grønt i alle kjedebutikkar. I Coop Extra og Mega butikkar gjekk salet opp om 55 %. Kiwi kutta eit beløp tilsvarande momsens på frukt og grønt i fjor haust. Etter berre 3 veker har salet gått opp 56 %.

Coop vest etterlyser fleire økologiske frukt- og grønt produsentar frå Rogaland. For første gong blei heile den økologiske cherrytomatproduksjonen i Rogaland selt som økologisk (i 2012 ca 50 %). Den svært positive utviklinga førte til at produsenten kjem til å auke volumet på økologiske cherrytomat og startar i tillegg opp med økologiske runde tomatar i 2013.

Serveringssteder

Talet på serveringsstader som bruker nokre økologiske råvarer har aukt i seinare tid i Rogaland, sjølv om dette ikkje kjem fram av Debio sin statistikk. Ekstrakostnader i form av årsavgift samt meirarbeid i bokføringa gjer at det finns ein del føretak som vel bevisst å ikkje melde seg inn i kontrollordninga. Bruk av ø-merket og aktiv marknadsføring av økologisk i menyen blir nedprioritert. Dermed blir økologisk mat ikkje spesielt synleggjort for forbrukarane.

Prosjektsatsing

Det treårige prosjektet "Marknadsretta aktivitetar for økologiske veksthusgrønsaker" blir sett på som avslutta, og det blir no arbeidd med sluttrapporten. Frå styringsgruppa var vedtekne aktivitetar for 2012 å lage ny emballasje og ein marknadsføringspakke med plakat og display for å skilje økologiske tomatar betre ut frå mengda av tomatar, og for å gjere det lettare for butikktilsette å fremje dei økologiske tomatane. Merking av økologiske produkt og layouten for etiketter for økologiske produkt er sentralt styrt i Coop. Trass samarbeid med marknadsavdelinga i Coop sentralt frå starten av arbeidet, fekk utkastet ikkje gjennomslag i Coop. Uttesting av ulike emballasjetypar fekk ikkje gjennomslag i butikkanane lokalt. Arbeidet med profileringsmaterieil og emballasje blei dermed ikkje følgt opp vidare. Grunna informasjons- og demonstrasjonspolitikkk mot butikktilsette og kundar ved prosjektet i over 2 år, og Coop sin kampanje for økologisk frukt og grønt, blei heile den økologiske tomatproduksjonen likevel selt som økologisk. Det er samstundes vår erfaring at prosjektsatsinga har medverka til den positive utviklinga.

Aktivitetar

Det ble arrangert fagsamling for økologisk landbruk retta mot bønder, rådgiving og tilsette i landbruksforvaltning med 42 deltakare; konferanse om økologisk mat for tredje gang i rekke i Måltidets Hus med rund 60 deltakarar; open økologisk gard med rund 250 besøkande; dagstur for bønder til økologiske gardar i Nord-fylket med 23 deltakarar og studietur økologisk mat frå jord til bord til Tyskland med 16 deltakarar, samt fleire fagdagar om økologisk grønsaksproduksjon, kompost og jordforbetring.

Viktige samarbeidspartnarar for arrangement var Øko-økning på Nord-Jæren (vidareføring av Økoløft), Norsk Landbruksrådgiving og Oikos Rogaland.

Handlingsplan for økologisk landbruk

Fylkesmannen forvaltar Handlingsplan for økologisk landbruk i Rogaland. Midlar frå Handlingsplanen (kr 425 000 i 2012) er løyvd etter søknad. Ca 1/3 blei løyvd til tiltak retta mot forbrukar, 1/3 mot produsentar og 1/3 til prosjekt som var retta mot begge. Det blei søkt om totalt kr 720.000 i støtte. Med inndratte midlar frå tidligare prosjekt som ikkje blei gjennomført, løyvde Fylkesmannen i Rogaland kr 518 000 i støtte til 15 prosjekt. For løyvinga i 2013 vil vi ta høgde for resultatane i "Vista Analysen" av 19. nov 2012, der det blant anna blir konkludert med at "...behovene er nå størst på markedssiden, der tiltak bør rettes inn mot forbruker." I annonseringa om Handlingsplanmidlar for 2013 blei det opplyst om at prosjekt retta mot forbrukarar og marknaden vil bli prioriterte. For meir informasjon viser vi til eigen rapport om bruk av Handlingsplanmidlar.

Rekruttering

Rekrutteringa av bønder som ønskjer å leggje om til økologisk drift er ei stor utfordring. Det er ikkje ansvarleg å råde til omlegging til økologisk mjølk- eller kjøttproduksjon så lenge foredlingsleddet ikkje inngår nye avtalar. Produksjon på økologisk areal krev ein ekstra stor arbeidsinnsats i form av mekanisk ugraskamp, men dette blir ikkje gjenspegla i tilskottsatsane på innmarksbeite og anna areal (kr 25.- / dekar i 2012). Dette får store konsekvensar i eit fylket som Rogaland med mykje grovfôrbasert husdyrproduksjon. Det og haldningar til økologisk landbruk og få bønder med erfaring frå økologiske driftsmetodar, er dei største flaskehalsane for auka omlegging til økologisk i Rogaland.

I samsvar med innspel frå ressursgruppa for Handlingsplan for økologisk landbruk, skal det blant anna sjåast på korleis Fylkesmannen kan styrkje det økologiske miljøet for bær, frukt og grønnsaksproduksjon.

22.5 Tre og miljø

Hovudutfordringar

For *tresatsinga* er det ei utfordring at storparten av virke går ut av fylket for vidareforedling. Det reduserer interessa både for skogbruk og lokalt trevirke til byggjeri. Dessutan står betongnæringa svært sterkt i Rogaland, og storparten av byggeaktiviteten er urban.

Bioenergi har stor konkurranse i energifylket Rogaland – med lett tilgang til olje, fossil gass og billeg konsesjonskraft. Ei svak skognæring slit med å få praktisk gjennomslag for bruk av bioenergi trass i ambisiøse mål i regionale planar.

Felles for desse satsingane er manglande kompetanse både i næringa, tiltaks- og forvaltningsapparatet og blant brukarane.

Aktivitatar og utfordringar på dette feltet er nær knytt til rapportering under andre kapittel (21.2, 22.3). Arbeidet med å sikre tilplanting med kvalitetsskog etter hogst er såleis også eit godt klimatiltak. Gjennom møte, kurs og uttalar til kommunale energi- og klimaplanar prøver også Fylkesmannen å leggje til rette for at kommunane i større grad skal vere med å sikre eit meir stabilt klima.

Tresatsing

I Rogaland blir berre ein svært liten del av skogsvirket foredla innan fylket. Ein stadig større del av rundtømmeret blir eksportert. Det gjer at vi mister størstedelen av verdiskapinga som dette skogsvirket kunne gi. Og vi mister også delar av klimagevinsten ved bruk av kortreist trelast.

Fylkesmannen arbeider for auka tresatsing først og fremst gjennom prosjektretta arbeid. Norsk bygdesagforening avd. Rogaland har i 2012 etablert firmaet Rogaland Massivtre AS for produksjon av massivtreelement – i første omgang til fjøsbygging. Dei første fjøsa er reiste og har vekt stor interesse.

Gjennom prosjektet Verdiskaping og CO₂-binding er det starta opp arbeid med ein strategi for større lokal foredling av lokalt tømmer. Det er lagt opp til medverknad frå heile verdikjeda, slik at strategien blir best mogleg forankra i næringa. Både arkitektkontor og enkelte byggmeisterar har forventningar om å kunne kjøpe lokalprodusert trelast, gjerne med spesialdimensjonar. Arbeidet stoppa dessverre opp i juli pga. manglande bemanning.

Det blei i 2012 jobba aktivt saman med Innovasjon Norge for å få på plass ein såkalla tredrivar i Rogaland, og frå 1.9.2012 har vi hatt ein tredrivar i ca. 35 % stilling. Tredrivaren jobbar i nært samarbeid med Rogaland Treforum. Ei hovudoppgåve vil vere motiverings- og nettverksarbeid i store delar av verdikjeda. Men det vil også vera aktuelt med konkret oppfølging av enkelte byggeprosjekt.

Bioenergi

Bioenergi i form av flis har framleis stor konkurranse i Rogaland. Dette gjeld kanskje spesielt stor konkurranse frå andre energikjelder som olje, fossil gass og elektrisitet. Lite kompetanse og små ressursar til motivering og anna informasjonsarbeid er også ei medverkande årsak.

Fylkesmannen har medverka til at prosjektet Fornybar energi frå skogen i Rogaland blei etablert med Vestskog SA som prosjekteigar. Prosjektet driv informasjonsarbeid og deltar i første fase i utviklinga av konkrete anlegg. Prosjektet blei avslutta ved årsskiftet 2012/13, men resultatane er svært lovande. Fylkeskommunen, fleire kommunar og andre aktørar er no i gang med planlegging og prosjektering av bioenergianlegg basert på flis. Vea sjukeheim på Karmøy er no flisfyrt, og tre skolar står for tur i 2013.

Det har også vore i gang eit prosjektarbeid knyta til bruk av flis til oppvarming av veksthus. Grunna generell stram økonomi for veksthusnæringa i 2011/12, har dette arbeidet gått noko tregare enn forventa. Vi meiner Bioenergiforum sørvest til no ikkje har blitt den koordinerande organisasjonen som var forventa. Hovudårsaka til dette er manglande finansiering.

Gjennom prosjektet Verdiskaping og CO₂-binding blei det i 2011 utarbeidd Strategi med handlingsplan for skogbasert bioenergi i Rogaland. Denne strategien er no godt forankra blant alle dei viktigaste aktørane i fylket. Regional- og kulturutvalet i Rogaland fylkeskommune har også behandla strategien politisk.

Konklusjonar

Fylkesmannen medverkar framleis til ei viss koordinering av arbeidet for auka bruk av tre og bioenergi, men kompetanse- og ressurstilgang set klare grenser. Spesielt innan bioenergi er det behov for ei betre samordning og tilrettelegging mellom ulike aktørar. Vi meiner framleis Bioenergiforum sørvest bør kunna ha ei slik rolle, men då må finansiering på plass. Prosjekt Tredrivar for Rogaland er eit prov på at der det brukast litt offentlege ressursar, der blir det også utløyst ressursar i næringa.

Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Kompetanse og gjennomføringskapasitet i den lokale landbruksforvaltinga i Rogaland er under press. Fagleg kompetanse og kapasitet i kommunane er avgjerande for gjennomføring av viktige delar av den nasjonale eigedoms- og busettingspolitikken. Fylkesmannen ser at manglande kapasitet og kompetanse kan medføre dårligare praktisering av måla og intensjonane i for eksempel jord- og konsesjonslova. Vidare kan det føre til manglande oppfølging av vilkår og plikter etter jordlova og konsesjonslova.

I 2012 har vi hatt 20 klagesaker. I tillegg fatta vi 8 vedtak om omgjerung av kommunale vedtak som gjeld konsesjon, frådelling eller omdisponering etter jordlova. 2 av desse vedtaka gjeld omdisponering av jordbruksareal til skogproduksjon (juletre). Vidare gjeld 2 av sakene utleige av fallrettar i meir enn 10 år, og 1 gjeld frådelling av parsellar til bustad. Resten av omgjeringsvedtaka gjeld arealbruksaker.

Fylkesmannen er første instans i saker som gjeld spørsmål om ein eigedom med fleire registernummer må regnast som ein driftseining etter jordlova, og i saker der kommunen har ei slik tilknytning til saka som beskrive i forskrift gitt av Landbruksdepartementet 08.12.2003. Vi har behandla 6 saker som gjeld spørsmålet om driftseining. Vidare har vi behandla 9 saker der kommunen har hatt ei tilknytning til saka, der 5 saker gjeld frådelling etter jordlova og 4 gjeld konsesjonssaker.

Vi vil, som i 2011, peike på det aukande problemet med forsøk på omgåing av prisreguleringa i konsesjonssaker. Kjøpar tek ikkje atterhald i kjøpekontrakten om konsesjon, og tek såleis konsesjonsrisikoen. Det kan vere fleire årsaker til at dette skjer. Vi kjenner til at seljar, spesielt bustyrar for dødsbu, legg press på kjøpar om å ta konsesjonsrisikoen. Det fører til at kjøpar sel eigedomen vidare til ein personsom dei har tette relasjonar til, som

for eksempel sambuar/ektefelle/born, til ein lågare og akseptabel pris. I den saka som Fylkesmannen skreiv om i fjorårets rapport, som gjeld sal mellom sambuarar, er staten saksøkt. Saka skal opp i Stavanger tingrett i februar 2013. Vi har vidare ei sak som gjeld sal mellom far og son som Sivilombudsmannen no har til behandling. Fylkesmannen ser fram til ei avklaring av desse krevjande sakene, der vi ser at priskontrollen i konsesjonslova blir sterkt utfordra.

Ettersom Rogaland ikkje har hatt jordfondseigedom på fleire år, så har vi ikkje noko å rapportere om jordfondseigedom

Resultatområde 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

Dekningsgrad for landbruksvikarordninga

Landbruksvikarordninga blei overført frå kommunane til avløysarlaga i 2008. Ordninga omfattar alle kommunane i Rogaland. I 2012 blei det utbetalt kr 5.984.170 i tilskot.

Erstatning for klimabetinga avlingssvikt

Etter ein svært regnfull vekstsesong i 2011, fekk mange bønder reduserte avlingar. Fylkesmannen i Rogaland mottok 165 søknader om erstatning for klimabetinga avlingssvikt som blei behandla i 2012. Samla utbetaling utgjorde om lag kr 7,5 mill. Det var fleire søknader som kom ut med null erstatning, og dette skuldast i hovedsak eigendelen på 30 %. I Rogaland må vi heilt tilbake til 1992 for å finna eit år med tilsvarande omfang av klimabetinga avlingssvikt.

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2012 - antall

Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
2	7	1	0	0	0

Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
32	0	3	3	0	3	23	0	4

Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2012

1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 0,0

Antall personer: 0

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning (forvaltningskontroller)

Kommune:	Bjerkreim kommune
Orninger/omfang:	Kommunane: Bjerkreim (2012/900), Rennesøy (12/957), Hå (12/8116), Hjelmeland (12/8119), Sola (12/8120) Kontroll av kommunen sine prosedyrar ved gjennomføring av stikkprøvekontroll av søknader om produksjonstilskot Kommunen skal føreta eit risikobasert utplukk av søknadane basert på ordningar, vilkår eller føretak. Dette er ein systematisk gjennomgang

	der risiko må sjåast i høve til kor sannsynleg det er at hendingar kan skje , og moglege konsekvensar av desse.
Registrerte avvik:	Kontrollane synte stort sprik mellom kommunane. Kontrolløren sine erfaringar betydde mykje i høve til om utplukk var tilfeldig eller risikobasert Ingen av kommunane kunne dokumentera at det var utarbeidd eit system for risikobasert utplukk
Oppfølging av avvik:	Forvaltningskontrollane er første steg for å få kommunane til å plukka ut søknadar til kontroll basert på ei risikovurdering. Tidlegare har det vore tilfeldige utplukk. For søknadsomgang januar 2013 vil Fylkesmannen krevje at alle kommunane utarbeidar eit system for risikobasert utplukk. For at Fylkesmannen skal vere i stand til å kontrollera dette er minstekravet at kommunen utarbeider eit notat kor desse vurderingane kjem fram.

Kommune:	Lund kommune
Orninger/omfang:	Tursti – regionalt miljøprogram 2011 (ref: 2012/5831) Forvaltningskontroll og føretakskontroll for å sjekke at vilkår for tilskot er stetta. Vi ba om å få tilsendt offentleg kjent turkart frå kommunen. Det blei gjennomført kontroll hjå 4 føretak
Registrerte avvik:	Turstiane som det er gitt tilskot til er med eit unntak ikkje avmerka på offentleg kjent kart. Dette er kommunen sitt ansvar. I tillegg må kommunen kvalitetssikre at tursti er oppført i rett kode, 771 eller 772 Varierende kvalitet på merking og skilting av turstiane i terrenget, og om dei er innteikna på miljøplan trinn 1.
Oppfølging av avvik:	Brev til kommunen om at turstiane må vere avmerka på offentlig kart. Så er ikkje gjort. Ordninga fungerer ikkje optimalt. Det blir anbefalt å evaluere ordninga nærare.

3. Gjennomførte føretakskontroller. Føretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

Føretak:	Kontroll hjå 4 føretak
Orninger/omfang:	Ugjødsla randsoner – regionalt miljøprogram 2011 og 2012 (ref: 2012/6204) Rapport frå kontroll er utarbeidd
Hjemmel for kontroll:	Kontroll av om det var mogleg å skilja den ugjødsla randsona frå tilgrensande areal. Grunnlaget var ugjødsla randsoner med gras på fulldyrka areal som blei kontrollert. For at det skulle vere mogleg å sjå forskjell på gjødsla og ugjødsla areal blei synfaringa lagt til tidspunkt for innhaustinga av andre slått av grasavlinga. I tillegg blei det sjekka om omsøkt område var teikna inn på samt omtalt i føretaket sin miljøplan Gjennomføring med kontroll hjå 4 føretak
Registrerte avvik:	Hovedføremålet med kontrollen var å sjå om ordninga var kontrollerbar. Det var tydeleg skilje mellom den ugjødsla randsona og det

	øvrige gjødsla arealet. 1 avvik der miljøplan ikkje var god nok
Oppfølging av avvik:	Gjort det klart for eit av føretaka at kart og omtale i miljøplan må vere på plass til neste søknadsomgang

4. Andre kommentarer/ innspill:

Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

Beskriv kva for tiltak som er gjennomført for å styrkje kommunanes kompetanse og kvalitet på landbruks- og matområdet og ev. utfordringar på området

Landbruksavdelinga har arrangert eller vore medarrangør til desse kompetansehevingstiltaka innan landbruks- og matområdet:

- I samband med søknadsomgangane for produksjonstilskot er det arrangert fagsamlingar i tilskotsforvaltning for kommunane. Det blei arrangert ei samling i 1. februar med tema avløysarordningane, tidleppensjon, driftsfelleskap, og forvaltningskontroll, og ei samling 14. august med tema gardskart og manuelle utbetalingar
- 20.-21. januar blei det arrangert fag- og inspirasjonssamling for økologisk landbruk
- 16. februar blei det arrangert eit seminar med tema "Tome driftsbygningar - trussel eller ressurs?"
- 13.-14. mars blei Landbrukskonferansen 2012 arrangert med landbrukspolitisk konferanse og fagsamling for landbruksforvaltninga
- Det er arrangert to kurs i ajourføring av AR5, Tinn 1-kurs 30. mai og Trinn 3-kurs 31. mai
- Det er arrangert to fagsamlingar for skogbruksforvaltninga i kommunane
- 4. september blei det arrangert kurs i "Registrering av spreieareal"
- Det er arrangert to dialogmøte for landbruksforvaltninga i kommunane, eit 15. mai og eit 24. oktober
- 29. november var det info-møte for nytilsette i kommunal landbruksforvaltning

Vi ser at talet på tilsette i landbruksforvaltninga går ned i kommunane når ein ser over tid, og det kan vere vanskeleg for mange å ta seg tid til å delta på ulike kurs- og samlingar som vi arrangerar. Dårleg økonomi i ein skilde kommunar gjer også at tilsette må ta ansvar for mange svært ulike oppgåver. Dei får heller ikkje alltid delta på dei kursa og samlingane dei gjerne vil delta på. På sikt kan det føre til at landbrukskompetansen i kommunane blir svekka, noko vi særleg merkar på skogområdet. Vi ser klare eksempel på at verken kapasitet og kompetanse er tilstrekkeleg til oppgåveløysinga på landbruksområdet i fleire kommunar.

Omfanget av den landbrukspolitiske dialogen med kommunane og det landbrukspolitiske engasjementet i kommunane

Den landbrukspolitisk dialogen med kommunane har ulike former. Mykje av dialogen skjer via ulike kurs som møte som Fylkesmannen inviterer til. Kvart år inviterer Fylkesmannens landbruksavdeling til Landbrukspolitisk konferanse der både administrasjonen i kommunane og lokale politikarar blir inviterte. I 2012 var det omlag 130 deltakarar på denne konferansen. I løpet av 2012 har leiinga vore med på møte i politiske utval i fleire kommunane etter invitasjon. På desse møte har vi orientert om økonomiske og juridiske verkemiddel for gjennomføring av vedtatt landbrukspolitikk, og så hatt ein dialog om aktuelt regelverk som gjeld for landbrukssaker der kommunane har avgjerdsrett.

Samarbeidet og resultater i arbeidet med styrking av førstelinetenesten på landbruksområdet i kommunane

Dei tilsette i Fylkesmannens landbruksavdeling har tett og god dialog med dei tilsette i kommunal landbruksforvaltning på sine respektive fagområde. Kommunane får stort sett den faglege oppfølginga dei ber om. Når det gjeld nytilsette i kommunane, så ser vi at dei ofte manglar basiskunnskap innan fagområda dei skal jobbe med. Vi bruker mykje tid på å lære opp kommunalt tilsette, særleg dei som er tilsette i små kommunar der det berre er ein person som arbeider med landbrukssakene.

Tal årsverk i landbruksforvaltninga i kommunane pr. 1.1.2012

Totalt har kommunane i Rogaland 52,9 årsverk til landbruksforvaltning i 2012 mot 52 årsverk i 2011.

Samarbeidet med KS regionalt

Kvart år har vi eit møte med KS regionalt der vi diskuterer moglege felles satsingar og kursing av kommunane. Elles er KS medarrangør av Landbrukskonferansen, ein 2-dagars konferanse som Fylkesmannens landbruksavdeling arrangerer kvart år. Fylkeskommunen er også medarrangør. Målgruppa er mellom anna tilsette i kommunal landbruksforvaltning og politikarar både på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.

Beskriv konkret bruk av midlar over kap. 1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket til kommuneretta arbeid

Rogaland hadde kr 85.000,- til disposisjon i 2012, slik ble midla brukt:

- Kr 2 000 - deltakaravgift Nasjonal vannmiljøkonferanse
- Kr 675 - møte om RMP
- Kr 2 940 - dialogmøte med kommunal landbruksforvaltning i november
- Kr 780 - møte med nytilsette i kommunal landbruksforvaltning
- Kr 18 468 - seminar om bruk av ledige driftsbygningar
- Kr 26 786 - Landbrukskonferansen 2012
- Kr 4 630 - fagsamling skog
- Kr 6 459 - dialogmøte med kommunane
- Kr 1 760 - kurs AR5 - innføring
- Kr 759 - kurs AR5 - ajourhold
- Kr 960 - planleggingsmøte kompetanseplan for kommunane
- Kr 18 620 - dialogmøte med kommunane
- Kr 163 - fagsamling skog i november

Resultatområde 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging

Nye store oljefunn i Nordsjøen og vedvarande høgkonjunktur i næringslivet forsterkar presset på ressursgrunlaget for Matfylket Rogaland. Det er vanskeleg å sjå at det nasjonale målet om å auke matproduksjonen i takt med folketalsauken let seg kombinera med lokalpolitiske ønskje om nærast uavgrensa vekst - særleg på Jæren.

Meir detaljert rapportering i underkapitla

26.1 Jordvern og kulturlandskap

Sentrale utviklingstrekk for jordvernet og utfordringar i verkemiddel og tiltak

Kampen om areala er stor i Rogaland, og det er eit stadig press på omdisponering av LNF-areal, både gjennom overordna planar og ved einskildsaker etter plan- og bygningslova. Avgangen/omdisponeringa av dyrka mark vert oppgitt i eit eige punkt under.

I Rogaland har vi lang erfaring med bruk av fylkesdelplanar for byutvikling, areal- og transport. Erfaringane til no har vist at effekten av vedtekne fylkesdelplanar, som gir klare forpliktingar for arealbruken, er avhengig av at Fylkesmannen tar ei aktiv rolle i å sikre gjennomføring av planane.

”Ein plan blir ikkje betre enn slik den blir brukt”. Vedtekne planar gir få resultat, det er den faktiske bruken av planen som er avgjerande.

Kompetanse og gjennomføringskapasitet i forvaltninga

Kommune

Fagleg kompetanse og kapasitet i kommunane, og kommunal vilje til faktisk å prioritera jordvern og landbruksomsyn i dei beste jordbruksområda, er som før avgjerande for gjennomføring av den nasjonale jordvernpolitikken. Den lokale landbruksforvaltninga i Rogaland er under press når det gjeld kapasitet og kompetanse, med auka bruk av mindre og delte stilingar mellom ulike fagområde og kommunar. Fokus på den kommunale forvaltninga er difor framleis viktig. Gjennomføringskapasitet i kommunane er ein avgjerande suksessfaktor for å kunne nå dei ambisiøse nasjonale måla for areal- og ressursforvaltninga i landbruksområda. Redusert kvalitet og kapasitet på planarbeid og landbruksinteresser, gir eit auka press på kapasiteten hjå f.eks, Fylkesmannen. Låg kvalitet på kommunalt nivå er og ein risiko i høve rettstryggleik, og næringsinteressene for landbruket risikerer å ikkje bli ivaretatt lokalt.

Fylkesmannen

Gjennomføring av viktig og ambisiøs nasjonal jordvernpolitikk krev gjennomføringskapasitet hjå regional stat – dvs Fylkesmannen. Kommunar og andre statlege sektorstyremakter definerer ikkje i same grad eige ansvar for jordvernpolitikken. Fylkesmannen konstaterer at fylkeskommunen ikkje er tydeleg i oppfølging av eigne planar som omfatter landbruksrelaterte interesser.

I ein særleg pressa arbeidsmarknad med ”umetteleg” behov og kamp om kompetanse, har Fylkesmannen i Rogaland generelt ei stor utfordring med å rekruttera og behalde medarbeidarar med nødvendig kompetanse - og då spesielt dei med erfaring. Dette er særleg framtrekande på fagområda for samfunns- og arealplanlegging. Fylkesmannen tilbyr svært interessante og utviklande arbeidsoppgåver. Tildelte budsjettammer er ei utfordring i kampen mot å unngå ei negativ utvikling av kapasitet og fagleg nivå på dette feltet.

Kvalitet på utgreiing av landbrukskonsekvensar i plansaker

Nye krav og nytt system i plan- og bygningslova har vi no hausta meir erfaring med.

Planprogram og konsekvensutgreiing i plan- og bygningslova skal sikre ei betre vurdering og dokumentasjon, av landbruksinteresser i samfunnsplanlegginga. Erfaringane er framleis at dette i varierende grad blir følgt opp, og det er framleis ein vesentleg veg å gå når det gjeld kvalitet og innhald på landbruksvurderingar i KU og andre viktige plandokument. Den nye temarettleiarar ”Landbruk og planlegging etter plan- og bygningsloven”, frå Statens landbruksforvaltning, er eit nyttig bidrag til forbetring.

Konkrete planer – samferdsleprosjekt – samordning regional stat

Utanom byveksten som truar mange gode jordbruksområde, er store samferdselsprosjekt ei av dei største utfordringane for jordvernet og landbruket sitt ressursgrunnlag i Rogaland. Det er planlagt fleire større prosjekt i ”Kjerneområde landbruk”, som er i konflikt med nasjonale jordverninteresser og viktige kulturlandskapsverdiar:

- Utviding og omlegging av ny 4 felts veg for E 39 sørover frå Sandnes til Ålgård
- Ny tverrforbindelse mellom Jæren og Ålgård/E 39
- Ny fv 505 nord-sør, Foss-Eikeland til Kverneland, aust for Bybåndet sør
- Transportkorridor vest gjennom Sola, Stavanger og Randaberg kommune
- Utviding av E39 frå 2 til 4 felt gjennom Randaberg og Stavanger nord
- Omkøyringsveg rundt Åkra i Karmøy kommune
- Omlegging av E 39 ved Vikeså i Bjerkreim
- Sykkelstamveg Stavanger – Forus - Sandnes
- Fastlandssambandet Fogn-Halsnøy-Børøy

Fylkesmannen deltek i ulike prosjektgrupper og undervegs i planlegginga av nye samferdselstiltak, så langt kapasiteten vår tillet. Det er også stor grad av deltaking i dialogmøte og liknande undervegs i reguleringsplansaker, av større eller mindre art knytt til samferdselstiltak. Den nasjonale areal- og landbrukspolitikken blir formidla ved oppstart av kvar ny plan. Likevel opplever Fylkesmannen ofte å vere åleine om tilstrekkeleg vektlegging av dette undervegs. Både kommunane og Statens Vegvesen syner i mindre grad å ta innover seg den nasjonale arealpolitikken, trass i auka merksemd om temaet til dømes i NTP 2010-2019 kapittel 12.1.5, ”Mål om kulturminner, kulturmiljø og landbrukets arealressurser”. Også ved MD si godkjenning av Fylkesdelplan for samferdsel i Rogaland 2008-2019 uttalte departementet at dei ”savner en bredere omtale av mulige arealkonflikter knyttet til samferdselstiltak og mener derfor at hensynet til dyrka mark, kulturlandskapet og biologisk mangfald burde være mer synliggjort.”

Lite kompromissvillig bruk av Statens Vegvesen sin vegnormer, utan grundige nok interesse avvegingar når ein til dømes er i jordbruksområde av nasjonal verdi, er framleis ei stor utfordring i Rogaland.

Vi opplever samstundes meir konstruktiv dialog og betre samordning mellom Fylkesmannen og Statens Vegvesen i seinare år, både på saksbehandlar- og leiarnivå. Det er m.a. kvart halvår ”dialogmøte” mellom planleiinga hjå Fylkesmannen, Statens Vegvesen og fylkeskommunen om tidsaktuelle samferdselsaker/-tema og samordning av desse.

Spreidde tiltak i LNF-område – dispensasjon frå plan

I tillegg til omdisponering og press på landbruksareala gjennom overordna planar, er det eit vesentleg omfang av dispensasjonar og spreidde tiltak i LNF-område og kjerneområde landbruk i Rogaland.

2012 syner ei lita auke i dispensasjonar etter plan- og bygningslova innanfor LNF-områda, samanlikna med 2011 (Tal for dispensasjonar i strandsona og verna område kjem i tillegg). I tala for dispensasjonar ligg også tiltak som til dømes ut frå bruksrasjonaliseringsomsyn og næringsutvikling innafør ramma av Landbruk Pluss, er tiltak som det kan vere vektige grunnar for å opne for. Fylkesmannen ga i 2012 uttale til 210 dispensasjonssaker, mot 193 uttalar i 2011.

29 av kommunen sine ja-vedtak blei påklaga av Fylkesmannen, mot 37 i 2011. Nokre av desse klagane blir teke til følgje av kommunane, men hovuddelen endar hjå settefylkesmannen til endeleg avgjerd. Det har vore ei auke i tal saker der settefylkesmannen i klagebehandlinga opphevar kommunen sitt vedtak. Ei hovudårsak til dette er mangelfull eller feil saksbehandling i kommunen.

Dispensasjonar i LNF-område etter § 19-2 i plan- og bygningslova (utanom strandsona og verneområde) og tal saker der kommunen sitt vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 1-9 i PBL:

- **2012:** 210 saker – 29 påklaga
- **2011:** 193 saker – 37 påklaga
- **2010:** 169 saker – 15 påklaga
- **2010:** 169 saker – 15 påklaga
- **2009:** 173 saker – 21 påklaga (etter § 15 i gamal PBL eller etter ny planlov § 1-9)
- **2008:** 178 saker – 42 påklaga (etter § 15 i gamal PBL)
- **2007:** 237 saker – 39 påklaga (etter § 15 i gamal PBL)

Over tid og i sum representerer desse dispensasjonssøknadene eit inngrep i jordbrukslandskapet, der konfliktane med landbruksnæringa gradvis kjem til syne, på ein måte der landbruksinteressene ofte vil måtte vike. Det utgjer også ein konstant trussel og utfordring knytt til måla om sikring av kjerneområde landbruk, og høve til å drive ein kostnadseffektiv produksjon i desse områda. I tillegg gir det negative konsekvensar som t.d. fragmentering av kulturlandskapet og konfliktar mellom landbruks- og busetjingsomsyn. Utstrekt spreidd bustadbygging gir dessutan utrygg ferdsle langs vegar for barn og unge til skule- og fritidsaktivitetar.

Aktivitet og utfordringar i dialog med kommunane om å nå nasjonale mål om å ivareta jord- og kulturlandskapsressursar

Rogaland har gode planverktøy, god dialog mellom regional stat og primærkommune og erfaring med å løyse saker lokalt, sjølv om konfliktnivået knytt til jordvern er vedvarande høgt. Konfliktnivået vil ikkje bli lågare framover. Lite nyanserte diskusjonar om rekordhøge bustadprisar, og lite kunnskapsbaserte påstandar om manglande arealtilgang, har i 2012 forsterka dette. Handtering av dispensasjonssaker i LNF-område er arbeidskrevjande for Fylkesmannen. Forståing for nasjonal mat-, jordvern- og arealpolitikk står ikkje høgt nok på lokalpolitikarane si prioritetsliste.

Gjennom arbeidet med kommuneplanane er det ofte sakene knytt til interessekonflikt mellom jordvern og omdisponering til andre føremål (bustadbygging, næring, samferdsle, etc), som fører til mest støy og stor merksemd i media.

Avgang dyrka og dyrkbar jord i Rogaland

6648 dekar dyrka jord vart omdisponert i Noreg i 2011. Rogaland si omdisponering på 957 dekar dyrka

jord utgjer 14 % av den totale omdisponeringa i landet det året. Det er ein litt mindre del av landstotalen enn i 2010. Rogaland sin del av det totale jordbruksarealet i Noreg utgjer om lag 10 % eller 1 million dekar. Skal Rogaland følgje opp det nasjonale jordvernmålet, bør ikkje den årlege omdisponeringa vere meir enn maksimalt 500-600 dekar dyrka jord.

Snittet dei siste 7 åra i Rogaland har vore omdisponering av 1315 dekar dyrka jord – det doble av” jordvernmålet” for Rogaland. Om lag 2/3 av den totale årlige nedbygging av matjord i Rogaland skjer på Jæren. I tillegg til dette kjem vesentlege areal med dyrkbare jord som blir omdisponert.

Tiltak i områda som inngår blant utvalde kulturlandskap i jordbruket

Rogaland sitt bidrag til Utvalde kulturlandskap i jordbruket ligg på 3 områdar på øya Rennesøy i Rennesøy kommune. Det er høg innsatsvilje til tiltak blant grunneigarane som har mykje kompetanse. Einskilde grunneigarar treng tett oppfølging frå kommunen for å oppfylle skjøtselstiltaka i avtalane. Vi opplever at grunneigarane følgjer opp avtalane om å unngå bruk av husdyrgjødsel på godkjend spreieareal på beite og dei er nøye med å unngå gjødsling av randsoner mot areal med høgt verdifullt biologisk mangfald.

Skjøtsel av areal med verdifullt biologisk mangfald og tiltak i kystlynghei som til dømes beitetrykk og lyngbrenning blei frå 2012 følgt opp av innleidde fagfolk med spesiell kompetanse innan kulturlandskap og biologisk mangfald (Ecofact).

Det skal etablerast ei arbeidsgruppa samansatt av grunneigarar, kommune og representantar frå Fylkesmannen si miljøvern- og landbruksavdeling. Arbeidsgruppa skal samordne og koordinere kva tiltak som skal prioriterast framover for å sikre ei målretta jamn framdrift i skjøtelsesarbeidet.

Opphør av gardsdrift på ein av gardene med vanskelege eigar- og forpaktarforhold, gjorde at landbrukskontoret trakk midlane for 2012 og på ubestemt tid framover. Landbrukskontoret vil ikke inngå ny skjøtelsesavtale for eigarforhold eller forpaktningforhold er avklart og det på ny er aktiv og god drift på denne garden. Det er gardenes bygningar og kulturhistoriske verdi i et flott og spesielt kulturlandskap som gjør denne garden unik.

26.2 Samfunnsplanlegging

Hovudtrekk i arealbruksutviklinga og aktivitetane for å sikre landbruket sine arealinteresser i samfunnsplanlegginga

Delar av det som er rapportert under kap. 26.1 vil vere av interesse her/delvis overlappande.

Det er stor planaktivitet og utbyggingspress i Rogaland. Dialog og oppfølging av kommunane sitt arbeid med kommuneplanar, og deltaking i regionalt planarbeid er høgt prioritert. Aktiv deltaking og tidleg tydeleg formidling av nasjonale og regionale målsettingar for jordvern, kulturlandskap og den samla areal- og ressursforvaltninga, har høg merksemd i arbeidet vårt. Omfanget av planprosessar i fylket er større enn kapasiteten for tett oppfølging frå landbruksavdelinga og embetet gir plass for. Vi kan såleis ikkje delta i regionalt planarbeid i den utstrekning kommunar og fylkeskommunen ønskjer.

Regionalplan Jæren (Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren) er under revisjon. Fylkesmannen har brukt mykje tid i oppfølging av dette svært krevjande planarbeidet i 2012. Planen har vore på høyring i 2012. Eit viktig og avgjerande arbeid med slutføring av planen skjer i 2013. Handelslokalisering, jordvern og forvaltninga av kjerneområde landbruk er svært krevjande tema i det avsluttande planarbeidet.

Det pågår også arbeid med revisjon av Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet, der Fylkesmannen er representert i både i prosjekt- og arbeidsgrupper.

Etter eit svært krevjande år i 2011 med slutføring av kommuneplan for Sandnes kommune, har arbeidet i 2012 vore prega av god dialog om eit mandat for det vidare planarbeid for langsiktig byutviklingsretning i Sandnes aust. Denne viktige nasjonale og regionale byutviklinga skal avklarast gjennom ein kommunedelplan for heile Sandnes aust, ikkje berre for ein mindre del som sist. Eit premiss for Fylkesmannen vil vere å sikre Vatneli som eit varig jordbruksområde og kjerneområde landbruk. Arbeidet skal skje parallelt med revisjon av kommuneplanen for Sandnes.

Statlege bidrag til finansiering av tidleg utbygging av eit høgverdig kollektivtilbod for Sandnes aust, primært

banebasert, er ein føresetnad for at Sandnes aust kan bli realisert.

Arbeidet med interkommunal kommunedelplan "Bybåndet sør" – Sandnes –Time – Klepp kommune, har krevd mykje ressursar og har hatt eit tydeleg konfliktnivå. Fylkesmannen har arbeidd for at det særst verdfulle jordbruksområdet Frøyland i Time kommune, ikkje blir ein del av den "nye byen" med storleik som Lillehammer (20.000 innbyggjarar og mykje arbeidsplassar). 2012 var prega av usemje knytt til denne planen, med vedvarande fokus i media og politisk.

Her følgjer ein oversikt over pågåande overordna og regionalt planarbeid der representantar frå landbruksavdelinga deltok i 2012:

- Revisjon av Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren
- Revisjon av Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet
- Interkommunal kommunedelplan "Bybåndet sør" – Sandnes –Time – Klepp kommune
- Kommuneplan Sandnes inkl arbeidet med langsiktig utviklingsretning Sandnes Øst, Vatneli m.m.
- Kommunedelplan – Tverrforbindelse Ny Rv505 Jæren – E 39. Sandnes –Time – Klepp – Gjesdal kommune
- Kommunedelplan ny E 39 i Gjesdal og Sandnes, Ålgård – Hove
- Bybane Stavanger-Sandnes-Sola

I 2012 har Fylkesmannen hatt 8 kommuneplanar på høyring. Fylkesmannen fremma motsegner knytt til jordvern og landbruksinteresser i fleire av desse.

Fylkesmannen har i 2012 og aukande grad brukt ressursar på plansaker og særlovsaker som gjeld vann og vindkraft. Både gjennom rettleiar til kommunar og involvering i konkrete saker.

Status og erfaringar med verneplanar og konsekvensutgreiingar

Det har ikkje vore planarbeid knytt til større vernesaker med landbruksinteresser i Rogaland i 2012.

Den regionale samordninga av beredskap på landbruks- og matområdet

Landbruksdirektøren møter i Fylkesberedskapsrådet. Elles er tre medarbeidarar frå landbruksavdelinga med som ressurspersonar i Fylkesmannens krisestab. Dersom det oppstår utbrot av plante- eller dyresjukdomar i eit område, blir fagpersonar hos Fylkesmannen raskt inviterte til møte i regi av Mattilsynet for oppdatering. Karttema relevant for landbruk og beredskap er tilgjengelig også i temakartportalen, og Dyrehelse er nemnt som eige kapittel i beredskapslaget sin "FylkesROS" fra 2008. I temaROSen om klimatilpassing fra 2011 er det også eit eige kapittel om landbruk. I Regionalplan for landbruk i Rogaland er det og eit eige kapittel om beredskap. Her er det mellom anna fokus på at vurdering av risiko og handtering av dyre- og plantesjukdomar må inn i kommunaplanar.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
21 Landbruksbasert næringsutvikling	kr 3 743 424,92	kr 0,00
22 Klima- og miljøpolitikk i landbruket	kr 2 140 351,58	kr 0,00
23 Eiendoms- og bosettingspolitikk	kr 1 081 704,47	kr 0,00
24 Forvaltning av inntekts- og velferdspol. tiltak	kr 1 974 048,32	kr 0,00
25 Effektiv forvaltning	kr 1 446 924,61	kr 0,00
26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging	kr 2 039 908,01	kr 0,00
27 Reindriftsforvaltning	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under LMD	kr 34 050,50	kr 0,00
Sum:	kr 12 460 412,00	kr 0,00

Kunnskapsdepartementet

Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgåver på utdanningsområde

31.1 Tilsyn

Det er gjennomført tilsyn i samsvar med aktivitetskravet når det gjeld felles nasjonalt tilsyn og tilsyn med prioriterte område (vaksne sin rett til grunnopplæring). Eigeninitierte tilsyn er gjennomført som planlagt med eitt unntak: Vi fann heller ikkje dette året rom for å følgje opp tilsynet med Sandnes kommune etter § 9-1 frå 2009. Hovudårsaka til denne omprioriteringa var at vi har gjennomført eitt hendingsbasert tilsyn våren 2012 og to særskilte hendingsbaserte tilsyn hausten 2012. Dei to på hausten har vore krevjande både med omsyn til ressursar og kompetanse. Sjå meir om desse tilsyna i 32.5. Elles har også oppfølging av nasjonalt tilsyn 2008 (§ 13-2) overfor fylkeskommunen kravd ein del tid. Dette er også nærare omtalt i 32.5.

Val av tilsynsobjekt blir gjort med utgangspunkt i systematisk områdeovervaking og risikovurdering (jf. resultatatområde 31.3 og 32.3), og etter samordning med andre avdelingar i embetet. Det er også tatt eit visst omsyn til andre statlege tilsynsmynde. Samla sett inneber dette at det ikkje alltid er råd å "få" dei kommunane vi meiner har størst risiko på vårt felt. Vi er likevel rimeleg trygge på at utval av tilsynsobjekt er forsvarleg også dette året.

Vi gjennomfører mange tilsyn med berre to personar pr lag. Vi er såleis samla sett godt nøgde med gjennomføringa vår når det gjeld effektivitet. Men det er stadig ei viss utskifting av medarbeidarar, så av omsyn til kompetansebygging er vi derfor tre personar på nokre tilsyn. Så nemner vi at vi ønskjer å møte kommunane så likt som råd og med same ordbruk både på barnehagefeltet og på grunnopplæringsfeltet. Vi har derfor valt å bruke den metoden som er utvikla i samband med felles nasjonalt tilsyn dei siste par åra (med Udir si metodehandbok i botnen) også ved tilsyn på barnehageområdet. Vi har orientert Udir om denne omlegginga i møte 05.02.13. Vi tar også med at vi i pilotering av tilsyn etter introlova på oppdrag frå BLID/IMDI, valde å bruke denne metoden.

Det var omfattande aktivitet knytt til felles nasjonalt tilsyn i 2012. Vi hadde 3 kommunar og 10 skolar i ordinært FNT. Vi hadde vidare oppfølging av to kommunar og 4 skolar frå FNT 2010. Til slutt har vi hatt 8 heildags samlingar som ein del av oppfølginga av FNT 2010-2012. På denne erfaringsspreiinga har mest alle skolefagleg ansvarlege og rektorar i fylket møtt. Dei fire største kommunane i fylket hadde samlingar enkeltvis, medan det for dei andre kommunane vart gjennomført fire geografisk spreidde samlingar der dei tilhøyrande kommunane deltok. Fylkesmannen har i etterkant av samlingane, etter invitasjon, vore tilbake på rektormøte i to av kommunane for å informere meir om lov og regelverk etter kap 9a. Det har gått med heile 85 dagsverk til erfaringsspreiinga, men vi meiner dette er vel investert tid, og vi har fått gode tilbakemeldingar.

Det er vidare gjennomført tilsyn med tre kommunar innanfor særskilt prioriterte område, kap 4A om vaksne sine rettar til grunnopplæring. På grunn av høg ressursbruk på FNT og særskilt prioriterte område, planla vi berre tre eigeninitierte tilsyn, to innanfor § 2-8 særskilt språkopplæring og eit oppfølgingstilsyn med kap 5. Det siste er ikkje avslutta og held fram inn i 2013. I tillegg er det som nemnt ovanfor, gjennomført tre hendingsbaserte tilsyn i 2012 (etter varsling frå PPT i det eine og foreldre i dei to andre). Dette har vore særskilte ressurskrevjande og kompetansekravjande tilsyn. Dei to mest omfattande er ikkje avslutta og held fram inn i 2013.

Det er inntrykket vårt at kommunane og skolane ønskjer å rette dei pålegga vi gir, og dei fleste rettar pålegga raskt og greitt. Men nokre skoleeigar har utfordringar knytte til å følgje opp pålegg på grunn av svak skolefagleg kompetanse. Rettleiingsarbeidet blir også krevjande i slike høve. Det er såleis vanskeleg å gi eit eintydig svar på spørsmålet om tilsynsobjekta rettar lovbrota, men inntrykket vårt er altså at alle ønskjer å rette dei.

Fylkesmannen i Rogaland vurderer at vi samla sett har god måloppnåing på resultatområdet sett i lys av både ressursar, kompetanse, metodikk og andre relevante forhold i fylket. 2012 er tredje året med oppdrag knytte til felles nasjonalt tilsyn, så der opplever vi nå at vi har god oversikt og kontroll. Vi har lært mykje, kommunane og skolane har gitt positive reaksjonar på tema og metode, og vi ser i oppfølgingstilsyn at tilsynsobjekta i hovudsak har retta dei lovbrota som vart avdekte. Elles ønskjer vi å vere offensive i kompetanseutviklinga vår på dette feltet, og vi er såleis glade for å kunne vere med på metodeutviklinga som Udir gjennomfører både på barnehagefeltet og for tilsynsverksemda generelt. Vi er også med i pilotering/metodeutvikling knytt til tilsyn etter introduksjonslova, og vi prøver her å medverke til konsistent og samordna metodebruk så godt vi kan.

31.2 Klagesaksbehandling

Det er ikkje store endringar i klagesaksbehandlinga i avdelinga i 2012, og talet på klager i 2012 er omtrent det same som i 2011 med små justeringar for dei enkelte områda.

Talet på klagesaker som gjeld spesialundervisning, auka frå 33 til 34 frå 2011 til 2012. Fylkesmannen behandla i 2012 14 klager som galdt spesialpedagogisk hjelp, 8 fleire enn i 2011. 10 av desse galdt same kommune, og kom som resultat av sparetiltak i kommunen. I alle vedtaka blei assistentressursen redusert med 30% i forhold til tilråding frå PPT. Dette vart ikkje grunnlagt på annan måte i vedtaka enn at kommunen hadde vedtatt økonomiske nedskjeringar.

Antal klager på standpunktkarakterar i fag har halde seg jamt i 2008, 2009 og 2010. I 2011 var det ein liten auke i talet på klager, og 2012 ligg på same nivået som fjoråret. Tala for alle typar klager på standpunktkarakterar er innafør det som må reknast som normalt for fylket. I 46% av tilfella oppheva vi karakteren og sendte saka tilbake til skolen for ny vurdering, medan 54% av klagarane fekk avslag.

Fylkesmannen har tidlegare utarbeidd rettleiar for behandling av klage på standpunktkarakterar i samarbeid med fylkesmennene i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Agderfylka. Denne rettleiaren blir årleg oppdatert ut frå erfaringar frå siste års klagebehandling, endringar i lovverket, og klargjeringar gjorde av Utdanningsdirektoratet. Rettleiaren blir publisert på nettsidene til Fylkesmannen, og er mykje nytta av skolar med ungdomstrinn. Vi arrangerer også årlege samlingar for skoleleiarar der m.a. aktuelt regelverk om standpunktkarakterar og erfaringar frå siste års klagebehandling er tema. For å gjere samlingane lettare tilgjengelege, blir det arrangert ei samling i nordre og ei i søre delen av fylket. Dei aller fleste skolane med ungdomstrinn sender representantar til desse samlingane.

Fylkesmannen mottok i 2010 berre ei klagesak etter opplæringslova kap. 9a. I 2011 mottok Fylkesmannen 7 klager på dette området, og i 2012 auka dette til 8. Ei av klagesakene i 2011 var særers ressurskrevjande (Udir sa ja til å sjå på visse sider av denne klagen). Parten klaga på nytt i same sak i 2012, og denne saka har vore særers krevjande både med omsyn til ressursar og forholdet til kommunen. Saka er no løyst. Dette er den einaste kjende saka som er komen til "ny behandling" hjå Fylkesmannen etter at Fylkesmannen hadde fatta endeleg vedtak.

Auken i talet på klager etter kap.9a kan vere eit resultat av søkjelyset på skolane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale gjennom FNT. I tillegg har Fylkesmannen nytta mykje ressursar på informasjon og rådgiving i fleire saker som, i alle fall førebels, ikkje har enda som klagesaker. På bakgrunn av behov for kompetanseutvikling i avdelinga på dette området, hadde vi eit møte med SAF (Senter for Atferdsforskning v/UiS) i desember 2010. Dette møtet gjorde at vi i 2011 tok initiativ til eit kompetanseutviklingsprosjekt for alle embeta i samarbeid med Udir og SAF. Vi har gjennomført prosjektet i 2012 med to samlingar og arbeid i mellomperioden, og alle embeta har deltatt med til saman om lag 80 deltakarar. Fylkesmannen har også arrangert samlingar for læring og erfaringsspreiing i samband med FNT, dette ernærare omtalt under resultatområda 31.1 og 31.4.

Utanom desse områda er det flest klagesaker som gjeld skuleplassering og skuleskyss. På begge desse områda har det vore ein auke i klager frå 2010 til 2011, medan det i 2012 har vore ein liten auke i saker som gjeld skuleplassering, og ein liten nedgang i saker som gjeld skuleskyss.

Det er særleg Stavanger som har mange klagesaker knytte til skuleplassering, og vi har etter initiativ frå kommunen hatt fleire møte med Stavanger om ulike tema knytte til dette, m.a. om kommunen sitt arbeid med skolestruktur og skolebruksplan, om nærskoleretten og lovforståinga, og om kommunen sitt arbeid med klager på dette området. I 2012 har vi også hatt møte med Sandnes, Gjesdal og Randaberg kommune om nærskoleretten, skolestruktur og lokal forskrift om kringsgrenser. Når det gjeld skuleskyss, deltar vi som observatørar i fylkeskommunen sitt skyssutval, som er eit samarbeidsorgan mellom fylkeskommunen og kommunane på dette feltet. Vi vurderer det som god førebygging å møte her for å gjere greie for regelverket om skyss.

I tillegg har Fylkesmannen i 2012 motteke klager som gjeld mellom anna minoritetsspråklege elevar sin rett til særskilt språkopplæring, elevpermisjon, bortvising, inntak til eit 5. år i vidaregåande skole, mm.

Generelt ser Fylkesmannen at enkelte kommunar har behov for meir forvaltningskompetanse. Dette viser seg til

dømes ved at saker som er mangelfullt utgreidde, blir sendt til klageinstansen og gir meirarbeid for Fylkesmannen ved at det må innhentast utfyllande opplysningar. Det hender også at kopi av kommunen si saksutgreiing ikkje er send til parten, slik at Fylkesmannen må sende kopi av saka til parten med høve til å kome med kommentarar. Fylkesmannen har i desember 2012 arrangert regelverksamling for kommunane der reglane for særskilt språkopplæring er gjennomgått, og vidare slike samlingar som går fram av pkt 32.5.

Det er ei prioritert oppgåve å behandle klagesakene på utdanningsfeltet så raskt som råd, sidan desse sakene mest alltid gjeld individuelle rettar for barn, unge og vaksne. Det blir oftast sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan ta meir enn 1 måned. Fylkesmannen har ikkje statistikk som viser den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for klagesakene. Tala viser likevel at det var totalt ca 25 saker i 2012 som ikkje vart behandla innan 1 måned (dei fleste av desse gjaldt spesialundervisning, skuleskyss og skuleplassering). Dette skuldast i dei aller fleste tilfella behov for å innhente utfyllande opplysningar/vidare utgreiing frå kommunen eller andre instansar, sommarferie, og i nokre få tilfelle saka si omfang/kompleksitet.

Dei siste åra har nokre medarbeidarar slutta, og nye medarbeidarar har blitt tilsette. Det tek tid å utvikle kompetansen hos nye medarbeidarar. Vi meiner likevel at vi har klart å gjennomføre ei fagleg god saksbehandling av dei innkomne klagesakene i 2012. Saksbehandlingstida har også vore innafor det forsvarlege heile året. Vi vurderer såleis måloppninga vår på resultatområdet som god - trass i stor utskifting av medarbeidarar dei siste åra har vi klart å oppretthalde rimelig god kompetanse i avdelinga.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	143	64	75	0	4	Medhold betyr oppheva og sendt tilbake til skolen for ny vurdering. Anna: 1 endeleg stp til hausten, 2 pga klagefrist, 1 teknisk endring av karakter.
Særskilt språkopplæring, § 2-8	5	0	2	1	2	Anna: 2 avvist pga klagefrist
Skyss, § 7-1	18	6	12	0	0	Anna: I tillegg er 2 saker returnert til kommunen for behandling.
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	1	0	1	0	0	
Skoleplassering, § 8-1	36	1	34	0	1	Anna: 1 avist pga klagefrist. I tillegg er 3 saker returnert til kommunen for behandling.
Spesialundervisning, § 5-1	34	9	8	17	0	Anna: I tillegg er 3 saker returnert til kommunen for behandling.
Sentralt gitt skftlig eksamen	2	1	1	0	0	
Bortvisning, § 2-10	2	1	0	1	0	
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	4	0	4	0	0	
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	1	0	1	0	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	8	1	3	3	1	Anna: 1 sak er avvist pga skolebytte, 2 er sendt til kommunen/skolen for behandling.
Sum	254	83	141	22		

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	3	2	1	0	0	

Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	13	2	11	0	0
Sum	16	4	12	0	

Klage i private grunnskoler (privatskoleloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Inntak, § 3-1	2	2	0	0	0	Anna: 1 sak er returnert til behandling.
Sum	2	2	0	0		

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	14	10	2	2	0	
Sum	14	10	2	2		

31.3 Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Vi har fulgt opp kommunar og private skolar med rettleiing og tildeling av passord i innsamlingsperioden. Grunna nytt påloggingssystem to år på rad har dette vore eit større arbeid enn tidligare.

Deretter har vi hatt ein omfattande revisjon av tala, der kvar skole er blitt gjennomgått. Vi har undersøkt tal som har vore tilsynelatande urimelege, men i tillegg hatt særleg fokus på konsistent rapportering i spesialundervisninga, opplæringa for språklege minoritetar, timetalsfordelinga, forholdet mellom årstimar og årsverk for assistentar, og kontaktlærarfunksjonen. Revisjonsrunden har avdekt ei rekkje feil, men vi ser ei betring i høve til i fjor. Grundig revisjon av tala dei siste åra har truleg ført til høgre bevisstheit knytt til tala, og med det betre tal. Reviderte tal er lagde inn i GSI.

Vi har medverka til vidareutvikling av GSI ved å delta på Udir sine samlingar og ved å samarbeide med Sørvestgruppa om utviklinga av GSI. Vi har sendt inn forslag og vurdert arbeidsgruppa sine forslag til endringar og forbetringar. I innsamlingsperioden har vi fortløpande meldt inn feil og forslag til nye kontrollar.

I 2012 hadde vi to samlingar med skoleeigarane og rektorar, der vi gjekk gjennom GSI-skjemaet. Dei fleste kommunar og private skolar var representerte. Trass dette har vi hatt stor pågang på telefon og e-post i innsamlingsperioden. Vi tenkjer å halde fram med to årlege samlingar. Vi har også gått gjennom GSI-skjemaet for kultuskolerekторane i fylket.

Det har vore store utfordringar knytte til fleire nye privatskolar i fylket. På grunn av rutinesvikt i Utdanningsdirektoratet ble ein skole lagt inn i GSI ei veke før endeleg stenging av rapporteringa. Dette til tross for at skolen vart godkjent på vårparten.

Utval av tala for Rogaland er presenterte på nettsidene våre, og media har publisert delar av dette materialet. Tal og analysar frå GSI er nytta aktivt som grunnlag for tilsynsarbeidet og blir sett i samanheng med talmaterialet som er tilgjengelig i Skoleporten og i andre informasjonskilder. Analysar av GSI-tala ligg til grunn for utveljing av kommunar for tilsyn, val av skolar i tilsynet, samt i den kontinuerlege områdeovervakinga. Vi arbeider aktivt med å vurdere indikatorar og identifisere risikofaktorar, vi og har tatt initiativ til eit samarbeid med dei andre fylka i Sørvest-regionen om områdeovervaking.

På oppmoding frå Forvaltningsavdelinga kontrollerer vi kommunar som har oppgitt ekstra klassar på grunn av språkdeling, og som Fylkesmannen bereknar skjønnskott for. Det har vore litt støy knytt til dette, då nokre kommunar søker om tilskott for fleire grupper enn dei som følgjer av Udir rundskriv 11-2005. Vi har etterspurt grunnlagsdokumentasjon frå skolar kontrollert mot GSI på dette området, og i 2011 utløyste dette eit skriftleg tilsyn med ein kommune. Pålegg om å sørje for at elevane sine rettar etter § 2-5 fjerde ledd vart gitt like etter nyttår. I år skal vi foreta stikkprøvekontroll på området.

Vi har fulgt opp og hatt oversyn med dei private skolane si rapportering. Som i fjor brukte vi mye tid på purring på kommunane. Dei private skolane synest å ha betre rutine på denne rapporteringa enn kommunane.

Det er nytta om lag 50 dagsverk til arbeidet med GSI i 2012, noko som vi vurderer som tilstrekkeleg

ressursinnsats.

Avdelinga har god statistikk-kompetanse, og det blir arbeidd mykje for å betre kvaliteten på GSI-tala og for å fremje bruken av tala internt i avdelinga og lokalt i kommunane. Kompetansen i kommunane er sårbar på dette feltet, og vi opplever at endringar i organisering og/eller bemanning gjer at rettleiingsoppgåva er krevjande for oss. Vi vurderer jamt nytten av å gjennomføre samling med kommunane opp mot behovet for rettleiing per tlf og e-post, men vi har valt å halde på årlege samlingar.

Vi meiner at ressursinnsasten vår er forsvarleg, og at samla måloppnåing for resultatområde 31.3. er god.

31.4 Informasjon og veiledning

Informasjons- og rettleiingsoppdraget utgjer ein stor del av det daglege arbeidet for medarbeidarane i avdelinga. Talet på førespurnader på e-post og telefon om regelverk og lovforståing frå skoleeigarar- og leiarar er høgt, og dei blir besvarte etter kvart. Det er stort spenn i behova til dei som vender seg til oss, frå ønskje om rettleiing og opplysninger i enkeltsaker, til informasjon om regelverk og råd i kompliserte saker som krev arbeid over tid.

Det planlagde informasjonsarbeidet er to-delt: På bakgrunn av embetsoppdrag og funn frå områdeovervakinga arrangerer vi regelverksamlingar på utvalde lovområde. Vi blir og ofte bedt om å delta på samlingar i regi av kommunar, og av kommunale og statlege etatar.

I januar og februar 2012 arrangerte avdelinga to store samlingar om elevvurdering, læreplanarbeid, valfag og eksamen for skoleeigarar- og leiarar, ei nord og ei sør i fylket, med nær 150 deltakarar.

I samband med nasjonalt tilsyn på elevane sitt psykososiale miljø, jf. 31.1, inviterte vi dei kommunane som ikkje var valt ut som tilsynsobjekt, til å delta på samlingar med kommunar som hadde vore omfatta av tilsynet. Utdanningsavdelinga gav informasjon om regelverk, og saman med deltakarane kunne vi dele erfaringar og drøfte funn frå tilsyna. Totalt blei det arrangert åtte slike samlingar i løpet av våren 2012, som dekkja alle kommunane i fylket.

Kvart år arrangerar avdelinga ein utdanningskonferanse, i fjor saman med KS. Tema for konferansen i 2012 var "*Læring for livet - samanhengar i utdanningsløpet,*" med særleg fokus på tydinga av gode samanhengar og overgangar mellom barnehage, grunnskole og vidaregåande, og for elevgrupper med særlege utfordringar og behov. Konferansen hadde 250 deltakarar.

I desember 2012 arrangerte avdelinga regelverksamling, med omlag 150 deltakarar, om særskilt språkopplæring og §§ 2-8 og 3-12 i opplæringslova, med hovudvekt på nytt 5.ledd -om innføringstilbod for nyankomne. Ein stor del av samlinga blei nytta til rettleiing i ulike karleggingsverkty, og korleis desse kan nyttast.

Som nemnt er ein annan viktig arena for oss når det gjeld å informere og rettleie om regelverk og lovforståing, dei samlinga vi blir inviterte til. Det har vært fleire slike samlingar i år på viktige, og for kommunane krevjande, lovvområde.

Grunnoppplæring for vaksne: I oktober 2012 hadde Fylkesmannen eit innlegg på den årlege vaksenoppplæringskonferansen, kor tema for inlegget var klagerett knytt til opplæringslova kapittel 4A. Det blei tatt opp klagerett i høve eksamen, standpunktarakter, realkompetansevurdering, rett etter paragrafane 4A-1 og 4A-2, samt noko om skyss og bortvisning. Fylkesmannen informerte i november 2012 tilsette ved karrieresentra i fylket om rett til grunnskoleopplæring for vaksne EØS-borgarar.

Rett til spesialundervisning for elevar og vaksne, og rett til spesialpedagogisk hjelp, jf. 32.5: "Haugalandsløftet", som er eit samarbeid mellom kommunar nord i fylket, arrangerte i haust ei samling med vel 150 deltakarar, kor kolleger frå avdelinga vart inviterte til å informere om rett til spesialundervisning for elevar i grunnopplæringa, jf. kapittel 5, for vaksne, jf. kapittel 4A, og rett til spesialpedagogisk hjelp, jf. § 5-7. To kolleger på avdelinga er med i eit samarbeid med landbruksavdelinga om satsinga "Inn på tunet". Denne ordninga blei omtalt i samband med bruk av alternative opplæringsarena. Avdelinga blei og invitert til å bidra på ei tilsvarende samling i sør-fylket i januar i år, kor Statped og PPT sto som arrangør.

I det daglege informasjonsarbeidet nyttar vi nettsida vår aktivt og legg vinn på å informere om endringar i lovverket og regeltolkingar frå departement og direktorat. I tillegg legger vi jamleg ut informasjon om læringsressursar, nye valfag, høyringar og andre statlege prosjekt og tiltak.

Vi har mange faste abonnentar og mange treff på våre nettsider. FM RO har eit høgt tal på lesarar samanligna med andre embete. Utdanningsavdelinga er den avdelinga med flest produserte nettsaker og er ofte på statistikken over

dei mest leste sakene på FM RO.

I desember vart embetet sin nettstad ny, og det er gjort eit stort arbeid med å leggje stoff over til den nye nettstaden. Det inneber at brukarane i større grad sjølv aktivt må søkje etter informasjon, og at nettredaktørane må lære seg nye verktøy. Det er brukt mykje tid på denne omlegginga, både før og etter lanseringa av ny nettstad.

Endringa innber at dei nye nettsidene i større grad informerer om fylkesmannen sitt arbeid gjennom fagartiklar, og toner ned nyhetsstoff og vidareformidling av info frå andre nettsider som t. d. udir.no

Vi har utarbeidd informasjonshefte med reglar knytte til eksamen og klagebehandling på standpunktarakter, med eiga utgåve for minoritetsspråklege. (Til deg på 10. trinn)

Manifest mot mobbing, (inkl. kampanja dette året)*Betre læringsmiljø, Vurdering for læring o.l.* sine sider blir publiserte og omtalte.

Vi informerer også om dei ressursene som ligg i *Betre læringsmiljø*, kor det er naturleg i samband men det nasjonale tilsynet i år.

I tillegg infomerer vi jamleg om retningsliner for NKVS og dei verktøy som er tilgjengelege, og korleis dei kan nyttast til forbetring av kvalitet. Vi har delteke på UDIR si samling om Skoleporten, og blitt oppdaterte om nye moglegheiter som vi formidler vidare til skoleeigar og skolane.

Vi har oppmoda til, og arrangert, informasjonsmøte for å rekruttere nye rettleiarar til UDIR sitt rettleiarkorps. Det deltok 10 personar på infomøtet og fleire av dei er no med i 2013-portefølja til UDIR.

Fylkesmannen arrangerer kvart år ein heim- skolekonferanse i samarbeid med FUG, KS og Utdanningsforbundet. I 2012 samabeidde vi med UNICEF sitt prosjekt "Den eine". Det vart arrangert to like konferansar, ein i Nord-Fylket og ein i Sør-fylket. På kvar av konferansane var det om lag 90 deltakarar. På grunn av plassmangel måtte vi ha ventelister, slik at ikkje alle som ville , fikk delta. Vi får til desse konferansane gjennom eit spleiselag. Denne gongen støtta av mellom anna UNICEF.

I april hadde vi besøk frå Barneombodet, og fikk høve til å utveksle erfaringar og auke kompetansen vår når det gjeld å ta omsyn til "barnet sitt beste" i vår forvaltning og klagebehandling.

Etter vår vurdering har måloppnåinga vår i år vore særleg god. Vi har greidd å gjennomføre alle planlagde tiltak, i tillegg til å delta etter førespurnad. Kommunikasjonen med målgruppene er god, og vi merkar at både skoleeigarar, skoleleiarar, lærarar og publikum har lav terskel for å ta kontakt med avdelinga. Dei gir tilbakemelding om at dei får god hjelp og rettleiing. Det blir aktivt satsa på å ha, og å utvikle god kompetanse på alle relevante område for avdelinga, slik at vi kan nytte eigne ressursar både i regelverkssamlingar og i anna rettleiingsarbeid. Vi meiner at vi har greidd dette godt også i 2012.

31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

I 2012 har Fylkesmannen hatt ansvaret for å organisere sensurering av til saman 47805 påmeldte eksamenssvar i PAS og har engasjert 544 sensorar til sensureringa.

Eksamen

Tre medarbeidarar har deltatt i Utdanningsdirektoratet sine eksamens- og prøvemøte. Vi har gjennomført møte om sentralt gitt eksamen både sør og nord i fylket med til saman 138 deltakarar frå 23 av 26 kommunar, inklusiv deltakarar frå private grunnskolar.

Våren 2012 hadde Fylkesmannen ansvaret for sensureringa av grunnskoleeksamen i norsk for begge Agder-fylka og Rogaland. 5794 kandidatar var påmeldte til eksamen, og 92 sensorar blei engasjerte. 7. juni blei det i samarbeid med fagansvarleg i Utdanningsdirektoratet gjennomført sensoropplæring i norsk for alle sensorane.

Under eksamensgjennomføringa 23. og 24. mai meldte fleire skolar i alle tre fylka at eksamenskandidatar med fritak frå vurdering i sidemål var påmeldte i feil fagkodar i PAS. Fylkesmannen kunne ikkje endre påmeldinga på grunn av at eksamenssvara allereie var allokerte på sensorar. Påmelding i feil fagkode førte til at skolane sendte eksamenssvar i fagkode NOR1415 Norsk med fritak frå vurdering i sidemål til feil sensorar. Vi informerte sensorane dette gjaldt pr e-post og forsøkte å rydde opp slik at begge prøvesvara i fagkode NOR1415 skulle bli

vurderte av eitt og same sensorpar. For ein eksamenskandidat blei det likevel gitt to eksamenskarakterar i norsk i PAS, ein karakter i fagkode NOR0214 Norsk hovudmål og ein karakter i NOR1415 Norsk med fritak frå vurdering i sidemål. Skolen skreiv feil norskarakter på eleven sitt vitnemål, og måtte gi ut nytt vitnemål i ettertid.

Mange skolar hadde, samtidig med påmelding av kandidatar til sentralt gitt eksamen, registrert fleire lærarar eller kontaktlærar som ansvarleg for eksamensgruppa. Desse lærarane fekk dermed tilgang til eksamensmodulen i PAS. Dette kan ha ført til at fleire lærarar fekk kjennskap til eksamenstrekket for sentralt gitt eksamen før sperrefristen.

Ikt-basert eksamensgjennomføring var normalordninga frå og med våren 2012. I nokre tilfelle leverte eksamenskandidaten feil dokument i prøvegjennomføringssystemet PGS-A. Skolar som ikkje hadde eit system for å lagre dei IKT-baserte eksamenssvara, kunne ikkje finne igjen det rette dokumentet og sende rett dokument til sensurering. Følgen blei ein søknad til Utdanningsdirektoratet om annullering av eksamen for dei kandidatane dette gjaldt. Dersom kandidaten sjølv ikkje kunne lastast for feilen, blei søknaden innvilga.

Fellessensurmøtet for grunnskolen blei gjennomført 19. juni. Honorarskjemaet i PAS var ikkje ferdigstilt til fellessensurdagen. I det første skjemaet som blei lagt ut i PAS dagen etter fellessensurmøtet, var det ein feil i timane til for- og etterarbeid. Feilen blei retta før utbetalinga av honorar. Fylkesmannen fekk mange telefonar frå frustrerte sensorar som hadde tatt utskrift av det første skjemaet og som ikkje hadde lest e-posten med informasjon om endring sendt frå oss. Sensorane meinte dei hadde fått for lite utbetalt i forhold til avtalen.

Fylkesmannen har gjennomført eksamensarbeidet i samsvar med embetsoppdraget og har fått god tilbakemelding på koordineringa både frå skoleeigarar, skoleleiarar og sensorar.

Ved tilsyn i kommunar og i fylkeskommunen er valet av tilsynsobjekt gjort m.a. på bakgrunn av eksamensresultat. Eksamensresultat blir også kommentert i tilsyn når det er relevant.

Vi vurderer måloppnåinga vår på dette resultatområdet som god.

Nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar

Det blei informert om gjennomføring av nasjonale prøver etter retningslinene på skoleleiarmøte i nord og sør i fylket i 2012. Vi har gitt brukarstøtte og har følgd opp skolane i bruken av PAS og PGS-C. Vi har mottatt feilmeldingar og har formidla desse vidare for å finne løysingar. Resultat frå nasjonale prøver er brukt ved førebuing av tilsyn. Risikovurdering i samband med resultatata av nasjonale prøvar og eventuelle val av tilsynsobjekt i samband med dette, er ført på resultatområde 31.1 Tilsyn. Dette gjeld også tidsbruken.

Vi har sett til at kartleggingsprøver og nasjonale prøver er gjennomførte etter gjeldande retningslinjer, men hadde store problem med to nye private skolar som ikkje var lagde inn i PAS, og at ein av dei nye skolane var registrert i Hordaland fylke. Dette kan vere ein tilbakemelding til UDIR at når tillatelse til nye skoler er gitt, blir dei automatisk lagt inn i PAS.

Fylkesmannen sendte melding til en privat skole om å legge inn elever i PAS før gjennomføringa.

Vi fikk tre søknader om å utsetje dei nasjonale prøvene. To av søknadene vart innvilga, medan ein vart avslått.

Det har ikkje vore mykje å følgje opp når det gjeld nasjonale prøver, og det har ikkje vore nødvendig å følgje opp fritakspraksis. Men det vi har følgd opp, er at skolane ikkje gløymer å slutføre i PAS. Vi vurderer det slik at gjennomføringa av dei nasjonale prøvene er god og dermed er våre vurderingar også at måloppnåinga er god.

Koordinering av sensur for sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Fylkesmannen har deltatt i eksamensmøte arrangert av Fylkeskommunen for å informere og rettleie om gjennomføringa av sentralt gitt eksamen. Dei private vidaregåande skolane i fylket deltok også i møtet.

Fellessensurmøtet for hausteksamen 2011 i åtte fagkodar i matematikk, praktisk og teoretisk, blei gjennomført 3. januar 2012. 91 sensorar møtte. Ein sensor hadde, av gammal vane, møtt opp hos Fylkesmannen i Buskerud i staden for hos Fylkesmannen i Rogaland. Sensorgruppa han tilhørte måtte gjennomføre fellessensuren pr telefon.

Vi har ei utfordring med at fleire sensorar ikkje les informasjonen som blir sendt ut pr e-post grundig nok. Vi får difor mange telefonar og bruker mykje tid på å svare på spørsmål om forhold som vi allereie har informert om skriftleg. For å forsøke å endre dette, bad vi dei fagansvarlege i Utdanningsdirektoratet som gjennomfører

sensorskolering, om å be sensorane lese informasjonen frå Fylkesmannen grundig.

Under fellessensurmøtet i januar oppdaga vi at skjemaet for sensorrapport mangla i PAS. Det viste seg i ettertid at skjemaet var fjerna på grunn av at Utdanningsdirektoratet hadde bestemt at det ikkje skulle skrivast sensorrapport ved hausteksamen. Dette hadde ikkje Fylkesmannen fått beskjed om, så vi kopierte rapportskjema og bad sensorane om å fylle det ut. Vi sendte alle sensorrapportane til Utdanningsdirektoratet pr post.

20. februar blei det gjennomført fellessensurmøte for ny eksamen i fagkode MAT1013 Matematikk , 1T. 1289 eksamenssvar var registrerte i PAS, og 22 sensorar blei engasjerte til sensurarbeidet.

Våren 2012 hadde vi ansvaret for sensureringa av til saman 28660 eksamenssvar i 20 fagkodar i norsk, matematikk, biologi, fysikk, kjemi og sosialkunnskap. 309 sensorar var engasjerte til sensureringa.

På skolar i fleire fylke hadde skoleadministrator ikkje haka av for anbefalt fagperson for skoleåret 2011/2012 i prøveadministrasjonssystemet PAS . Mange fagpersonar frå slike skolar ringte til Fylkesmannen for å forhøyre seg om kvifor dei ikkje var blitt oppnemnte som sensorar.

Det var mange feil i skolane si påmelding av eksamenskandidatar, enkeltelevar var ikkje blitt påmeldte, elevar var påmeldte i feil fagkode, og det var haka av for feil målform i hovudmål. Dette førte til mange e-postar og telefonar til Fylkesmannen etter påmeldingsfristen med spørsmål om å opne for fagkodar i PAS for etterpåmelding av kandidatar og retting av påmeldingar.

Fylkesmannen gjennomførte i samarbeid med fagansvarleg i Utdanningsdirektoratet to dagar med sensorskolering i norsk hovudmål og norsk sidemål og i tillegg to fellessensurmøte, 21. juni i realfag og sosialkunnskap og 22. juni i norsk hovudmål og sidemål. Honorarskjemaet i PAS var ikkje ferdigstilt til fellessensurdagane. Sensorane kunne difor ikkje kontrollere og skrive ut honorarskjemaet sitt, og Fylkesmannen måtte ta utskrift av alle skjema i ettertid. Dette medførte mykje ekstraarbeid.

Sommaren 2012 var det mange telefonar frå sensorar i heile juli månad med spørsmål om dato for utbetaling av sensorhonorar og på grunn av feil i skattetrekket sjølv om det var registrert rett trekkprosent på honorarskjemaet i PAS.

Ansvaret for klagesensuren i vidaregåande opplæring vekslar kvart fjerde år mellom Fylkesmannen i Hordaland og Rogaland. Hordaland overtok i 2011, og ein medarbeidar frå Rogaland deltok ved gjennomføringa av hurtigklagesensuren i Bergen også i 2012.

Til hausteksamen har vi hatt ansvaret for sensureringa av seks fagkodar i matematikk, praktisk og teoretisk. 11908 kandidatar er påmeldte til eksamen, og 120 sensorar er engasjerte. Hausten 2011 var det påmeldt 9096 kandidatar i 8 fagkodar i matematikk. Dette gir ca 30 % auke i talet på eksamenskandidatar frå hausten 2011 til hausten 2012.

Tilbakemeldinga vi har fått frå fylkeskommunen som skoleeigar, eksamensansvarlege på dei vidaregåande skolane og sensorane er at gjennomføringa av eksamen og sensurering er godt ivaretatt.

Vi vurderer måloppnåinga vår som god.

Fylkesmannen i Rogaland

Særskild Rapportering	JA	NEI	Øvrige kommentarer
1. Benytter embetet informasjonen som fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet?	X		Sjå rapportering.

	Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
				Vi vil informere og

<p>2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver</p>	<p>5. steg (8. steg) 9.steg Engelsk 3,7 (2,3) X Lesing 5,1 (3,3)3,2 Regning 3,5 (2,6)2,2 Rogaland ligg om lag på nasjonaltsnitt, med ein tendens til generelt høgre fritaksprosent på 8- steg.</p>	<p>Det er ikkje stor variasjon mellom kommunane, men Strand skil seg ut med ein høg prosentandel fritak.</p>	<p>Vi vurderer at kommunen ikke har sluttført PAS og at kommunen har et stor andel minoritetspråklege elevar.</p>	<p>sjå til at Strand vurderer sin fritakspraksis ved neste års prøver. I 2012 hadde vi 6 kommunar med stort avvik. Dei vart fulgt opp og har ikkje avvik i år. Strand hadde også avvik i fjor, og vil få ekstra merksemd frå oss også i år.</p>
---	---	--	---	---

31.7 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen forvaltar to tilskotsordningar på grunnskoleområdet; kap 225 post 64 Grunnskoleopplæring for barn og unge i asylmottak og kap 225 post 66 Leirskoleopplæring. I tillegg har Fylkesmannen kontrolloppgåver når det gjeld kap 225 post 60 Tilskot til landsliner, kap 225 post 63 Tilskot til samisk i vidaregåande opplæring, kap 225 post 67 Tilskott til opplæring i finsk i vidaregåande opplæring og kap 253 post 70 Tilskott til folkehøgskular.

Fylkesmannen har i 2012 utbetalt tilskott til grunnskoleopplæring for 185 barn og unge i asylmottak mot 234 i 2011. Desse elevane hadde 696 månader i opplæring mot 941 månader i 2011; ein reduksjon på 245 månader eller 26 %. Det er i alt utbetalt 5,1 mill kr i tilskott mot 6,7 mill kr i 2011. Gjennomsnittleg tal på månader i opplæring per elev er redusert frå litt over 4 i 2011 til om lag 3,8.

Fylkesmannen har gjort formalia- og rimelegkontroll av søknadene frå kommunane om tilskott til grunnskoleopplæring. Det er henta inn skolelister frå UDI over tal på barn i asylmottak som kjem inn under kategorien grunnskoleopplæring. Søknadene er forsøkt samanholdt med listene. Samanlikninga er vanskeleg då listene frå UDI ikkje er lagde til rette for slik kontroll.

Det er ikkje gjennomført stikkprøvekontroll, men grundig kontroll utført i samband med behandling av søknadene førte til fleire korreksjonar. Både satsar og tal på månader i opplæring var feil i fleire søknader. Vi har også undersøkt direkte med UDI nokre tilfelle då barn oppførte i søknader ikkje var å finne på skolelistene frå UDI.

Fylkesmannen har bede UDI Vest om å få krypterte skolelister oversendt elektronisk, slik som vi veit at UDI Midt praktiserer i forhold til andre embete. Vi har ikkje motteke svar på våre to førespurnader om dette. Krypterte elektroniske lister ville effektivisert kontrollarbeidet vårt.

Det var i alt 4388 elevar på leirskole i 2012 mot 4125 året før. Talet på elevar som reiser på leirskole auka såleis med 263 elevar eller 6,4 %. Elevane var i 2012 organiserte i 264 grupper mot 252 året før. Det blei utbetalt 3,3 mill kr i tilskott i 2012. 7,4 % av elevane i Rogaland var på leirskole i 2012 mot 7 % året før. Det er såleis ein reell auke av elevar på leirskole med om lag 6 %.

Kommunane sine søknader med elevlister er gjennomgått, og feil er retta før vedtak om om utbetaling av tilskott. Det er henta inn faktura/dokumentasjon frå fleire kommunar på gjennomført leirskoleopphald, fleire søknader er korrigererte når det gjeld tal på grupper og undervisningstimar. Fylkesmannen har ikkje funne grunnlag for stikkprøvekontroll.

Rogaland har seks landsliner ved tre vidaregåande skolar. Fylkesmannen har kontrollert at tala i "Oppsummering av elevlistene" frå kvar skole har vore i samsvar med elevlistene. Dokumenta er så blitt sendt til Utdanningsdirektoratet for vidare behandling.

Når det gjeld samisk og finsk i vidaregåande opplæring, har vi hatt noko rettleiing når det gjeld samisk, men ikkje hatt noko arbeid med finsk. Fylkesmannen har kontrollert ein søknad frå Rogaland fylkeskommune om tilskott til samisk, og sendt den vidare til Utdanningsdirektoratet for behandling.

Fylkesmannen har kontrollert årsoppgjeret for 2011 for dei fire folkehøgskolane i Rogaland. Alle unntatt ein skole hadde levert rekneskapen innan fristen. Den eine hadde fått beskjed frå stiftelsestilsynet at årsrekneskap ikkje skulle innleverast. Dette vart oppklara. Alle skolane følgjer rekneskapslova, alle har eigen konto for statstilskott og eigen note for inntekter frå offentlege kjelder og alle har fått revidert årsrekneskapen av registrert

eller statsautorisert revisor.

Det har vore ei tydeleg jamn og positiv økonomisk utvikling i 2011. Resultatet vart betra frå eit samla underskott i 2010 på 0,5 mill kr til eit overskot på 1,8 mill. Gjeld i prosent av egedelar er noko redusert. Fortenestemarginen var positiv for alle skolane, og eigarkapitalen er stabil.

Samla sett gjer utviklinga skolane mindre sårbare for endringar i dei økonomiske rammevilkåra framover.

Det var sett av i alt 26 dagsverk til arbeidet på dette resultatområdet i 2012, og oppdraget er fullført på ein god måte innafor desse ressursane. Arbeidet er utført av 2 personar med naudsynt kompetanse innafor forvaltning og økonomi. Ein person med økonomikompetanse har hatt ansvaret for tertialrapporteringa. Vi har prøvd å sjå til at reglar og retningsliner for dei ulike ordningane er følgde, utan at vi kan seie at vi har brukt nokon særskild metodikk. Etter dette konkluderer vi med at måloppnåinga vår er god på dette området.

Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i grunnopplæringa

32.2 Kompetanseutvikling

Samarbeid om kompetanseheving og kompetansedeling i Rogaland

Kommunane i Rogaland samarbeidde også i 2012 i fem nettverk på opplæringsfeltet: NordR, Midt 1, Midt 2, Jærnettverket og Nettverk Dalane. Kommunane har jamleg møte i nettverka, og nyttar nettverka også til samarbeid om kompetanseheving i sine kommunar. Det enkelte nettverket har kontakt med enten Universitetet i Stavanger eller Høgskolen Stord/Haugesund gjennom såkalla 'dialogmøte'. Det er helst universitetet eller høgskolen som inviterer til slike dialogmøte. Kommunane brukar nettverka også til andre former for kompetanseheving, til dømes samarbeid om satsinga 'Vurdering for læring'. Etter det Fylkesmannen kan sjå, har tre nettverk fungert godt, medan to nettverk ikkje har hatt same nytten av samarbeidet. Noko av bakgrunnen for dette er at nokre av kommunane meiner at dei statlege midlane til etter- og vidareutdanning for lærarar og rådgivarar som tidlegare vart tildelte meir direkte til kommunane, gav dei eit meir konkret mål for samarbeidet og større handlingsrom til å setje i verk felles kompetansehevingstiltak. No er økonomi/prioriteringar i den enkelte kommunen tillagt større vekt. Dette kan ha påverka kommunane i det eine nettverket og ført til mindre aktivitet der. I det andre nettverket vil nokre kommunar likevel satse på felles kompetansehevingstiltak, medan andre er meir restriktive med kva dei vil forplikte seg til.

Samarbeidsrådet for grunnopplæringa har over fleire år vore ein møtestad for KS, Fylkesmannen, ein representant frå kvar av dei fem kommunenettverka, fylkeskommunen, Utdanningsforbundet, UiS og HSH. KS var teknisk arrangør av møta, og det er halde fire møte i året. Saklista har blitt fastsett i samarbeid mellom deltakarane. Møteform og -innhald har jamleg vore diskutert, og det har vore semje om at dette skulle vere eit handlekraftig forum med praktisk nytte for alle deltakarane.

Skolefagleg forum har hatt same samansetjing som Samarbeidsrådet, men her har skolefagleg ansvarlege i alle kommunane vore med. Fylkesmannen var teknisk arrangør, og vi har hatt to heildagsmøte pr år. Siste delen av dagen var avsett til eige møte for KS og skolefaglege ansvarlege om arbeidsgivarspørsmål. Fylkesmannen har ikkje vore involvert i organisering av denne delen av møtet.

Etter Fylkesmannen si vurdering har Skolefagleg forum og Samarbeidsrådet vore tenlege samarbeidsorgan i mest ti år. Fleire konkrete samarbeidsprosjekt er initierte gjennom desse to arenaene, og skolefaglege ansvarlege i kommunane, fylkeskommunen og aktuelle samarbeidspartnarar har . Det har vore godt oppmøte. Fylkesmannen har fått tilbakemelding om at tema har vore fagleg relevante, interessante og at samlingane har vore godt organiserte. Denne arenaen har og vore viktig for å ta opp GNIST-saker med alle skolefaglege ansvarlege.

Det viste seg utover året at Samarbeidsrådet ikkje har vore like slagkraftig som fleire av deltakarane kunne ønskje. Representantane for kommunenettverka kunne ikkje svare for alle kommunane i sine nettverk, blant anna på grunn av dårleg fungering internt hos nokre (sjå ovanfor). Det viste seg også at informasjon gitt i Samarbeidsrådet ikkje nødvendigvis nådde ut til alle skolefaglege ansvarlege i nettverka. Sjølv om Samarbeidsrådet i periodar har fungert svært godt, f.eks. i etablering av stillinga til GNIST-prosjektleiar, kom det

frå fleire hald eit ønskje om endra samarbeidsstruktur i Rogaland.

Endringar i samarbeid om opplæring i Rogaland: For å imøtekomme den endra situasjonen i kommunenettverka og ønskja om ei revitalisering av samarbeidsarenaene, då særleg Samarbeidsrådet, vart det nedsatt ei arbeidsgruppe for å vurdere dette. Følgjande var representerte: Fylkesmannen, KS, Rogaland fylkeskommune, ein representant for kommunane og GNIST-prosjektlear.

Representant frå KS la fram arbeidsgruppa sitt forslag i Skolefagleg forum hausten 2012. Arbeidsgruppe hadde delte meiningar på nokre punkt, men dei fleste var samde om å etablere ein møtearena der alle skoleeigarar og deira samarbeidsprtnarar (Fylkesmannen, KS, UiS, HSH, Utdanningsforbundet, m.m) kunne samlast samtidig. Det vart og fremma forslag frå fylkeskommunen om å etablere tre større kommunenettverk, i tråd med organiseringa innan Ny Giv.

Saka vart ikkje endeleg avgjort i 2012, men det vart beslutta at dei felles møtearenaar skulle endrast. *Skolefagleg forum* og *Samarbeidsrådet* blei begge oppheva. Det blei føreslått å gå over til tre større kommunenettverk i staden for fem. Nye felles møtefora og eventuelle nye kommunenettverk skulle vurderast i starten på 2013. Dt var alleiere i slutten av 2012 relativt klare indikasjonar på at skoleeigarane kom til å gå for eigne møte under tittelen *Skoleeigarforum Rogaland*, der svært få av samarbeidspartnarane har fast plass. Ulike samarbeidspartnarar skulle heller bli inviterte inn etter kva tema som skal tas opp.

Fylkesmannen har over lengre tid argumentert for å oppretthalde felles samarbeidsarenaar og har til ein kvar tid ønskja at slike arena skulle fungere best mogleg for alle partar, då særleg for skoleeigarane. Når det vart uttrykt missnøye, var Fylkesmannen positiv til at organiseringa av møtearenaar og kommunenettverk blei tatt opp. Det var stort engasjement rundt desse spørsmåla.

Fylkesmannen er i utgangspunktet ikkje nøgd med at det nye *Skoleeigarforum Rogaland* ser ut til å bli ein møtestad kunn for skoleeigarar, KS og ein representant frå Fylkesmannen. Vi meiner at ein mister ein viktig dimensjon i samarbeidet når f.eks. universitet og høgskole ikkje er faste deltakarar. Vi vel likevel å sjå poitivt på endringa. Eit *Skoleeigarforum* kan føre til auka medvete om skoleeigarrolla, og gi den slagkrafta fleire skolefagleg ansvarlege ønskjer. Nye samarbeidsstrukturar mellom kommunane kan og gi nettverka eit løft, då særleg dei to nettverka som ikkje har fungert tilfredsstillande den siste tida. Desse endringane kan revitalisere og skape nye høve til samarbeid i heile fylket. Det å ha tre større nettverk vil og kunne gi Fylkesmannen ei meir aktiv rolle overfor det enkelte nettverket. Tidlegare har f.eks. regelverksamlingar i regi av Fylkesmannen ofte vore to-delte; ei samling i nord- og ei i sørfylket. Dette kan nå spissast mot dei tre nettverka. Fylkesmannen ser fram til utviklinga på dette feltet.

Gnist-partnarskapet har i 2012 hatt fleire møte same dag som møte i Samarbeidsrådet (same medlemmer + LO/NHO). Ettersom Samarbeidsrådet blei oppheva mot slutten av 2012, har prosjektleiaren i GNIST kalla inn til eitt eige møte i GNIST-partnarskapet. Møte i partnarskapet vert arrangert av Gnist-prosjektlear, noko som fungerer godt. Dette er ein viktig arena blant anna for at kommunenettverka skal ha aktiv del i utviklinga og oppfølginga av den regionale handlingsplanen for Gnistarbeidet: 'RogalandsGNISTen', og ha eigarskap for denne.

Partnarane i GNIST haldt fram med å finansiere prosjektlearstillinga i RogalandsGNISTen ut skoleåret 2011/12. Dette har vore ein suksessfaktor for å halde kontinuitet og "trøkk" i dette arbeidet. Alle kommunane har betalt inn 50 øre pr innbyggjar. Fylkesmannen og dei øvrige partane har bidratt med konkrete summar (Fylkesmannen har lagt mest "i potten"). RogalandsGNISTen søkte også om og fekk tildelt RUP-midlar. Midlane går hovudsakleg til lønn, men det er også sett av litt til drift. Frå hausten 2012 vart det nytta statlege midlar til stillinga. Prosjektlear Inger Sofie Berge Hurlen fortset i stillinga som prosjektlear, noko partnarskapet er svært nøgd med.

I siste del av 2012 var GNIST-partnarskapet den einaste arenaen der alle samarbeidspartnarar innan opplæringsfeltet i Rogaland har vore representerte. Nye samarbeidsarenaar for skoleeigarar m.fl. er endå ikkje etablerte, men Fylkesmannen ser at GNIST-partnarskapet kan bli ein enda viktigare samarbeidsarena framover.

Gjennom GNIST-partnarskapet er det etablert ei mindre arbeidsgruppe under namnet EVU-Rogaland. Prosjektleiaren har tatt initiativ til denne gruppa, og dei skoleeigarane som ønskjer det, kan delta med ein representant. Fylkesmannen skal og delta. Målet er å koordinere regionale etter- og vidareutdanningstiltak. EVU-Rogaland er heilt i oppstartsfasen, og det blir spennande å følge dette vidare.

Etterutdanning

Samarbeidsrådet for grunnopplæringa i Rogaland har samarbeidd om regionale føringar for tildeling av etterutdanningsmidlar. Dei nasjonale føringane ligg til grunn for arbeidet, og det er sett opp sju regionale kriterium for behandling av søknader. Desse kriteria vart vidareførte i 2012, og Fylkesmannen ser på dei

regionale kriterier som godt og nyttig for saksbehandlinga.

24 av 26 kommunar og fylkeskommunen søkte om og fekk tilskott til etterutdanning i 2012. Bokn og Forsand kommunar søkte ikkje om midlar. 8 private skoleeigarar mottok også midlar til etterutdanning. Fylkesmannen har tildelt 4 882 00 kr til etterutdanningstiltak i Rogaland.

i søknadene frå dei offentlege skoleeigarane blir det lagt vekt på prioriterte fagområde for etterutdanningsmidlar, andre nasjonale satsingsområde, kontakt med kompetansesenter av ulike slag og eigeandelen til kommunane står i godt samsvar med søkt sum. I 2012 søkte alle dei offentlege skoleeigarane om tilskott til fleire relevante og gode etterutdanningstiltak enn det var midlar til.

Tiltaka som dei private skolane søker om, er i aukande grad innanfor dei prioriterte fagområda. Det er også færre søknadar om etterutdanningsmidlar til vidareutdanningstiltak. Det har vore ei stor forbetring her. Fylkesmannen har følgd opp dei private skolane ekstra med informasjon på e-post og ved å besvare spørsmål frå dei om strategien.

Ut frå søknadspapira vurderer Fylkesmannen skoleeigarane sine etterutdanningstiltak som relevante i høve til nasjonale satsingsområde og behov i skolane. Ut frå informasjonen om kompetansesenter/ institusjonar som vert nytta, antar Fylkesmannen også at etterutdanningstiltaka er av god fagleg kvalitet.

Fylkesmannen har fordelt forholdsvis meir midlar til enkelte kommunar som vi held ekstra oppsyn med. Dette gjeld nokre av dei mindre utkantkommunane der nasjonale prøver o.l. viser dårlege resultat over tid og der Fylkesmannen veit at dei slit med rekruttering av godt kvalifiserte arbeidstakarar.

Vidareutdanning

Det har vore stor auke i talet på deltakarar. 18 av 26 kommunar og fylkeskommunen deltar for skoleåret 2012/13. Skoleeigarane er positive til den økonomiske endringa i strategien. 6 private skoleeigarar deltar i strategien i 2012/13. Fylkesmannen tildeler omlag 19,5 million til vidareutdanning i Rogaland for studieåret 2012/13 gjennom strategien Kompetanse for kvalitet.

Dei største kommunane Stavanger og Sandnes ønskjer å ha fleire deltakarar med i ordninga enn det dei får tilsagn om. Dei var glade for at dei fekk alt dei søkte om i 2012, men dei ønskjer ei fast ordning, slik at dei får forutsigbarheit i kommunen/på skolane. Nokre mellomstore kommunar har og byrja å ønskja fleire plassar på fast basis enn tilsagnet gir. Dette gjeld bl.a. Sola kommune. Fylkesmannen ser dette som eit klart teikn på at strategien så smått byrjar å nærme seg målet om eit etablert og forutsigbart system for vidareutdanning av lærarar.

Fleire skoleeigarar som ikkje deltok i starten, er no med. Andre skoleeigarar får med fleire lærarar, men med færre studiepoeng pr. lærar. Nokre skoleeigarar i Rogaland meiner framleis at strategien er for kostbar for dei å delta på, og at pengane som vert brukte gir for få studiepoeng til for få lærarar. Dette gjeld fortrinnsvis dei minste og nokre mellomstore kommunar.

Endringa til bruk av refusjonskrav for vikarkostnadar våren 2012 førte til noko meirarbeid hos Fylkesmannen. Dette var ny praksis og uvant for skoleeigarar.

Fylkesmannen får tilbakemelding om at kvaliteten på vidareutdanninga er særskild god og nyttig.

Rapportering i REV

Fylkesmannen sendte ut informasjon pr. e-post til alle skoleeigarar om rapporteringa i REV. Informasjon blei også lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider.

Alle skoleeigarane som fekk tilskott til kompetanseutvikling i 2011, har rapport om bruk av midlar til kompetanseutvikling. Det har ført til noko meirarbeid for Fylkesmannen å få dette på plass, men REV er ikkje lenger eit nytt system, så rapporteringa vart gjennomført utan store problem for dei fleste. Fylkesmannen har medverka til å rette opp små feil og manglar i samarbeid med kommunane.

Gnist

GNIST-arbeidet i Rogaland fungerer svært godt. Det er jamleg møte i det regionale GNIST-partnerskapet (sjå ovanfor). GNIST-arbeidsutvalet har møte ca. ein gong per måned der Fylkesmannen er aktivt involvert i for og etterarbeid. GNIST-prosjektleiaren har jamleg møte med Fylkesmannen. Prosjektleiaren held fram med å ha kontorlokaler hos KS.

Partnerskapen har utarbeidd ein handlingsplan for det regionale arbeidet. Både handlingsplanen og det regionale GNIST-arbeidet generelt har namnet 'RogalandsGNISTen'. RogalandsGNISTen har eiga nettside og ein svært aktiv Facebook-profil.

RogalandsGNISTen har etablert GNIST-kontaktar i kvar kommune. Dei har jamlege møte med hovudfokus på rekruttering til og omdømmebygging for læraryrket. Fylkesmannen deltar aktivt også her. På desse samlingane er det alltid eit fagleg emne for å heve kompetansen til GNIST-kontaktane. I år var det inspirasjonkurs "GNIST - korleis få dei beste lærarane?" ved Geelmuyden.Kiese, som også er ansvarlege for rekrutteringskampanjen "Har du det i deg?"

RogalandsGNISTen har fram til sommeren 2012 hatt hovudfokus på omdømmebygging og rekruttering. Innlegg på diverse rektorsamlingar i distriktet, artiklar i aviser, markering av lærardagen og utsending av små helsingar kan vere døme på slikt arbeid. GNIST-prosjektleiari har deltatt aktivt i rekrutteringsarbeid på utdannings- og yrkesmesser, og distribuert materiell frå Gnist sentralt.

RogalandsGNISTen har arrangert kurs for lærarar og skoleleiarar i tema "Vurdering for læring" Det deltok 90 personar.

Fokus på vidareutdanning i kompetansestrategien var i starten noko nedtona i RogalandsGNISTen, sidan dette var eit svært kontroversielt tema i fylket. Men i 2011 og 2012 har det hatt auka merksemd, særleg knytt til felles EVU-tiltak. I 2012 vart det etablert ei eiga EVU-arbeidsgruppe (sjå ovafor).

Frå sommaren 2012 har ungdomstrinnsmeldinga og skolebasert kompetanseutvikling hatt stort fokus. Det at arbeidet med ungdomstrinnsmeldinga skulle koordinerast av GNIST, vart møtt med blanda følelsar i fylket. Rogaland har stort behov for arbeid med rekruttering. Kommunal sektor har sterk konkurranse frå det private næringsliv når det gjeld rekruttering av arbeidskraft i fylket. Fleire kommunar er redd ungdomstrinnsmeldinga vil ta for mykje fokus frå dette. Fylkesmannen er likevel av den oppfatning av prosjektleiari har kunna via ein del tid til ungdomsmeldinga utan at det førbels har gått utover dei andre GNIST-oppgåvane, då desse er godt innarbeidd gjennom prosjektperioden så langt.

Fylkesmannen kunne tenkje seg at Rogaland vart med i piloteringa av den skolebaserte kompetanseutviklinga. Dette vart dessverre ikkje noko av, men vi ser at Rogaland sin prosjektleiari er ein aktiv del av GNIST-arbeidet på landsbasis. Vi hadde gleden av å invitere alle GNIST-prosjektleiarane til ei todagarssamling i Stavanger. Prosjektleiar i Rogaland sto for organiseringa, og Fylkesmannen har fått tilbakemelding om at arrangementet var svært inspirerende og lærerikt for deltakarane. Vår eigen handlingsplan "RogalandsGNISTen" for 2012/14 har klart å inkorporere arbeidet med ungdomstrinnsmeldinga på ein god måte.

Fylkesmannen og partane er svært nøgde med GNIST-arbeidet i fylket.

Vurdering

Samla ressursbruk i avdelinga i 2012 var omlag 30 dagsverk til arbeid med etter- og vidareutdanning og oppfølging/rapportering av dette. Omlag 20 dagsverk er brukt i GNIST-arbeidet og oppfølging av ungdomstrinnsmeldinga. Det blir i tillegg jobba jamnt med samarbeidsorgana for kompetanseheving og kompetansedelning, og øvrig arbeid med kompetanseutvikling 32.2.

På grunn av morspermisjon måtte oppgåvene med kompetansestrategien flyttast til ein annan medarbeidar i avdelinga våren 2012, men vi har greidd å sikre god kompetanse i dette arbeidet, og vi konkluderer såleis med at vi har god måloppnåing på dette resultatområdet.

32.3 Skoleporten

Vi har gitt brukarstøtte og rettleiing per telefon og e-post. Ved publisering av resultat frå nasjonale prøvar og elevundersøkinga er det stor aktivitet i Skoleporten, og vi har i den perioden større pågang for rettleiing og informasjon.

Data frå Skoleporten, og frå datakjelder direkte, blir brukte systematisk i samband med tilsyn. Vi informerer også om slike data ved førespurnad frå media og andre som vil vite noko om skolemiljø og resultat.

Når nytt talmateriale ligg føre i Skoleporten, blir dette analysert og tatt inn i systemet for områdeovervaking. Analysane blir presenterte og gjort tilgjengelege for alle tilsette i avdelinga og aktuelle tema blir publiserte på nettsidene våre.

Vi har delteke på UDIR si samling om Skoleporten. Det kjem ikkje mange spørsmål om rettleiing til Skoleporten om utarbeiding av tilstandsrapporten. Det kan ein tolka som om verktøyet er godt og lett å bruke, eller at kommunane ikkje tar i bruk tilbodet som ligg i Skoleporten, men finn andre måtar å oppfylle lovkrava til årleg vurdering på.

Samla ressursbruk for Skoleporten er 20 dagsverk. Kompetansen i arbeidet med Skoleporten er vurdert som god. Vi har nådd måla for resultatområdet, men ser at vi ikkje har full oversikt over kommunane sin bruk av Skoleporten sine ulike komponentar. Vi vurderer likevel måloppnåinga vår på området som god.

32.4 Erfaring- og kunnskapsinnhenting

Forsøk med nytt praktisk fag på ungdomstrinnet – Arbeidslivsfag

6 skolar i 4 kommunar i Rogaland har deltatt i forsøket frå og med hausten 2010. 75 elevar på 8. trinn, 101 elevar på 9. trinn og 106 elevar på 10. trinn har valt arbeidslivsfag ved forsøksskolane hausten 2012. Fylkesmannen sin oversikt viser at det i tillegg er 7 skolar i 5 ulike kommunar og ein privat ungdomsskole som gir tilbud om arbeidslivsfag for eiga rekning hausten 2012.

Fylkesmannen har deltatt på dagssamling for forsøksskolane i Oslo og har vore på eit heildagsmøte i Utdanningsdirektoratet om organisering og gjennomføring av forsøket. I september blei det gjennomført eit nettverksmøte for forsøksskolane i fylket kombinert med ei regional samling om arbeidslivsfaget med 19 deltakarar frå forsøksskolane og 23 andre interesserte frå 15 ulike skolar/kommunar. Tema som blei tatt opp var "Erfaringar med arbeidslivsfag, 3 trinn – 2 skolar. Grunnleggjande ferdigheiter og praktiske oppgåver", "Eksamene og vurdering. Samarbeid med aktørar utanfor skolen", "HMS i arbeidslivsfaget" og "Arbeidet vidare". Tilbakemeldinga frå rektorar på to av forsøksskolane er at det er kjekt å få vere med i forsøket, at nettverksmøtet var nyttig og ei god vitamininnsprøying for lærarane som deltok. Ein skoleleiar som har starta for eiga rekning, har meldt at den regionale samlinga var eit praktisk møte midt i skolekvardagen med mange tips/opplysningar om praktiske opplegg, nyttig for elevane.

Førsøk med framandspråk på 6.-7. trinn 2010-2012

Fylkesmannen har fungert som bindeledd mellom Utdanningsdirektoratet og skolar/skoleeigarar når det gjeld økonomiske midler, rapportering og evaluering av lokal implementering. Våren 2012 deltok Fylkesmannen på avslutningskonferanse i Oslo. Fylkesmannen kontrollerte og justerte budsjett i samarbeid med kommunane og tildelte deretter midlane frå Utdanningsdirektoratet til skoleeigarane. Sidan forsøket skulle avsluttast våren 2012 måtte skolane foreta ein økonomisk sluttrapport for forsøket. Her viste det seg at nokre hadde bruk meir pengar enn estimert, mens andre hadde brukt mindre. Fylkesmannen innhenta desse rapportane frå kommunane og ba med denne bakgrunn om 30000 ekstra i overføringar til forsøket. På grunn av sein rapportering frå eit par kommunar, etter purringar, drøyde tilbakebetalinga av ubrukne midlar. Dette førte til at ei betaling blei overført til Fylkesmannen etter 31.12.2012.

Fylkesmannen og skoleeigarane er godt nøgde med gjennomføringa av forsøket.

Fylkesmannen har fulgt opp embetsoppdraget og vurderer måloppnåinga som god. Sidan tilbakebetalinga kom på nyåret blei det avvik i forhold til det økonomiske sluttoppgjøret.

Dronning Sonjas skolepris 2012.

Vi hadde to nominerte skolar i 2012. I år la vi vekt på at dei nominerte skolane ikkje var "perfekte" i utgangspunktet men oppmoda likevel til at dei sendte inn sine papirer. Vi opplevde med det at det vart ein lågare terskel for å sende inn sin søknad. Dei to nominerte skolane fikk god medieomtale, og vi fikk oppklart med mediene at Fylkesmannen sin nominasjon ikkje var det same som om vi "godkjente" skolane sitt arbeid. Ingen av skolane vann prisen,

Rettleiarkorps

Vi har informert om, oppmoda til og arrangert informasjonsmøte for nye rettleiarar.

Vi har også hatt mange førespurnader om det vil kome ny moglegheit til at skoleeigarar i Rogaland kan søkje om å få rettleiing i 2014. Det har vi ikkje kunnet svare på.

TALIS undersøkinga 2013

Vi har på oppdrag av UDIR arrangert konferanse for Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane for dei skolane som er vald ut til å delta i den nye TALIS- undersøkinga. Det var om lag 100 deltakarar. Oppdraget innebar også å finne ein lokal forelesar med eit fagleg innlegg. Nina Helgevold frå UIS: God undervisning- korleis forstår vi det?

Fylkesmannen har gjennomført aktivitetane i embetsoppdraget og vurderer måloppnåinga som god.

32.5 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

Svært mange av dei førespurnadene vi får pr. telefon og e-post, gjeld informasjon og rettleiing på dette resultatområdet, og vi prioriterer både å setje av tilstrekkeleg med ressursar og å gi raskt svar her.

Oppdraget er elles blitt utført gjennom følgjande tiltak:

I 2012 har vi følgd opp to tidlegare tilsyn:

1. Fylkeskommunen - oppfølging etter nasjonalt tilsyn 2008 - §13 -2. Tilsynet på dette området er enno ikkje heilt avslutta då det har vore problematisk å få lukke tilsynet. Tilbakemeldingar frå fylkeskommunen viser at forståinga for forvaltningsarbeidet knytt til opplæringa for desse elevane er mangelfull. Som ein del av oppfølginga har Fylkesmannen gjennomført ei samling for leiinga ved det skolesenteret som er med i tilsynet. Hovedfokus har vore på sakkunnig vurdering og vedtak for elevar som får eit redusert opplæringstilbud, og er vurderte til å ha rett til fritak for opplæringsplikta, jf. opplæringslova § 2-1 fjerde ledd. Det er også gitt rettleiing til PP-tenesta i fylkeskommunen. Fylkeskommunen fekk frist til 31.01.13 til å sende inn dokumentasjon for rett regelverkforståing, først då kan tilsynet avsluttast.

Etter vår vurdering er det viktig å følgje opp dette temaet. Det er ønskje frå fylkeskommunen om å gjennomføre regionale samlingar i 2013 der ein har fokus på § 13-2 og 13-3a elevar. Målgruppa for samlingane må vere personalet både på skoleområdet og på helse- /omsorgsområdet.

2. I 2010 gjennomførte Fylkesmannen eit omfattande tilsyn i Sandnes kommune. Tema her var kap 5 i opplæringslova. Med i tilsynet var 4 skolar og 4 barnehagar. Med bakgrunn i store utfordringar avdekka i tilsynet, valde Fylkesmannen å ikkje lukke tilsynet. Det blei meldt om oppfølging i 2012. I november 2012 fekk Fylkesmannen tilsendt dokumentasjon som skulle vise korleis kommunen hadde følgd opp pålegga. Arbeidet med oppfølginga er påbegynt, men enno ikkje heilt ferdig gjennomført.

Våren 2012 gjennomførte Fylkesmannen eit hendingsbasert tilsyn med tema spesialundervisning for vaksne i Haugesund kommune. Tilsynet var basert på ei bekymringsmelding frå ein forelder. Tilsynet var knytt til § 4A-2 og kommunen sitt forsvarlege system, jf. § 13-10 andre ledd. Det kom fram i bekymringa at kommunen hadde ein praksis der skolen sjølv var sakkunnig. PP-tenesta var ikkje involvert i sakkunnearbeidet knytt til vaksne i kommunen. I tilknytning til tilsynet er det gitt rettleiing både før og etter tilsynet. Kommuneleiinga, læringscenteret og PP-tenesta har vore involvert.

Fylkesmannen har vidare hatt tilsyn i tre kommunar der vaksne sin rett til spesialundervisning har vore tema. Med bakgrunn i erfaringar frå desse tilsyna har forvaltningsarbeidet knytt til § 4A-2 vore tema på våre regelverkssamlingar.

Hausten 2012 har Fylkesmannen gjennomført to hendingsbaserte tilsyn:

1. Tilsyn i ein mellomstor kommune med tema § 2-1, fjerde ledd, § 15-3, kap 5 og § 13-10, andre ledd. Bakgrunnen for tilsynet var opplysningar knytt til opplæringsssituasjonen for 3 søsken med ME- diagnose. Det var

kommunen sjølv som bad om rettleiing i saka. I tillegg til å gi råd i ei svært komplisert og vanskeleg sak valde Fylkesmannen å opprette tilsynssak. Tilsynet er ikkje offentleg.

I samband med dette tilsynet utarbeidde Fylkesmannen rettslege krav til § 2-1, fjerde ledd om "fritak for opplæringsplikta" og § 15-3 "opplysningsplikt til barnevernet." I etterkant av tilsynet har erfaringar og informasjon knytt til dette temaet både vore brukt av Fylkesmannen sjølv i regelverksamlingar, og av tilsynskommunen i sine møte i nettverk med nabokommunar. Denne informasjonen har igjen ført til at mange har tatt kontakt på telefon for rettleiing i liknande saker i eigen skole/kommune.

2. Hendingsbasert tilsyn ved ein stor vidaregåande skole med temaet makt og tvang, kap 9a og kap 5. Bakgrunnen for dette tilsynet var ei bekymringsmelding frå foreldre til to søsken med diagnosen infantil autisme. Bekymringsmeldinga og påfølgjande innsend dokumentasjon førte til at Fylkesmannen oppretta tilsynssak. Etter Fylkesmannen si vurdering har arbeidet med temaet makt og tvang knytt opp til kap 9a om elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, ført til ny refleksjon kring samanhengen mellom desse områda. Erfaringar frå dette tilsynet er vidare brukt på regelverkssamlingar og i rettleiingssamtalar. Utarbeidd materiell og vurderingar gjort i tilsynsrapporten har ført til meir kunnskap på området. Fylkesmannen si utdanningsavdeling har her hatt god nytte av tett samarbeid med helse- og sosialavdelinga. Deira lovverk knytt til bruk av makt og tvang for brukarar med psykisk utviklingshemming har gitt viktig informasjon for våre vurderingar. Tilsynet er ikkje offentleg.

Etter Fylkesmannen si vurdering er det store manglar knytte til kommunane/fylkeskommunane og skolane si handtering av barn med utfordrande atferd. Det er mangelfull kompetanse til å handtere dette. Det er vidare stor uvisse knytt til rapportering og informasjon.

Fylkesmannen har i 2012 hatt eit tilsyn med tema spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7. I denne kommunen var det utarbeidd gode sakkunnige vurderingar, og vedtaka var i samsvar med desse. Det blei ikkje gitt pålegg i denne kommunen. Klagesaker viser likevel at det er store forvaltningsmessige utfordringar knytte til sakkunnige vurderingar og vedtak i saker om spesialpedagogisk hjelp. Fylkesmannen er med i Nettverk Styrka barnehagetilbod. Nettverket har møte 2 gonger pr semester, og saker knytte til § 5-7 er alltid tema på desse møta. Fylkesmannen gir rettleiing om lov og regelverk i desse møta. Vedtak om spesialpedagogisk hjelp blir utan unntak fatta over barmehagenivået i Rogaland, og i tillegg blir hjelpa i fleire kommunar gitt av "omreisande" spesialpedagogar. Dette inneber store utfordringar når det gjeld å styrkje kompetansen om dette i barnehagen.

Prosjektet "Dei utfordrande barna"- med deltakarar frå barnehage, helsestasjon, skole, SFO og PPT er slutført inneverande år. Fylkesmannen har, som igongsetjar av prosjektet, hatt ei konsulterande rolle i utforminga av rapporten.

Fylkesmannen har i 2012 hatt ei omfattande kursrekke innanfor dette resultatområdet. Nedanfor er ei oversikt over dei ulike samlingane:

- januar - samling med tema Barn i fosterheim med deltakarar både på kommune- /skolenivå og BUF-etat, barneverntenesta og fosterforeldre
- oktober - samling for PP-tenesta med tema: Offentleglova
- november - Regelverksamling i Sør-fylket i samarbeid med Stat-ped og PP-tenesta: Tema kap 5 inkl § 5-7 og § 4A-2
- november - Samling for foreldre i samarbeid med kommunalt foreldreutval i Stavanger

Det er også halde innlegg/foredrag etter førespurnad frå ulike hald, m.a.

- januar - Fylkesrådet for opplæring – om Fylkesmannen sine oppgåver knytte til vgo (utgangspunktet var spesialundervisning)
- februar - Opning av avslutningskonferanse "Dei utfordrande barna"
- april - Skolefagleg forum Rogaland (alle skoleeigarane): Om alternative opplæringsarenaer
- april - Lenden skolesenter, Stavanger: Inkludering: Nærskolen eller spesialavdeling?
- april - Fagleg forum for PPT: Om forventingar til PPT sitt systemretta arbeid m.m.
- mai - Barn i barnehagen med medisinske utfordringar
- august - Intern skolering: lesing, lesevanskar og rett til spesialundervisning

- oktober - UiS: Å vere lærar i den fleirkulturelle skolen (både om § 2-8/3-12 og kap 5)
- oktober - samling for utdanningsdirektørane i FMRO, FMHO og FMSF saman med leiarane i Statped og alle universitet og høgskolar i dei tre fylka - Tema: Behov for kompetanse i PP-tenesta
- desember - Møte med leiinga ved Møllehagen skolesenter

Vi har på fleire område deltatt i tverrfaglege og tverretatlege nettverk. Dette går blant anna fram av oversikta ovanfor. Oppsummert kan her nemnast:

- * Sør-Vest møta med Stat-ped, universitet og høgskolar
- * Haugalandsløftet - m/kommunane i Nordfylket, Stat-ped og høgskole
- * Inn på tunet - saman med landbruksavdelinga, helse- og sosialavdelinga, NAV, BUF-etat og KS
- * Utsatte barn og unge saman med ulike aktørar i helse- og sosialavdelinga
- * Ny-Giv - saman med helse- og sosialavdelinga og fylkeskommunen
- * Nettverk Styrka barnehage

Etter Fylkesmannen si vurdering har det vore stor aktivitet på dette resultatområdet også i 2012. Regelverkssamlingane har hatt mange deltakarar. Det har vore svært positive tilbakemeldingar om det arbeidet som er gjort på dei ulike samlingane. Behovet for informasjon om forvaltninga på dette området er framleis stort. Innhaldet på samlingane har i tillegg til gjennomgang av forvaltningslova og opplæringslova knytt til kap. 5, også vore ein gjennomgang av erfaringar og funn gjort i tilsyn på området. Med bakgrunn i tilsyn og klagesaker har vi i 2012 større fokus på spesialundervisning for vaksne.

Der vi har møtt den enkelte kommune/region, har vi spesielt tatt utgangspunkt i dei utfordringane vi har sett lokalt. Vi har vore bevisste på også å formidle positive funn. PP-tenesta er ei viktig målgruppe for vårt arbeid innanfor dette området, og det er opplevd å vere særskilt låg terskel for å ta kontakt. Mange ber om rettleiing i prinsipielle saker, og vi blir etterspurde for å halde innlegg på ulike samlingar.

Vi har som nemnt hatt tre hendingsbaserte tilsyn i 2012. Vi meiner at vi gjennom desse tilsyna har fått svært nyttig og god kompetanse på område som vi kan nytte i vår kontakt med kommunar og skolar.

Etter vårt skjønn er dette eit område som føreset at vi har brei kompetanse, og solid kjennskap til sektoren og skolekvardagen må vere på plass for å kunne løyse oppdraget på ein god måte. Vi har slik kompetanse no, og vi har nemnt at vi prioriterer å setje av ressursar til dette feltet, noko vi meiner aktiviteten synleggjer. Vi meiner såleis at måloppnåinga vår er svært god på dette resultatområdet.

Resultatområde 33 Tilsyn og forvaltningsoppgåver på barnehageområdet

33.1 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen har forvalta dei statlege tilskota etter retningslinene frå Kunnskapsdepartementet for kvar einskild tilskottsordning. Dette omfattar i hovudsak formalia- og rimelegkontroll av alle søknader og stikkprøvekontroll på nokre av søknadene. Vi viser til detaljerte opplysningar for postane 61, 63 og 64 som er innrapportert for 3. tertial 2012.

Saksmengda er redusert i forhold til 2011. Ordninga Tilskot til faste plassar i mellombels lokale blei avslutta i 2011. Fylkesmannen har i 2012 berre behandla etterslep av saker og klager frå 2010 og 2011. Saksbehandlingstida i 2012 har i hovudsak vore innanfor ein månad. Det er gjennomført kontroll etter retningslinene for kvar einskild ordning.

Det er utbetalt følgjande beløp i dei ulike tilskottsordningane:

0231-60 Driftstilskot

25 068

0231-61 Investeringstilskot	1 223 885
0231-63 Språkforståing min. språklege	10 485 077
0231-64 Faste plassar midlertidige lokale	410 000

Det er utbetalt totalt omlag 12 millionar kroner til drift og investering innan barnehagefeltet i Rogaland i 2012. Dette er ein reduksjon på 22 millionar i forhold til 2011.

Driftstilskot - Fylkesmannen har fatta 1 nytt vedtak om driftstilskot og utbetalt kr 25 068. Dette pga KD si avgjerd i klagesak frå 2010.

Investeringstilskot - 4 søknader blei innvilga heilt eller delvis. 2 søknader blei avslått. Eit vedtak om avslag blei seinare omgjort av Fylkesmannen etter klage. Etter stenging av ein privat barnehage, oppretta Fylkesmannen sak om tilbakebetaling av investeringstilskot. Udir har stadfesta Fylkesmannen sitt vedtak, og sak om inndrivning av tilbaketalingsskrav pågår.

Tilskot til faste plassar i mellombelse barnehagelokale - 1 søknad blei innvilga og 1 søknad blei avslått. Avslaget blei gitt då lokala var brukte som mellombels barnehage tidlegare. I klagesaka stadfesta Udir Fylkesmannen sitt vedtak.

FM har kontrollert alle vedtak om tilskot frå 2009 og sjekka om vilkåret om flytting frå mellombelse lokaler til permanente lokaler innan 3 år er oppfylt. Kontrollen er gjennomført ved å undersøke om det er motteke søknad om investeringstilskot for permanente lokaler, ev. anna dokumentasjon. I 2 saker der Fylkesmannen ikkje hadde motteke dokumentasjon for flytting, er kommunen bedt om å sende inn dokumentasjon. Desse 2 saken er fortsett under arbeid. Fylkesmannen finn at vilkåret om flytting frå mellombelse lokale til permanente lokaler innan 3 år er oppfylt for alle dei andre barnehagane.

Tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn - I Rogaland var det 2710 minoritetsspråklege barn i barnehage per 15.12.11, mot 2306 året før. Vi fann ikkje avvik mellom oversikt frå Udir over minoritetsspråklege barn per 15.12.11 og tal innhenta frå kommunane. I september meldte likevel ein kommune om ein feil i årsmeldinga per 15.12.11 punkt 5A. Vi sende krav om tilbakebetaling av tilskot for 1 barn og mottok tilbakebetalinga i 2012. Derfor er ikkje kr 3 870 av belastningsfullmakta benytta.

Vi har gjennomført stikkprøvekontroll i 3 kommunar. Det er sendt brev med spørsmål om rutiner for tildeling av tilskot, overskitt over vedtak fatta for 2012 mm. Resultata frå stikkprøvekontrollen går fram av innrapporteringa for 3. tertial 2012.

Klager

To av Fylkesmannen sine vedtak frå 2012 er påklaga. Den eine saka gjaldt tilskot til faste plassar i mellombels lokale 2011. Udir tok avgjerd i saka i mars 2012 og stadfesta FM sitt vedtak. Den andre saka gjaldt tilbakebetaling av investeringstilskot etter stenging av privat barnehage. Udir tok avgjerd i saka i oktober 2012 og stadfesta FM sitt vedtak. Sak om inndrivning av tilbaketalingsskrav pågår.

KD har i 2012 teke avgjerd i 2 klager på vedtak om driftstilskot. Sakene var sende til KD i april 2011. I den eine saka blei Fylkesmannen sitt vedtak stadfesta, og barnehagen måtte betale tilbake omlag kr 30 000,-. Beløpet er motteke og vidare innbetalt til statskassa i 2012. I den andre saka blei Fylkesmannen sitt vedtak oppheva, og vi fatta nytt vedtak. Barnehagen fekk utbetalt omlag kr 25 000.

Fylkesmannen meiner at måloppnåinga på tilskotsområdet er god.

33.2 Klagesaksbehandling

Talet på klagesaker er lågt på alle andre regelverksområde enn etter forskrift om økonomisk likeverdig behandling. Talet på klager på dette område har ikkje gått ned sjølv om forskrifta no er kjend i kommunane.

Klager økonomisk likeverdig behandling

Saksbehandlingstida i saker om likeverdig behandling har vore frå 3-5 mnd. Lang saksbehandlingstid skuldast både kompleksiteten i sakene og behov for innhenting av fleire opplysningar. Det blir sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan bli lang.

Fylkesmannen har gjort vedtak i 18 saker om økonomisk likeverdig behandling i 2012, to av desse kom inn i 2011. For resultat av sakene viser vi til tabellen. 7 av klagen gjeld same kommune og gjeld spørsmål om utelatte kostnader i tilskuddsgrunnlaget. Desse klagen førte til at det vart meldt tilsyn med kommunen etter bhgl. §§ 17 og 18. Andre tema i klagesakene er utilstrekkeleg dokumentasjon, feil i tilskottsgrunnlaget og at avvik mellom regnskap 2011 og budsjett 2012 ikke er forklart. Mange av klagen er fremja via Private Barnehagers Landsforbund (PBL). Nokre få klagesaker mottatt i 2012 var ikkje ferdigbehandla ved årsskiftet.

Fylkesmannen har brukt mykje tid på dei nye reglane gjeldande frå 1.1.2011 når det gjeld informasjon og rettleiing. Vi viser til res.omr. 33.3

Andre klager på barnehagefeltet

Fylkesmannen har behandla ein klage som gjaldt dispensasjon frå utdanningskravet og ei sak om stenging av ein barnehage i Stavanger. Kommunen sitt vedtak vart stadfesta i begge desse sakene. Saka om stenging gjaldt ein barnehage som allereie hadde fått ei avdeling stengt i 2011. Det første vedtaket om stenging vart stadfesta av Fylkesmannen i 2011. Denne saka gjaldt den andre avdelinga i barnehagen (storbarnsavdeling). Saka har vore ressurskrevjande og har og ført med seg vedtak frå Fylkesmannen si side om tilbakebetaling og investeringstilskott. Vedtaket vart påklaga til Utdanningsdirektoratet, som stadfesta Fylkesmannen sitt vedtak.

(Saker om spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder går fram av resultatområde 31.2.)

Måloppnåing

Det er som i 2011 to tilsette som har behandla klagesakene om økonomisk likeverdig behandling; ein økonom/pedagog og ein jurist. Sakene er framleis krevjande både i forhold til tidsbruk og innhald og inneber mykje intern drøfting og i nokre høve avklaring med Utdanningsdirektoratet. Sakene har eit sterkt økonomisk og i mindre grad eit juridisk innhald, noko som gjer det ekstra utfordrande fordi utdanningsavdelinga hos fylkesmannen tradisjonelt ikkje er rusta med slik økonomisk kompetanse.

Fylkesmannen i Rogaland har ein representant i faggruppa saman med andre fylkesmenn og Utdanningsdirektoratet. Gruppa starta sommaren 2012 og har hatt to møte. Dette er eit forum som kan få ei tydeleg rolle for å avklare rett lovforståing om likeverdig behandling, men gruppa bør også kunne nyttast i utvikling av tilsyn og vidareutvikling av regelverket på området. Fylkesmannen meiner at regelverket er unødvendig komplisert og med fordel kunne forenklast utan å bryte prinsippet om likeverdig behandling slik det er lovfesta.

Saksbehandlingstida er framleis relativt lang, men er begrunna med kompleksiteten i sakene og det at vi i nokre tilfelle har valt å utgreie sakene utover dei spørsmåla som er reiste av klager. Dette har vi gjort for å sikre forsvarleg opplysning av saka. Vi anser ut frå dette at saksbehandlingstida er forsvarleg og at målet om forsvarleg saksbehandlingstid er nådd.

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	1	0	0	1
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	0	14	4	0	18
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	1	0	0	1
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0

Merknad

33.3 Informasjon og veiledning

Informasjons- og rettleiingsoppgavet er delt mellom planlagde tiltak og førespurnader utanfrå. Fylkesmannen har i 2012 hatt jamlege møte med kommunane som barnehagemynd og arrangert regelverksamlingar for kommunale og ikkje-kommunale barnehageeigarar. Fylkesmannen nyttar nettsidene aktivt til å spreie informasjon og rettleiing. Førespurnader per telefon og e-post blir prioriterte for å medverke til at regelverket blir kjent og følgt. Det kjem spørsmål frå så vel foreldregruppa som frå kommunane, og det har også i 2012 vore mykje kontakt direkte frå foreldra.

I Rogaland samarbeider kommunane i tre nettverk på barnehageområdet. Fylkesmannen deltar i 4-6 halvdagsmøte i kvart nettverk årleg, og desse møta i nettverka er, i tillegg til informasjon via nettside, på e-post og telefon, vår viktigaste kontaktarena. Her informerer vi om nasjonale prioriteringar og om regelverket. Møta har låg terskel begge vegar, kommunane får rettleiing på eit tidlig stadium i forhold til utfordringar dei jobbar med og i høve til regelverket. Samstundes blir Fylkesmannen jamt oppdatert om utfordringar og status i høve pedagogisk bemanning og til oppfylginga av rett til barnehageplass m.m. (Sjå eige oppdrag i VP)

Det er Fylkesmannen si oppfatning at nettverka er ein sentral arena for kontakt og samhandling med kommunane. Mange av kommunane i Rogaland er små, og det har vore stor utskifting av barnehagefagleg ansvarlege. Nokre av desse har dessutan mangelfull systemkompetanse. Den hyppige møtefrekvensen gjer at Fylkesmannen kan komme tidleg inn med informasjon og rettleiing. Det har vore stor utskifting i kommunane når det gjeld stillingar på barnehageområdet, og nokre kommunar har ikkje barnehagefagleg kompetanse i kommuneleddet.

Fylkesmannen har hatt særleg fokus på informasjon og rettleiing om kommunen sitt ansvar som barnehagemynd og økonomisk likeverdig behandling. Det er Fylkesmannens oppfatning at god informasjon og dialog mellom kommunane som barnehagemynd og dei ikkje-kommunale barnehageeigarane er vesentleg for å sikre ei god implementering av det nye regelverket. Fylkesmannen har hatt eigen regelverksamling om likeverdig behandling for kommunane konsentrert om presiseringar til reglane i 2012. Fylkesmannen hadde også tilsvarande samling for Fylkesmannen i Vest-Agder. Vi er representert i faggruppa for likeverdig behandling som vart etablert i juni 2012 mellom fylkesmennene og Utdanningsdirektoratet. I samband med dette har vi hatt rettleiing for nokre andre fylkesmenn.

Fylkesmannen konstaterer at mange av kommunane framleis slit i høve til økonomisk likeverdig behandling. Reglane blir opplevde som vanskeleg tilgjengelege, og vi ser at det ikkje er mogleg å praktisere reglane rett utan å ha god oversikt over departementet sine merknader og lovforarbeidet. Kommunane har også utfordringar når det gjeld eigen kompetanse til å handtere regelverket. Det blei mottatt positivt i kommunane at KS og PBL utvikla eigen rettleiar, men vi er usikre på i kor stor grad den blir brukt. Auka bruk av rettleiaren kan lette arbeidet for kommunane, men utfordringa er framleis at reglane er basert på kommunen sitt budsjett som det er få lovkrav til. Dette er eit grunnleggjande problem som vi er redd ikkje vil bli mindre, og ei endring til å berre bruke kommunen sitt rekneskap bør vurderast nærmare.

Når det gjeld informasjon og rettleiing knytte til barn med særskilte behov, har Fylkesmannen deltatt i kommunane sitt nettverk for styrka barnehagetilbod. Her drøftar ein dei formelle sidene ved tildeling av spesialpedagogisk hjelp og Fylkesmannen har hatt ei sentral rolle mellom anna ved gjennomgang av rettleiaren på det spesialpedagogiske området. Innlemminga av det øremerka tilskottet knytt til barn med nedsatt funksjonsevne og om det har ført til redusert ressursbruk knytt til desse barna har vore eit område som er blitt drøfta og som Fylkesmannen følgjer nøye med på vidare.

Fylkesmannen har, med utgangspunkt i rettleiaren "Til barns beste", arrangert to halv dags samlingar om omsorgssvikt. Målgruppa har vore alle tilsette i barnehagane, og målsetjinga å auke kunnskapen om korleis ein oppdagar omsorgssvikt og kva ein gjer med bekymringa. Desse samlingane har fått god tilbakemelding, og Fylkesmannen vil følge opp med tilsvarande tilbod i 2013. Vi vonar med det å auke meldingsfrekvensen frå barnehagane.

Den årlege barnehagekonferansen, som Fylkesmannen arrangerer i samarbeid med Universitetet i Stavanger og Utdanningsforbundet, hadde i 2012 fokus på pedagogisk leiing. Konferansen var sær godt besøkt, og vi har fått tilbakemelding frå deltakarane på at dei ynskjer fleire samlingar med lignande tema. Det var nærmare 400 deltakare på konferansen.

Vi viser elles til rapporteringa på resultatområde 34.2 "Kompetanseutvikling og rekruttering".

Fylkesmannen meiner at måloppnåinga på dette resultatområdet har vore god. Embetet har brukt mykje ressursar på økonomisk likeverdig behandling, både knytt til å sikre at embetet har kompetente medarbeidarar på dette feltet og knytt til direkte rettleiing til kommunane og til ikkje-kommunale barnehageeigarar. Dei kommunale nettverka fungerer godt, og vi ser aktiv deltaking i nettverka som ein tenleg arbeidsmåte for å formidle informasjon og rettleiing. Bruk av nettsidene har også i år vore prioritert, og vi vil arbeide for at også den nye nettsida kan brukast

like aktivt.

33.4 Tilsyn

Fylkesmannen har i 2012 ført tilsyn med 4 kommunar på barnehagelova sitt område. Tema for tilsyna har vore kommunen sitt tilsyn med barnehagane etter § 16 og kommunen si oppfølging av krav til styrar og pedagogisk bemanning etter §§ 17 og 18. Ei ei av kommunane var også opplæringslova § 5-7 ein del av tilsynet. I ein annan kommune var kommunen si forståing og praktisering av omgrepet "kostnader til ordinær drift" i forskrift om økonomisk likeverdig behandling § 4 og rundskriv F-4266/2011, del av tilsynet.

Vi har i 2012 ført tilsyn med metoden som er beskriven i metodehandboka frå Udir. I tilsynsrapportane nyttar vi nå pålegg og korreksjonspunkt, ikkje avvik og merknader. Tilbakemeldingane frå kommunane på den nye metoden er gode, dei er særleg nøgde med at metoden gir rom for positive tilbakemeldingar og for rettleiing og støtte.

Det er totalt gitt seks pålegg. Det er gitt pålegg om å føre tilsyn med barnehagane etter §16, pålegg om å følgje norma for pedagogisk bemanning, pålegg om å behandle søknadar om dispensasjonar frå utdanningskravet i tråd med § 18 og å fatte vedtak om reduksjon i foreldrebetalinga for barn som mottar spesialpedagogisk hjelp i tråd med regelverket.

Fylkesmannen konstaterer gjennom tilsyn at ikkje alle kommunane følgjer normen for pedagogisk bemanning i tråd med presiseringa som kom i 2011. Vi har i løpet av året informert og gitt opplæring både gjennom tilsyn og i møte med kommunane i nettverk. Det er i 2012 ikkje gitt pålegg der kommunar har berekna prosentvis auke i pedagogstillingar, men Fylkesmannen har understreka at kommunane i løpet av perioden må tilpasse seg praksis etter lovverket. Vi har grunn til å tru at lovforståing og praksis gradvis er innarbeidd.

I tillegg til den ordinære områdeovervakinga er tilsynskommunane valde på bakgrunn av den kjennskapen vi har til kommunane gjennom kontakt i nettverk og samlingar, særleg i høve til kompetansen i kommuneleddet. Små og mellomstore kommunar har også dette året hatt utskiftingar av dei barnehagefagleg ansvarlege. Kommunane misser på denne måten den barnehagefaglege kompetansen, og det tar lang tid å opparbeide ny kompetanse. Fylkesmannen har derfor prioritert å delta i nettverk og å gi personleg oppfølging av dei nye i kommunane.

Den eine av tilsynskommunane er vald fordi det kom svært mange klagesaker frå kommunen.

Kommunane har gitt tilbakemelding om at pålegga i samband med tilsyn med barnehagane er følgt opp, ved at kommunane utarbeider plan og rutinar som sikrar at dei har eit tilsyn i tråd med regelverket. Kommunane har i samband med pålegg etter §§ 17 og 18 gitt tilbakemelding om at dei praktiserer normen for pedagogisk bemanning og etablerer rutiner som sikrar at søknader om dispensasjonar blir behandla i samsvar med regelverket.

Vi har på bakgrunn av tilsyn siste åra sett at kommunane har store behov for rettleiing og opplæring om lov og regelverk. Etter vår vurdering gir den nye tilsynsmetodikken rom for støtte og veiledning, der pålegg og korreksjonspunkt gir tydelege tilbakemeldingar om kva kommunen må gjere for å følgje regelverket.

Det var krevjande for avdelinga å justere metoden, mest fordi vi undervegs fekk skifte i bemanninga. Likevel har vi samla sett har vi etter vår vurdering hatt ei god måloppnåing på tilsynsfeltet i 2012.

FMRO

Tilsynsobjekt:	Hjelmeland kommune
Tema/myndighetskrav:	Barnehageloven §§ 16, 17, 18. Opplæringslova § 5-7.
Avvik/funn:	3 pålegg: Hjelmeland kommune må sørge for å føre tilsyn med barnehagane i samsvar med barnehagelova § 16. Hjelmeland kommune må følge norma for pedagogisk bemanning og behandle søknader om dispensasjon frå utdanningskravet i tråd med § 18 i lova. Hjelmeland kommune sine vedtak om reduksjon i foreldrebetaling for barn som mottar spesialpedagogisk hjelp, er ikkje i tråd med regelverket.
Frist for lukking av avvik:	01.04.2013
Pålegg:	Ja
Merknad:	Det er gitt 8 korreksjonspunkt.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Metode: Tilsyn i opplæringssektoren, Udir.

FMRO

Tilsynsobjekt:	Finnøy kommune
Tema/myndighetskrav:	Barnehageloven §§ 16, 17, 18.
Avvik/funn:	Det ble ikkje gitt pålegg.
Frist for lukking av avvik:	
Pålegg:	Nei
Merknad:	
Ressursbruk:	
Kommentar:	Metode: Tilsyn i opplæringssektoren, Udir.

FMRO

Tilsynsobjekt:	Bjerkreim kommune
Tema/myndighetskrav:	Barnehageloven §§ 16, 17, 18.
Avvik/funn:	Pålegg: Bjerkreim kommune må sørge for å utøve tilsyn med barnehagane i henhold til barnehageloven § 16.
Frist for lukking av avvik:	01.09.2012
Pålegg:	Ja
Merknad:	Det ble gitt to korreksjonspunkt.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Metode: Tilsyn i opplæringssektoren, Udir.

FMRO

Tilsynsobjekt:	Eigersund kommune
Tema/myndighetskrav:	Barnehageloven §§ 17, 18. Reglane for dispensasjon frå utdanningskravet, jf. forskrift "Kostnader til ordinær drift", jf. forskrift om økonomisk likeverdig behandling og rundskriv F-4266/2011

Avvik/funn:	To pålegg: (foreløpig rapport) Eigersund kommune skal som barnehagemyndigheit sjå til at norm for pedagogisk bemanning blir fulgt i alle kommunale og private barnehagar. Eigersund kommune skal som barnehagemyndigheit sjå til at dispensasjonar frå utdanningskravet behandlast i tråd med forskrift om midlertidig og varig dispensasjon....., jf. forvaltningsloven.
Frist for lukking av avvik:	
Pålegg:	Ja
Merknad:	Det ble gitt fem korreksjonspunkt. Kommunen har frist til 12.02.2013 med å gi kommentarar til den foreløpige tilsynsrapporten.
Ressursbruk:	
Kommentar:	Metode: Tilsyn i opplæringssektoren, Udir.

33.5 Kontroll av årsmelding per 15/12 og årsregnskap for ikke-kommunale barnehager

Fylkesmannen har kontrollert og godkjend årsmeldingane per 15.12.11 frå alle barnehagane innan fristen 17.02.12. Fylkesmannen har purra kommunar som ikkje hadde godkjend årsmeldingar innan kommunane sin frist for godkjenning 20.01.12. Fire sakbehandlarar har kontrollert årsmeldingane. Innrapporterte data er sett i forhold til årsmeldingane frå året før og vedtak om godkjenning etter barnehagelova. I dei fleste årsmeldingane som blei avviste, var det feil i årsmeldinga punkt 8, Opplysningar om stillingar og personale, og punkt 3, Barnehagens organisering. Fylkesmannen har gitt fagleg rettleiing til både barnehagenivå og kommunenivå, særleg i forhold til utfylling av punkt 8 og 3. Det er brukt 37 dagsverk til dette arbeidet i 2012.

Fylkesmannen har ikkje purra kommunane i samband med innrapportering av årsrekneskap i BASIL. Bakgrunnen er at Fylkesmannen si rolle ikkje lenger er med i Utdanningsdirektoratet si rettleiing om rapportering for årsrekneskap 2011 som vart samla inn i 2012. I desse retningslinene er det berre kommunen som har ansvaret for å purre på manglande innlevering av skjema for årsrekneskap. Den einaste rolla vi har etter rettleiinga er å svare på spørsmål frå barnehagar og/eller kommunen. Vi har svart på nokre få spørsmål om dette.

Vi meiner måloppnåinga vår er god.

Resultatområde 34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen

34.2 Kompetanseutvikling og rekrutering

Kompetanseutvikling og rekruttering

Fylkesmannen arbeider med kvalitetsutvikling i barnehagesektoren gjennom tiltak knytte til kompetansestrategien, kompetansemidla og kvalitetsmidla. Målsettingane og forventningane til kommunane er vektlagde på saksbehandlarsamling med kommunane, sjå resultatområde 33.3.

Rogaland mottok kr 3 742 000 i kompetansemidlar i 2012, og kr 170 000 var øyremerkte midlar over kap 231 post 21 for å arbeide med oppfølging av Likestilling 2014 - regjeringa sin handlingsplan for likestilling mellom kjønna. 11 kommunar søkte om midlar for å vere med på prosjektet "Leikeressurs i barnehagen", og Fylkesmannen tildelte kr 230 000 til 8 kommunar med til saman 21 deltakande barnehagar.

Temaet likestilling og kjønn har vore drøfta ved fleire anledningar i kommunenettverka. Vi ønskjer å styrkje

fokus på dette arbeidet og har i løpet av hausten 2012 utarbeidd ein plan for arbeidet. Likestillingsteamet har arrangert frokostmøte med barnehagefagleg ansvarlege i sørfylket og nordfylket der teori og praksis vart drøfta. I samarbeid med Likestillingssenteret har Fylkesmannen arrangert 2 kursdagar med 100 deltakarar der likestilt pedagogisk praksis var tema. Vidare har Fylkesmannen tildelt midlar til ein konferanse med temaet "Likestillingsarbeid og rekruttering av menn i barnehagen", eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Forsand, Strand, Rennesøy og Finnøy.

Alle dei 26 kommunane i Rogaland søkte om kompetansemidlar, og tildelinga vart gjort etter søknad med framlagt kompetanseplan for 2012. Midla vart tildelte etter fordelingsnøkkel etter talet på barnehagar og barn i barnehagane i kommunen. Frå tiltaksplanane ser vi at dei prioriterte områda i strategiplanen frå KD - "Venskap og deltaking" er godt ivaretatt. Rapportar og tilbakemeldingar frå nettverka viser at alle barnehagane i kommunane har deltatt i kompetansehevingstiltak, og alle yrkesgruppene i barnehagen har deltatt på eit eller fleire tiltak. Også ikkje-kommunale barnehagar var inviterte til å delta på nokre av kompetansehevingstiltaka som kommunane arrangerer.

For rekneskap og rapportering for bruk av kompetansemidla over kap 231 post 21 og 63 viser vi til eiga rapportering.

Kvalitetsutvikling i barnehagen

Rogaland mottok kr 540 000 over kap. 231 Barnehagar post 21 Spesielle driftsutgifter (Uviklingsmidlar). Dette er ein reduksjon på kroner 538 606 frå året før. Midla er i stor grad nytta til nettverk og samlingar med kommunane, eigne prosjekt, konferansar og interkommunale prosjekt i kommunane. Midla blei også i år nytta til å arrangere kurs med søkjelys på styrkt medvit om omsorgssvikt og melding til barnevernet. Etter vår vurdering er kvalitetsmidla svært viktige for å ivareta pådrivarrolla og initiere utviklingstiltak i sektoren.

Barnehagekonferansen 2012 vart arrangert 3 mai og hadde hovudtittelen "*Pedagogisk ledelse!*" Vi valde dette emnet fordi barnehagesektoren er i stadig utvikling og omstilling, blant anna gjennom auka utbygging og store krav til pedagogisk leing i barnhagane. Pedagogen og barnehagen sin rolle har eit sterkt fokus i ny formålsparagraf, og konferansen var med på å presisere betydningane av endringar i i lov og rammeplan. Konferansen er årleg, og er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, UiS og Utdanningsforbundet i Rogaland. Det var 380 deltakarar på konferansen, og tilbakemeldingane var svært gode.

I samarbeid med UiS-pluss har vi utarbeidd ein emneplan for kompetanseheving av assistentar, KOMPASS, og studiet starta opp i des 2011 med 30 studentar frå Sandnes kommune, Sola kommune, Time kommune og Hå kommune. Det er jamn fordeling av kommunale og ikkje-kommunale deltakarar. Desse studentane var ferdige i løpet av hausten 2012. Restmidla frå utviklingsmidlane 2011 har gjort det det mogleg å delfinansiere 30 nye studieplassar, og desse studentane starta opp i løpet av hausten 2012. Totalt hadde vi 60 studentar i perioden 2011-2012. Studiet er svært populært, og kommunane har store forventningar til at KD skal bevilge friske midlar i nokre år fremover slik at fleire kan delta på denne kompetansehevinga. Hausten 2012 blei det også gjort ein avtale med Høgskolen Stord Haugesund, og 30 studentar startar opp i løpet av nyåret.

Rekruttering

Fylkesmannen har etablert ei lokal prosjektgruppe med representantar frå kommunane, og desse deltok på samlinga med KD i juni 2012. Prosjektgruppa har utarbeidd strategi- og handlingplan for GLØD Rogaland. Ei viktig målsetting for arbeidet er å etablere eit partnerskap mellom kommunane og andre relevante partar for å styrkje satsinga, og det er eit mål å tilsetje ein prosjektkoordinator som kan leie arbeidet. Det er også etablert ei styringsgruppe for GLØD Rogaland med representantar frå KS, Utdanningsforbundet, UiS, HSH og ein kommunepolitikar. Styringsgruppa har behandla og godkjent strategi- og handlingsplanen. Vi reknar med at partnerskapen vil erstatte styringsgruppa, dette får vi avklart på ei samling 21. februar.

I løpet av hausten er det i samarbeid med UiS funne studentambassadørar til utdningsmessa, og i samarbeid med kommunane funne ambassadørar frå barnehagar som skal bidra i den nasjonale rekrutteringskampanjen.

Fylkesmannen har gitt økonomisk støtte til UiS, der førskolelærerutdanninga har laga ny rekrutteringsfilm. Filmen ligg på UiS og Fylkesmannen sine nettsider og er også tilgjengeleg for bruk for kommunar og andre. Fylkesmannen har også trykt bokmerke om ny barnehagelærerutdanning til bruk i rekrutteringsarbeidet.

Fylkesmannen drøftar rekruttering jamt i møte med kommunane, og dei rapporterer at det er stort fokus på å skaffe nok førskolelærarar. Fylkesmannen har i 2012 også hatt tettare kontakt med førskolelærerutdanninga ved UiS og HSH for å samarbeide om ulike kompetanse- og rekrutteringstiltak.

Fylkesmannen meiner at måloppnåinga vår er god på dette resultatområdet, sjølv om det er mange og store utfordringer på feltet. Rogaland manglar framleis over 500 førskolelærarar, og dette vil prege sektoren i lang tid. Mange kommunar slit med mangelen, og det er viktig at Fylkesmannen kan hjelpe til både med tilbod om skoloring av tilsette i barnehagane og tildele midlar til kompetanseheving på spesielle område. Etter vårt syn burde det vore stilt større ressursar til disposisjon for GLØD i eit fylke som vårt - ein eigen prosjektleiar må til dersom denne satsinga skal få tyngde nok til å gi resultat i "oljefylket".

34.3 Andre satsingsområde

Fylkesmannen stimulerer til tiltak innan nasjonale strategiar og satsingar ved å gi informasjon på heimesidene, i nettverk med dei barnehagefaglege ansvarlege i kommunane og i samlingar med barnehageeigarar. Vi viser til resultatområde 33.3 for nærare omtale av dette.

Fylkesmannen har fast samarbeid med Universitetet i Stavanger (UiS) gjennom blant anna dialogmøte med UiS og 3 kommunar (som representerer kommunane i sørfylket). Kvart år arrangerer vi ein barnehagekonferanse i samarbeid med UiS og Utdanningsforbundet Rogaland. I tillegg har Fylkesmannen samarbeid med UiS om å utvikle eit kompetansehevingstilbod til assistentgruppa, sjå også resultatområde 34.2. I løpet av 2012 har vi etablert eit samarbeid også med Høgskolen Stord Haugesund. Dei har utvikla eit kompetansehevingstilbod til assistentane, og vi har 3-4 dialogmøte saman i løpet av året. Også 3 kommunar som representerer nordfylket, er med på desse møta.

Handlingsplan for likestilling.

Fylkesmannen har på barnhageområdet brukt nettverksmøta med kommunane også på dette området. Likestillingsarbeid er ei lovpålagt oppgåve i fagområda i Rammeplan for barnehagar, og vi har informert og prøvd å skape auka bevisstgjerings i kommunane om dette. Vi har etablert likestillingsteam med fire representantar frå kommunane og ein representant frå Universitetet i Stavanger. Likestillingsteamet har utarbeidd ein plan for vidare arbeid. Teamet har arrangert frukostmøte og invitert alle barnehagefagleg ansvarlege i kommunane. På desse møta har det vore framlagt teori på likestillingsområdet, og det har vore sær gode drøftingar etterpå. Fokus i drøftingane har vore likeverdig pedagogikk i praksis. Kommunane har også kome med konstruktive innspel til vidare arbeid i likestillingsteamet.

I barnehagane er det sett søkjelys på å leggje til rette for at gutar og jenter skal ha likeverdig rom for utvikling. Med inspirasjon frå Lundgaardsløkka barnehage har Fylkesmannen tildelt midlar til eit leikeprosjekt der gutar frå ungdomsskolen kan få kjennskap til barnehagekvardagen ved å arbeide nokre timar etter skoletid. Dette startar for fullt i 2013 og vil vare ut året. Til finansiering av prosjektet har vi brukt midla til likestillingsarbeid frå KD, kr 170 000. Fylkesmannen har i tillegg bidratt med kr. 60 000,- for å få i gang eit fagleg godt prosjekt, og det vart såleis lyst ut kr 230 000,- til dette prosjektet. 11 kommunar søkte om midlar, og 8 kommunar fekk tildeling. Desse kommunane skal altså arbeide med prosjektet "Leikeressurs i barnehagen" saman med Fylkesmannen og Universitetet i Stavanger. I prosjektperioden skal det vere samlingar med fokus på teori og utprøving mellom samlingane. Samlingane vert også nytta til erfaringsdeling. Rapport frå prosjektet vil bli utarbeidd.

Fylkesmannen har også i samarbeid med Likestillingssenteret arrangert 2 kursdagar om likestilling i barnahagen. 100 barnehagetilsette deltok og interessen for å delta var mykje større enn det vi hadde plass til. Kommunane har difor i ettertid fått høve til å sjølve kjøpe dette kurset frå Likestillingssenteret.

Manifest mot mobbing.

Fylkesmannen har via nettverka (sjå 33.3) informert kommunane om Manifest mot mobbing og krav om ein plan for arbeidet også på barnehagesektoren. Pga knappe ressursar har vi ikkje hatt høve til å arrangere samlingar der aktuelle tiltak kunne vore presenterte.

Samarbeid barnehage-barnevern

Fylkesmannen har med utgangspunkt i rettleiaren "Til barns beste", arrangert to større samlingar med mål om å auke kunnskapen om korleis ein oppdagar omsorgssvikt og kva ein gjer med bekymringa. Omlag 300 tilsette frå kommunale og ikkje-kommunale barnehagar deltok, og tilbakemeldinga har vore sær god. Fylkesmannen vil følge opp med tilsvarende tilbod i 2013. Vi vonar med det å auke meldingsfrekvensen frå barnehagane.

Samla sett meiner vi måloppnåinga er god også når det gjeld rettleiing og informasjon om sentralt initierte tiltak i nasjonale handlingsplanar og på særskilte satsingsområde.

Avdelinga har også i 2012 prioritert arbeidet knytt til økonomisk likeverdig handsaming høgt(sjå 33.3), og dette har medført noko mindre innsats på andre område. Ei anna årsak er også at tildelingane er blitt mykje mindre.

Ressursrapportering

Berre lønsutbetalinger er ført under fagdep. Rappoertn skil ikkje på løn til tilsette hos Fylkesmannen og eksterne. Det er derfor viktig å merkje seg at summen for res. område 35.5 Eksamen m.v. viser mellom anna godtgjersle på kr 12.687.681 til eksterne sensorar.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 2 835 985,16	kr 0,00
31.4 Informasjon og veiledning	kr 1 633 573,11	kr 22 286,13
31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartl.prøver	kr 235 442,88	kr 13 454 085,90
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 893 192,92	kr 0,00
32.2 Kompetanseutvikling	kr -77 445,11	kr 265 469,74
32.3 Skoleporten	kr 22 847,49	kr 0,00
32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32)	kr 132 284,76	kr 39 646,89
33.1 Tilskuddsforvaltning	kr 204 746,55	kr 0,00
33.2 Klagesaksbehandling	kr 224 318,59	kr 0,00
33.4 Tilsyn	kr 818 855,74	kr 0,00
33.5 Kontroll av årsmelding og årsregnskap	kr 0,00	kr 0,00
33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33)	kr 522 906,34	kr 0,00
34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen	kr -3 780,50	kr 204 069,13
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under KD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 7 442 927,00	kr 13 985 557,00

Statens Helsetilsyn

Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven

I hovudsak vert dette kapittelet rapportert gjennom eiga rapportering til Statens helsetilsyn.

Fylkesmannen i Rogaland hadde i 2012 utfordringar i å overhalde sakshandsamingstid for enkeltsaker og fylle opp målkrav for antal planlagde tilsyn på barnevernsfeltet.

Auka ressurstildeling frå BLD i 2013 vil venteleg betre denne situasjonen.

Vi viser til eigen rapport til Statens Helsetilsyn sent 20.01.2013

41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Årsrapport er sent Statens helsetilsyn 20. januar 2013

41.2 Planlagt tilsyn

Årsrapport er sent Statens helsetilsyn 20. januar 2013

41.3 Klagesaker

Årsrapport er sent Statens helsetilsyn 20. januar 2013

41.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen i Rogaland nyttar fristrapportering frå kommunane i si områdeovervaking innan barnevernsfeltet. Vert lagd til grunn for utveljing av kommunar for tilsyn og rettleiing. Det har ikkje vore vedtak om ileggelse av mulkt grunna fristbrot i Rogaland i 2012.

Resultatområde 73.1 Klager på økonomisk stønad og kvalifiseringsprogrammet etter 1 tjenester i NAV

Fylkesmannen mottok 180 klagesaker etter lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen i 2012. Fylkesmannen behandla 207 saker. Av dei blei 188 stadfesta, 6 oppheva og 13 i endra. 20 % av sakene blei behandla innan 3 md.

Fylkesmannen har halde 3 kurs for tilsette i Nav og andre tilsette i kommunane om lov om sosiale tjenester i NAV, og forskrifter og rundskriv gitt med heimel i denne lova. Kwart kurs gjekk over to dagar. I tillegg hadde vi eigen opplæringsdag for Nav-leiarar. Internkontrollplikta var også eit tema på Nav-leiarsamlinga.

Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV

Sjå punkta under

74.1 Hendelsesbasert tilsyn

Det har ikkje vore nokre hendelsesbaserte tilsynssaker i NAV i Rogaland i 2012.

74.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen gjennomførte i 2012 4 av 5 planlagde tilsyn med dei sosiale tenestene i Nav. I Suldal kommune var temaet for tilsynet om kommunen sikra at søknader om økonomisk sosialhjelp blei behandla i samsvar med krav i lov og forskrifter. Herunder m.a. om kommunen sikrar forsvarleg sakshandsaming av søknader, om det blei gjort individuelle vurderingar og om stønadstilbodet blei utforma saman med søkjar. Det blei ikkje funne avvik i dette tilsynet.

I kommunane Karmøy, Hjelmeland og Rennesøy var temaet for tilsynet handsaming av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsørgjaransvar for barn, herunder om kommunen sikra forsvarleg kartlegging og at det blei gjort forsvarlege vurderingar. Det blei funne avvik i alle desse tre kommunane. I to kommunar fann vi avvik i form av mangelfull kartlegging og i ein kommune vart det heller ikkje gjort forsvarlege vurderingar ved behandling av søknader. Ein kommune sikra ikkje at det alltid blei teke omsyn til påleggstrekk ved vurdering av søknader om økonomisk stønad.

Med atterhald om å kunne seie noko generelt på eit så lite grunnlag som 3 kommunar er, så kan det verke som om Nav-kontora i utgangspunktet avgrensar seg til å kartlegge og vurdere det som det blir søkt om, og at ein i liten grad kartlegg andre områder som t.d. barn i familien og deira situasjon.

74.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen i Rogaland nyttar mange ulike kontaktpunkt med kommunane og Nav-kontora i si områdeovervaking av dei sosiale tenester i nav. Røynsler vi får i dialogen med kommunane i vår rettleiings- og utviklingsarbeid, Vert lagd til grunn for utveljing av kommunar for tilsyn og vidare oppfølging.

Sjå ellers eiga rapportering til Statens Helsetilsyn.

Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenest

Fylkesmannen i Rogaland hadde grunna ressursituasjonen i 2012 store utfordringar med å halde fristar for sakshandsaming samt å møte volumkrav for planlagde tilsyn innan helsetenesta. Sjå rapportering under dei enkelte punkta under og særskilt rapportering til Statens Helsetilsyn.

82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen i Rogaland handsama i 2012 197 tilsynssaker frå helsetenesta. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 7,1 månader og median var 6,3 månader.

Det kom inn 209 tilsynssaker i 2012 og pr 31.12.2012 var restansen på 135 saker.

82.2 Planlagt tilsyn

Rapportert i egen rapport av 20.01.13 til Statens Helsetilsyn.

Vi har ikke hatt full måloppnåelse i høve til krava for antal planlagde tilsyn. Ressurssituasjonen gjorde at totalt 18 planlagte tilsyn gikk ut, og disse ressursene ble i det vesentlige brukt til å behandle enkeltsaker.

I samband med satsing på tilsyn med helse- og omsorgstenester til eldre, har vi gjennom 3 år mottatt tilskotssmidlar fra Statens Helsetilsyn til et Sprednings- /Clusterkommuneprosjekt. Prosjektet blei formelt avslutta 31.12.12. Erfaringane som vi har gjort i løpet av desse 3 åra har vore nyttige for utviklinga av vår eigen tilsynsaktivitet. I 2012 nytta vi metodikken med spredningstilsyn i tilsynet med rehabiliteringstenester i sjukeheimar. Dette tilsynet blei gjennomført i to kommunar, og i tillegg blei ytterlegare seks kommunar kytt til tilsyna som "spreiingskommunar". Spredningsmetodikken blei også nytta ved eit tilsyn i sjukeheim der lov om pasient- og brukerrettar kap 4A var temaet.

"Spredningsprosjektet" er møtt med stor entusiasme og positivitet både frå kommunane og KS. Tilbakemeldinger frå kommunane tyder på at deltakande kommunar får en auka styrings- og interkontrollforståelse. Samstundes blir dei konkrete tilsynserfaringane spreidd på fleire kommunar, og spreingstilsynet kan dirfor vere eit effektivt tilsynsverktøy. Vi har også fått tilbakemelding på at kvalitetssamarbeid mellom kommunane vert stimulert og forbetra. Oppsummert er vår erfaring med "Spredningsprosjektet" så god at vi i 2013 kjem til å fortsetje med spreingstilsyn i på fleire av våre fagområde.

Sjå elles særreportering til Statens helsetilsyn sendt 20.01.2013

82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukerrettighetsloven m.fl.

Fylkesmannen i Rogaland behandla 235 klagesaker etter helse- og omsorgstenestelova og pasient- og brukerrettighetslova. Talet på saker fordelte seg slik:

Kategori	antal	median	gj.snitt	innen 3 md
Sjuketransport	124	4,5	3,7	37,1%
Nødvendig helsehjelp	37	2,1	2,7	66,7%
Øvrige klager helse/omsorg	74	3,5	3,5	42,4%

Utanom dette mottok Fylkesmannen i Rogaland i 2012 totalt 186 vedtak om bruk av tvang etter lov om pasient- og brukerrettar kapittel 4A. Statistikkdata er oversendt Statens helsetilsyn.

82.9 Andre oppdrag

Oppgaver etter lov om kommunal helse- og omsorgstjenester kap. 9

Sjå rapportering pkt 86.9 under HOD

Håndtering av varsel fra helseinstitusjon om innleggelse med hjemmel i helse-og omsorgstjenesteloven § 10-2 og § 10-3.

Fylkesmannen mottok i 2012 9 meldingar på dette saksområdet. 4 av desse var med heimel i § 10-2 og 5 var med heimel i § 10-3.

Meldinger etter spesialisthelsetjenesten § 3-3

Meldeordninga opphørte 1.juli 2012. Fylkesmannen mottok før dette i 2012 49 meldingar . Det har skjedd ei klar forbetring dei siste årene kva gjeld kvaliteten på det som vert rapportert, og det generelle inntrykket er at meldingane i større grad vert nytta for å sikre tenestetilbodet. Det er grunn til å tru at fleire meldepliktige hendelser framleis ikke vert meldt

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven

Sjå eigen rapportering til Statens helsetilsyn sent 20.01.2013-

Resultatområde 42 Familierett

Dette er gjort nærare rede for nedanfor.

42.1 Ekteskapsloven

Fylkesmannen gav 878 løyve til skilsmisse og 1028 løyve til separasjon i 2012.

Fylkesmannen behandla 4 saker om prøving av ekteskapsvilkår.

Alle områda krev mykje rettleiing over telefon.

42.2 Anerkjennelsesloven

Fylkesmannen behandla i 2012 107 saker etter anerkjenningslova. I tillegg behandla vi 9 saker som gjaldt skiftefritak aleine.

Fylkesmannen behandlar disse sakene så fort det lar seg gjere, då det ofte er tidspress grunna at den eine parten har begrensa opphaldsløyve i Noreg. Vi har mykje kommunikasjon med partane i desse sakene, både telefonar, e-post og frammøte på kontoret. Det tar tid å skaffe rett dokumentasjon.

42.3 Barneloven

Det har ikkje vore saker til realitetsbehandling etter barnelova i 2012.

Det er mange telefonar hit både når det gjelder samvær, foreldreansvar, og reisekostnader. Færre når det gjeld stadfesting av privat avtale mellom partene.

42.4 Veiledning og informasjon

Fylkesmannen gir dagleg råd og rettleiing til enkeltpersonar om reglane innafor familieretten. Vi ser at vi dekkjer eit viktig behov ved denne verksemda. Mange som tek kontakt med oss har snakka med andre offentlege etatar først, men desse har ikkje hatt den nødvendige oversikta over feltet til å gi hensiktsmessig rettleiing. Til dels gir vi også rettleiing til andre offentlege etatar.

Rettleiinga utgjer den klart mest ressurskrevjande delen av arbeidet med barnelova.

Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilb

Fylkesmannen i Rogaland kartla i 2011 krisesentertilbodet i fylket. Kartleggjinga viste at kommunane i sør fylket er knytt til Stavanger krisesenter som Stavanger kommune driv som eit kommunalt tiltak med samarbeidsavtaler med 17 andre kommunar. I nord fylket er kommunane knytt til Krisesenter Vest IKS som er eit interkommunalt selskap. Ein kommune, Kvitsøy, med kring 600 innbyggjarar er ikkje knytt til noko krisesenter, men baserer seg på legevakt, psykososialt kriseteam og bakvakttelefon.

Det er i 2012 ikkje ført tilsyn med nokre av krisesentera.

Resultatområde 44 Familievern

Det er ført tilsyn med dei to familievernkontora vi har i fylket og det ble ikkje funne avvik.

Resultatområde 45 Barn og Unge

Fylkesmannen i Rogaland har etablert ei gruppe på tvers av avdelingane for å samordne dei ulike oppdraga og satsingane knytt til utsette barn og unge. Det er laga ei oversikt over oppdraga på området og gruppa sørger for intern informasjon om satsingar, konferansar og andre kompetansetiltak.

Embetet har fått informasjon om Ungdom i svevet, men har ikkje gått vidare med dette arbeidet.

10 kommunar har fått tilskott til arbeidet mot barnefattigdom. Kommunane er blitt fulgt opp gjennom rappoterings- og tilskotsforvaltning. Hausten 2012 etablerte Fylkesmannen nettverk for alle kommunane i ordninga, med siktemål å gjennomføre slike samlingar kvart halvår.

Det nye rundskrivet til sosialtenestelova legger vekt på NAV-kontora sitt ansvar for utsette barn og unge og familieane deira. Fylkesmannen har understreka dette både i den omfattande opplæringa i rundskrivet som har vært gjennomført, og på andre arenaer, til dømes leiarsamlingar.

Sjå elles punkta under.

45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

- Bruk av budsjettmidlar for 2012 på kap./post 854.21 til informasjonsverksemd vert rapportert til BLD,

særskilt innan 01.03.2013

- Aktivitet på barnevernområdet i kommunane vert rapportert i halvårsrapport til departementet 20. januar og 20. august.

45.2 Fritak for taushetsplikt

Fylkesmannen gjer ein felles rapport for alle sakane om fritak for taushetsplikt. Det sorterast ikkje mellom hvilke departement sakane sorterer under.

Fylkesmannen behandla totalt 54 saker vedrørende fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt i 2012.

Gjennomsnittlig sakshandsamingstid var 12,5 dager.

Fylkesmannen utarbeida også eit informasjonsskriv som gjeld søknad om fritak for taushetsplikt, som ble sendt ut til aktuelle aktører og lagt på nettsida vår. Det primære formålet var å gi informasjon om hvilke opplysningar Fylkesmannen treng i desse sakane og at det ikke er nødvendig å søke om fritak dersom den som har krav på taushet samtykker.

45.3 Handlingsplan mot kjønnslemlesting

Det blei ikkje gjennomført kurs eller konferanser i 2012 arrangert av Fylkesmannen. Det har diverre vore låg interesse for kurs og konferansar på dette området.

45.4 Biologisk opphav

I 2012 var det 15 personer som søkte om å få opplysninger om sitt biologiske opphav.

Saksbehandlingen varierer utifra hvor gammel saken er. Dersom de biologiske foreldrene lever, skal Fylkesmannen alltid varsle dem i form av et rekommandert brev.

Dersom de er døde, vil den adopterte få et svar iløpet av et par uker. De får da opplyst navn, fødselsdato, dødsdato og siste bo-kommune på sine biologiske foreldre.

45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

Fylkesmennene har 20.08.2012 og 20.01.2013 kontrollert halvårsrapporteringa frå kommunane, og har gjeve eigne statusrapportar i samband med det.

Resultatområde 46 Universell utforming

Universell utforming er etablert og integrert som ein del av arbeidet med å vurdere kommunale planar. I alle fråsegner og tilbakemeldingar til kommunane blir universell utforming vurdert og omtala så sant det er relevant for saka. Det same gjeld i drøftingsmøter som me har med kommunane i deira førebuing av nye- eller revurdering av plansaker

Me erfarar nå at kommunane i stor grad ivaretek kravet om universell utforming og at tilrettelegginga vert nytta som eit strategisk virkemiddel for betre tilgjenge for perersonar med redusert funksjonsevne.

Fylkesmannen sin aktivitet på området har vore redusert i 2012, blant anna på grunn av avvikling av nettverksmøte og "pilotkommunearbeidet". Likevel deltek embetet fortsatt i ei fylkeskommunal plnaleggingsgruppe saman med KS og kommunane for å arrangera ein større regional 2-dagars konferanse om universell utforming våren 2013.

Nettsidene våre vert aktivt nytta for å spreia informasjon og nyhende om resultatområdet.

I fylket er det eit stort press på bustadmarknaden. Det er behov fleire bueiningar. I den lokale debatten vert det i ulike høve forkusert på at kravet om universell utforming er urimeleg, kostbart og ei hindring for å kunne byggja fleire og rimelege bustader.

Resultatområde 47 Integrering av innvandrere

Dette er gjort nærare rede for nedanfor.

47.1 Statborgerseremonier

Oppslutninga om seremoniane ligg på omlag 20%. Av 520 som vart invitert til seremonien i juni så deltok 105, mens av 230 inviterte i desember så var det 47 som deltok.

Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMRO	2	20
Sum	2	

47.2 Bosetting av flyktninger

Vi har i 2012 ikkje hatt særskilde tiltak på dette feltet. Bosetting av flyktningar går såleis inn som ein ordinær del av det bustadssosiale arbeidet. Arbeidet førset samarbeid og initiativ frå IMDI. Vårt generelle inntrykk er likevel at kommunane i Rogaland er rimeleg gode på å ta imot flyktningar og å busetje desse.

47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Fylkesmannen behandla tre klager på vedtak etter introduksjonslova i 2012. To saker galdt avslag på deltaking i introduksjonsprogrammet. Ei sak er avvist fordi søker ikkje hadde rett og plikt til ordninga og i ei sak er kommunen sitt vedtak oppheva fordi kommunen si grunngjeving ikkje var heimla i lova. I ei sak vart kommunen sitt vedtak stadfesta fordi fristen for å tilby introduksjonsordning var gått ut. Denne saka kom inn heilt på slutten av året og vart avgjort i 2013.

Fylkesmannen har i tillegg til den konkrete sakshandsaminga hatt noko rettleiing av kommunar og enkeltpersonar på telefon. I samband med at Fylkesmannen har fått tilsynsheimel etter introduksjonslova, har vi hatt inlegg i ulike fora i løpet av 2012. Vi har informert om kva tilsyn på dette området vil inneber for dei einskilde kommunar. Vi har mellom anna hatt innlegg på VOX sin regionale leiarkonferanse den 26.03.2012, Faglig forum for kommunalt flyktningararbeid i Rogaland den 01.11.2012, og på vinterseminaret til Beregingsutvalet den 5.12.2012.

47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Fylkesmannen skal gi ei kortfatta oppsummering av tilskotsforvaltinga og arbeidet med etterutdanning. Fylkesmannen forvalta i 2012 132,7 mill kr til dei fire ulike tilskotsordningane på området. Det er ein auke på 9,3 % frå året før. Resultattilskot auka med 5 %, og talet på norskprøver med tilskot er meir enn fordobla frå 2009. Persontilskot auka totalt med 11,8 %. Auken var sterkast for tilskot år 1 (+38,4%). Dette kan forklarast

med tilstrøyminga av nye innvandrarakar med vedtak. Det var 109 færre personar i mottak i 2012 som utløyste tilskot til norskopplæring.

Samarbeidet med VOX om etterutdanning for lærarakar og leiarar i norskopplæringa vart vidareført frå 2011. Frå 2011 står VOX som fagleg ansvarleg og Fylkesmannen som praktisk ansvarleg for etterutdanninga. Tildeling av statlege middel gjer det mogleg å tilby etterutdanning utan deltakaravgift for den enkelte. Etterutdanninga i 2012 var særleg knytt til 2-dagarskurs hausten 2012. Dagane var planlagde i god tid og i samarbeid med einingane i vaksenopplæringa i fylket. Det var planlagd med 200 deltakarar, og det møtte 166 deltakarar, akkurat det same som året før. Oppslutninga i Rogaland var høgare enn i fleire andre fylke. Samarbeidet er evaluert av deltakarane, og det var mykje god tilbakemelding om kurset, både fagleg og praktisk. Samarbeidet mellom VOX og fylkesmennene er evaluert i eiga samling, og det vart stort sett vidareført utan særlege endringar. I tillegg arrangerte VOX regionale leiarsamlingar for norskopplæringa der Fylkesmennene møtte.

Det er brukt 12 dagar til forvaltning og rettleiing om tilskotsordningane og 12 dagar til samarbeidet med VOX om etterutdanning av leiarar og lærarakar i norskopplæringa. Arbeidet med etterutdanninga har kravd meir arbeid enn planlagd, medan enklare tilskotsordningar har redusert arbeidet med norsktilskot. Vi meiner arbeidet på dette området er tilfredsstillande utført innafor desse ressursane.

47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven

På oppmoding frå VOX hadde utdanningsdirektøren eit innlegg på samlinga som VOX arrangerte for kommunane i vestlandsfylka 26. mars 2012 i Stavanger. Med forankring i den nye tilsynsheimelen i introduksjonslova orienterte vi om kva tilsyn inneber og om korleis det blir gjennomført.

I mai fekk vi så førespurnad om å delta i pilotering av tilsyn, og vi sa ja til dette oppdraget. Det tok tid før rammene for oppdraget vart klare, men seinhaustes kom vi i gang. Ein kommune vart plukka ut og tilsynet vart avgrensa til § 6 om individuell plan, jf. § 4 om innhald i introduksjonsprogrammet. Vi gjennomførte opningsmøte og intervju over to dagar rett før BLID/IMDI si samling 21. nov med alle embeta. Vi valde å bruke same metoden som er nytta ved det nasjonale tilsynet etter opplæringslova.

Kommunen som var valt ut, er ein mellomstor kommune i forhold til aktivitet på området med eige opplæringssenter. Dei hadde delt ansvaret for introduksjonsprogrammet mellom NAV, opplæringssenteret og eit eige helsesenter for flyktningar. Kommunen gjorde mykje godt, men hadde ikkje individuell plan for deltakarane. Tilsynet vart oppsummert på sluttmøte i sluttan av januar, og embeta skal samlast i slutten av februar 2013 saman med IMDi og departementet. Det var ikkje mogleg å få avklaring frå departementet i tide til sluttmøtet om individuell plan er å sjå på som enkeltvedtak. Det motsette står i rundskrivet. Dette var uheldig, og førte til at Fylkesmannen sjølv måtte gjere ei avklaring som ein del av tilsynet. No når Fylkesmennene skal ha tilsyn med kommunen sine plikter etter introduksjonslova må departementet ha nødvendig beredskap for å svare Fylkesmennene raskt på spørsmål om lovtolkning.

Resultatområde 48 Fremme likestilling og motvirke diskriminering

Likestilling

Vi reknar at likestilling, slik det er definert i Regjeringa (BLD) sin handlingsplan *Likestilling 2014, Mål 2 Likestilling for framtida* indirekte er tema i tilsynsarbeidet vårt. Det nasjonale tilsynet i grunnopplæringa har dei tre siste åra vore retta mot skolen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø etter §§9a-1 og 9a-3 i opplæringslova. Gjennom tilsynet kontrollerer vi om skoleeigar syter for at elevane har eit godt psykososialt miljø fritt for krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald, seksuell trakassering eller rasisme. Lovparagrafen som vi fører tilsyn etter, gjeld også krenkjande handlingar som til dømes diskriminering på grunn av tru eller kjønn, eller ytringar om utsjånad, misdanningar eller funksjonhemmingar. Elles er kommunane og fylkeskommunen sitt ansvar for å oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder og spesialundervisning sentrale tema for tilsyn kvart år.

Også gjennom klagebehandling på desse områda medverkar vi til at rettstryggleiken til grupper som treng ekstra oppfølging for å vere deltakarar i samfunnet, blir ivaretatt.

Vi har god tilgang til statistikk om faglege resultat til gutar og jenter i grunnopplæringa. Denne statistikken nyttar vi m.a. som ein del av grunnlaget for å velje ut skoleeigarar som skal få tilsyn.

Utdanningsavdelinga prøvde saman med Helse- og sosialavdelinga å få til ein felles konferanse om temaet rekruttering og likestilling, men problemstillingane våre er så ulike at vi ikkje fann det mogleg å nå alle målgruppene i ein felles konferanse. Målet vårt om ein stor felles likestillingskonferanse i 2012 vart difor ikkje nådd.

Fylkesmannen har på barnhageområdet brukt nettverksmøta med kommunane også på dette området. Likestillingsarbeid er ei lovpålagt oppgåve i fagområda i Rammeplan for barnehagar, og vi har informert og prøvd å skape auka bevisstgjerjing i kommunane. Vi har etablert likestillingsteam med fire representantar frå kommunane og ein representant frå Universitetet i Stavanger. Likestillingsteamet har utarbeidd ein plan for vidare arbeid. Likestillingsteamet har arrangert frukostmøte og invitert alle barnehagefagleg ansvarlege i kommunane. På desse møta har det vore framlagt teori frå likestillingsområdet, og det har vore særskilde gode drøftingar etterpå. Fokus i drøftingane har vore likeverdig pedagogikk i praksis. Kommunane har også kome med konstruktive innspel til vidare arbeid i likestillingsteamet.

I barnehagane har søkjelysetfokuset i stor grad vore på å leggje til rette for at gutar og jenter skal ha likeverdig rom for utvikling. Med inspirasjon frå Lundgaardsløkka barnehage har Fylkesmannen tildelt midlar til eit leikeprosjekt der gutar frå ungdomsskolen kan få kjennskap til barnehagekvardagen ved å arbeide nokre timar i ein barnehage etter skoletid. Dette startar for fullt i 2013 og vil vare til desember 2013.

Som ledd i den nasjonal satsinga har Fylkesmannen lyst ut kr 230 000,- til likestillingsarbeid innan barnehagesektoren. Kr 170 000,- vart tildelt av KD og Fylkesmannen har bidratt med kr. 60 000,- for å få i gong eit fagleg godt prosjekt. 11 kommunar søkte om midlar, og 8 kommunar fekk tildeling. Disse kommunane skal arbeide med prosjektet "Leikeressurs i barnehagen" saman med Fylkesmannen og Universitetet i Stavanger. I prosjektperioden skal det vere samlingar med fokus på teori og utprøving mellom samlingane. Samlingane vert også nytta til erfaringsdeling. Rapport frå prosjektet vil bli utarbeidd.

Fylkesmannen har også i samarbeid med Likestillingssenteret arrangert 2 kursdagar om likestilling i barnhagen. 100 barnehageutsette deltok, og interessen for å delta var mykje større enn det vi hadde plass til. Kommunane har difor i ettertid fått høve til sjølve å kjøpe dette kurset frå Likestillingssenteret.

Elles er vi godt i gang med GLØD i Rogaland (prosjekt starta av Kunnskapsdepartementet i 2011), der målet er å sikre god kompetanse i barnehagen. Fleire menn i barnehagen er eit av delmåla i strategi- og handlingsplanen vår.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
41 Tilsyn med barnevernområdet	kr 2 661 761,44	kr 0,00
42 Familierett	kr 825 958,44	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 0,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak (rest 43)	kr 0,00	kr 0,00
44 Familievern	kr 2 176,20	kr 0,00
45 Barnevern	kr 437 692,81	kr 572,78
47 Integrering	kr 689 766,06	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr -135 467,14	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 6 431,93	kr 0,00
Sum:	kr 4 488 319,00	kr 572,00

Justis- og beredskapsdepartementet

Resultatområde 51 Siviladministrasjon

Dette er gjort nærare rede for nedanfor.

51.2 Vergemålsloven

Fylkesmannen har sakshandsama total 10 saker som gjeld verjemål. Av desse var 3 ordinære klagesaker der Fylkesmannen er klageinstans. Dei andre sakene er mellom anna saker som skulle vore sendt overformyndaria og saker som gjeld generell rettleiing.

Fylkesmannen har desisert rekneskapen for alle overformyndaria i fylket.

Vi har også oppnådd dei mål vi satt oss for arbeid knytta til innføring av ny verjemålslov i 2012. Vi har mellom anna gjennomført møter med alle kommunar for informere og forberede verjemålsreforma.

Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMRO	10	0
Sum	10	0

51.3 Forlikrådene

Vi har motteke 5 klagesaker og behandla 3 av desse i 2012.

Behandlet flere saker vedrørende oppnevning av stedfortredere.

Oppnevning av nye forlikråd i kommunane. Mange kommunar har hatt mangelfulle innberetninger av valget. Dette har ført til meirarbeid for Fylkesmannen i samband med oppnevningane. Videre har det vært nausynt å purre på manglande innberetninger fra kommunane.

Vi har gitt veiledning til kommunar og forlikrådssekretariat på telefon knyttet til valet.

51.5 Tomtefesteloven

Behandla ein sak om fastsetjing av tomtegrenser.

Resultatområde 52 Borgerrettigheter

Dette er gjort nærare rede for nedanfor.

52.1 Fri rettshjelp

Fylkesmannen i Rogaland behandla i 2012 1140 saker vedrørende fritt rettsråd. I tillegg blei det behandla 295 tolkesaker og 172 saker frå kontrollkommisjonen og andre saker om fri saksførel.

Fylkesmannen betalte i 2012 ut kr 12 544 831,- i fri rettshjelp.

Vi har gjennomført kurs for advokatar i å nytte eletronisk skjemaløysing.

52.3 Navneloven

Fylkesmannen har motteke 5 klagesaker.

Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

Dette er gjort nærare rede for nedanfor.

53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje ein oppdatert FylkesROS. Vår FylkesROS er frå 2008. Arbeidet med revisjon

har gått føre seg i heile 2012 men den er ikkje ferdigstilt. Intensjonen er å ferdigstille revisjonen første halvår 2013. Vi involverer relevante samarbeidspartnarar i fylkesberedskapsrådet i revideringa av ROS'en og fylkesberedskapsrådet blir orientert om status for arbeidet.

Vi har laga egen FagROS/DetailjROS for klimaendringar i 2011 som vi vil implementere delar av i FylkesROSen.

53.2 Samfunnsplanlegging

Fylkesmannen har ført tilsyn med sju kommunar med heimel i sivilbeskyttelsesloven.

Vi deltar på alle oppstartsmøtar for kommuneplanar og deltek i regionalt planforum.

Vi gjennomgår alle kommuneplanar og kommunedelplanar med spesielt fokus på samfunnstryggleik. Motsegninstituttet blir brukt om naudsynt. Omfanget av reguleringsplanar er så stort at det ikkje mogleg å gå gjennom alle planane. Saker med spesielle samfunnstryggleiks utfordringar vert prioritert.

Vi deltek i relevante store regionale planprosessar.

Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

Dette er gjort nærare rede for nedanfor.

54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Fylkesmannen har ein revidert kriseplan, jf kravet om årleg oppdatering.

I 2012 blei det gjort sju tilsyn med kommunal beredskapsplikt. Vi er i rute med at alle kommunar skal ha tilsyn minimum kvar fjerde år.

Det er ikkje etablert eit samordna beredskapsplanverk på regionalt nivå. Det er ein tilnærma ugjærleg oppgåve som eventuelt vil krevje at vi avsett mykje tid og byggje på at det også går signaler frå ulike sentrale fagdirektorat til regionalt nivå slik at dei lettare lar seg samordne.

Vi har ikkje tilpassa eige kriseplanverk for sikker gjennomføring av tiltak i SBS.

Vi har deltatt på møter med politi og HV-08 for å diskutere skjermingsverdige objekt.

Fylkeskommunen har ikkje tatt kontakt i 2012 ifm. transportplanlegging

54.2 Øvelser

Fylkesmannen krisestab har hatt årleg øving.

Vi har øvd; Sola, Bokn, Rennsøy, Eigesund, Sokndal og Lund kommune i 2012. Vi er noko på etterskot i forhold til å øve alle kommunane min. kvar fjerde år. (26 kommunar i Rogaland).

Vi hadde ikkje NVE-øving og hamneberedskapsøving i 2012 (Vi hadde desse 2011).

Vi deltok på CMX-12.

54.4 Regional samordning

Fylkesmannen hadde 2 møter i Fylkesberedskapsrådet i 2012 (vår og høst).

Frivillige organisasjonar er representert i Fylkesberedskapsrådet.

Vi har prøvd å få til skogbrannovervaking med fly i Rogaland i fleire år utan hell. Kommunane er ikkje interessert

i å betale dei små kostnadane det dreier seg om. Vi minner om skogbrannindeksen kvar vår i ein artikkel på nettsida som vi sender kommunane lenke til.

Vi gjennomfører personkontroll av ca. 100 personar pr. år for fylka Nord-Trøndelag og sørover langs kysten til og med Telemark.

54.5 Felles digitalt nødnett

Vi har deltatt på fagmøtar som H-dir har hatt med helseregion Fonna og Stavanger. Vi har deltatt på det fagmøte som DSB hadde på brann 17.01.2013 og vi hadde i 2012 også eit møte mellom embetsleinga, miljøvernavingdelinga og beredskapslaget og DNK.

54.6 Atomberedskap og strålevern

Vi har dessverre ikkje øvd vår atomberedskapsorganisasjon dei siste tre åra, ei heller hadde vi møte i ABU i 2012. Nå sitter riktignok alle medlemmane i ABU også i fylkesberedskapsrådet, men det har ikkje vært atomberedskap på agendaen der heller.

Vi deltar og responderer på dei årlege varslingsøvingane i regi av strålevernet.

Atomberedskap kan vera tema når vi møter kommunane f.eks. gjennom tilsyn avhenger av om dette er eit scenario som vurderes å være alvorlig i heilskapleg ROS-analyse etter sivilbeskyttelsesloven. Det same gjelder om dette føres vidare i overordna kommunal kriseplan.

Vi er behjelpelege Statens strålevern i arbeidet med å utarbeide plangrunnlag for kommunane.

54.7 Beredskap innen kraftforsyning og flom

Fylkesmannen mottar, kvitterer, viderevarslar og rapporterer iht. Retningslinjer for varsling- og rapporteringsprosedyrer (DSB 01.01.2001)

Kraftforsyning er jevnlig på agendaen i fylkesberedskapsrådet og egne møter med KDS.

Fylkesmannen følgjer ikkje med dameigar slik at dambrottsbølgjekart blir utarbeida. Vi har ingen oversikt over kva for nokon dameigare som ikkje har laget slike kart. Det må NVE sørge for sjølv. Det vi gjør er å delta på møter vi blir invitert til av dameigarar når dambrottsbølgjeberekningane blir lagt fram. Vi oppmode også relevante andre aktørar om å delta nå vi ser at desse ikkje er invitert direkte av dameigar.

Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

Dette er gjort nærare rede for nedanfor.

55.1 Organisering for krisehåndtering

Fylkesmannen har nødvendig kompetanse for å ivareta vår krisehandteringsrolle. Vi deltok i øvinga Orkan i november og har hatt diverse mindre hendingar i løpet av året som har gitt oss jevnleg trening.

Vi har hatt opplæring i CIM for 23 av 26 kommunar.

Kryptert samband er operativt. Det blir opna og lukka dagleg fordi vi daglig bruker TUSS ifm. vårt arbeid med tryggleiksklarering.

55.2 Krisehåndtering

Vi rapporterer til DSB og eventuelt andre direktorat (H-dir spesielt) som bruker "samordningskanal". Alle ekstraordinære situasjonar blir loggført i CIM og rapportar blir delt med DSB og aktuelle kommunar.

55.3 Evaluering

Vi hadde ekstremt snøfall i deler av Rogaland 11-15. desember 2012. Det ble ikkje sendt ut ekstremvarsel fra met.no. Vi hadde evalueringsmøte med met.no, 7 kommunar, Statens Vegvesen, politi, Jernbaneverket, Telenor, Lyse, sivilforsvaret, frivillige organisasjonar den 31.01.2013.

Det vil bli laga ein rapport som skal sendes DSB.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr -247 285,80	kr 692 045,43
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 30 584,93	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 1 088 933,00	kr 340 312,52
52.9 Annet Borgerrettigheter (rest 52)	kr 26 195,25	kr 0,00
53 Forebyggende samfunnsikkerhet	kr 1 956 223,70	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 1 041 173,14	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 382 333,55	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 5 812,50	kr 0,00
Sum:	kr 4 283 970,00	kr 1 032 357,00

Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

Dette er gjort nærare rede for nedanfor.

61.1 Kommunerettet samordning

Ansvar for overordna koordinering og utvikling innan tilsynsområdet har forvaltningsavdelinga. Fylkesmannen har ein tilsynskoordinator som koordinerar arbeidet internt og eksternt. Ho leiar eit tverrfagleg tilsynslag der alle fagavdelingane er representerte. Tilsynskoordinator er og del av kommunelaget som har ansvar for andre delar av samordninga med kommunane. Dette legg til rette for at informasjon blir delt internt. Tilsyn er dessutan tema på leiarmøtet kvart år. Når det gjeld ekstern samordning av tilsyn har fylkesmannen etablert samarbeid med Arbeidstilsynet, Mattilsynet og Kartverket. Vi har og etablert eit årleg kontaktmøte med Rogaland revisjon som er den største kommunerevisjonen i Rogaland. For meir detaljert informasjon om samordning av tilsyn, sjå kapittel 61.3.

61.2 Omstilling og fornying i kommunene

Fylkesmannen har prøvd å vidareføra arbeidet med omstilling og fornying i kommunane. Vi har m.a. egne nettsider for dette temaet (under Fylkesmannen.no/Rogaland/ kommunal styring). Vi arrangerer også KOSTRA-samling for kommunane om våren, i fjor som "KOSTRA- og økonomiseminar" med vel 80 deltakarar.

Viktigaste aktiviteten på dette området har vore fordeling av skjønsmidlar til ymse omstillingsprosjekt i kommunane og oppfølging av desse. 13 kommunar fekk i alt kr 4 124 000 til like mange prosjekt. 5 av desse prosjekta var samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar. Fordelinga ligg på [nettsidene våre](#). Det er også lagt ut rapportar m.v for ein del gjennomførte prosjekt.

Når det gjeld prosjektmidla, er vi nøye med at desse har klart fokus på tenesteutvikling, særleg av "tunge" tenester, i tråd med retningslinjene frå departementet. Vi kan her nemna familievaldsprosjektet ved barnevernsvakta i Stavanger, prosjektet "KLARE" kompetanseutvikling for arbeid med autisme, forsøk med team for heimerehabilitering og med "hukommelsesteam", "Lengst mulig i eget liv" (eldreomsorg) m.v.

61.3 Samordning av statlig tilsyn

Ansvar for overordna koordinering og utvikling innan tilsynsområdet har forvaltningsavdelinga. Fylkesmannen har ein tilsynskoordinator som koordinerar arbeidet internt og eksternt. Ho leiar eit tverrfagleg tilsynslag der alle fagavdelingane er representerte.

I 2012 gjorde tilsynslaget/tilsynskoordinator mellom anna:

- Haldt faste møte i tilsynslaget, omtrent ein gong i månaden. Her blir det utveksla erfaringar.
- Samordna intern den kommuneretta tilsynsaktiviteten.
- Samordna eksternt den planlagde kommuneretta tilsynsaktiviteten med Mattilsynet, Arbeidstilsynet og Statens kartverk. Denne tilsynsoversikta blei sendt til kommunane/fylkeskommunen med kopi til andre tilsynsetatar, kommunerevisjon og kontrollutval. Ho blei og lagt på nettstaden vår.
- Hatt kontaktmøte med Rogaland revisjon som er den største kommunerevisjonen i fylket vår. Tema var rollar og vidare samarbeid. Skal ha årleg møte med denne revisjonen.
- Vidareutvikla tilsynskalenderen/rapportoversikta på Fylkesmannen sine nettsider.
- Gjennomført to kontaktmøte med Mattilsynet, Arbeidstilsynet og Statens Kartverk. På desse møta har vi utveksla erfaringar og samordna tilsynsaktiviteten.
- Haldt tilsynskonferanse. Målgruppa var ordførarar, rådmenn, sektorleiarar, leiarar av kontrollutvala, kontrollutvalssekretariata og kommunerevisjonane. Tema for konferansen var styring og samspel mellom stat og kommune. Det var godt oppmøte på konferansen.
- Hadde tilsyn som tema på leiarmøtet i embetet.
- Hadde tilsyn som tema på styringsdialogmøtet med KRD.
- Det har ikkje vore saker i 2012 som har krevd samordning av reaksjoner. Både internt og eksternt (Mattilsynet, Arbeidstilsynet og Kartverket) er dei klar over vår rolle og at dei skal ta kontakt dersom dette er aktuelt.

Utfordringar

- Det er vanskeleg å få til samordning av metode og virkemiddelbruk internt. Alle fagavdelingane får særskilte signal frå sine respektive styringsorgan. Så lenge det ikkje er på plass samordning sentralt, har vi lagt vekt på å samordne når det gjeld tid og stad. Det har i 2012 ikkje vore aktuelt med samordning av reaksjonar.
- Det er ikkje noko samla kommunerevisjon i Nord-Rogaland. Den blei avvikla i 2012. Kommunane har no ulike aktørar som gjer revisjonane for dei. Det gjer at det ikkje er like lett å ha kontakt med desse som med Rogaland revisjon.
- Vi etterlyser framleis at departementet legg til rette for erfaringsutveksling mellom Fylkesmennene og formidling av gode eksempel på samordningsrutinar. Slik vi ser det er dette nødvendig for at vi skal kunne gjere ein betre jobb.
- Omlegginga til nye nettsider for Fylkesmannen har ført til utfordringar for den interne samordninga. Vi har hatt eit godt opplegg for kor kommunane finn samla informasjon om tilsyna til Fylkesmannen. I det nye systemet er det ikkje like lett å finne informasjon, og strukturen legg opp til at den blir fragmentert.

Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

Dette er gjort nærare rede for nedanfor.

62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i Kommuneloven

Vi går kvart år gjennom kommunale budsjett/økonomiplanar og rekneskap med sikte på å avklara om det er kommunar som skal inn (evt. ut) av ROBEK (Register over kommunar underlagt betinga kontroll). Mellom 2007 og 2010 var ingen kommunar i registeret. Haugesund blei meld inn i 2010 pga manglande inndekking av underskot. Rekneskapen for 2011 ga ikkje grunnlag for utmelding i 2012, men det blei ikkje meld inn nye kommunar i 2012. Vi har i 2012 i tråd med dette gjennomført lovlegkontroll av budsjett og økonomiplan for Haugesund og vidare godkjent vedtak om låneopptak.

Fylkesmannen har også behandla to lovlegklager på budsjettvedtak, Stavanger og Eigersund.

Kommunale garantivedtak skal sendast til fylkesmannen for godkjenning. Vi behandla i fjor 5 vedtak om å stilla kommunal garanti. Alle vedtaka blei godkjende. I fleire tilfelle måtte ytterlegare opplysningar innhentast før godkjenning. Vi godkjende også 7 lånevotak frå interkommunale selskap. Også her har det i ein del tilfelle vore nødvendig avklaringar, først og fremst knytt til selskapsavtalar/fullmakter frå deltakarkommunane.

62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Etter lovendringane frå 2001 har vi lagt hovudvekta av arbeidet på dette feltet på informasjon og rettleiing, slik som føresetnaden var. Vi har hatt få kommunar i ROBEK og har som mål å førebyggja at dei kjem dit.

I samarbeid med KS og NKK lokalt arrangerer vi årleg to samlingar på dette feltet, eit KOSTRA-seminar, i 2012 som KOSTRA- og økonomiseminar, i mars/april, og ein kommuneøkonomidag i slutten av mai der hovudtema er kommuneproposisjonen, men der også andre relevante tema blir tatt opp. Vi legg ned mykje arbeid i desse samlingane, men det har vore bra oppmøte, særleg på den første, vi får positive tilbakemeldingar og legg også vekt på møteplassfunksjonen desse samlingane har.

Vi prøver å ha ei viss oppfølging av einskildkommunar også om dei ikkje er i ROBEK, hovudsakleg kommunar som kan vera i "faresona". Vi prøver å ha oppfølging og dialog særleg med desse kommunane gjennom året gjennom brev skriftleg tilbakemelding på budsjett/økonomiplan av meir rettleiande art, gjennom møte eller annan kontakt.

Den økonomiske situasjonen i kommunane i fylket samla sett er noko betre enn landet. Men inntektsveksten stagnerer og lånegjelda aukar meir enn landet. Økonomistyringa i kommunane synest gjennomgåande å vera god. Stor folketilvekst gir økonomiske utfordringar.

Kvart år utarbeider vi ein rapport om kommuneøkonomien i fylket basert på rekneskapstal frå KOSTRA frå dei føregåande åra, med presentasjon av statistikk og gjennomgang av status og utviklingstrekk, og formidlar denne til kommunane.

Vi prøver å gjera aktuelt stoff tilgjengeleg via nettsidene i så stor grad som råd, informasjon om kommuneøkonomi, kommuneoppdraget (kommuneproposisjonen og statsbudsjettet), lysark frå føredrag, statistikkoversyn for kommunane i fylket, skjønstildeling m.v. 22 artiklar blei lagt ut på sida for Kommuneøkonomi i 2012.

Når det gjeld oppfølging av ny finansforskrift viser vi til brev frå oss av 29.3.11. Det er framleis ein kommune som ikkje har vedtatt nytt finansreglement (dei alle fleste vedtok dette innan fristen). Etter det vi får opplyst tek denne kommunen sikte på å vedta eit finansreglement 11. mars.

Vi har også i 2012 prøvt å følgja opp KOSTRA-rapporteringa i kommunane. Slik vi forstår det ligg kommunane i fylket relativt godt an på dette punktet. Vi har som ein viktig strategi for å sikra datakvaliteten å ta data i bruk på flest moglege område. Vi legg ut ein del tabellar med fylkesoversikter, både på grunnlag av førebelse tal og dei endelege, poenget med dei første er m.a. kvalitetssikring ved å gjera tal meir synlege før fristen for retting. Det årlege KOSTRA-seminaret held vi av denne grunn i perioden mellom første publisering 15. mars og fristen for retting. Det blir også lagt ut oppslagstabellar for samanlikning av kommunar. Gjennom eit internt statistikknettverk arbeider vi for å auka bruken internt.

Vi har i 2012 fordelt resten av skjønnsramma for 2012, 9,1 mill kr til 6 kommunar for ekstrautgifter i samband med språkdeling og kr 4 124 000 til omstillingsprosjekt, jf punkt 6.1.2. Av ramma for fylket for 2013 på 73,8 mill kr er kr 61 076 000 fordelt i samband med statsbudsjettet i haust, medan resten blir fordelt i år (språkdeling i januar og omstillingsprosjekt /restskjøn i juni).

Hovudomsyna ved fordelinga av skjønstilskot er kompensasjon for omlegging av arbeidsgjevaravgift, kommunar med særleg høge utgifter ressurskrevjande tenester, kommunar med særleg høge utgifter psykiatri/rus i høve til kommunestorleik, språkdeling og skyss helse. Vi er her også nøye med å ikkje gi signal om bruken av midla i større grad enn det som har dekning i departementets retningslinjer (jf prosjektskjøn), sidan dette i utgangspunktet er frie midlar og dei nemnde omsyna dermed er meint å utfylla kriteria i inntektssystemet og ikkje innebera former for øyremerking, jf prinsippa elles.

Det er også fordelt 3,3 mill kr i 2012 til 4 kommunar for psykososial oppfølging etter hendingane 22. juli.

Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

Dette er gjort nærare rede for nedanfor.

63.1 Kommunalrett

Fylkesmannen rettleiar særleg kommunane innanfor følgjande tema

- Habilitet etter forvaltningslova og kommunelova ikkje minst i samband med deltaking i ulike politiske organ.
- Reglane om midlertidig og varig fritak frå politiske verv og suppleringsval/opptrykk av varamedlemmer i samband med dette.
- Kjønnskvotering.
- Vertskommunesamarbeid, verksemdsoverdraging og delegering av mynde innanfor barnevernsamarbeid.
- Bruk av nettbrett i politiske møte.
- Ulike spørsmål knytta til interkommunale organiseringformer.

Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMRO	5	4	1	1	1	0	0	0
Sum	5	4	1	1	1	0		

63.2 Valg

Det er ikkje behandla saker innanfor dette resultatområdet i 2012.

Resultatområde 64 Forvaltnings- og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Fylkesmannen i Rogaland har i 2012 behandlet totalt 11 klagesaker på avslag på begjæring om innsyn etter offentleglova og forvaltningsloven.

Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

Dette er gjort nærare rede for nedanfor.

65.1 Kommuneinndeling

Fylkesmannen har behandla ei sak om endring av kommunegrensa mellom Gjesdal og Time kommunar.

65.2 Interkommunalt samarbeid

Vi har støtta ein del samarbeidstiltak for tenesteutvikling med skjønsmidlar, jf eige punkt om utviklingsarbeid.

Vi viser elles til det som er nemnt under 63.1.

Fylkesmannen har prøvd å motivera ein del kommunar til å samarbeida om barnevern og har deltatt i møte med kommunar om dette. Tre kommunar i sørfylket har i 2012 startet opp vertskommunesamarbeid innafor barnevern

og tre andre kommunar har satt igang eit arbeid for å utrede slikt samarbeid.

Vertskommunemodellen og kommunale erfaringer med slikt samarbeid innafor barnevern var tema på det årlige møte Fylkesmannen og KS arrangerer.

Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

Dette er gjort nærare rede for nedanfor.

66.1 Byggesaker

Det kom inn totalt 360 byggjesaker etter plan- og bygningslova. Ved utgangen av året var restansen 265 byggjesaker. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var på 8 månader. Det blei behandla 324 saker. 80 av dei påklagde vedtaka blei opphevd eller omgjort.

Vi har hatt store utskiftingar blant sakshandsamarene og dette hatt gjeve utslag i behandlinga av byggjesakene. Ca. 80 % av ressursane har gått med til å behandle byggjesaker. Sjå resultatområde 12.1 når det gjeld klagar på reguleringsplanar (50 klagevedtak) og klagar etter matrikkellova (5 klagevedtak). Frist på 12 veker saksbehandlingstid blei innført frå 1. juli. Dette målet bei ikkje nådd. Saker der det er gitt oppsettjande verknad er stort sett behandla innanfor fristen på 6 veker.

I tala ovanfor inngår 20 innkomne og 18 behandla settefylkesmannssaker (byggjesaker).

Vi har deltatt i førebuing av to rettssaker.

Vi har vore teknisk arrangør av kurs for kommunane om uavhengig kontroll etter initiativ frå DIBK. Det har og blitt halde eit kurs om bygningslova, forvlatningslova og naturmangfaldlova for politikarar i Lund kommune.

Det er foretatt opplering av 4 nye saksbehandlere.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Innkomme: 3 klagar på ekspropriasjonsvedtak og 3 søknader om førehandstiltreding.

Behandla: 2 klagar på ekspropriasjonsvedtak, begge stadfesta. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid 2 månader.

Det er gitt 3 samtykke til førehandstiltreding med gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 3 månader. Eit av vedtaka blei opphevd etter klage til departementet.

Restanse: 3 klagar på ekspropriasjonsvedtak og ein søknad om førehandstiltreding.

Målsetting om 3 mnd saksbehandlingstid i verksemdsplanen er oppfylt.

66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Ingen klager i 2012.

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMRO	0	0	0	
Sum	0	0		

66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Ingen klager i 2012.

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMRO	0	0	0	
Sum	0	0		

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.	
62 Kommuneøkonomi	kr 772 560,04	kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 4 537 723,90	kr 0,00
Andre oppgaver under KRD	kr 380 069,83	kr 0,00
Sum:	kr 5 690 353,00	kr 0,00

Arbeidsdepartementet

Resultatområde 73 Sosiale tjenester

Fylkesmannen har viktige oppgaver i å understøtte partnerskapen mellom stat og kommune i NAV. Dette blir gjort på flere områder, både i kommunebesøk og i ulike overordna samarbeidsarenaer. Fylkesmannen har i flere år hatt jamnlege samarbeidsmøter med NAV-direktøren. Samarbeidet er i 2012 utvida til å omfatte halvårlege møter med KS og rådmannsutvalet.

73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Fylkesmannen mottok 180 klagesaker etter lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen i 2012. Fylkesmannen behandla 207 saker. Av dei blei 188 stadfesta, 6 oppheva og 13 i endra. 20 % av sakene blei behandla innan 3 md.

Fylkesmannen har halde 3 kurs for tilsette i Nav og andre tilsette i kommunane om lov om sosiale tjenester i NAV, og forskrifter og rundskriv gitt med heimel i denne lova. Kwart kurs gjekk over to dagar. I tillegg hadde vi eige opplæringsdag for Nav-leiarar. Internkontrollplikta var også eit tema på Nav-leiarsamlinga.

73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling

Det er ei utfordring å få til god samordning av dei ulike satsingane på sosialtenesteorådet og tilgrensande område. Dette gjeld både internt hos Fylkesmannen og i samarbeid med NAV fylke. Utfordrinagne internt er forsøkt løyst med tettare samarbeid og betre intern informasjon, særleg på området barn og unge. Samordninga med NAV fylke har omfatta gjensidig informasjon om satsingar og kompetansetiltak og felles planlegging og gjennomføring av halvårlege leiarsamlingar.

Fylkesmannen deltek på halvårlege interkommunale møter på sosialtenesteområdet med Stavanger og Sandnes og har oppmoda dei andre kommunane til å etablere atrenaer for samhandling og informasjonsutveksling.

Også i 2012 har Fylkesmannen tildelt kompetansetilskot på sosialtenesteområdet til kommunar og NAV-kontor, mellom anna til etterutdanningskurs i MI og til MI-kurs over 3 dagar i samarbeid med NAV fylke, Arbeid og psykisk helse.

73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet er eit viktig tiltak i kampen mot fattigdom. Det har likevel vært vanskeleg for munga av NAV-kontora å prioritere dette arbeidet i tilstrekkeleg grad. Det er flere årsaker til dette, noko Fylkesmannen og har rapportert om i egne tertialrapportar til direktoratet i 2012:

- Lågare prioritering frå sentrale myndigheiter, mellom anna fjerning av øyremerking av tilskott til kommunane og reduksjon av NAV fylke si rolle
- Ny forskrift og rundskriv som spissar målgruppa for KVP og gjer ordninga mindre raus og tilgjengeleg for brukarar med lang avstand til arbeidsmarknaden
- Manglande kommunalt engasjement og forankring
- Lite oppfølgingsressursar generelt i NAV-kontora

Samstundes er det og slik at fleire av dei større NAV-kontora har tatt nytt grep om KVP og gjennom dette har auka talet på deltakarar i KVP betrakteleg. Auken i desse kontora er større enn nedgangen i dei andre kontora, slik at fylket samla sett har fått fleire deltakakar i program i løpet av hausten.

Fylkesmannen samlar i samarbeid med NAV fylke dei som jobber med KVP til fagdagar/nettverk kvart halvår. Her blir gode tiltak og historiar delte og informasjon utveksla.

Fylkesmannen har samarbeidd sin kompetanseplan i samarbeid med NAV Fylke.

Kvalifiseringsprogrammet har vore eit fast tema i Fylkesmannens sin dialog med fylkesdirektør.

Alle som arbeider med KVP har og fått tilbud om opplæring i lov, forskrift og rundskriv.

73.4 Utenrettslig økonomisk rådgivning

Det nye rundskrivet til sosialtenesta har sett fokus på råd og rettleiing i NAV-kontora, herunder økonomisk rådgjeving. Dette er ei krevjande oppgåve, og det er viktig at Fylkesmannen underbyggjer dette, mellom anna ved å gje tilbod om opplæring

Trinn III- kurs/oppfølgingskurs i for erfarne gjeldsrådgjevarar blei arrangert for første gang i Rogaland i 2012 med brei oppslutnad frå kommunane. Fylkesmannen gjennomførte og grunnkurs for nye rådgjevarar.

Halvårleg nettverk på området er ei innarbeida ordning med god deltaking. I 2013 har vi berre gjennomført ei nettverkssamling på våren. hausten arrangerte vi trinn III-kurset og ga kommunane tilskott til å send gjeldsrådgjevarar på den årlege konferansen "Penger til besvær" i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Det interkommunale prosjektet i samarbeid mellom Rennesøy og Finnøy har av ulike årsaker ikkje vor oppe og gått storparten av året, men Fylkesmannen vil ta initiativ til samarbeidsmøter i 2013.

73.5 Boligsosialt arbeid

Fylkesmannen bistår Arbeids - og velferdsdirektoratet med å forvalte øyremerka tilskot til bustadsosialt arbeid. I 2012 blei snaut 5,8 mill fordelt på 12 kommunar. Det blei informert om ordninga på nettsider og i eige seminar der kommunane blei invitert.

Fylkesmannen har i samarbeid med Husbanken, region vest fulgt opp og rettleia kommunar som tek i mot tilskot. Dette for å sikre forankring, framdrift og kvalitet samt vidareføring. Ordninga er sett i samanheng med tilskot til kommunalt rusarbeid, tilskot til barnefattigdom, KVP og sastingar på psykisk helsefeltet.

I 2012 har Fylkesmannen og Husbankens regionskontor gjennomført ein bustadsosialkonferanse (12.3.12), og kommunettverk (13.3.2013). Det var kring 100 deltakarar på konferansen og kring 60 på nettverket

Målet har vore å auke den faglege kompetansen for tilsette i kommunane som arbeider med bustadsosialt arbeid. Tema var: Implementering av NOU 2011:15 "Rom for alle", presentasjon ab Modellen Housing First, modell for auka kompetanse i oppfølgingstenestene og tiltak med gode modellar for framskaffing av rimelege bustadar.

Utfordringar i det bustadsosiale arbeidet er framskaffing av rimelege bustadar til ein differensiert gruppe vanskelegstilte på bustadmarknaden. I tillegg har mange kommunar mykje å gå på i planarbeidet på det bustadsosiale området. Kommunane etterlyser fleire og meir tilpassa tilskot fra Husbanken. Samstundes er det fleire kommunar som ikkje nyttar dei moglegheiter Husbanken har . Både fylkesmannen og Husbanken har fokus på dette i kontakt med kommunane.

Det er ei kjelde til bekymring at bruken av hospits aukar og at fleire og ventar på kommunal bustad.

Husbanken, region vest har i 2012 starta arbeid med å utvikle eit bustadsosialt velferdsprogram i samarbeid med nokre utvalde kommunar og involverte statelege aktørar i region vest. Priogrammet er eit av fleire nye strategiske tiltak for å sette kommunar best mogleg istand til å gjennomføre ein heilskapleg og lokalt tilpassa politikk for vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Fylkesmannen er ein viktig bidragsutøvar i dette arbeidet både i samarbeidsmøter med dei andre aktuelle statlege aktørane (2-4 gonger årleg) og i programrådet som har ansvar for framdrift av programmet og utveljing av kommunar til programmet. (2-3 gonger årleg) Av dei fire kommunane i Rogaland som søkte på opptak i velferdsprogrammet i 2013, er Haugesund og Stavanger tatt med.

Hordaland og Sorogn og Fjordane har til saman 3 kommunar med i same program.

Ein viktig del av det bustadsosiale velferdsprogrammet er å sjå planlegging og framskaffing av bustadar saman med behov for tenester og kompetanse i tenestene.

Fylkesmannen i Rogaland, Arbeids - og velferdsdirektoratet og Diakonhjemmet Høgskule starta hausten 2012 opp ein pilot i vidareutdanning i metodisk bustadsosialt arbeid. Utgreingar gjort i fleire kommunar synte at oppfølgina av ulike brukarar ikkje var god nok , og gjennom utdanninga ynskjer ein no å gje tilsette i kommunane eit felles sett med metodar for oppfølging. Mange av dei som har behov for tenester inn i bustad slit med rus og psykiske vanskar. 27 studentar frå 8 kommunnar er under utdanning. Utdanninga er 2 årig - 30 studiepoeng.

Fylkesmannen i Rogaland fekk i 2012 350 000,- i ekstra tilskot frå Arbeids - og Velferdsdirektoratet for å ta hand om dei administrative oppgåvene knytta til oppstart av studiet.

Helse Vest, Husbanken region vest i nært samarbeid med Fylkesmannen har i 2012 starta eit arbeid for å prøve ut modellen "Housing first". Modellen har som mål at personar med rus og/eller psykiske lidningar skal få bustad, utgreiing og nok tenester inn i bustad samstundes. Sandnes kommuner er den første kommunen i Rogaland som er i gang.

73.6 Barn og unge

Fylkesmannen i Rogaland har etablert ei gruppe på tvers av avdelingane for å samordne dei ulike oppdraga og satsingane knytt til utsette barn og unge. Det er laga ei oversikt over oppdraga på området og gruppa sørger for intern informasjon om satsingar, konferansar og andre kompetansetiltak.

Embetet har fått informasjon om Ungdom i svevet, men har ikkje gått vidare med dette arbeidet.

10 kommunar har fått tilskott til arbeidet mot barnefattigdom. Kommunane er blitt fulgt opp gjennom rapproterings- og tilskotsforvaltning. Hausten 2012 etablerte Fylkesmannen nettverk for alle kommunane i ordninga, med siktemål å gjennomføre slike samlingar kvart halvår.

Det nye rundskrivet til sosialtenestelova legger vekt på NAV-kontora sitt ansvar for utsette barn og unge og familiane deira. Fylkesmannen har understreka dette både i den omfattande opplæringa i rundskrivet som har vært gjennomført, og på andre arenaer, til dømes leiarsamlingar.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr -64 561,10	kr 710 892,14
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 19 733,73	kr 350 731,39
74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv.	kr 1 318 299,90	kr 0,00
Andre oppgaver under AD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 1 273 472,00	kr 1 061 623,00

Helse- og omsorgsdepartementet

Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester

Sjå rapportering under Arbeidsdepartementet.

73.1 Lov om sosiale tjenester

Sjå rapportering under Arbeidsdepartementet.

Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

Sjå rapportering på punkta under

75.1 Habilitering og rehabilitering

Fylkesmannen har i 2012 hatt noko kontakt med ansvarleg for koordinerende eining tilknytta Helse Vest HF, men har ikkje kunna prioritere å delta i regelmessige samlingar. Fylkesmannen vert likevel orientert ved å få referat frå møte og informasjon om ymse forhold som er knytt til feltet.

75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier

Sjå under 75.1

75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem

Fylkesmannen i Rogaland har i 2012 gjeve bistand til Helsedirektoratet når det gjeld oppfølging av personar under 50 år med nedsett funksjonsevne som bur i alders- og sjukeheimar. Fylkesmannen har vore i kontakt med ein kommune om dette arbeidet, mot 9 i 2011. I oversikta for 2012 kom det fram at pårørende til ein person hadde ynskje om å flytte, men det låg ikkje føre nokon flytteplan. Fylkesmannen kontakta difor til den aktuelle heimkommunen, for vidare dialog.

Sjå elles eiga rapportering til Helsedirektoratet.

Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

Sjå punkta under

76.1 Samarbeid mellom 1. og 2. linjetjenesten

Dette er hos Fylkesmannen i Rogaland organisert som eit regionalt prosjekt, der dei tre fylkesmennene ved fylkeslegane har vore styringsgruppe.

Prosjektet starta ved tilsetning av koordinator for samhandlingsreforma frå 1.januar 2012. Prosjektmandat og prosjektplan vart utarbeida våren 2012 og godkjend av styringsgruppa med nokre justeringar i møte den 19.juni 2012. Viser til prosjektmandat og prosjektbeskriving for detaljert omtale av prosjektet sin innretning og

målsetningar.

I prosjektplanen sitt avsnitt 4.3 er det laga ein oversikt over hovedmilepæler og leveransar for prosjektet. Milepæl M4 fastset det første av fire årlege rapportpunkt i prosjektet, med rapportering av status for prosjektet til styringsgruppa og eventuell justering av prosjektplan.

1. 1. Aktivitet

1.1 Arbeidsmetodikk

Prosjektet dekker 3 fylker med til saman 85 kommunar, 4 helseføretak, 2 universitet, 3 høgskular og ei rad private ideelle aktørar. I tillegg kjem ulike samarbeidsprosjekt, brukarorganisasjonar og tilsette sine organisasjonar. Koordinator har kontorstad i Bergen, men har ved ein rekke anledningar vore til stades ved ulike møter og arrangement i alle tre fylka. I haust har koordinator og hatt til saman 3 kontordagar i Stavanger. I samråd med styringsgruppa har oppgåvene vorte innretta noko ulikt i dei tre fylka. Hovudvekt i har vore på deltaking på felles arrangement for kommunane og helseføretaka, samtalar med prosjektleiarar for interkommunale samarbeid knytt til samhandlingsreforma, samtalar med einskildkommunar og undervisning.

I tillegg til det regionale fokuset deltek koordinator/prosjektleiar og i nasjonalt nettverk for samhandlingsreforma på jamlege møter (8 gonger år). Som ein del av engasjementet i det nasjonale nettverket bidreg koordinator i rapporteringa til departementet frå nettverket. Det utarbeidast rapport kvar veke med samanstilling av dei viktigaste nyhende frå massemedia og frå aktørane i reforma i dei tre Vestlandsfylka.

Jamlege møter i dei fylkesvise arbeidsgruppene, styringsgruppa, og jamvel eit fellesmøte med alle gruppene har vore viktige arenaer for diskusjon av framdrift i reforma, men og for organisering av arbeid i regionen, konkrete oppgåver og som kopling til det nasjonale nivået.

Det er oppretta ei felles filmappe med tilgang for alle medlemmar i dei fylkesvise arbeidsgruppene og styringsgruppa. Filmappa nyttast til deling av innkallingar, referat, medierapporter og ulike presentasjonar. Det er berre koordinator som har nytta mappa til lagring av dokument så langt.

Det har vore ei utfordring å finne ein god balanse mellom koordinator sine oppgåver og driftsoppgåvene i embeta som går fram av embetsoppdrag.

1.2 Styringsgruppa

Styringsgruppa for prosjektet har hatt 5 møter i 2012 (31.jan, 21.mar, 19.jun, 10.okt og 18.des). 3 av møta har vore halde på video og telefon. Hovudfokus for gruppa sine møter har vore lokal prosjektorganisering, regionalt samarbeid KS-Helse Vest, orientering om framdrift i reforma – og spesielt knytt til saker frå nasjonalt nettverk for samhandlingsreforma. Temaet øyeblikkeleg hjelp døgnplasser – organisering, fagleg forsvarlege løysingar og interkommunalt samarbeid har vore diskutert ved fleire anledningar.

3.4.1 Intensjonsavtale KS-Regionhelseføretak-Fylkesmann

Dei tre Vestlandsfylka samsvarar med utbreiinga til det regionale helseføretaket. KS Vest og RHFet har inngått intensjonsavtale knytt til samhandlingsreforma. Fylkesmannen er invitert inn i dette samarbeidet. FL Hordaland (kontaktfylkeslege for RHF) og koordinator deltek på desse møta. Direktør for KS-Vest, Helene Arholm (+Therese Sivertsen) og direktør for RHF Herlof Nilssen (+fagdirektør Baard Christian Scheem/Hans Stenby) representerer dei to aktørane i møtet. Det har vore arrangert tre møter i dette samarbeidet i 2012. Jamfør avtalen mellom KS og RHF er eit av møta utvida til å omfatte sjukehusdirektørar, samhandlingssjefar, fylkes-/fylkesstyrelseleiarar frå KS og dei tre fylkeslegane. Tema for dette møtet var i år erfaringsdeling og –utveksling rundt avtaleprosessane og IKT-meldingsløftet. I dei to andre møta har tema vore mellom anna folkehelsearbeid, øyeblikkeleg hjelp døgntilbod, oppfølging av intensjonsavtala og diskusjonar knytt til innhald og organisering av felles føretaksvisse konferansar. Alle føretaksområda har organisert konferansar knytt til samhandling i 2012. For Helse Stavanger-, Helse Fonna- og Helse Bergenområdet har desse møta vore lagt opp som del av regelmessige toppleiarssamlingar. I Helse Førdeområdet har samhandling vore tema i den årlege samhandlingskonferansen på vårparten, men er òg planlagt som tema på ein konferanse i januar.

Felles føretaksvisse konferansar har vore eit av verkemidla som aktørane i vest har vald for oppsummering av erfaringar knytt til inngåing av samarbeidsavtalar, arbeid med implementering av avtalar og for å setje fokus på

spesielle problemstillingar i reforma (til dømes øyeblikkeleg hjelp døgnplassar og folkehelse/førebyggjande arbeid). Koordinator har delteke på 6 telefonmøter med representantar frå KS og samhandlingssjefane i helseføretaka for å planleggje og koordinere desse fellesarrangementa. Det er så langt planlagd to føretaksvisse fellesarrangement i 2013, knytt til implementering av avtaler, inkludert fokus på kultur/haldningar/likeverd/kommunikasjon, og øyeblikkeleg hjelp døgnplass.

76.2 Individuell plan

Fylkesmannen har gitt råd og rettleiing til kommunane og har fylgd opp individuell plan som ein rett i klagesaker på kommunale helse- og omsorgstenester.

Våren 2012 gjennomførte Fylkesmannen opplæring i ny Helse- og omsorgslov med deltaking frå alle kommunane i fylket. Individuell plan/ koordinator var blant temaene for denne opplæringa.

76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten

Fylkesmannen har i 2012 bistått helse- og omsorgstjenestene kommunar og i helseforetak med råd og rettleiing om forbetningsarbeid og implementering av gode kvalitets- og styringssystem.

Dette arbeidet har dels vore knytt til tilsynsarbeid og tilbakemelding i klagesaker og hendelsesbasert tilsyn.

Ei særskilt satsing har vore vidareføring av "Spredningsprosjektet i Rogaland" i samarbeid med KS, sjå eiga rapportering til Statens Helsetilsyn.

Vår vurdering er at vi ved å gi deltakerkommunane ei støttande tilnærming til kvalitetsforbetring i tilknyttet til et valgt tilsynsystema, stimulerer kommunane til samarbeid på tvers og kvalitetsarbeid i eigen regi.

Vi opplever at "Spredningsprosjektet" blir møtt av kommunane med stort engasjement og ei positiv innstilling, som gir håp om auka kvalitetsforbedring gjennom bruk av ei litt endra tilnærming til kommunane.

Hausten 2012 vart det halde ein dagskonferanse for alle kommunane i fylket, der temaet var læring og kvalitetsforbetring gjennom tilsyn. Målgruppa var ordførarar, rådmenn og sentrale leiarar i kommunane

76.4 Utgåar

Utgått

76.5 Felles digitalt nødnett

Ingen aktivitet i Rogaland på dette i 2012

Resultatområde 77 Andre oppdrag

Sjå punkta under

77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Hovudredningsentralen for sør-noreg

Fylkesmannen i Rogaland sit som fast medlem i den kollektive redningsleiinga ved Hovudredningsentralen for

Sør-noreg, og er gjennom dette involvert både i øvelser og større hendingar, ikke berre i vårt fylke, men i heile sør-noreg. (HRS-sør dekker omlag 90% av alle redningsoppdrag i Noreg) . Den kollektive redningsleiinga møtest fast 4-6 gonger i året.

Beredskapsøvingar i regi av Fylkesmannen i Rogaland:

November 2012: Øvelse Orkan, som omfatta 3 kommunar i Dalane, samarbeid med DSB og fylkesmennene i Agder og Telemark.

Konferansar

Fylkesmannen i Rogaland arrangerer saman med Universitetet i Stavanger , Politiet og beredskapsetatane den årlege "Samfunnssikkerhetskongressen" Tema for kongressen i 2012 var mellom psykososial oppfølging etter 22.07.11.

Hendingar:

Fylkesmannen har i 2012 fortsatt eit omfattande arbeid med oppfølging av kommunar som hadde ramma i terroranslaget mot regjeringskvartalet og på Utøya 22.07.11.

I samarbeid med RVTS-Vest har Fylkesmannen i Rogaland iverksett kompetansetiltak i form av et nettverk for dei kommunale kriseteama, i kommunar som hadde personer ramma av terroranslaget. I samarbeid har vi i 2012 gjennomført fleire faglege samlingar.

Hausten 2012 vart "Kriseteamskulen i Rogaland" etablert, også dette i samarbeid med RVTS-Vest. Dette er eit kompetansehevande tiltak retta mot kriseteam i alle kommunar i fylket bygt på erfaringar m.a etter den psykososiale oppfølginga av personar ramma av 22.07.

Hovudvekt er lagt på implementering av rettleiarane for psykososial oppfølging i kommunane og oppfølging etter sjølv mord.

Desse kompetansetiltaka og-nettverka vil fortsetje i 2013

Tilskotsforvaltning

Tildeling av skjønnsstilskot, til kommunar i Rogaland som hadde utgifter i samband med oppfølging av ramma etter 22.07

77.2 Fritak frå forvaltningsmessig taushetsplikt

Fylkesmannen gjer ein felles rapport for alle sakane om fritak for taushetsplikt. Det sorterst ikkje mellom hvilke departement sakane sorterer under.

Fylkesmannen behandla totalt 54 saker vedrørende fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt i 2012.

Gjennomsnittlig sakshandsamingstid var 12,5 dagar.

Fylkesmannen utarbeida også eit informasjonsskriv som gjeld søknad om fritak for taushetsplikt, som ble sendt ut til aktuelle aktører og lagt på nettsida vår. Det primære formålet var å gi informasjon om hvilke opplysningar Fylkesmannen treng i desse sakane og at det ikke er nødvendig å søke om fritak dersom den som har krav på taushet samtykker.

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	54	12
Sum	54	

77.3 Særfrådrag

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	85	90
Sum	85	

77.4 Førerkort

Oppdrag

- Handsame søknadar om dispensasjon frå førarkortforskrifta sine helsekrav.
- Ta imot meldingar om helsesvikt i forhold til førarkortforskrifta sine helsekrav og vurderer om politiet skal tilrå inndragning av førarkortet.
- Gi råd og rettleiing til politiet, vegmyndigheitene, helsepersonell og publikum i spørsmål om helse i forhold til trafikktryggleik

Finansiering

- Finansierte over fylkesmannen sitt driftskapittel (kap.1510)

Rapport for 2012:

Fylkesmannen i Rogaland har motteke 4728 brev om førarkortsaker.

Vedtak om oppfylte helsekrav	158
Vedtak om vanleg dispensasjon	1056
Vedtak om avslag på søknad om dispensasjon	304
Oppmoding om inndraging av førarkort	782

Andre aktivitetar:

Rettleiing av helseforetak, helsepersonell og søkarar på telefon.

Møteverksemd:

16.02.12 Undervisning av allmennlegar

01.03.12 Undervisning av fastlegar Klepp kommune

23.03.12 Undervisning av turnuslegar

16.02.12 Undervisning for Karmøy DPS

30.05.12 Undervisning for Stavanger universitetssjukehus smerteklinikk

04.06.12 Undervisning for Smerteklinikken Haugesund

12.06.12 Undervisning for LAR- Helse Fonna

02.10.12 Undervisning for Stavanger DPS

18.10.12 Undervisning for Epilepsiforbundet i sør-Rogaland

19.10.12 Undervisning for turnuslegar

24.10.12 Undervisning hos Haugalandet medisinske forum

06.12.12 Deltakere ved førarkortmøtet i Helsedirektoratet

I tillegg var me medhjelpar for Helsedirektoratet med arrangering av førarkortmøtet for alle embeta våren 2012 i Stavanger ved Victoria Hotell.

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	2300	45
Sum	2300	

77.5 Pasientjournaler

Fylkesmannen i Rogaland har i 2012 motteke ein pasientjournal frå verksemd som er lagt ned.

Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMRO	1
Sum	1

77.6 Rett til trygderefusjon

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje behandla saker fra NAV på dette saksområdet i 2012.

77.7 Felles barnevern sosial og helsemelding

Fylkesmannen har ikkje utarbeidd eiga barnevern-, sosial og helsemelding i 2012.

77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i pasient- og brukerrettighetsloven kap. 4A

Fylkesmannen i Rogaland mottok i 2012 totalt 186 vedtak om bruk av tvang etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A. Statistikkdata er oversendt Statens helsetilsyn.

Vi ser at vi ikkje har motteke vedtak frå alle kommunar i Rogaland og at vi har motteke få vedtak frå enkelte kommunar. Etter alt å døme er talet på innkomne vedtak noko lågare enn den faktiske tvangen som blir utført. Vi har likevel ikkje hatt ressursar til å sjå nærmare på dette i inneverande år.

I 2012 kom det inn to klager på vedtak om bruk av tvang etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A. I den eine saka blei det opprinnelege vedtaket stadfesta. I den andre saka falt vedtaket bort, og såleis klaga, før vi hadde fått gjennomført klagehandsaminga.

Vi har i 2012 valt å stille opp og delta på arrangement vi er blitt invitert til. Vi har, grunna mangel på ressursar, ikkje hatt eigeninitierte kurs/opplæringsaktivitet.

Arrangement vi har deltatt på:

- Fagdag om pasrl. kap. 4A for helse- og omsorgstenesta i Sandnes kommune
- Innlegg om status på 4A-feltet for ressursgruppa for 4A i Stavanger kommune
- Deltaking på KS sitt oppfølningsprosjekt etter LoT 2011 for 5 kommunar
- Undervisning om 4A på to ulike sjukeheimar i to ulike kommunar
- Innlegg på landsomfattande fagsamling for fylkesmannsembeta for hotjl kap.9, med tema grenseoppgang mellom kap 9 og 4A
- Foredrag på etteruttanningskurs i allmenmedisin for klegar, Rogaland Legeforening
- Kurs om tvang arrangert av Bjørgene undervisningssykehjem og Helse Fonna for spesialistheletjenesten og kommunen i nord-Rogaland. Vi hadde tre undervisningstimar
- Innlegg på Forum for sykehjemsmedisin

Pasrl. 4A var i 2012 gjenstand for landsomfattande tilsyn. I samband med dette gjennomførde vi eit

spredningsprosjekt, der 3 omkringliggjande kommunar til tilsynskommunen blei invitert til å delta på to kursdagar med revisjon, internkontroll og pasrl. 4A som tema.

Fylkesmannen i Rogaland sende i april eit brev til Tannhelse Rogaland med informasjon om tolking av kapittel 4A kva gjeld ansvar for vedtak om tvang når helsehjelp vert ytt av fleire. Dette er tilfelle i mange saker som gjeld tannbehandling overfor pasientar med ei psykisk utviklingshemming, som får tannbehandling i narkose.

77.9 Petroleum - Rogaland

Handsaming av søknad om dispensasjon frå helsekrav for personar i petroleumsverksemda:

Vedtak om oppfylte helsekrav	57
Vedtak om vanleg dispensasjon	40
Vedtak om avgrensa dispensasjon	36
Vedtak om avslag på søknad om dispensasjon	42
Oversending av klage på avslag til klagenemnd	9

Sekretariat for klagenemnd for personar i petroleumsverksemda:

3 klagenemndsmøter hvor 9 saker ble overprøvd

Handsaming av søknad om godkjenning av legar:

Vedtak om godkjenning som dykkerlege	43
Vedtak om godkjenning som lege i utlandet	110

Andre aktivitetar:

2 møter i Regelverksforum

1 møte om helsekrav for dykkarar

3 vurderingar av utanlandsk regelverk for helsekrav for arbeid offshore: Aksept for britiske og nederlandske helseerklæringar. Ikkje aksept for danske helseerklæringar.

4 nye skjema til bruk ved helsesertifisering av offshorearbeidarar: Utvikling, produksjon og publisering. Omfattande rettleiing knytt til implementering av nye skjema.

1 rapport: "Vurdering av behov for revurdering av Retningslinjer for helseundersøkelse av yrkesdykkere IK-2708".

Omfattande e-postkorrespondanse med Helsedirektoratet om opplæring og godkjenning av petroleumslegar og

dykkerlegar.

Løpande fortolkningararbeid vedr. helsekravforskrifta

Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

Sjå punkta nedanfor

83.1 Folkehelsearbeid generelt

I året som har gått har det vært stor aktivitet på folkehelseområdet. Den nye folkehelselova har gitt kommunane nye oppgåver på området. Den fyrste prøvesteinen for kommunane var å syte for at folkehelsa vart vektlagt i kommunale planstrategiar som skulle vedtas i løpet av 2012. Eit fleirtal av kommunane som hadde utarbeidd strategiar mangla ei drøfting av kva folkehelseutfordringar som er i kommunen og ev. korleis dei skal møtast.

Me ser og at kommunane ofte heller ikkje omtaler folkehelseutfordringar i anna planarbeid, som t.d. kommunaplanar, planprogram og kartleggingsarbeid som inkluderer alle sektorane og fylgje vidare opp i planarbeidet.

Rogaland har over tid hatt stor næringsaktivitet- og befolkningsauke. Dette vert merka blant anna på eit stadig aukande behov for areal til bustadar, næringsbygg, transport mv. Dei udekka behova gjer det naudsynt med raske og effektive løysingar. Sett opp mot dette er det ei utfordring for kommunane å kunne planlegga langsiktig for ei berekraftig samfunnsutvikling der det vert tatt tilstrekkeleg omsyn til faktorar som påverker helsa positivt og negativt. kommunedelplanar. Det er fortsatt eit stort behov for opplæring og rettleiing i kommunane om det fortløpande arbeidet for å ha oversikt over folkehelsa. Generelt må fleire kommunar etablera eit systematisk folkehelsearbeid.

Gjennomførte tiltak 2012:

Informasjon om folkehelsepolitikk og ny folkehelselov: Fylkesmannen har hatt møter med Haugalandrådet og Ryfylkerådet kor m.a. nasjonal folkehelsepolitikk har vore forkusert. I råda møtte fylkesmannen administrativ - og politisk leiing i kommunane. I tillegg var folkehelse og eit av fleire tema som Fylkesmannen løfta fram i sitt årlege møte med ordførarar og rådmenn, Victoria-møtet. Fylkesmannen deltok og med innlegg om nasjonal politikk på fylkeskommunen sin folkehelsekonferanse i Haugesund.

- Innlegg om ny folkehelselov i fylkeskommunen sin konferanse om aktivitetar/friluftsliv og i nettverkskonferansen for partnerskapskommunar i fylket om folkehelselova og kommunen sitt ansvar for å ha oversikt på folkehelsa.

- Forelesning, fagleg bidrag om folkehelsa i interkommunal folkehelsekonferanse.

- I oppfølginga av samhandlingsreforma har det vore gjennomført besøk med administrativ leiing i sju kommunar. I møta vart kommunane sitt folkehelsearbeid drøfta. Det vart og gitt informasjon om nye myndigheitskrav på område.

Fylkesmannen har og delteke med innlegg i samhandlingsråda for Helse Stavanger og Helse Fonna HF.

- I samfunnsmedisinsk forum og i forum for sjukeheimsmedisin har det vore gitt informasjon om folkehelsepolitikk og gitt folkehelsefagleg rettleiing overfor kommunelegar og sjukeheimslegar.

Samarbeid med fylkeskommunen for å utvida tal på partnerskapskommunar har helde fram.

Partnerskapsavtalane er no under revurdering, men ein reknar med at så nær som alle 26 kommunane i fylket vil undertekne ny avtale med fylkeskommunen. Fylkesmannen har i kontakten med kommunane aktivt bidratt for å understøtte ei utviing av partnerskapa. Embetet har jernlege møter med leiinga i fylkeskommunen for å koordinera innsatsen og avklara oppgåvefordelinga. Fylkesmannen har vald å trekka seg ut av partnerskapet frå årsskiftet. I staden er samarbeidet formalisert gjennom ein samarbeidsavtale som begge partar har undertekna.

Det vert og **samarbeida med KS** om folkehelsesatsinga. Spesielt har det vore fokus på opplæring av

kommunane kva gjeld bruk av relevant statistikk for å få oversikt på folkehelseutfordringar. Det er naudsynt med jamnleg kontakt med KS og fylkeskommunen for å klargjere - og koordinere oppgåvene som me har overfor kommunane.

Planstrategi- drøfting av folkehelseutfordringar.

- 22 av 26 kommunar vedtok i 2012 ein eigen planstrategi. Av dei som vedtok planstrategi mangla fleire (55%) ei drøfting av folkehelseutfordringar i kommunen. I vår fråsegn til fylkeskommunen sin planstrategi, vart det påpeikt at det mangla ei drøfting av folkehelseutfordringar i fylket vårt.

Mål og strategiar for folkehelsa.

- Gjennomgang av kommuneplanar eller kommunedelplaner syner at heile 20 av 26 kommunar har fastsett mål og strategiar for folkehelsearbeidet i kommunen. Fleire av kommunane som manglar eigen folkehelsepolitikk uttalar at det i 2013 vil bli sett iverk planleggingsaktiviteter for å ivareta dette fokusområdet.

83.2 Miljørettet helsevern

Implementering av ny folkehelselov med mellom anna kapitlet om miljøretta helsevern har vore diskutert i møter med kommuneoverlegar i samfunnsmedisinsk forum i 2012.

I 2012 har vi klagehandsama 1 sak innan miljøretta helsevern. Saka gjaldt støy frå idrettsarrangement. Vidare har vi hatt oppfølging av 8 andre saker relatert til miljøretta helsevern, der to av disse blei tatt til orientering, medan det i fire av sakene blei sendt brev til kommunen med oppmoding om å følgje opp saka, eller at vi ba om å bli orientert om kva kommunen hadde gjort i saka. I ei sak blei det sendt eit svarbrev til klagar og ei sak er ikkje handsama enno. Sakene fordelar seg innan følgjande fagområde: Støy frå ballbingar, støy frå bedrifter, redsle for miljøgifter frå industriforetak, helseskadelege forhold i bumiljø.

Det er og gitt uttale i fleire plansaker.

Kva gjeld miljøretta helsevern i skular og barnehagar, er det etablert eit samarbeid med utdanningsavdelingen hos Fylkesmannen.

I 2012 har hovudvekta vert lagd på psykososialt miljø i skulen. Vi har saman med utdanningsavdelinga delteke på eit kommunebesøk i ein av kommunane i fylket, der vi ut frå ei risikovurdering og kjennskap frå aktuelle saker, ga rettleiing til kommunen om førebyggjing av mobbing.

83.3 Ernæring, fysisk aktivitet, tobakk og seksuell helse

Tilskot bedre seksuell helse: I samssvar med retningslinene er midlar tildelt studenthelsestasjonen Stavanger Universitet og helsestasjonane i Haugesund, Sandnes, Sokndal og Time kommunar. Tildeling er gitt til opplysningsføremål/rådgjeving og kompetanseheving

Tilskot tobakksførebyggjande arbeid. Midlane vart annonsert, men ingen søkte. Kommunar som var i oppstart av Frisklivsentralar fekk såleis tilbod om å søkja. To kommunar søkte og fekk tilskot til å delta på Hdir si godkjente opplæring av sluttrettleiarar. På denne måten kan kommunane få auka kompetanse og fokus på området. Me reknar med at det sekundærførebyggjande arbeidet blant barn kan få auka merksemd på denne måten.

For å auka deltakinga i FRI-programmet har me igjennom vårt nettverk av folkehelserådgjevare aktivt fylgt opp kommunar som ikkje har skular i programmet. Me har oppmoda kommunane om å bringa saka opp til kommunaleiinga for å få ei overordna føring til skoleleiarane om å satsa på tiltaket. Me reknar med ei aukt prosentvis deltaking i FRI-programmet for 2013.

Nettstaden vår vert aktivt brukt til å publisera informasjon og nyhende som gjeld tobakksførebyggjande arbeid.

83.6 Smittevern

Fylkesmannen har i 2012 motteke og behandla 6 varsel om tilfelle eller utbrot av smittsom sykdom frå kommunehelsetenesta i Rogaland og frå installasjoner på norsk kontinentalsokkel.

Smittevern har vært tema ved de faste møtene med kommunelegar i fylket, og i møte med helse- og omsorgstenestene.

Det er ikke gjennomført ein eigen smittevernkonferanse i Rogaland i 2012

Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

Sjå punkta under

84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Fylkesmannen i Rogaland har i 2012 fylgt med på fastlegeordninga i fylket knytt til samhandlingsreforma. Det er i samband med dette blant anna gjennomført kommunebesøk i to kommunar der det skal etablerast øyeblikkeleg-hjelp-døgnopphald i kommunen.

Det er og gjennomført eit kommunebesøk der Fylkesmannen møtte med kommuneleiing og kommunelege med tema llmennlegetenester, inkludert fastlegeordninga. Andre tema i dette besøket var: miljøretta helsevern, kvalitetsutvikling, legevakt og kommunelegefunksjonen.

Fylkesmannen har fylgt med på fastlegeordninga i fylket, gitt råd til kommunehelsetenesta og gitt vurderingar i saker der kommunen søkjer Nasjonalt Råd om nye fastlegehjemlar. Det er ingen kommunar som har søkt om suspensjon fra fastlegeordninga.

Rettleiingsgruppe i samfunnsmedisin er fortsatt i drift med ca 8 kandidatar i Stavanger. I tillegg er det no etablert en rettleiingsgruppe i samfunnsmedisin i Haugesund. Her er det ca 7 kandidatar per i dag. Det er gjennomført 2 større møte kor alle kommunane i Rogaland blei invitert med tema ”reduert boevne-samfunnsmedisinske utfordringer i kommunene” og ”bruk av nasjonal statistikk knyttet til folkehelsearbeidet i kommunene”.

Samandrag:

Hovedutfordringen blir å vurdere allmennlegetenesta og legedekning i kommunane, spesielt i utkantstrøk, herunder bruk av vikarar. Fylkesmannen i Rogaland ønskjer å framheve observasjonar knytt til hendelsesbaserte tilsynssaker der vikarlegar for sjølvstendige næringsdrivande legar med driftstilskot i kommunen er involvert. Ei bekymring knytt til dette er korvidt lovverket per idag sikrar at kommunen i tilstrekkeleg grad kan kontrollere at

desse vikarlegene har høg nok fagleg kvalitet før ansettelsen som vikar i praksis. Det kan også leggast til at vikarlegane også ofte og deltek i kommunen si ordinære legevaktteneste, og god internkontroll i kommunen før ansetting blir dermed ekstra viktig.

84.2 Turnustjeneste

Turnustenesta – praktisk og pedagogisk oppfølging av nyutdanna helsepersonell.

I dag har 3 helsepersonellgrupper plikt til å gjennomføre turnusteneste før dei kan få autorisasjon: legar, fysioterapeuter og kiropraktorar.

Fylkesmannen har frå 2008 hatt 33 turnusplassar for leger i kommunane. Talet på turnuslegar i februar og i august varierar sterkt. Det betyr at kommunar som har blitt pålagt å ta turnuslege, risikerer ikkje å få turnuslege i februar, mens det i august vil kunne vere fleire turnuslegar som ikkje får plass. Vi prøver å sikre at utkantkommunane får turnuslege kvart halvår, men vi lukkast ikkje kvar gong. Det kan skape frustrasjon og misnøye i kommunane.

Talet på turnuslegar i februar 2012 var 31 og i august 33. Rogaland har arrangert eigne kurs for turnusleger, turnusfysioterapeutar og turnuskiropraktorar i offentleg helsearbeid og samhandling i helsetenesta (2 kurs i 2012), og oppslutninga om desse kursa er svært høg.

Dei to grupperettleiarane har jamt kontakt med turnuslegane og har samlingar 3 gonger i kvart halvår for turnuslegane som er i kommunane.

Kvart halvår har vi halde kurs i legevaktsmedisin og akuttmedisin, dvs for begge kulla. Desse kursa vert arrangert i samarbeid med SUS (Stavanger universitetssjukehus) og SAFER (Stavanger Acute medicine Foundation for Education and Research).

Vi hatt samlingar med turnuslegerettleiarane i kommunane også i år, og dette er svært nyttig. Vi har merka at rettleiinga overfor turnuslegane har blitt betre, men enkelte av rettleiarane møter ikkje.

84.3 Klagesaksbehandling etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester og pasient- og brukerrettighetsloven

Sjå rapportering til Statens Helsetilsyn

84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

I Samarbeidsavtalen mellom Kriminalomsorgen, region sørvest og Helse Vest RHF er Fylkesmannen invitert med i eit regionalt forum for samarbeid. Samarbeidet skal i særleg grad være knytt til utdanning, opplæring og lokal tilrettelegging.

Kriminalomsorgen, region sørvest, Helse Vest RHF og Fylkesmannen i Rogaland inviterer den 30.1.2013 til seminar om ny rettleiar for helse - og omsorgstenestene til innsette og nytt rundskriv og rettleiar for rusmestringsenhetene. I tillegg er helseføretak og fengselshelsetenesteene invitert til å komme med innspel knytt til utfordringar.

Spesialisthelsetenesta, fengselshelsetenesta og helse - og omsorgstenestene i kommunane er invitert. Seminaret er ein del av eit tett samarbeid i 2012 kring satsing på kompetanseheving i dei ulike tenestene og ein del av utviklinga av samarbeidet instansane i mellom.

På området er der utfordringar med ulike lovverk, uklart ansvar og uklar oppgåvefordeling mellom kriminalomsorg og helsetenestene. Det er særlege utfordringar omkring LAR, medikamentbruk i fengsel,

individuell plan, innsette med ROP lidelsar og utanlandske innsette (språk,helse,behandling) samt avrusing.

84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktninger, familiegjeforente og direktebosatte overføringsflyktninger

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje hatt rom for å prioritere dette oppdraget i 2012.

84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

"Veileder om bruk av tolk i helse- og omsorgstjenestene" er gjort kjent via Fylkesmannen sin nettstad.

Fylkesmannen har elles i 2012 ikkje hatt rom for å prioritere tiltak innanfor dette oppdraget.

84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjonar

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje hatt rom for å prioritere dette oppdraget i 2012

84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten

I år har vi ikkje bidratt systematisk overfor helsestasjons- og skulehelseteneste med tanke på: opplæring i internkontroll og avvikshandtering, implementering av nye faglege retningsliner eller til auke i kapasiteten i tenestene.

84.9 Svangerskapsomsorgen

Vi har ikkje opplysningar som gjer grunnlag for å vurdere om jordmordekninga i rogalandskommunane er tilstrekkeleg. KOSTRA-tall viser tildels store variasjonar mellom kommunane si dimensjonering av jordmorjenesta. Nokre forskjeller skuldast truleg at det er etablert kommunal følgeteneste med jordmor.

84.10 Kjønnslemlestelse

Fylkesmannen fekk ei fullmakt på kr 40 000 som blei lyst ut på nettsidene våre og sent til alle leiaende helsesøstre i kommunane. Vi fikk ingen respons. Det blei ikke gjennomført kurs eller konferanser

84.11 Tannhelse

Fylkesmannen i Rogaland har ikke hatt rammer for å prioritere dette oppdraget i 2012

Resultatområde 85 Spesialisthelsetjenesten

Sjå punkta under

85.1 Abortloven

Gjennomført i samsvar med oppdraget. Ingen rapporteringsplikt.

85.2 Sterilisering

Sakene er behandla i samsvar med oppdraget.

Fylkesmannen i Rogaland mottok to begjæringar om sterilisering i 2012, ein av desse var feilsendt. I saka som

vart behandla i nemnda, var det ikkje behov for innhenting av fleire opplysingar. Begjæringa vart innvilga.

85.3 Lov om transplantasjon

Fylkesmannen har ikkje hatt saker i 2012 på dette saksområdet

Antall saker

Embeter	Antall
FMRO	0
Sum	0

85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

I 2010 og 2011 var det en del ekstraarbeid grunna regelverket som løp ut mai 2011. Godkjenning blei forlenga til 30.april 2012, og i samband med dette har det også vore ein del ekstraarbeid i 2012. Det har vore naudsynt med ekstra rettleiing på grunn av ny forlenging av løyvene i påvente av ny narkotikaforskrift. Det har også på grunn av dette komme inn fleire saker i 2012.

Det er også naudsynt med rettleiing både av pasientar og legar når det gjeld forskriving av sentralstimulerande medikament hos pasientar med rusmiddelmissbruk.

Alle saker er handsama innan 4 veker

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	954	2
Sum	954	

85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Fylkesmannen har i 2012 ikkje hatt saker på dette saksområdet.

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	0	0
Sum	0	

85.6 Godkjenning av private sykehus, privat medisinsk laboratorie- og røntgenvirksomhet

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje motteke saker i 2012 på dette saksområdet.

85.7 Funksjonsprogram for nye offentlige sykehusbygg

Fylkesmannen har ikkje hatt saker i 2012 på dette saksområdet

Resultatområde 86 Omsorgstjenester

Auken i talet på eldre personar vert eit sentralt utviklingstrekk i åra som kjem. Auka alder medfører at fleire vil få demenssjukdom. Samstundes medfører samhandlingsreforma at krevjande oppgåver vert overført frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Ei av hovudutfordringane for helse- og omsorgstenestene vil difor vera å sikra tilstrekkeleg og stabil tilgang på kvalifisert personell. Ein IRIS-rapport (2011/100) peiker på at det i Stavangerregionen vil bli mangel både på sjukepleiarar, spesialsjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Denne situasjonen må takast alvorleg både av utdanningsinstitusjonar og dei som yter helsetenester.

Ei anna utfordring vil vera å bygga ut tenestetilbodet til ulike grupper, spesielt å skaffa nok tilrettelagde heildøgns plassar og dagtilbod for personar med demens. Mange av kommunane i Rogaland har høg befolkningsvekst, mykje landbruksjord og mangel på byggeareal. Dette gjer det vanskelig å oppfylla føringa om at bustadar for personar med demens skal ligga på bakkeplan og ha direkte utgang til tilrettelagd uteareal.

Innføring av velferdsteknologi er ein viktig del av omstillinga som vil bli krevd i helse- og omsorgstenesta. Det er ei utfordring å innføre teknologien i kommunane, og å sørgja for at helsepersonell får tilstrekkeleg kunnskap om intensjonar og muligheter, og om kva som finst av teknologiske hjelpemiddel.

Kommunane må oppfordrast til å gjera analyser av situasjonen i eigen kommune og utarbeida planar for korleis omsorgsutfordringane skal handterast, både når det gjeld kompetanse og kapasitet. Særleg i småkommunane er nok kompetansen til slikt planarbeid noko mangelfull.

86.1 Omsorgsplan 2015

Arbeidet med Omsorgsplan 2015 hos Fylkesmannen i Rogaland er organisert som eit prosjekt, der alle delplanane er ivaretatt. Det daglege arbeidet vert leia av ein prosjektleiar, og styringsgruppa vert leia av fylkesmannen. Styringsgruppa har i 2012 hatt eit møte.

Fylkesmannen oppmodar kommunane til å planlegga for framtidens omsorgsutfordringar ved alle høve der det er naturleg, mellom anna ved høyringar for kommuneplanar og kommunedelplanar, og ved seminar og konferansar. Status no er at om lag 20 av dei 26 kommunane i fylket på eit eller anna vis har teke omsyn til venta omsorgsutfordringar i sitt planverk. To småkommunar har, så langt Fylkesmannen kan sjå, ikkje i det heile teke slike omsyn i planarbeidet. Resten av kommunane har sett ned arbeidsgrupper eller er på annan måte i gong med arbeid for å ta omsyn til omsorgsutfordringane i planarbeidet.

Fylkesmannen arrangerte i oktober dagskonferanse om Nevroplan 2015, i samarbeid med Nevrologisk avdeling og Nasjonalt kompetansesenter for bevegelsesforstyrrelser ved Stavanger universitetssjukehus, samt Utviklingssenter for heimetenester i Rogaland. Det var innlegg frå Helsedirektoratet, spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Dei aller fleste kommunane var representert, saman med ulike deler av spesialisthelsetenesta og fleire brukarorganisasjonar.

Midlar knytt til Omsorgsplan 2015 vert nytta strategisk, og Fylkesmannen har støtta tiltak som bidreg til å nå måla i Omsorgsplan 2015 generelt og i Demensplan 2015 spesielt. Me har mellom anna støtta fleire prosjekt som har som mål å skaffa ny kunnskap om arbeidsmetodar og organisering av tenestene.

Fylkesmannen sin nettstad har gjennom året vert nytta aktivt for å informera om strategiar og tiltak i Omsorgsplan 2015. Me har mellom anna spreidd informasjon om den nye utdanninga "Helse og omsorgs i plan". Fleire kommunar i Rogaland har no tilsette som tek denne utdanninga, saman med ein representant frå Fylkesmannen.

86.2 Demensplan 2015

I desember 2011 sende Fylkesmannen informasjon til alle kommunane i Rogaland med oversyn over resultatane frå den nasjonale kartlegginga av tenestetilbodet til personar med demens. Dette blei i 2012 fylgd opp med informasjon til lokale kompetansemiljø som driv nettverk og anna oppfølgingsarbeid overfor kommunane. Problemstillingar knytt til tenestetilbodet til personar med demens har me og trekt fram i møter med fleire kommunar.

Fleire kompetansemiljø i fylket driv, mellom anna i samarbeid med Fylkesmannen, utstrakt opplæringsverksemd med innføring av nye arbeidsmåtar i demensomsorga. Dette gjeld mellom anna opplæring knytt til pasientrettighetslova kapittel 4A, Dementia Care Mapping, Marte Meo og anna miljøterapi. I mai arrangerte Fylkesmannen møte med aktuelle kompetansemiljø på demensområdet for å planlegga og samordna vidare innsats overfor kommunane.

Midlar knytt til Omsorgsplan 2015 har i 2012 i hovudsak vore nytta til tiltak knytt til Demensplan 2015. Dette gjeld mellom anna tilskot til ulike typar nettverk på demensområdet, ABC-oppfølgning av kommunane, etisk kompetanseheving på demensområdet, og utviklingssentra sitt opplæringsarbeid knytt til Marte Meo og forskingsstudien Medced.

Fylkesmannen ga i 2011 økonomisk stønad til eit prosjekt i regi av Utviklingssenteret for heimetenester i Stavanger, som er vidareført i 2012. Målet er å forbetra tenestene til heimebuande personar med demenssjukdom, og eit viktig tiltak er å etablera arbeidslag for å bidra til at personar med demens får besøk av færrest mogleg tilsette. Fylkesmannen har dessutan hatt stort fokus på at midlar frå Kompetanseløftet 2015 skal bidra til kompetanseheving innan geriatri og demens.

Fylkesmannen har i 2012 gjennomført tilsyn med bruk av tvang i sjukeheim i to kommunar. I samband med det eine tilsynet har me gjennomført eit "spreiingsprosjekt", der tilsynskommunen og fleire nabokommunar fekk delta for å læra om styring og kontroll med tenester til personar som på grunn av demens eller andre lidingar, manglar samtykkekompetanse. I tillegg har Fylkesmannen og KS i samarbeid utarbeida eit etisk kompetansehevingsprosjekt knytt til bruk av tvang i sjukeheim. Fylkesmannen har gitt økonomisk stønad, og KS har hatt ansvar for gjennomføringa av prosjektet, der 10 kommunar har delteke.

Fylkesmannen sin nettstad er nytta aktivt for å spreie informasjon om føringane i Demensplan 2015. Me har til dømes jamleg lagt ut informasjon frå Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse.

Demensomsorgens ABC:

Fylkesmannen gjev økonomisk stønad frå Kompetanseløftet til innkjøp av ABC-studiepermar. Me gjev og økonomisk stønad til eksterne kompetansemiljø som følgjer opp kommunane i ABC-arbeidet. Alle kommunane i fylket er med på opplæringsprogrammet. I følgje kontaktpersonane i fylket er det no seld om lag 2250 ABC-permar i Rogaland. Arbeidet med å implementera perm nummer tre om miljøarbeid, er no i gong.

Regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling ved SUS (SESAM) følgjer opp kommunane i Helse Stavanger-området, medan Bjørgene omsorgs- og utviklingssenter i Haugesund følgjer opp kommunane i Helse Fonna-området. Ressurspersonane arbeider i tett kontakt med Fylkesmannen og Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse. I mars vart det halde samarbeidsmøte om ABC-opplæringa hos Fylkesmannen, der dei lokale aktørane og Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse deltok. Fylkesmannen deltok og på kompetansesenteret sin ABC-samling på Gardermoen i oktober.

Dagtilbod til personar med demens:

Så langt Fylkesmannen kjenner til, er det ein kommune som har oppretta tilrettelagd dagtilbod for personar med demens sidan førre kartlegging av tenestetilbodet. Det betyr at det no er 16 av 26 kommunar som har etablert eit slikt tilbod. Det er nok ikkje realistisk å forventa at alle kommunane i fylket skal oppretta permanente dagsenter spesielt rette mot personar med demens. Fleire kommunar i Rogaland er så små at det ikkje er aktuelt å etablera permanent dagsenter/dagtilbod, verken for personar med demens eller andre grupper. Kommunane rapporterer at dei likevel gjev dagtilbod når det er personar som har behov for eit slikt tilbod.

Nokon av dei kommunane som i den seinare tid har oppretta dagsenter for personar med demens, rapporterar at dei har vanskar med å fylla opp plassane. Det er ei utfordring å gjere tilbodet kjent både for tenestemottakarar/pårørande og for tilsette i kommunane. Erfaringa er og at namnet på dagtilbodet er relevant for om det opplevast som attraktivt for personar med begynnande demens.

Dei 18 kommunane i Helse Stavanger-området har sidan 2009 hatt tilbod om å delta i nettverk om dagtilbod for personar med demens. Oppmøtet i nettverket er godt, og fleire kommunar har etablert dagtilbod etter ei tids deltaking i nettverket. Bjørgene omsorgs- og utviklingssenter driv og, saman med Helse Fonna, eit betydeleg nettverksarbeid på demensområdet overfor dei 8 kommunane i nord-fylket.

Demensutredning/demensteam:

Talet på demensteam og demenskoordinatorar har dei siste åra auka kraftig i kommunane i Rogaland. Dei 18 kommunane i Helse Stavanger-området har framleis tilbod om å delta i nettverk om utredning av demens. Vidare

har Bjørgene omsorgs- og utviklingscenter i Haugesund kommune gjennomført eit prosjekt om hukommelsesteam, og spreier erfaringar frå dette arbeidet til kommunar i nedslagsfeltet.

Kommunane vert ved alle høve oppmoda, både av Fylkesmannen og dei lokale kompetansemiljøa, til å nytta utredningsverktøyet frå Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse. Dette har dei siste åra og blitt følgt opp i samband med tilsyn. Fylkesmannen har inntrykk av at utredningsverktøyet no i stor grad vert nytta. For fleire gjeld det nok likevel at berre "legedelen" av utredningsverktøyet vert nytta, og at diagnosen stillast utan at helse- og omsorgstenesta/demensteam vert "kopla på" for å utdjupa og sikra oppfølging.

Pårørandearbeid:

Fylkesmannen sendte i mars brev til alle kommunane med informasjon om tilskotsordninga til pårørandeskular og samtalegrupper. Me informerte då og om tilskotsordninga på nettsidene våre. Kommunane vart invitert til gratis rettleiingsseminar i april i regi av Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse og Sesam.

Fylkesmannen kjenner til at det er starta opp tilbod med pårørandeskular i minst tre kommunar sidan førre kartlegging. Dei lokale kompetansemiljøa som samarbeider med Fylkesmannen om Demensplan 2015 står dels som arrangør av pårørandeskulane, dels bidreg dei med forelesingsressursar.

86.3 Kompetanseløftet 2015

Fylkesmannen i Rogaland deltok på tilskotsforvaltningskurs i Helsedirektoratet i januar, og retningslinene for tilskotsforvaltning frå Helsedirektoratet er lagt til grunn for vår sakshandsamingsrutine for Kompetanseløftet 2015.

Alle kommunane i Rogaland har peika ut ein kontaktperson for Kompetanseløftet 2015, som Fylkesmannen i Rogaland held jamnleg kontakt med. Fleire nye kontaktpersonar i kommunane har i 2012 fått rettleiing og råd. Før påske sendte me ut skriftleg informasjon til alle kommunar m.fl. om at dei kunne søka om tilskot frå Kompetanseløftet. Me tok kontakt på telefon med 3 kommunar som ikkje hadde søkt i 2011, og oppmoda dei til å søka. I etterkant kom det inn søknad frå 2 av dei.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2012 gitt tilskot på totalt kr. 6 142 245,- frå Kompetanseløftet 2015. Den samla summen som kommunane søkte om var på kr. 7 684 512,-. Alle kommunar som har søkt om tilskot har fått tildelt midlar. Fire av dei 26 kommunane i Rogaland søkte ikkje om tilskot.

Kvalifisering av personell:

Hovudtyngda av søknadane frå kommunane i Rogaland gjeld kvalifisering av personell som allereie er tilsett i kommunen. I 2012 var det søknadar frå mange kommunar om vidareutdanning innan kreftsjukepleie og lindrande omsorg. Fylkesmannen har og i 2012, i tråd med nasjonale føringar, hatt eit spesielt fokus på demens og eldreomsorg.

Som i 2011 har me heller ikkje i 2012 oversyn over kor mykje av midla som har gått til tilsette i verksemdar som nyttar tvang og makt etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9, då me i søknadsprosessen ikkje innhentar informasjon om kva type verksemd dei tilsette arbeider i.

Desentraliserte høgskulestudiar:

Som tidlegare har me og i 2012 gitt tilskot til Universitetet i Stavanger for å utvikla ei nettbasert sjukepleiarutdanning. Deltidsstudiet går over fire år

Demensomsorgens ABC og Eldreomsorgens ABC

Kommunane får tilskot til innkjøp av studiepermane, kr 450,- for kvar deltakar. Tilskot frå Kompetanseløftet til ABC-satsinga held seg stabilt i forhold til 2010 og 2011. For fleire detaljar om ABC- satsinga, sjå rapportering på Demensplan 2015.

For detaljert rapport om Kompetanseløftet syner me til eigen rapport direkte til Helsedirektoratet.

86.4 Investeringstilskudd til sykehjem

Samarbeidet med Husbanken har endra seg betydeleg etter at tilskotsordninga vart lagt om slik at Fylkesmannen ikkje lenger gir råd om kven som skal få tilskot. I 2012 har me omtrent ikkje hatt noko samarbeid med Husbanken Vest. Me har fått tilsendt kopi av Husbanken sine vedtak. Ut over dette har me ein gong fått tilsendt oversikt over søknadar, og ein gong blitt spurd om råd i ein byggesak.

Ny informasjon knytt til tilskotsordninga, så som den nye rettleiaren frå Husbanken, er gjort kjend på Fylkesmannen sin nettstad.

Bekymringa for om alt som vert bygd er like godt tilrettelagd for personar med demens, gjeld framleis. Mange kommunar har høg befolkningsvekst og mykje landbruksjord, og dette gjev mangel på byggeareal. Fleire av dei større kommunane planlegg sjukeheimar i til dels trafikkerte byområde, der omgivnadane er lite tilrettelagde for personar med demens. Plassering av avdelingar for personar med demens på bakkeplan med direkte utgang til sansehage, er då vanskeleg å få til. Me er og bekymra for om plassering av sjukeheimar i trafikkfarlege område kan føra til at pasientar oftare vert innelåste.

Omsorgs-/velferdsteknologi:

Fylkesmannen deltok på konferanse om velferdsteknologi i Bergen i mai. Helsedirektoratet sin nye fagrapport om velferdsteknologi er gjort kjend på Fylkesmannen sin nettstad. Rapporten og viktige problemstillingar knytt til omsorgsteknologi har me og gjort kjend på utviklingskonferansen til utviklingssentra for sjukeheimar og heimetenester i Stavanger, og på nettverksmøte med eksterne kompetansemiljø som følgjer opp kommunane.

Som me rapporterte om for 2011, har fleire lokale aktørar sett i gong eit større utviklingsarbeid på området omsorgs-/velferdsteknologi, der målet er å gjera Rogaland til ein føregangsregion på området. Satsinga har fleire delprosjekt. Det siste nye er at Stavanger kommune held på å starta opp eit stort samarbeidsprosjekt med IBM etter modell frå New York.

Sjølv om det er ei betydeleg lokal velferdsteknologisk satsing på gong, er det likevel ei utfordring å sørgja for at utøvande helsepersonell får tilstrekkeleg kunnskap om velferdsteknologi. Mange tenesteytarar har lite kunnskap om kva som finst av teknologiske hjelpemiddel, og manglande kunnskap om intensjonar og muligheiter gjer at teknologien framleis i stor grad vert sett som ein trussel mot "den gode omsorga".

86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten

Heile Helse- og sosialavdelinga hos Fylkesmannen arbeider kontinuerleg med problemstillingar knytt til kvalitetsforbetring og internkontroll i helse- og omsorgstenesta i kommunane. Me gir jamnleg råd til kommunane og er jamleg i kontakt med KS i fylket om problemstillingar knytt til internkontroll og kvalitetsforbetring. Fylkesmannen har både i 2011 og 2012 gjennomført eit "spreiingsprosjekt" i samband med planlagde tilsyn, der tilsynskommunen og nabokommunane får delta for å læra om styring og kontroll med tenestene på tilsynsområdet.

Kostnad og kvalitet i helse- og omsorgstenesta var eit sentralt tema på det årlege Kostra-seminaret for kommunane i april, mellom anna med førelesar frå Telemarksforskning. På kommuneøkonomidagen i mai blei eit prosjekt etter "Fredericiamodellen" presentert for kommunane. I september arrangerte Fylkesmannen Ipløs-seminar for kommunane, med Helsedirektoratet som hovudføredragshaldar.

Tilbodet om deltaking i prosjektet "Samarbeid om etisk kompetanseheving" er gjort kjend på Fylkesmannen sin nettstad, mellom anna med informasjon om at det var nytt opptak i januar 2012. Tolv kommunar i Rogaland er no "etikkkommunar". Haugesund kommune er som ein del av prosjektet i gong med å bygga opp etikkråd, med økonomisk stønad frå Fylkesmannen. I tillegg har KS og Fylkesmannen i samarbeid utarbeida eit etisk kompetansehevingsprosjekt knytt til bruk av tvang i sjukeheim. Fylkesmannen har både i 2011 og 2012 gitt økonomisk stønad til prosjektet, og KS har hatt ansvar for den praktiske gjennomføringa. Til no har ti kommunar i sør-fylket delteke i dette etikkprosjektet, fire av dei i 2012. I tillegg til å auka det etiske medvitet om bruk av tvang, har me inntrykk av at prosjektet aukar motivasjonen til å verta "etikkkommune".

I august sende Fylkesmannen eit eksemplar av "Kosthåndboken" til kvar kommune i fylket. I fylggebrevet ga me informasjon om dei nasjonale faglege retningslinene for førebygging og behandling av underernæring, om kvar "Kosthåndboken" kan lastast ned elektronisk, samt lenke til utviklingssentra sin idébank om mat og måltider og publikasjon frå Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse.

Informasjon om "Kosthåndboken" er og formidla til undervisningsansvarleg for emnet ved Universitetet i Stavanger, og lagt ut på Fylkesmannen sin nettstad.

Legetenester (og fysioterapitenester) i sjukeheim:

Eit oversyn over KOSTRA-tala for dei mest folkerike kommunane i fylket syner at det har vore ei viss auke i talet på sjukeheims plassar og sjukeheimslegar i nokre av kommunane, men ikkje i alle. Talet på kommunale fysioterapistillingar knytt til institusjonar har i liten grad endra seg. Om me ser på KOSTRA-tala for alle kommunane, er det stor variasjon i legedekninga og fysioterapidekninga på sjukeheimane i Rogaland. Enkelte småkommunar har til dømes vesentleg høgare dekning enn dei større kommunane.

Tilsynserfaringar syner at ferieavvikling og ikkje planlagd fråver hos sjukeheimslegane, som til ved dømes sjukdom, ikkje alltid sikrast godt nok. Dette medfører sårbarheit og risiko for pasienttryggleiken, og det er eit viktig område for kommuneleiinga å følgja med på. Me ser og at det kan mangla møteplassar mellom kommuneoverlege og sjukeheimslege.

Tilsynserfaringar syner vidare at legetenestene ikkje alltid fungerer godt nok for dei som har omfattande omsorgsbehov, men som ikkje bur på sjukeim. Mange som bur i omsorgsbustad eller "eigen heim" har behov for tett oppfølging frå fastlegen. Me har fleire døme på at pasientar som ikkje så lett kan møta hos fastlegen, for eksempel på grunn av demens, ikkje alltid får den oppfølginga dei ha behov for. Fleire kommunar har eit betydeleg forbettringspotensial når det gjeld å følgja med på kvaliteten på legetenester til desse gruppene.

86.6 Utviklingsentre for sykehjem og hjemmetjenester/Lindrende behandling

Fylkesmannen deltek i dei to fag- og samarbeidsråda for dei tre utviklingssentra for sjukeheimar og heimetenester i Rogaland. Råda har vanlegvis to møter i året. Alle dei tre sentra arbeidar aktivt med satsingsområda i Omsorgsplan 2015, og me har jamnleg og tett kontakt med sentra om satsingsområde og tiltak. I 2012 har Fylkesmannen arrangert eit samarbeidsmøte om Demensplan 2015 og eit om Nevroplan 2015, der representantar frå utviklingssentra har vært tilstades.

Fylkesmannen heldt opningsinnlegg på utviklingskonferansen til Utviklingssentra i Stavanger i november, der føringar og tiltak i Omsorgsplan 2015 vart trekt fram. I november deltok me og med innlegg på nettverksmøte i helseregion vest for utviklingssentra, Senter for omsorgsforskning vest og fylkesmannsembeta.

Begge dei to utviklingssentra for sjukeheimar har fått tilskot frå Fylkesmannen for å delta i pasienttryggleikskampanjen "I trygge hender - Rett legemiddelbruk i sykehjem". Me har vidare gjeve tilskot til utviklingssentra sitt opplæringsarbeid i kommunane i samband med Medced-studien på Vestlandet. Utviklingssentra driv og anna utviklingsarbeid med støtte frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen har gjort tilskotsordninga til prosjekt om lindrande behandling kjend i fylket. Prosjektet i Helse Stavanger-området, der alle dei 18 kommunane er med, har eigen nettstad: <http://www.isipalliasjon.no/>. Bjørgene utviklingssenter i Haugesund kommune har i perioden 2010-2012 gjennomført eit prosjekt om lindrande behandling, som ein del av Helsetorgmodellen. Me vurderer at kommunane i Rogaland ligg godt an med å spreie kunnskap på området, og dei driv og viktig utviklingsarbeid, mellom anna med innføring av LCP.

86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten

Fylkesmannen gjennomførte i januar 2012, i samband med at ny helse- og omsorgslov vart sett i kraft, to heildagssamlingar for kommunane i Rogaland.

Meir enn 300 leiarar og sakshandsamarar deltok, og alle kommunane i fylket var representert.

Siktemålet med konferansane var å gi alle kommunar i fylket auka forvaltningskompetanse.

86.8 Aktiv omsorg/Partnerskap med familie og lokalsamfunn

Rundskriva "Aktiv omsorg" og "Rett til egen tros- og livssynsutøvelse" er ved fleire arrangement og i fleire år gjort kjend for kommunane. Rundskriva ligg og på Fylkesmannen sin nettstad.

Utviklingssentra for sjukeheimar og heimetenester driv prosjekt med førebyggjande heimebesøk til eldre. Alle slike prosjekt i regionen vert no kartlagd. Fleir kommunar i fylket er og i gong med eller planlegg prosjekt der eldre deltek i ulike trenings- og rehabiliteringsopplegg.

I månadsskiftet oktober –november arrangerte Stavanger bispedømme, Kirkerådet og Diakonhjemmets høgskole i

Rogaland med fleire, HEL-konferansen i Sandnes. Konferansen hadde ein eigen sesjon spesielt retta mot helse- og sosialpersonell, som omhandla retten til trus- og livssynsutøving og samhandling mellom trus- og livssynssamfunn og helsearbeidarar. Fylkesmannen bidrog med økonomisk stønad, og sesjonen vart opna av fylkesmann Tora Aasland, som og deltok i diskusjonen. Andre bidragsytarar i sesjonen var divisjonsdirektør Toril Lahnstein, ass. Direktør Geir Sverre Braut og biskop Helga Haugland Byfuglien.

86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemning

I 2012 har det vore betydeleg aktivitet på dette feltet. Det er registrert over 100 vedtak med heimel i § 9-5 tredje ledd bokstav b eller c, i tillegg til ca 6700 einskildmeldingar om nytta tvang etter § 9-5 tredje ledd bokstav a. Fylkesmannen har i 2012 gjennomført 19 dagskurs i kap 9 for kommuner i fylket, og det har vore 794 deltakarar på desse samlingane. At så mange har fått ei monaleg grundig gjennomgang av lovverket, har ført til større grad av bevisstgjering på kor grensane går, og kva som er fagleg og etisk forsvarleg tenesteyting. Vi har også gjennomført to kap 9-kurs for brukarorganisasjonen NFU. Kursverksemda fører også til nye vedtak og mange einskildmeldingar. Det er ei utfordring at kommunane i liten grad sjølv tek tak i opplæringsbehovet på dette området. Fylkesmannen har gjennomført 15 stadlege tilsyn i 2012. Vi har hatt to nettverkssamlingar for kommunar i nordfylket. Det er også etablert eit fagnettverk for kommunane i Jærregionen, og her har vi og hatt to samlingar i 2012. Rogaland var vertskap for landssamling for fylkesmennene, Helsetilsynet og Helsedirektoratet i samband med kap 9 hausten 2012.

Det er fortasatt ei stor utfordring å sikra fagkompetanse i tiltaka. Behovet for dispensasjonar frå utdanningskravet er fortsatt regelen og ikkje unnataket. Det er særleg utfordrande for kommunane å rekruttera vernepleiarar til bufellesskap for utviklingshemma.

I fleire tiltak ser vi ei positiv utvikling ved at bruken av tvang og makt ser ut til å verta redusert. Systematisk arbeid med andre løysingar ser dermed ut til å ha verka bra. Dei mest inngripande tvangsformane, som t.d. nedleggingsprosedyrer, er no i stor grad ersatta av andre, mindre inngripande og verksame løysingar. Det vert utført mykje godt fagleg arbeid i kommunane. Spesialisthelsetenesta har i fleire år hatt kapasitetsvanskar. Dette ser no ut til å ha vorte betre enn på lenge. Fylkesmannen har regelmessige samarbeidsmøter med spesialisthelsetenesta.

86.10 IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk

I september arrangerte Fylkesmannen Iplos-temadag for kommunane. Helsedirektoratet, Fylkesmannen og Haugesund kommune heldt innlegg. Berre fire av dei 26 kommunane var ikkje tilstades, i hovudsak småkommunar.

Fylkesmannen etterspør opplysningar som skal kartleggast i Iplos når me behandlar rettingssaker om kommunale helse- og omsorgstenester.

Fylkesmannen har gjennom året meldt problemstillingar til Helsedirektoratet om kommunane sin bruk av Iplos. Dette har mellom anna vært:

- Det kan sjå ut til at fleire kommunar føretek gjennomsnittsberekning av Iplos-skår, og at denne berekninga har innverknad på tildeling av tenester. Det er vanskeleg å skapa forståing for at Iplos ikkje inneheld data på intervallnivå, og at dette er naudsynt for å kunne foreta gjennomsnittsberekning. Det er og vanskeleg å nå ut med informasjon om at funksjonsvariablane ikkje er vekta i høve til kvarandre, og at ei gjennomsnittsberekning difor ikkje gjev relevant informasjon om behovet for tenester.
- Det kan sjå ut til at fleire kommunar ikkje har fastsett kva som er tilstrekkeleg fagleg grunnlag for å fastsette Iplos-skår, mellom anna kva for informasjon som skal innhentast. Det kan og sjå ut til at ikkje alle kommunar har fastsett kva for kompetanse som er naudsynt for å fastsette skår på ulike område.
- Iplos-kartlegging aleine gjer ofte ikkje god nok oversikt over tenestemottakaren sitt hjelpebehovet. Tilsynserfaringar tyder på at ikkje alle kommunar har fastsett kva for skår som skal føra til vidare kartlegging eller utgreiing på ulike område, til dømes kva for skår for hukommelse som skal føra til at demensutgreiing må settast i gong.
- Tilsynserfaringar syner at Iplos-registreringar ofte ikkje samsvarar med annan pasientdokumentasjon i kommunen.

Resultatområde 87 Psykisk helse

Sjå under kvart enkelt punkt, under.

87.1 Tvungen undersøkelse

Fylkesmannen i Rogaland har behandla ei klage på tvungen legeundersøkelse. Vedtaket vart stadfesta.

87.2 Behandling uten eget samtykke

Fylkesmannen har i 2012 utan forsinking vurdert dei formelle og materielle vilkåra og fatta vedtak om stadfesting eller oppheving i alle mottekne klager på vedtak om undersøking eller behandling utan eige samtykke.

Desse sakene vert rapportert særskilt i NESTOR.

87.3 Privat forpleining i det psykiske helsevernet

Det har i 2012 ikkje vore aktivitet på dette saksområdet.

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje motteke kontraktskopiar som har krevd oppfølging.

87.4 Godkjenning av institusjoner som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern

Fylkesmannen har i 2012 gitt innstilling til Helsedirektoratet i to saker der det var søkt om godkjenning av institusjon som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern.

87.5 Vedtak om overføring

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje motteke saker på dette saksområdet i 2012.

87.6 Forpleining, kontroll og tilsyn med pasienter i det psykiske helsevern

Fylkesmannen i Rogaland har i 2012:

Forvalta tilskotsmidlar til dekking av driftsutgifter til kontrollkomisjonane i det psykiske helsevernet.

Oppnemnt medlemmer til kontrollkomisjonane i det psykiske helsevernet og har sent kopi av oppnevningane til Helsedirektoratet.

Hatt et løpande samarbeid med kontrollkomisjonane i det psykiske helsevern og har arrangert ein dagskonferanse for alle kontrollkomisjonar og overlegar med vedtaksrett i fylket.

87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene

Kommunal rapportering på psykisk helsearbeidsfeltet er samla og oversendt Helsedirektoratet innan fristen.

Også i 2012 blei det gjeven fullmakt frå Helsedirektoratet til tilskot til vidareutdanning for kommunalt tilsette med høgskolekompetanse i Rogaland. Studentane har i all hovudsak nytta vidareutdanningstilbodet "psykisk helsearbeid for vaksne" eller "psykososialt arbeid blant barn og unge" ved høgskolen Stord / Haugesund. Tilbodet i Stavanger finst ikkje lengre. I 2012 var det ein reduksjon i antal studentar som nytta tilbodet samanlikna med 2011.

Innsjonane frå opptrappingsplanen innan psykisk helsearbeid synest i all hovudsak å bli fylgt godt opp i den einkilde kommune, sjølv om det er ei utfordring for fleire å halda oppe fokus på dette viktige arbeidet. Tilsette med høg kompetanse gjer ein god jobb på feltet. Ei rekke gode og kreative løysingar er vidareførte eller starta opp.

Det synes å vera ei utfordring for fleire kommunar å få til gode løysningar når det gjeld bustader, særleg gjeld dette for byområde i Stavanger og Sandnes, der busetnaden er tett og prisane høge. Samarbeidsavtalar mellom kommunane og spesialisthelsetenesta er på plass, og fleire av dei er under revisjon og evaluering.

Arbeidet med individuell plan synest likeins å vera ei utfordring å få til på ein god og systematisk måte for personar i målgruppa.

I 2012 har Fylkesmannen ikkje makta å følgja opp eigne mål for vitjing av einskildkommunar og tiltak innan psykisk helsearbeidsfeltet, men har i hovudsak halde kontakten gjennom telefon eller epost, dette som resultat av naudynt prioritering mellom ulike oppgåver som Fylkesmannen får frå HOD

Fylkesmannen har hatt to møter med representantar for brukarorganisasjonane, kommunane, selvhjelp, NAV og NAPHA. Ei samling var for sørfylket, og ei for nordfylket. Fylkesmannen har i tillegg hatt faste kontaktmøte med NAV fylket. Dei gode og regelmessige samarbeidsfora som er etablerte mellom DPS'ar og tilhøyrande kommunar er vidareførte også i 2012. Fylkesmannen har i liten grad vore med på desse samlingane, men mottek referat frå møta.

Sjå elles særskilt rapportering

87.8 Dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevernet

Fylkesmannen handsama 3 søknader om dispensasjon på dette saksområdet. Kopi av vedtak er sendt til Helsedirektoratet.

87.9 Godkjenning av psykiatriske poliklinikker

Fylkesmannen i Rogaland rapporteer 2 gonger i året til Helfo region vest om godkjente poliklinikkar og talet på stillingar

Fylkesmannen godkjente ingen nye poliklinikkar i 2012

87.10 Gjennomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket

Gjennom regionalt samarbeid i helseregion vest er disse sakene samla hos Fylkesmannen i Hordaland

Antall saker

Embeter	Antall
FMRO	0
Sum	0

Resultatområde 88 Rusområdet

Sjå rapportering under punkta 88.1 og 88.2

88.1 Alkoholoven

Helse - og sosialavdelingen har saman med Forvaltningsavdelinga og kompetansesenteret for rusproblematikk, KoRuS, bidratt til å styrke rettleiing til fagpersonell og kommunane si politiske og administrative leining i kommunanes forvaltning av alkoholovgivinga. Seminaret " Alkoholoven i eit folkehelseperspektiv" for kring 70 deltakarar vart gjennomført hausten 2012. Seminaret hadde eit spesielt fokus på å styrke kommunane sin kontrollverksemd og på å utfordre næringen til å ivareta og vere merksame på folkehelseperspektivet i skjenkepolitikken og utøying av skjenkebestemmelsane.

Det er i desember 2012 utført skjenkekontroll på dei statlige skjenkebevillingane utstedt til Norleds båtar "Fjorddrott", "Fjordfart" og "Fjordkatt". Kontrollane blei utført av Sør-Rogaland brannvesen IKS og kontrollrapportane synte ingen avvik.

Fylkesmannen har behandla 3 klagesaker. I tillegg har vi veileda kommunane og privatpersonar per telefon, e-post og per brev når det gjeld forståing av alkoholoven med forskrifter.

Antall saker

Embeter	Antall
FMRO	3
Sum	3

88.2 Rusmiddelarbeid

I 2012 fekk 23 av 26 kommunar i Rogaland tilskot til kommunalt rusarbeid frå Helsedirektoratet. (kap. 763 post 61), kr. 32 250 000 i øymerka tilskot.

Fylkesmannen har informert kommunane om ordninga via nettsider, kontaktpersonar i kommunane og ei eiga samling for alle kommunar. Dei øymerka tilskota er forvalta i tråd med regelverket for ordninga. Kommunane som har tilskot er fulgt opp i ettertid i møte med leinga i kommunane og aktuelle tilsette.

Råd og rettleiing til fagpersonell og politisk og administrativ leining i kommunane kring kompetanse og utvikling av kvalitet har vore ein del av desse møta.

Den store utfordringa i 2012 var ei sein varsling om at ordninga med øymerka tilskot frå 2013 skulle gå over i rammetilskot til kommunane. Det ga kommunane store utfordningar med å få vedteke vidareføring av dei ulike rustiltak politisk. IS-8 Rapportering for 2012 vil gje meir informasjon om korleis årsverkinnsatsen på rusfeltet vil sjå ut for det kommande året. Så langt går tilbakemelding frå kommunane på at mange og i nokre kommunar alle rustiltak er vedteke vidareført. Dei kommunane med dei største vanskaner, er kommunar som kom inn i ordninga med øymerka tilskot seint eller fekk meir i tilskot enn dei no får i ramme.

Ordninga med tilskot til vidare - og etterutdanning innan rusproblematikk (kap. 763 post 21) for helse og sosialpersonell og tilsette i kriminalomsorgen vart nytta av ei rekke kommunar, og snaut 2 mill vart delt ut i 2012.

Ei av utfordringane i Rogaland er begrensa kapasitet ved universitet og høgskular for vidareutdanning i rusarbeid. Tilsette som har søkt andre vidareutdanningar som kan vere til nytte i det lokale rusarbeidet har av den grunn fått støtte. (SEPREP, kognitiv terapi, familierapi oa)

Fylkesmannen har saman med det regionale kompetansesenteret for rus (KoRus) laga ein Regional kompetanseplan for rusområdet. Kompetansebehov hjå kommunane er drøfta i Kompetansegruppa for rusfeltet. I denne gruppa sit representantar frå kommunar, spesialisthelseteneste, universitet og høgskule, kompetansesenteret, Fylkesmannen og brukarorganisasjonar. Gruppa har 4 møter årleg og skal ivareta behov for auka kompetanse i kommunane på rusområdet

Etter kvart som psykisk helse og rus har vorte nærare knytt saman både fagleg og organisatorisk har Rogaland og Hordaland samarbeida med NAPHA (kompetansesenter psykisk helse) om to årlege samlingar med rus og psykisk helse som tema. Det har vore tilsaman 300 på desse samlingane.

Kvartalsvise møter i fora for psykisk helse og rus er viktige samhandlingsarenaer med tanke på å møte målet om meir tilgjengelege og heilskaplege tenester.

Fleire DPS treng fortsatt meir kompetanse for å gje personar med rusproblem eit betre tilbod. Dette prøver ein å ha fokus på i ulike samarbeidsfora og gjennom implementering av ROP-retningslinene.

Fylkesmannen har i samarbeid med ulike aktørar gjennomført ulike kompetansetiltak mellom anna grunnopplæring rus i kommunane for ca 200 deltakarar. Kommunar og Helseforetak deltok på LAR/konferanse/nettverk (100 deltakarar).

LAR er eit område som er utfordrande både for kommunar, spesialisthelseteneste og kriminalomsorg/fengsel. Det er mykje bekymring knytt til om helsetenesta er god nok/forsvarleg for personar i skadereduksjongruppa. Avrusing/opprøping, utdelingsregime og arbeid med å forhindre lekkasje til 3.person er ei særleg utfordring i fengselshelsetenesta.

Fylkesmannen har samarbeida med KORFOR (Kompetansesenteret for rus i Helse Vest) og KoRuS (kompetansesenteret for rus, region vest) om bruk av kartleggingsverktøyet "Brukerplan" og presentasjon av resultat for kommunar i Helse Stavanger og Helse Fonna området. (400 deltakarar)

Utfordringa framover når det gjeld "Brukerplan" er kor og korleis ein ynskjer å forankre arbeidet med dette verktøyet og kva rolle fylkesmannsembeta skal ha opp mot kompetansesentera.

Saman med KoRus, KS, Bufetat og kommunar er det utarbeida ein modell for tidleg intervensjon - basert på rettleiaran "Fra bekymring til handling". Fylkesmannen i Hordaland og kompetansesenteret for rus i Bergen er og med. Modellen er forankra til Samhandlingsutvalet og har som mål å sette tidleg intervensjon på dagsorden. Målet er å auka kompetansen og innsatsen retta mot barn og unge som er i ein risiko for å utvikle vanskar. Fylkesmannen har gjeve kompetansetilskot til tidleg intervensjonskonferanse "Mot til å se- evne til å handle" - ca 300 deltakarar.

Det har vore samarbeid og møter mellom KoRuS, KORFOR, helseforetaka, Kriminalomsorgen, Husbanken, Bufetat, Fylkesmannen, brukarorganisasjonar og kommunar samt universitet og høgskule der tidleg intervensjon og betre og meir tilgjengelege tenester samt auka kompetanse står sentralt. Likeins har auka brukarmedverknad og pårørendearbeid vore i fokus

Samarbeid med Husbanken, region vest kring kompetanseheving for kommunane på det bustadsosiale området har og kome det lokale rusarbeidet til gode fordi mange av dei mest vanskelegstilte på bustadmarkaden slit med rus.

Fylkesmannen i Rogaland, Arbeids - og velferdsdirektoratet og Diakonhjemmet Høgskule starta hausten 2012 opp ein pilot i vidareutdanning i metodisk bustadsosialt arbeid. Utgreingar gjort i fleire kommunar synte at oppfølginga av ulike brukarar ikkje var god nok, og gjennom utdanninga ynskjer ein no å gje tilsette i kommunane eit felles sett med metodar for oppfølging. Mange av dei som har behov for tenester inn i bustad slit med rus og psykiske vanskar. 27 studentar frå 8 kommunnar er under utdanning. Utdanninga er 2- årig og gjev 30 studiepoeng.

Fylkesmannen i Rogaland har vore trekt inn i arbeidet med å laga ein rettleiar for lokalt rusarbeid og psykisk helsearbeid, i Rambøl si evaluering av øyremerka tilskot til tiltak for barn og unge og i arbeid kring nye regler for gjennomføring av opphold i rusinstitusjon.

Ressursrapportering

Berre lønsutbetalingar er ført. Rapporten skil ikkje på løn til tilsette hos Fylkesmannen og eksterne. Det er derfor viktig å merkje seg at av midlane utbetalte under fagdep. utgjer kr 3.107.708 godtgjersle til kontrollkommissjonane.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 6 243 189,31	kr 873 668,22
83 Folkehelsearbeid	kr 231 546,26	kr 65 580,72

84 og 85 Primærhelsetj. og Spesialhelsetj.	kr 128 504,87	kr 3 574 085,95
85 Spesialhelsetjenesten	kr 0,00	kr 0,00
86 og 75 Omsorgstj, Habilitering og Rehabilitering	kr 529 782,23	kr 4 906,30
87 og 88 Psykisk helse og Rusområdet	kr 269 395,45	kr 1 447 773,88
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 1 989 312,17	kr 367 945,91
Andre oppgaver under HOD	kr 180 948,47	kr 0,00
Sum:	kr 9 572 678,00	kr 6 333 960,00

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

Det er ingen saker på dette området i 2012.

91.2 Konesjon til anlegg og drift av taubaner

Ingen saker

Utenriksdepartementet

Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet

92.1 Apostiller

Vi har handsama 4957 apostiller i 2012.

Dette er ein auke på om lag 10% frå 2011.

92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Vi har hatt to saker i 2012.

Kulturdepartementet

Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

Fylkesmannen utbetalte 5 919 870,- kroner i statsstøtte til trus- og livssynssamfunn i 2012.

Islamske opplæringscenter er framleis det største av trussamfunna i Rogaland og er det trussamfunnet som veks

raskast i medlemstal.

Fylkesmannen har 139 trussamfunn i sitt register, av desse er det 62 som har søkt om statsstilskot i 2012. Av disse fekk 3 avslag då dei ikkje oppfylte krava i lova. Dei resterande trussamfunna søker tilskot frå andre fylke der dei har hovudsetet sitt.

I 2012 er det føretatt fleire endringar av prest/forstander og 3 nyregistreringar.

Det er stor pågang på telefonen fra trussamfunn som treng råd og rettleiing i samband med oppretting av nytt trussamfunn, vigselrett, godkjenning av vigselritual og tenestedistrikt. Folkeregistera ringer ofte for å få opplyst om eit navngitt trussamfunn/prest har vigselrett. Det er også ein merkbar auka av trussamfunn som søker om å få vigselrett, spesielt fra muslimske trussamfunn.

I samband med søknad om statstilskot er det spesielt mange telefonar til fylkesmannsembetet.

Klagesaker der trussamfunn får lange feillister vedr dobbeltmedlemskap, er aukande. Fylkesmannen sine oppgåver er då å kontakte dei trussamfunna som ikkje har meldt ut medlemmer frå sitt register trass i at medlemmene skriftleg har meldt seg ut. Fylkesmannen skal då tilskrive desse trussamfunna og be om å få gjort greie for den konkrete saka, samt be om å få svar på kva praksis dei fører ved inn- og utmeldingar. I verste fall skal Fylkesmannen innkalle prest/forstandar til møte, dersom det kjem fram at dei ikkje har kjennskap til dei plikter dei som prest/forstandar er pålagde i lova. Fylkesmannen i Rogaland har hatt fleire slike møte med prest/forstandere i trussamfunn i 2012.

Totalt sett er det et aukade arbeidspress i arbeidet med trus- og livssynssamfunn, og arbeidsoppgåvene aukar fra år til år.

Resultatområde 96 Gravferdsloven

Vi har motteke 32 søknader om oskespreiing i 2012.

Av desse fekk:

2 avslag - ingen vart påklagd

27 vart godkjent

1 sendt i retur då det var søkt om oskespreiing i anna fylke enn Rogaland

2 er fremleis under handsaming då det mangler opplysninger.

Resultatområde 97 Lov om helligdager

Vi har hatt to søknader om dispensasjon, ein blei avslått og ein innvilga. Ein søknad om forskrift om særskilt turiststad blei avslått. Det er dermed framleis ingen stader i fylket som har slik status. Utanom dette var det ein heil del spørsmål via telefon og e-post.

Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

Sjå nedanfor

98.0 Helhetlig og strategisk ledelse

- Fylkesmannen i Rogaland har eit overordna styringsdokument som mellom anna inneheld embetets samla mål

og prioriteringar. Ein av dei viktigaste grunnane til å ha eit slikt dokument er er å sikre ein heilskapleg og samordna leing i embetet. Vi har også fra 2012 vedteke at at nestleiarane skal være med på kvart anna leiarmøte (dvs. 1 gang pr. måned) og på det årlege leiarutviklingsseminaret vi har. Det blei også planlagt oppretta et nestleiarforum i 2012, men det kom ikkje i gang.

- Embetet sin strategisk plan (Overordna embetsstyng) er ikkje endra vesentleg i 2012.

- Lønn er ein kritisk faktor når det gjeld å behalde og rekruttere medarbeidarar. Det har difor vore naudsynt å bruke 2.3.4 forhandlingar for å behalde tilsette og vi må for mange stillingar strekke oss langt lønsmessig for å kunne rekruttere nye.

- Det er mykje internt samarbeid i embetet, sjølv om det meste er knytt til konkrete saker. Men vi har "formelt" organisert oss på tvers av avdelingane på to sær s viktige område: Plan og Tilsyn. Hovudhensikta med å ha såkalla tverrsektorielle lag er samordning, men også læring på tvers av avdelingane. Nemnast kan også at vi har ein nettredaksjon som er samansatt av redaktørar frå dei ulike avdelingane. Her er også læringaspektet det viktig. I tillegg bruker vi ofte tverrsektorielle arbeidsgrupper i konkrete forhold. Vi må og nemne leiarmøte som ein viktig samordning- og læringsarena.

- Med utgangspunkt i at kommunane er våre viktigaste brukarar, vil vi trekke fram tiltak for å betre forholdet vårt til desse. Vi kom dårleg ut av kommuneundersøkinga i 2010. Etter den tid har vi tatt mange initiativ for å betre forholda: Invitasjon av nye ordførarar, direkte beøk til einskildkommunar, regionale møter med kommunar (eit slikt møte i 2012 med Ryfylke), meir direkte kontakt i samband med kommuneplanarbeidet og det årlege møtet mellom Fylkesmannen og rådmenn/ordførarar for alle kommunane i fylket. Fylkesmannen sjølv brukar også meir tid på samhandling med kommunane. Vi merkar heilt klart at dette arbeidet byggjar tillit mellom oss og kommunane.

Vi nemner også at vi har eit sær verdifullt prosjekt i Rogaland, kalla spreingsprosjektet. Hensikta her er at fleire kommunar skal læra av tilsynsbesøk i ein kommune. I tillegg til at dette gjer kommunane betre, byggjar det tillit mellom dei og embetet.

I 2012 hadde vi for fyrste gang ein Tilsynskonferanse for kommunar og statlege etatar, mellom for å få til ein god dialog og læring når det gjeld tilsyn. Dette vil vi fortsette med kommande år.

Vi ønskjer å prioritere dette viktige utviklingsarbeidet høgare, men for knappe budsjetttrammer gjer at meir og meir av ressursane blir brukte på rein saksbehandling.

98.1 Rekruttere, videreutvikle og beholde medarbeidere

Vi er 165 tilsette og vi har om lag 140 årsverk.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2012 brukt kr 318 800 på 2.3.4 nr 2 forhandlingar som går spesifikt på å rekruttere og behalde medarbeidarar. I tillegg har vi brukt kr 285 000 av egne midlar til lokale forhandlingar og 2.3.4 forhandlingar nr 1.

Vi har gjennomført medarbeidarundersøking i 2012, denne har i etterkant vore tema på både leirarmøte og leiarsamling. I tillegg har avdelingane følgt opp dei avdelingsvise resultata.

Det totale sjukefråværet i 2012 enda på omlag 4,1 %. Målsetjinga vår for 2012 var 3,5%. Av sjukefråværet var 3% legemeldt og om lag 1,1% eigenmelding. I 2011 var sjukefråværet på om lag 3,5%, så vi har hatt ein liten auke i 2012.

I 2012 hadde vi ein turnover prosent på 9,69.

I 2012har vi tilsett ein ny medarbeidar med innvandrarbakgrunn, stillingsannonsene våre inneheld alltid følgjande tekst: "Fylkesmannen har som personalpolitisk mål å rekruttere kvalifiserte kandidatar uanhengig av alder, kjønn, funksjonsevne eller etnisk bakgrunn". Dette er også vårt mål når det gjeld innkalling av kandidatar til intervju.

Vi har gjennomført kurs eit 2 dagars kurs i interkulturell kompetanse med foreleser frå Misjonshøgskolen i Stavanger.

Vi har også i samarbeid med Rogaland politidistrikt gjennomført et dagsseminar i inkluderande arbeidsliv for

hovudtillitsvalde, verneombod og leiarar. I tillegg har vi hatt halvårlege møte med NAV, kor IA arbeidet var hovudtema.

Vi har også gjennomført eit kursprogram i Klarspråk i staten

Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Embete	Antall 2011	% 2011	2012	% 2012
FMRO	8	4,76	9	5,45
Sum	8	0	9	0

98.2 Risikostyring

Fylkesmannen i Rogaland etablerte våren 2012 eit system for mål- resultat- og risikostyring i embetet. Avdelingane hadde for ein stor del ein risikostyrt, verksemdsplanlegging i 2012, men først i 2013 er systemet implementert i sin heilheit. Systemet er ikkje brukt til å vurdere risiki knytt til samla måloppnåing i embetet. Det skjer i 2013. Vi har likevel for 2012 vurdert risiki for manglande måloppnåing for embetet sine overordna mål. Dette skal vidareuviklast i 2013, med fastsetting av tiltak o.l.

Risiko knytt til verksemdskritiske faktorar som rekruttering, kompetanse, turnover etc. blir vurdert både på avdelingsnivå og embetsnivå. Lønn er ein kritisk faktor når det gjeld å behalde og rekruttere medarbeidarar. Det har difor vore naudsynt å bruke 2.3.4 forhandlingar for å behalde tilsette og vi må for mange stillingar strekke oss langt lønsmessig for å kunne rekruttere nye. Dette utfordrar budsjettet og dermed også kompetansemidla. Sjå elles resultatområde 98.1. Sjukefråveret hos Fylkesmannen i Rogaland er så lågt at det ikkje er nokon kritisk faktor. Informasjonstryggleikspolicy blir vedteke i 2013.

98.3 Medvirkning

I 2012 starta vi arbeidet med å revidere tilpassingsavtalen til Hovudavtala. Dei tillitsvalte er partar i dette arbeidet.

Dei faste møta i samarbeidsutvalet (SAMU) mellom toppleiing og hovudsamanslutningane blei endra frå 2 møter pr år til 4 møter i året.

Vi har i 2012 gjennomført samarbeidsseminar med dei tillitsvalde og leiinga med tema:

- Ansvar, plikter og rettigheitar i tillitsvaldes arbeid, arbeidsgivars styringsrett og medverknad og medbestemming iht. Hovudavtala.
- Den vanskelege samtalen
- Samarbeid i avdelingane

Vi har også i samarbeid med Rogaland politidistrikt gjennomført et dagsseminar i inkluderande arbeidsliv for hovudtillitsvalde, verneombod og leiarar.

I tillegg er det gjennomført drøftingar og forhandlingar med dei tillitsvalde. Dei hovudtillitsvalde blir også invitert til utvida leiarmøte i forbindelse med utarbeiding av budsjett og strategi for embetet.

98.4 Likestilling og likeverd

I embetet er likestilling og arbeid mot diskriminering ivaretatt av Personalpolitiske retningslinjer, tilpassingsavtala og lønnspolitikk. Dette er også viktige element i dei nye Personalpolitiske retningslinjene som vi ferdigstilte i 2011 (personalplan for 2011 – 2013).

I retningslinjene er det også teke med eit kapittel om politikk for alle livsfasar.

Stillingsannonsane våre inneheld alltid denne teksten: ”Fylkesmannen har som personalpolitisk mål å rekruttera kvalifiserte kandidatar uavhenging av alder, kjønn, funksjonsevne eller etnisk bakgrunn. ”

Vi har kvalitetsrutinar og prosedyrar for saksgang og tenesteveg i arbeidsmiljø saker, samt rutine for varsling.

Fylkesmannen har totalt sett rimeleg god balanse mellom kvinner og menn i arbeidsstokken, med ei overvekt av

kvinner. Det er likevel store avdelingsvise variasjonar.

Det er nokre forskjellar i lønn mellom kvinner og menn, mykje av forskjellane kan forklarast med at det er mange kvinner i stillingar med lågare krav til utanning (kontorjobbane). Dette er stillingar som har lågare lønn uavhengig av kjønn. Vi har ikkje sett det naudsynt med særskilte tiltak for å utjamne lønnsforskjellane, men dei siste åra har vi tatt omsyn til likelønn i lokale lønnsforhandlingar.

I 2011 var det ikkje kunngjort ledige/nye leiarstillingar. I 2012 var det kunngjort to leiarstillingar, det blei tilsette ei kvinne og ein mann.

I 2010 blei det utarbeida ein strategisk og praktisk plan i forhold til Universell Utforming. Dette er meir enn godt ivaretatt. Individuelle tilpassingar følgjer vi opp fortløpande når det er naudsynt.

Lønn

		Kjønnsbalanse			Lønn	
		m%	k%	Totalt(N)	m (kr/%)	k (kr/%)
Totalt i virksomheten	2012	41,21	58,79	165	100	88,7
	2011	41	59	168	100	85,89
Embetsledelse/direktør	2012	50	50	8	100	89,82
	2011	62	38	8	100	79,71
Seksjonssjef/ass. direktør	2012	69,23	30,77	13	100	111
	2011	64	36	11	100	95,26
Saksbehandler I	2012	48,98	51,02	49	100	98,06
	2011	48	42	52	100	96,46
Saksbehandler II	2012	41,18	58,82	68	100	98,91
	2011	42	58	70	100	97,07
Kontorstillingar	2012	12	88	25	100	94,47
	2011	12	88	26	100	110
Fagarbeiderstillingar	2012	0	0	0	100	0
	2011	0	0	0	100	0
Unge arb.takere inkl lærlingar	2012	0	100	2	100	0
	2011	0	100	1	100	0

Deltid

		Deltid		Midlertidig		Foreldreperm.		Legemeldt fravær	
		M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i virksomheten	2012	4,24	12,12	1,21	6,06	10,19	89,81	1,8	3,9
	2011	5,95	13,69	2,89	4,04	14,42	85,58	1,15	4,01

Ansatte

2012	Ledere med personalansvar			Medarbeidere			Lønn	
	M%	K%	Totalt	M%	K%	Totalt	M%	K/M i %
FMRO	61,54	38,46	13	39,47	60,53	152	100	92,41

98.5 Føringer på IKT-området

Informasjonstryggleiken:

Arbeidet med informasjonstryggleiken er i god prosess. Tryggleiksansvarlig og prosjektgruppe er etablert. Informasjonsryggleiksgruppa har utarbeida første versjon av informasjonspolicy og instruksar som er overlevert embetsleiinga for godkjenning. Vi kjem også til å arbeide med dette dokumentet og andre underliggende dokument i 2013. I tillegg vil vi setja fokus på informasjon og opplæring i og om dette temaet.

Lisensteljing:

Vi har gjennomført teljing av Microsoft lisensar innanfor tidsfristen og sendt dette til FAD på vanlig måte. Fylkesmannen i Rogaland bruker også lisensportalen hos Atea for å kunne dokumentere kva lisensar embetet har

i bruk til ei kvar tid.

FAD's IKT strategi for embeta

Fylkesmannen i Rogaland migrerte over til Felles AD i desember 2012 og har flyttet alle brukarar, e-post, klientmaskiner og deler av serverane inn i fellesløsningen. Vi forventar også overgang til ny telefoniløsning ved bruk av Lync i Q1-Q2 (April) 2013.

Vi er også på god veg når det gjeld ensoneprosjektet. Ved flytting til nye kontorlokalar fekk vi installert og sett i drift follow-me-print system for alle tilsette. Vi har etablert SCCM via det sentrale systemet og fjerna lokale administrative rettigheter for brukarane på klientmaskinane. Vi ventar på ny sentral SCCM system, og trur at vi kan ta denne i bruk så snart den er på plass.

IKT- strategien er eit viktig fundament for embetes IKT arbeid.

Hausten 2012 overførte vi sentralbordet til SSiE.

GIS:

Fylkesmannen i Rogaland nyttar Adaptive II som Internett kartløyning. I denne kartløyning kan vi importere eksterne data i formatet WMS/WFS. Data blir importert direkte over nettet, difor treng vi ikkje noko lokal lagring av desse datasetta. Dersom leverandør av denne type datasett, skulle endra adressa på ein teneste, så vil ikkje datasettet fungera i kartsystemet vårt. Vi har mange slike relasjonar, så det er nærast umulig å halda daglig kontroll på alle. Brukarane av kartportalen kan med andre ord oppleve at enkelte datasett ikkje fungerer. For å kontrollera dette har vi laga eit script som sjekkar at alle WMS/WFS'ar er operative. Vi har ikkje presentert scriptet på FM-nett, årsaka til dette er at berre fem embete gjere bruk av Avinet si løyning. De andre embeta som nyttar Avinet er informert om dette, eit anna embete har fått det installert.

I 2011 rapporterte vi om ein omfattande ryddeprosess i kartsystema våre. I 2012 har vi følgd opp med å lagra alle nye data i den nye struktur. I tillegg har vi gjennomført opplæring av medarbeidarar i korleis data skal lagrast og brukast. Den nye datastruktur er blitt ei god plattform for å kunne spreia bruken av geodata internt i embetet, i tillegg gir det oss ein større effektivitet knytt til det å finna fram i kart og data.

Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Vi har godkjent 164 søknader i 2012, og 2 har fått avslag.

Andre

Ressursrapportering

Her føres embetet sine administrative kostnader, inkludert løn til embetsliinga og administrasjonsavdelinga. Dette er viktig å ha med seg når ein fordeler ressursbruk på departementsområda.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
91 Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 209 910,86	kr 0,00
92 Andre faglige oppgaver for ikke-statlig virk.	kr 0,00	kr 0,00
95 Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 29 411 777,17	kr 0,00
Sum:	kr 29 621 688,00	kr 0,00